



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Kommunestyresalen Herøy rådhus
Dato: 24.05.2018
Tid: 16:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møte i kommunale organ skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Fosnavåg, 18.05.2018

Camilla Storøy
Fung. ordførar

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 47/18	Godkjenning av innkalling og sakliste.
PS 48/18	Protokoll frå førre møte.
PS 49/18	Delegerte saker
PS 50/18	Referatsaker
PS 51/18	Forvaltningsrevisjonsprosjekt - tidleg innsats
PS 52/18	Årsmelding for kontrollutvalet 2017
PS 53/18	Tilstandsrapport for grunnskulen 2017
PS 54/18	Årsrapport 2017
PS 55/18	Godkjenning av kommunerekneskapen for 2017
PS 56/18	Disponering av det rekneskapsmessige mindreforbruket for 2017
PS 57/18	Innsparingstiltak
PS 58/18	Grunnundersøkingar i sjø, Paradisbukta (Eggesbønes) - Behov for ekstra løyving
PS 59/18	Etablering av Utviklingsforum for Ålesund lufthavn, Vigra AS
PS 60/18	Delutbygging av industriområde Eggesbønes - finansiering
PS 61/18	Strategiske grep for å hindre svart økonomi ved innkjøp
PS 62/18	Regionreformen. Desentralisering av oppgåver frå staten til fylkeskommunane
	Delegerte saker frå avdelingane
DS 111/18	Skjenkebevilling - søknad om å ta med skjenkeløyvet til Mulevika 07.05.2018
DS 112/18	Elise og Bjørnar Leine Kvalsund - 25/98 - Einebustad
DS 113/18	Øyvind Sundnes Warholm - 30/58 - Fasadeendring
DS 114/18	Henriette Hansen og Nick-Are Huldal Skorpen 26/234 - Løyve til oppføring av einebustad og garasje
DS 115/18	Lars Gunnar Larsen graving og transport -

	53/5 - Løyve til oppstart grunnarbeid og teknisk anlegg
DS 116/18	Tildeling av prikkar ved manglande innrapportering av omsetning alkohol - Spar Fosnavåg
DS 117/18	Ragnar Reite 27/25 - Ferdigattest
DS 118/18	Havstein Remøy DA 34/10 - Endringsløyve
DS 119/18	Ingjerd Woldstad 82/13 - Løyve til oppføring av garasje og uthus
DS 120/18	Skjenkebevilling - Moltustranda mosjonsfestival - godkjenning av søknad for 26.05.2018
DS 121/18	Joe Voldsund - 25/42 - Tilbygg/påbygg einebustad
DS 122/18	Oksana Jankovska - 48/28 - Bruksendring
DS 123/18	Tildeling av prikkar for manglande omsetningsoppgåve 2017 - Kami Skotholmen AS
DS 124/18	Anita Jorunn Gjervad - 45/161 - tilbygg terrasse
DS 125/18	Razi Nazem Ali og Shohany Nadia 21/12 - Endringsløyve
DS 126/18	Geir Kleppe - 86/2 - ferdigattest redskapsbod
DS 127/18	Tildeling av prikkar for manglande omsetningsoppgåve 2017 - Prego restaurante AS
DS 128/18	Lisa og Tore Grimstad - 81/14 - Tilbygg/påbygg til einebustad
DS 129/18	Aleksander Torvik - 37/503 - Terrasse
DS 130/18	Skjenkebevilling - søknad om bevilling for åpent arrangement (enkelt, bestemt anledning) Bobiltreff 27 og 28 april 2018.
DS 131/18	Kjøp av bustadtomt på gnr 45 bnr 188 i Dragsund
DS 132/18	Ferdigattest - 45/153 - seksjon nr 1 og 2
DS 133/18	Ferdigattest - 9/117 - redskapshus/lager
DS 134/18	Ferdigattest tilbygg 22/65
DS 135/18	BT Utbygging as - 46/83 - Løyve til planering av tomt
	Referatsaker
RS 17/18	Referat frå årsmøte 21.03.18 og årsrapport

20178

- | | |
|----------|---|
| RS 18/18 | HE 02-18 Protokoll frå kontrollutvalsmøtet
25.04.2018 |
| RS 19/18 | Protokoll frå kontrollutvalsmøte 15.05.2018 |
| RS 20/18 | Protokoll - representantskapsmøte
Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal
IKS - 19.04.2018 |
| RS 21/18 | Nye Ålesund kommune - deltaking i
interkommunale samarbeid etter
01.01.2020 |
| RS 22/18 | Møtebok frå ordinær generalforsamling i
Tussa Kraft 2018 |
| RS 23/18 | Høyring om avhending av statlege
fiskerihamner i kommunen - Herøy
kommune - Møre og Romsdal fylke |

Prenta skriv til orientering/drøfting:

PS 47/18 Godkjenning av innkalling og sakliste.

PS 48/18 Protokoll frå førre møte.

PS 49/18 Delegerte saker

PS 50/18 Referatsaker



Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2018/620
		Arkiv:	217

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
12/18	Komite for oppvekst	09.05.2018
51/18	Kommunestyret	24.05.2018

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT - TIDLEG INNSATS

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for oppvekst - 09.05.2018

1. Kommunestyret tek til vitande forvaltningsrevisjonsprosjektet – Tidleg innsats, Herøy kommune (utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, datert 05.03.2018).
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast/utførast:
 - Overgangsplanen skal innehalde rutinar knytt til overføringsmøter mellom kontaktlærar og barnehage.
 - Kommunen skal vurdere om det er hensiktsmessig og utarbeide felles strategi-/kvalitetsplan for heile oppvekstsektoren.
 - Kommunen skal setje i verk tiltak for å oppfylle minimumskrava i rettleiar m.h.t. antal timar leksehjelp ved alle skulane.
3. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterar om status for gjennomføringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan **20.08.2018**

Tilråding:

4. Kommunestyret tek til vitande forvaltningsrevisjonsprosjektet – Tidleg innsats,

Herøy kommune (utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, datert 05.03.2018).

5. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast/utførast:
 - Overgangsplanen skal innehalde rutinar knytt til overføringsmøter mellom kontaktlærar og barnehage.
 - Kommunen skal vurdere om det er hensiktsmessig og utarbeide felles strategi-/kvalitetsplan for heile oppvekstsektoren.
 - Kommunen skal setje i verk tiltak for å oppfylle minimumskrava i rettleiar m.h.t. antal timar leksehjelp ved alle skulane.
6. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterar om status for gjennomføringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan **20.08.2018**

Særutskrift:
Vest kontroll
Kommunalsjef oppvekst

Vedlegg:

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, Forvaltningsrevisjonsprosjekt, Tidleg innsats, Herøy kommune, datert 05.03.2018. Motteke 06.04.2018.

Saksopplysningar:

Viser til rapporten som ligg ved.

Fosnavåg, 30.04.2018

Jostein Støylen
Dagleg leiar Vest kontroll



UTSKRIFT

frå

M Ø T E PROTOKOLL

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
13/18	217	06.04.2018	25.04.2018	AEH

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – TIDLEG INNSATS

Samrøystes innstilling

1. Kommunestyret tek til vitande forvaltningsrevisjonsprosjektet – Tidleg innsats, Herøy kommune. (Utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, datert 05.03.18).
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast/utførast:
 - Overgangsplanen skal innehalde rutinar knytt til overføringsmøter mellom kontaktlærar og barnehage.
 - Kommunen skal vurdere om det er hensiktsmessig og utarbeide felles strategi-/kvalitetsplan for heile oppvekstsektoren.
 - Kommunen skal setje i verk tiltak for å oppfylle minimumskrava i rettleiar m.h.t. antal timar leksehjelp ved alle skulane.
3. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan **20.08.2018**.

Vedlegg

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, *Forvaltningsrevisjonsprosjekt, Tidleg innsats, Herøy kommune*, datert 05.03.18. Motteke 06.04.18.

Saksopplysningar

Viser til rapporten som ligg ved denne saka.

Kontrollutvalet i Herøy kommune gjorde i sak 07/17 vedtak om å få utført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt kring tidleg innsats og PPT. Målsettinga med prosjektet var å undersøke om kommunen følgjer lov, forskrift og retningslinjer med hensyn til å identifisere born med vanskar og yte spesialpedagogisk hjelp i barnehagar og kjem tidleg i gong med spesialundervisning/tilrettelagt undervisning i grunnskulen.

Problemstillingar:

1. Korleis vert born med behov for spesialpedagogisk hjelp fanga opp av kommunen?
2. I kva grad har kommunen tilfredstillande ordningar ved overgang frå barnehage til grunnskule for born med særlege behov?
3. I kva grad tilfredsstiller PPT sakshandsamingstida som går fram av lov og forskrift?

Problemstilling 1:

- **Korleis vert born med behov for spesialpedagogisk hjelp fanga opp av kommunen?**



- Korleis samarbeider dei ulike einingane i kommunen på dette området?

Revisjonen konkluderer med (side 27 i rapporten):

PPT har faste rutinemøter ute på einingane der ein assisterer og tilbyr tenester ut i frå einingane sine behov og ønsker, m.h.t., systemretta og førebyggjande arbeid. Barnehagar og skular beskriv i stor grad samarbeidet med PPT som godt og at ein generelt sett var nøgd med sakshandsamingtid og dei sakkyndige vurderingane.

Både skular og barnehagar gav tilbakemelding om at ein kjem tidleg i gong med å prøve ut tiltak i bekymringsfasen, kommunen har også skriftlege rutinar knytt til dette. Kommunen har forskjellige rutinar og kartleggingsverktøy for å fange opp born med utfordringar både i barnehage og skule. Kommunen har utarbeida lokal rammeplan for barnehagane i kommunen, og skulane ein kontrollerte hadde lokale leseplanar på kvar enkelt eining.

Kommunen bør vurdere om det kan vere hensiktsmessig og utarbeide ein felles kvalitetsplan for heile oppvekstsektoren. Ein bør også vurdere om det bør utarbeidast felles handlingsplan/kartleggingsplan i høve språk og sosial kompetanse i barnehagane, og knytt til lesing og skriving i skulane.

Ved dei to skulane ein har kontrollert oppfyller ikkje kommunen krava til utdanningsdirektoratet i høve antal timar leksehjelp i veka. Kommunen bør setje i verk tiltak slik at ein oppfyller krava i høve leksehjelp ved alle skulane.

Problemstilling 2:

- **I kva grad har kommunen tilfredstillande ordningar ved overgang frå barnehage til grunnskule for born med særlege behov?**

Revisjonen konkluderer med (side 33 i rapporten):

Kommunen har felles plan for overgang mellom barnehage og skule. Einingane nytta den i stor grad. Kommunen bør vurdere om planen burde reviderast m.h.t. tydlegare ansvarsfordelingar m.h.t å fange opp born som ikkje går i barnehage. Dei fleste einingane ga tilbakemelding om eit godt samarbeid.

Tilbakemelding frå einingane viser at kontaktlærar i varierende grad har vore involvert i førskulearbeid/aktivitetar. Ein bør difor vurdere om komande kontaktlærar skal delta i førskuleaktivitetane og i overføringssamtalane mellom einingane i større grad enn tidlegare. Kommunen har rutinar for at foreldre/føresette signerar samtykkeerklæring ved informasjonsoverføring mellom barnehage og skule. Samtykkeskjemaet inneheld konkrete detaljar over kva informasjon som vert overført.

Problemstilling 3:

- **I kva grad tilfredsstiller PPT sakshandsamingstida som går fram av lov og forskrift?**

Revisjonen konkluderer med (side 37 i rapporten):

Barnehagane og skulane i kommunen var i stor grad nøgd med sakshandsamingstida til PPT, og tilbakemeldingar viste at PPT kjem raskt i gong med tiltak og kartlegging. Ein kan derimot ikkje konkludere på om PPT held fristen i høve sakshandsamingstid på tre månadar.



Rådmannen sin kommentar (side 38 i rapporten):

«Anbefalingane revisjonen kjem med, er mottatt og forstått.

Pkt 1 vil kunne bli handtert raskt, dette handlar om å revidere rutinen på dette punktet.

Pkt 2 må vurderast i samband med revisjonar av gjeldande dokument for hhv barnehage og grunnskule. Vi opplever ikkje denne som akutt, sidan der allereie er god samordning i mål og strategiar på overordna nivå, samt god samhandling mellom leiarar og pedagogar i barnehagar og grunnskular.

Pkt 3 vert handtert i samband med tildeling av ressursar til grunnskulen for komande skuleår. Tilbodet om leksehjelp i tråd med lova, vil dermed bli gitt. Kvar rektor må så vurdere effektiv organisering på dette området som på alle andre område, i forhold til kor mange elevar som melder seg på dette frivillige tilbodet.

Eg vurderer dette som endeleg tilbakemelding, med mindre det er andre tema revisjonen ønskjer utfyllande informasjon om.»

Rett utskrift

Åram, 27. april 2018



VEST KONTROLL
SEKRETARIAT FOR KONTROLLUTVAL

Ida B. Marholm

Ida Birgitte Marholm
Konsulent

Utskrift til: Kommunestyret for behandling

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

Tidleg innsats



Herøy Kommune

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS

- integritet, kvalitet og kostnadseffektivitet -

Forord

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS legg med dette fram forvaltningsrevisjonsprosjektet; «Tidleg innsats- **Herøy kommune**».

Forvaltningsrevisjon er ei lovpålagd oppgåve for alle kommunane i Noreg, og formålet med forvaltningsrevisjonen kjem fram av kommunelova §77 nr.4 :

” (...)Kontrollutvalget skal vidare påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak, og at det blir gjennomført systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger (forvaltningsrevisjon).

Formålet med forvaltningsrevisjon er å sette søkelys på dagens situasjon og peike på muligheter for forbedring og vidareutvikling av den kommunale verksemd, samt avdekke eventuelle manglar.

Prosjektet er utført i samsvar til standard for forvaltningsrevisjon -RSK001.

Rapporten er utarbeida av underteikna, med innspel frå kollegaer i Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS. Det er føreteke vurderingar av uavhengigheit og objektivitet vedkomande dette prosjektet.

Kommunerevisjonen vil vidare takke kommuneadministrasjonen for bistand, tilrettelegging og godt samarbeid med prosjektet.

Ulsteinvik 05.03.18

Alf Marius Grønnevik

Forvaltningsrevisor

Innhold

SAMANDRAG	5
Grunnskulen	5
Barnehage	5
PPT:.....	5
Problemstilling 1: Korleis blir born med behov for spesialpedagogisk hjelp fanga opp av kommunen?	6
Problemstilling 2: I kva grad har kommunen tilfredstillande ordningar ved overgang frå barnehage til grunnskule for born med særlege behov?	7
Problemstilling 3: I kva grad tilfredsstiller PPT sakshandsamingstida som går fram av lov og forskrift?	8
Anbefalingar	8
1 INNLEIING	9
2 Målsetting og problemstilling	9
3 Revisjonskriterium	9
3.1 Innleiing	9
3.2 Kjelder til kriterium	9
4 Metode og gjennomføring	10
4.1 Dokument	10
4.2 Verifisering av data	11
4.3 Avgrensing	11
5 Sektor for oppvekst– Herøy kommune	11
5.1 PPT	11
5.2 Grunnskulen	11
5.3 Barnehage	11
6 Problemstilling 1	12
6.1 Revisjonskriterium	12
6.1.1 Opplæringslova med føringar:	12
6.1.2 Barnehagelova:	13
6.2 Fakta: Tilstanden ved barnehagane i kommunen:	14
6.2.1 Dekningsgrad i barnehagen	14
6.2.2 Tilrettelagte tiltak i barnehagen	16
6.2.3 Minoritetsspråklege barn	16
6.3 Vurdering: Tilstanden ved barnehagane i kommunen	17
6.4 Fakta: Tilstanden ved skulane i kommunen:	17
6.4.1 Nasjonale prøver	17
6.4.2 Spesialundervisning i grunnskulen	19
6.4.2 Leksehjelp	20

6.5 Vurdering Tilstanden ved skulane i kommunen:.....	20
6.5 Kommunen sitt arbeid knytt til tidleg innsats:.....	21
6.5.1. Systemretta og førebyggjande arbeid i barnehage og skule.....	21
6.5.2 Vurdering.....	23
6.6 Skriftelege prosedyre knytt til tidleg innsats i barnehage og skule:	23
6.6.1 Fakta	23
6.6.2 Vurdering.....	25
6.8 Sakkyndige vurderingar og enkeltvedtak i barnehage og skule	26
6.8.1 Fakta	26
6.8.2 Vurdering.....	26
6.9 Konklusjon	27
7 Problemstilling 2	27
7.1 Innleiing:	27
7.2 Revisjonskriterium:	27
7.2.1 Overgang mellom barnehage og skule.....	27
7.2.2 Oppsummert:	28
7.3 Fakta:	28
7.3.1 Overgangsplan mellom barnehage og skule	28
Vurdering: overgangsplan mellom barnehage og skule:.....	31
7.3.2 Samarbeid mellom barnehage og skule.	31
Vurdering: Samarbeid mellom barnehage og skule:	32
7.3.3 Samarbeid mellom barnehage/skule og foreldre/føresette	32
Vurdering: Samarbeid mellom barnehage/skule og foreldre/føresette	33
7.4 Konklusjon:	33
8 Problemstilling 3	33
8.1 Revisjonskriterium:.....	34
8.2 Fakta:	34
8.2.1 Organisering	34
8.2.2 Tilvisingar.....	35
8.2.3 Ventetid og venteliste	35
8.2.4 Sakshandsamingstid (sakkyndig vurdering)	36
8.3 Vurdering:.....	37
8.4 Konklusjon	37
9 Anbefalingar	38
10 Rådmannen sin kommentar	38

SAMANDRAG

Kontrollutvalet i kommune gjorde i sak 07/17 vedtak om å få utført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt kring tidleg innsats og PPT. «Tidleg innsats» betyr at ein skal sette i verk tiltak for ein elev med ein gong det er behov for det, og når som helst i skuleløpet. Skulane har ei lovfesta plikt til å legge til rette i form av tidleg innsats for elevar på 1.-4. klassetrinn i faga norsk eller samisk og matematikk og innsatsen skal rettast mot elevar som har svake ferdigheiter i lesing og rekning.

Målsettinga med prosjektet var å undersøke om kommunen følgjer lov, forskrift og retningslinjer med omsyn til å identifisere barn med vanskar og yte spesialpedagogisk hjelp i barnehagar og kjem tidleg i gong med tilrettelagt undervisning og evt. spesialundervisning i grunnskulen.

Grunnskulen

Herøy kommune har 5 barneskular, 1 ungdomsskular og 1 kombinert skule 1-10. For skuleåret 2016/17 omfatta dette 1052 elevar der 749 elevar var knytt til 1-7 årstrinn og 303 var knytt til 8-10 årstrinn.

Oversikta viser at 6,6% av elevane i Herøy tok i mot spesialundervisning i 2016. Ein såg tendensar til at ein større andel elevar fekk spesialundervisning i storskulen/ungdomsskulen i forhold til småskulen i dei fleste kommunane på Søre Sunnmøre. Dette såg ein også i Herøy.

Barnehage

I Herøy kommune har ein fire kommunale og fem private barnehagar. SSB-tal viser at 474 born gjekk i barnehage i 2016. 115 av dei gjekk i kommunal barnehage og 359 gjekk i privat. Ut i frå KOSTRA hadde kommunen venteliste på barnehageplass. KOSTRA-tal viser ein låg andel tilsette med barnehage utdanning og ein mindre del med ped.leiar utdanning.

I Herøy såg ein låge driftsutgifter knytt til tilrettelagde tiltak i barnehagen. Kommunen låg rett over fylkes- og landsgjennomsnittet i høve andel barn som fekk ekstra ressursar. Herøy låg over gjennomsnittet når det gjaldt andel barn med minoritetsspråkleg bakgrunn samanlikna med kommunane på Søre Sunnmøre.

PPT:

Herøy kommune har eiga pedagogisk- psykologisk teneste (PPT). Ulstein har tidlegare hatt felles pedagogisk- psykologisk teneste (PPT) i samarbeid med Hareid kommune. Hausten 2017 kom Ørsta og Volda inn i dette samarbeidet. Sande og Vanylven har felles PP-teneste.

Herøy hadde 5,05 årsverk knytt til stillinga i 2017. Ein har motteke ei oversikt over dei ulike stillingane i eininga. Eininga har ei 100% stilling knytt til leiar/sakshandsamar. I tillegg har ein 5 sakshandsamarstillingar med ulik stillingsprosent (totalt 3,55 årsverk) og ein merkantil tilsett i 50% stilling.

Problemstilling 1: Korleis blir born med behov for spesialpedagogisk hjelp fanga opp av kommunen?

	Revisjonskriterium		Kommentar
1	PPT har eit lovfesta ansvar knytt til førebyggjande arbeid også før eventuell tilmelding til PPT. Dette gjeld både i barnehage og skule.		PPT har faste rutinemøter ute på einingane der ein assisterer og tilbyr tenester ut i frå einingane sine behov og ønsker mht, systemretta og førebyggjande arbeid.
2	Skulane har ei lovfesta plikt til å legge til rette for tidleg innsats for elevar på 1.-4. klassetrinn i faga norsk, samisk og matematikk og skal rettast mot elevar med svake ferdigheiter.	 	Skulesektoren tildelar timeressursar knytt til styrking og/deling som skal nyttast i høve tidleg innsats. Det er rektor ved kvar enkelt skule som på bakgrunn av fordelingsnøkkelen fordeler ressursane på dei klassene/gruppene en ser det som mest hensiktsmessig. Dermed har rektor kvart år ein pott som ein kan bruke på å styrke klassene mht. tidleg innsats/tilpassa opplæring. Kommunen har utarbeida felles leseplan og skulane har utarbeida lokale leseplanar på bakgrunn av denne. Skulane nyttar Udir sine kartleggingsprøver for å sikre at elevar vert fanga opp tidleg. No som kommunen har slått saman barnehage- og skuleseksjonane i sektor for oppvekst bør kommunen vurdere om ein skal utarbeide ein felles skriftleg kvalitetsplan for oppvekstsektoren. Ein slik plan vil kunne bidra til at ein får ei felles forankring og forståing for korleis ein skal arbeide i høve til bla. tidleg innsats gjennom heile utdanningsløpet (både barnehage og skule). Slik felles kvalitetsplan har bla. vore utarbeidd og implementert i Hareid og Volda og ein har fått positive tilbakemeldingar på dette arbeidet.
3	Det skal også leggjast til rette for spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder.		Kommunen har skriftlege rutinar i høve saksgangen knytt til spesialpedagogisk hjelp i barnehagen. PPT er også inne i barnehagane på faste rutinemøter for å observere og fange opp born/elevar med svake ferdigheiter. Barnehagane hadde ulike kartleggingsverktøy som vert nytta i undersøkingsfasen og ved bekymring.
4	Skulen skal prøve ut tiltak for å gi eleven tilfredstillande utbytte av opplæringa. Dersom tilrettelegging ikkje er tilstrekkelig, skal eleven tilvisast til PPT for sakkyndig vurdering/tilråding av opplæringstiltak og eventuelt enkeltvedtak om spesialundervisning.		Skulane hadde felles skriftleg prosedyre før tilmelding til PPT. Alle skulane revisjonen var i kontakt med informerte om at prosedyrane blei nytta aktivt.
5	Barnehagar og skular bør beskrive samarbeidet med PPT som godt.		Barnehagar og skular beskriv samarbeidet med PPT som godt. PPT deltek på mange forskjellige arenaer både i skulen og i barnehagane og driv med systematisk og førebyggjande ute på einingane. PPT har faste møtetider i skulane og barnehagane.
6	Kommunen skal sørge for minimum 8 timar pr veka gratis leksehjelp for elevar. Timane kan fordelast slik som skulen sjølv ønskjer.		Revisjonen vurderer rettleiaren slik at kommunen skal tilby minimum 8 timar i veka til kvar elev i løpet av grunnskulen. Skulen sjølv kan fordele timane mellom dei ulike klassetrinna. Ved to av skulane ein har kontrollert oppfylte ikkje kommunen krava til utdanningsdirektoratet i høve antal timar leksehjelp i veka. Kommunen bør setje i verk tiltak slik at ein oppfyller krava i høve leksehjelp ved alle skulane.

Problemstilling 2: I kva grad har kommunen tilfredstillande ordningar ved overgang frå barnehage til grunnskule for born med særlege behov?

	Revisjonskriterium		Kommentar
1	Kommunen bør ha ein plan for overgang, som synleggjer premissene for overgang mellom barnehage og skule.		Kommunen har felles plan for overgang mellom barnehage og skule. Alle einingane hadde kjennskap til planen og nytta den aktivt .
2	Kommunen bør legge til rette for eit koordinert samarbeid i høve overgangen mellom barnehage og skule (samarbeid mellom rektor og barnehagestyrar).	 	Generelt fekk ein tilbakemelding om at overgangsplanen vart følgt og at det i hovudsak er rektor/inspektør og styrar i barnehagane som har dialog og kontakt i overgangsfasen og spesielt retta mot born med vanskar/utfordringar. I tillegg gav alle skulane og barnehagane tilbakemelding om at det vert gjennomført minst eit skulebesøk kvart år. Overgangsplanen inneheld ikkje konkret informasjon om korleis kontaktlærar skal involverast i overgangsarbeidet. Tilbakemelding frå einingane viser at kontaktlærar i varierende grad vert involvert i førskulearbeid/aktivitetar. Administrasjonen har gitt tilbakemelding om at kontaktlærar skal delta på overføringsmøta mai/juni, alternativt før skulestart i august. Kommunen bør innarbeide desse rutinane i overgangsplanen.
3	Alle barn bør få eit tilfredstillande møte med skulen.		Kommunen har skriftlege rutinar for å fange opp alle barn i kommunen. I plan for overgang går det bla. fram at barnehagekonsulent skal sende barnetalslister til skulane og barnehagane, og at skulane sender invitasjon i høve førskuledag og innskriving til foreldre og føresette med kopi til barnehagane. I tillegg skal det sendast oppdatert barnetalsliste til einingane i januar. Oppvekstkontoret og skulane har derfor eit ansvar for å fange opp dei borna som ikkje går i barnehage.
4	Ved overføring av informasjon mellom barnehage og skule skal foreldre signere samtykkeerklæring		Kommunen har rutinar for at foreldre/førestette signerar samtykkeerklæring ved informasjonsoverføring mellom bhg og skule. Samtykkeskjemaet inneheld konkrete detaljar over kva informasjon som vert overført Alle barnehagane gav tilbakemelding på at det vert innhenta samtykke ved overføring av informasjon mellom barnehage og skule.

Problemstilling 3: I kva grad tilfredsstiller PPT sakshandsamingstida som går fram av lov og forskrift?

	Revisjonskriterium		Kommentar
1	PPT si sakkyndige tilråding og kommunen sitt enkeltvedtak skal vere utarbeida innan tre månadar etter tilvising av barnet til PPT.		Barnehagane og skulane i kommunen var i stor grad nøgd med sakshandsamingstida til PPT og tilbakemeldingar viste at PPT kjem raskt i gong med tiltak og kartlegging. Einingane og PPT rapporterte ikkje om venteliste og nye saker vert tatt fortløpande. Ut i frå tilbakemeldingane til PPT er det ikkje mogeleg å hente ut statistikk i høve sakshandsamingstid frå datasystemet på ein god og effektiv måte. Derfor er det ikkje mogeleg å kontrollere om ein er innanfor 3 månadar i høve sakshandsamingstida og ein kan derfor ikkje konkludere på dette emnet

Anbefalingar

1. Overgangsplanen bør innehalde rutinar knytt til overføringsmøter mellom kontaktlærar og barnehage.
2. Kommunen bør vurdere om det er hensiktsmessig og utarbeide felles strategi-/kvalitetsplan for heile oppvekstsektoren.
3. Kommunen bør setje i verk tiltak for å oppfylle minimumskrava i rettleiar mht. antal timar leksehjelp ved alle skulane.

1 INNLEIING

Kontrollutvalet i kommunen gjorde vedtak (07/17) om å få utført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt kring tidlig innsats og PPT. Målsettinga med prosjektet var å undersøke om kommunen følgjer lov, forskrift og retningslinjer med hensyn til å identifisere barn med vanskar og yte spesialpedagogisk hjelp i barnehagar og kjem tidlig i gong med spesialundervisning/tilrettelagt undervisning i grunnskulen.

2 Målsetting og problemstilling

Målsettinga med prosjektet var å undersøke om kommunen følgjer lov, forskrift og retningslinjer med hensyn til å identifisere barn med vanskar og yte spesialpedagogisk hjelp i barnehagar og kjem tidlig i gong med spesialundervisning/tilrettelagt undervisning i grunnskulen. I tillegg er det utarbeida ei deskriptiv analyse kring emnet der ein samanlikna dei ulike kommunane på Søre Sunnmøre.

Med utgangspunkt i bestillinga frå kontrollutvalet er det utarbeida følgjande problemstillingar:

1. **Korleis blir born med behov for spesialpedagogisk hjelp fanga opp av kommunen?**
2. **I kva grad har kommunen tilfredstillande ordningar ved overgang frå barnehage til grunnskule for born med særlege behov?**
3. **I kva grad tilfredsstiller PPT sakshandsamingstida som går fram av lov og forskrift?**

3 Revisjonskriterium

3.1 Innleiing

Innsamla data vil bli vurdert opp mot revisjonskriterium i form av lover, regelverk og andre relevante kommunale vedtak og retningslinjer. Kriteria vil bli utleia frå autoritative kjelder i samsvar med krava i gjeldande standard for forvaltningsrevisjon.

3.2 Kjelder til kriterium

Revisjonskriteria i dette prosjektet er utarbeida av følgjande kjelder:

- **Opplæringslova:**
Opplæringslova regulerer all opplæringsverksemd samt spesialundervisning for barn, unge og vaksne. Den gjeld alle barn i opplæringspliktig alder, også dei som ikkje kan få tilfredstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet.
- **Barnehagelova:**
17 juni 2016 fekk barnehagelova tilførd eige regelverk kring spesialpedagogisk hjelp.

Det går fram av §19 a. Rett til spesialpedagogisk hjelp. At barn under opplæringspliktig alder har rett til spesialpedagogisk hjelp om ein har særlege behov for det. Dette gjeld også uavhengig av om barnet går i barnehage.

- **Rettleiar: Overgang for barn og unge som får spesialpedagogisk hjelp eller spesialundervisning.**

Barnehagen og skulen skal i samarbeid legge til rette for overgangen frå barnehage til første årstrinn og eventuelt til skulefritidsordninga. Dette skal skje i et nært samarbeid med heimen. Barnehagen og skulen bør ha ein god dialog og informasjonsutveksling, og det bør leggjast til rette for at barn kan ta avskjed med barnehagen på en god måte, glede seg til å starte på skulen og oppleve at det er en samheng mellom barnehage og skule. Rettleiaren gir detaljert informasjon om korleis denne samhandlinga bør skje, og korleis foreldre/førestette bør involverast.

- **Forvaltningslova:**

Det går fram av forvaltningslova §1 at lova også gjeld for spesialundervisning. Lova omfattar mange sider av sakshandsaminga. Men i forhold til prosjektet er det spesielt teke utgangspunkt i kapittel 4 Om «saksforberedelse ved enkeltvedtak».

Då spesielt med omsyn til foreldra sin rett til innsyn og involvering i dokumentasjons-overføringa mellom barnehage og skule.

Revisjonskriteria vert vidare omtalt og utgreia i eige avsnitt under kvar enkelt problemstilling.

4 Metode og gjennomføring

Metode er eit samleuttrykk for dei framgangsmåtar som er nytta for å kunne svare på dei ulike problemstillingane. I vår revisjon vil vi basere oss på analyse av relevante dokument, rutinar, korrespondanse, samt samtaler/ intervju med administrasjonen (PPT, oppvekstkontoret, rektorar og barnehagestyrarar). Ein viktig del av revisjonen vil også vere å gjennomføre ei spørjeundersøking/kartlegging til eit utval rektorar og barnehagestyrarar for å vurdere korleis barna i kommunen med behov for spesialpedagogisk hjelp vert fanga opp mht. tidleg innsats.

I tillegg er det gjennomført ei samanlikning av nøkkeltal mellom dei ulike kommunane mht. emnet. Tala er henta frå KOSTRA og «skoleporten» (utdanningsdirektoratet) og GSI.

4.1 Dokument

Dei viktigaste dokumenta vi har undersøkt er:

- Interne rutinar PPT
- Interne rutinar skule og barnehage

4.2 Verifisering av data

Rapporten er etter standard for forvaltningsrevisjon, oversendt rådmannen for uttale 13.03.18 Uttalen gjeld forhold som er omtala jfr. RSK 001 i rapporten.

4.3 Avgrensing

Forvaltningsrevisjonen er knytt opp i mot tidleg innsats innan barnehage og opplæring. Sentrale lover ein kontrollerer opp i mot vil vere barnehagelova og opplæringslova, med tilhøyrande forskrifter og rettleiarar. Gjennomgang av tilpassa opplæring og korleis denne blir gjennomført er ikkje ein del av prosjektet. Det inngår heller ikkje å vurdere sakshandsaminga i forbindelse med spesialundervisning. Det er barnehage og småskulen som er sentralt i denne forvaltningsrevisjonen og som har fokus, og ein har halde helsetenester, barnevern og andre tenester utanom.

5 Sektor for oppvekst- Herøy kommune

5.1 PPT

Herøy kommune har eiga pedagogisk- psykologisk teneste (PPT). Ulstein har tidlegare hatt felles pedagogisk- psykologisk teneste (PPT) i samarbeid med Hareid kommune. Hausten 2017 kom Ørsta og Volda inn i dette samarbeidet. Sande og Vanylven har felles PP-teneste. PPT skal hjelpe skular og barnehagar i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling, for å legge opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov. Tenesta skal i tillegg vere eit sakkunnig organ.

Det går fram meir informasjon om PPT (bla. antal saker og sakshandsamingstid) i kapittel 8.

5.2 Grunnskulen

Herøy kommune har 5 barneskular, 1 ungdomsskular og 1 kombinert skule 1-10. For skuleåret 2016/17 omfatta dette 1052 elevar der 749 elevar var knytt til 1-7 årstrinn og 303 var knytt til 8-10 årstrinn.

5.3 Barnehage

I Herøy kommune har ein fire kommunale og fem private barnehagar. SSB-tal viser at 474 born gjekk i barnehage i 2016. 115 av dei gjekk i kommunal barnehage og 359 gjekk i privat.

6 Problemstilling 1

Korleis vert born med behov for spesialpedagogisk hjelp fanga opp av kommunen?

- Korleis samarbeider dei ulike einingane i kommunen på dette området?

6.1 Revisjonskriterium

6.1.1 Opplæringslova med føringar:

§ 1-3. Tilpassa opplæring og tidleg innsats

Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven, lærlingen, praksisbrevkandidaten og lære kandidat.

På 1. til 4. årstrinn skal kommunen sørge for at den tilpassa opplæringa i norsk eller samisk og matematikk mellom anna inneber særleg høg lærartettleik, og er særleg retta mot elevar med svak dugleik i lesing og rekning.

PPT er ei lovpålagt teneste for kommunane (opplæringslova § 5-6 PPT sitt virkeområde går bl.a. på kunnskapsdepartementet sine sider at:

«PP-tjenesten gir systemrettet støtte til barnehager og skoler i form av råd og veiledning om pedagogisk ledelse, gruppeledelse, læringsmiljø og spesialpedagogiske didaktiske spørsmål. PP-tjenesten skal også støtte barnehagen og skolen med kompetanse- og organisasjonsutvikling for å legge opplæringen bedre til rette for barn og unge med særlige behov.

PP-tjenesten gir individrettet støtte i form av sakkunnig vurdering i de tilfeller loven krever det.

PP-tjenesten kan bli spurt om råd i forhold til spesialpedagogisk hjelp før opplæringspliktig alder (§5-7), tidleg skolestart (§2-1, tredje ledd), utsatt skolestart (§2-1, tredje ledd), tegnspråkopplæring før opplæringspliktig alder, i grunnskolen og i videregående opplæring (§2-6., §3-9)....»

All undervisning skal ifølgje opplæringslova vere tilpassa den enkelte eleven sine evner og føresetnader. Prinsippet om tilpassa opplæring gjeld alle elevar, også elevar som treng ekstra utfordringar. Skolen skal aktivt ta omsyn til variasjonar blant elevane gjennom læringsmiljø, metodebruk og pedagogikk. (Utdanningsspeilet 2016, s 35).

Spesialundervisning, som er heimla i opplæringslova § 5-1, er ei meir omfattande form for tilpassa opplæring.

«Tidleg innsats» betyr at ein skal sette i verk tiltak for ein elev med ein gong det er behov for det, og når som helst i skuleløpet. Det er viktig og prioritere førebygging. Prinsippet om tidleg innsats er konkretisert i opplæringslova. Her har skulane ei lovfesta plikt til å legge til rette i form av tidleg innsats for elevar på 1.-4. klassetrinn i faga norsk eller samisk og matematikk. Innsatsen skal rettast mot elevar som har svake ferdigheiter i lesing og rekning, der formålet er å styrke dei grunnleggande ferdigheitene i lesing og rekning på tvers av fag.

I seinare tid har det vore generelt fokus på betre tilpassa opplæring i den ordinære undervisninga, slik at elevane oppnår betre meistring og behovet for spesialundervisning kan reduserast .

I tillegg til føringane ovanfor går det fram i opplæringslova **13-7a. Plikt for kommunen til å ha tilbod om leksehjelp:**

Kommunen skal ha eit tilbod om leksehjelp i grunnskolen.

Tilbodet skal vere gratis for elevane. Elevane skal ha rett til å delta på leksehjelptilbodet, men det skal vere frivillig om dei ønskjer å delta.

Det går vidare fram i føreskrift til opplæringslova at:

§ 1A-1. Leksehjelp i grunnskolen

Kommunen skal tilby leksehjelp, jf. opplæringslova § 13-7a, med til saman åtte timar kvar veke til elevar i grunnskolen. Dei åtte timane fordelast fritt på årstrinna slik kommunen avgjer. Formålet med leksehjelpa er å gi eleven støtte til læringsarbeidet, kjensle av meistring og gode rammer for sjølvstendig arbeid. Leksehjelpa skal og medverke til å utjamne sosial ulikskap i opplæringa.

Leksehjelpa er ikkje ein del av opplæringa til eleven, men skal sjåast i samanheng med opplæringa. Leksehjelpa skal gi eleven hjelp med skolearbeidet.

Kommunen er ansvarleg for leksehjelpa og vel korleis leksehjelpa skal organiserast.

Kommunen pliktar å informere foreldra om retten til leksehjelp og tilbodet som gis.

6.1.2 Barnehagelova:

17 juni 2016 fekk barnehagelova tilførd eige regelverk kring spesialpedagogisk hjelp. Det går fram av §19 a. (Rett til spesialpedagogisk hjelp). At barn under opplæringspliktig alder har rett til spesialpedagogisk hjelp om ein har særlege behov for det. Dette gjeld også uavhengig av om barnet går i barnehage.

§1 Forskrift om pedagogisk bemanning

Barnehagen skal ha en forsvarlig pedagogisk bemanning.

Barnehagen skal minst ha én pedagogisk leder per 14–18 barn når barna er over tre år og én pedagogisk leder per 7–9 barn når barna er under tre år. Ett barn til utløser krav om en ny fulltidsstilling som pedagogisk leder. Barn regnes for å være over tre år fra og med august det året de fyller tre år.

§ 19 c. Pedagogisk-psykologisk tjeneste

Kommunens pedagogisk-psykologiske tjeneste er sakkunnig instans i saker om spesialpedagogisk hjelp. Den pedagogisk-psykologiske tjenesten skal sørge for at det blir utarbeidet lovpålagte sakkunnige vurderinger.

Den pedagogisk-psykologiske tjenesten skal bistå barnehagen i arbeidet med kompetanse- og organisasjonsutvikling for å tilrettelegge barnehagetilbudet for barn med særlige behov.

Oppsummering

- PPT har eit lovfesta ansvar knytt til førebyggjande arbeid også før eventuell tilvising til PPT. Dette gjeld både i barnehage og skule.
- Skulane har ei lovfesta plikt til å legge til rette for tidleg innsats for elevar på 1.-4. klassetrinn i faga norsk, samisk og matematikk og skal rettast mot elvar med svake ferdigheiter.
- Det skal også leggjast til rette for spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder.
- Barnehagen og skulen skal prøve ut tiltak for å gi barnet/eleven tilfredstillande utbytte av opplæringa. Dersom tilrettelegging ikkje er tilstrekkelig, skal eleven tilvisast til PPT for sakkunnig vurdering/tilråding av opplæringstiltak og eventuelt enkeltvedtak om spesialundervisning.
- Barnehagar og skular bør beskrive samarbeidet med PPT som godt.
- Kommunen skal sørge for minimum 8 timar pr veke gratis leksehjelp for elevar. Timane kan fordelast slik som skulen sjølv ønskjer.

6.2. Fakta: Tilstanden ved barnehagane i kommunen:

6.2.1 Dekningsgrad i barnehagen

Ein del barnehagefaktorar er viktige med tanke på tidlig innsats. For å avdekke læringsutfordringar på eit tidleg tidspunkt er kompetanse og ressursar viktig. Ein har derfor sett på dekningsgrad og pedagogtettheit i barnehagane.

Tabell 1: Dekningsgrad i barnehagane 1.

Herøy kommune, kommunane på Søre Sunnmøre, fylke og landsgjennomsnitt.

2016	Herøy	Ulstein	Vanylven	Sande	Hareid	Volda	Ørsta	Møre og Romsdal	Landet uten Oslo
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	95,3	98,4	91,1	86,5	87,1	98,4	93,2	92,6	91,5
Andel barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 1-2 år	87,8	90,5	77,5	75	80,9	89,1	87,4	84	82,6
Andel barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 3-5 år	100	103,6	97,6	92	91,4	104,4	96,7	97,8	97,2

(kjelde KOSTRA)

Vi ser av tabellen ovanfor at Herøy kommune låg over fylke- og lands gjennomsnittet i høve andel barn i alderen 1-5 år med barnehageplass. Kommunen låg under Ulstein og Volda. Ser ein vidare på andelen 1-2 åringar låg Herøy også her over fylkesgjennomsnittet, landsgjennomsnittet. I høve andel barn i alderen 3-5 år låg kommunen også her over

gjennomsnittet for fylke og landet med 100% andel. Generelt ser vi at ca 12% av foreldre har borna heime i alderen 1-2 år, medan alle borna mellom 3-5 år går i barnehage.

Tabell 2: Dekningsgrad i barnehagane 2: Herøy kommune i perioden 2010-2015.

Herøy	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	95,8	95,5	93,3	96,6	94,2	93,6	95,3
Andel barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 1-2 år	91,2	87,2	83,3	91,3	87	85,3	87,8
Andel barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 3-5 år	98,5	100,6	100	100,3	98,2	98,2	100

Tabell 2 viser utviklinga i dekningsgraden til kommunen i perioden 2010-2016. Ein ser mindre svingingar i perioden. For barn i alderen 1-5 år var dekningsgraden i 2015 (93,6%). I 2016 var andelen på 95,3%.

Tabell 3. Barn på venteliste

2016	Vanylven	Sande	Herøy	Ulstein	Hareid	Volda	Ørsta	Møre og Romsdal	Landet uten Oslo
Barn med rett til barnehageplass på venteliste	:	:	:	4	:	:	8	135	2900

Tabellen viser andel barn med rett til barnehageplass på venteliste. Oversikta viser at Ulstein (4) og Ørsta (8) var dei einaste kommunane i Sjustjerna som har rapportert om venteliste i 2016.

Tabell 4: Kompetanse blant dei tilsette i barnehagane:

Herøy kommune 2010-2015 (låg ikkje føre fullstendige tal for 2016)

Herøy	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Andel ansatte med barnehagelærerutdanning	24,3	23,6	22,8	28,4	28,5	29,6
Andel ansatte med pedagogisk utdanning som tilsvarer utdanningskravet til styrer/pedagogisk leder	1,8	2,2	2,8	2,4	1,2	3,6
Andel styrere og pedagogiske ledere med barnehagelærerutdanning	93,2	78,8	65,1	79,7	88,5	81,4
Andel styrere med pedagogisk utdanning som tilsvarer utdanningskravet til styrer/pedagogisk leder	10	0	0	0	..	..
Andel pedagogiske ledere med pedagogisk utdanning som tilsvarer utdanningskravet til styrer/pedagogisk leder	2,9	9,5	5,7	8	2,3	4,2
Ansatte i alt alle barnehager	169	178	180	169	165	169
Ansatte i alt med barnehagelærerutdanning alle barnehager	41	42	41	48	47	50
Ansatte i alt med pedagogisk utdanning som tilsvarer utdanningskravet til styrer/pedagogisk leder alle barnehager	3	4	5	4	2	6
Antall styrere alle barnehager	10	10	10	9	9	11
Pedagogiske ledere alle barnehager	34	42	53	50	43	48

Andelen tilsette med barnehagelærerutdanning har gradvist auka i perioden frå 24,3% i 2010 til 29,6% i 2015. Ser ein dette opp i mot antal tilsette i barnehagane hadde 50 av 169 tilsette barnehagelærerutdanning i 2015.

6.2.2 Tilrettelagte tiltak i barnehagen

I KOSTRA går det fram informasjon om tilrettelagte tiltak gjennomført i barnehagen.

Funksjon 211 "Tilrettelagte tiltak" - Barnehagar	Vanylven	Sande	Herøy	Ulstein	Hareid	Volda	Ørsta	Møre og Romsdal	Landet uten Oslo
	2015	2015	2015	2015	2015	2015	2015	2015	2015
Brutto driftsutgifter til styrket tilbud til førskulebarn (f 211) per barn som får ekstra ressurser, alle barnehager	108 692	57 000	46 393	66 614	54 806	65 381	106 661	74 114	66 707
Korrigerte brutto driftsutgifter til styrket tilbud til førskulebarn (f 211) per barn som får ekstra ressurser, kommunale barnehager	157 000	119 125	78 941	461 600	89 447	102 162	160 537	102 831	88 556
Andel barn som får ekstra ressurser til styrket tilbud til førskulebarn, i forhold til alle barn i barnehage. Alle barnehager (%)	9,8	20,8	18,1	16,7	22,3	13,4	10,3	15,6	16,4
Andel barn som får ekstra ressurser til styrket tilbud til førskulebarn, i forhold til alle barn i barnehage. Kommunale barnehager (%)	12,2	17,8	14,2	7,5	28,8	15	11,5	17,1	19,8
Korrigerte brutto driftsutg. per barn, ekskl. minoritetsspråklige, som får ekstra ressurser (f211) i komm. barnehage, konsem	1 413 000	953 000	..	1 154 000	424 875	472 500	731 333	463 543	487 863
Andel barn, ekskl. minoritetsspråklige, som får ekstra ressurser, i forhold til alle barn i komm. barnehager	1,4	2,2	0	3	6,1	3,2	2,5	3,8	3,6

Oversikta viser at det er store forskjellar mellom kor mykje kvar enkelt kommune brukar på tilrettelagde tiltak til førskulebarn (både kommunale og private barnehagar). Det skal derimot nemnast at små barnegrupper kan gi stort utslag i kvar enkelt kommune. Vanylven og Ørsta hadde dei høgaste brutto driftsutgiftene til styrka tilbod til førskulebarn med hhv. 108 692 kr og 106 661kr pr barn. Dei andre kommunane hadde utgifter på mellom 46 000kr til 67 000kr. Herøy hadde lågast av kommunane på Søre Sunnmøre med 46 393kr, medan gjennomsnittet for fylket var 74 114kr.

Det er også interessant å sjå at utgiftsnivået knytt til tilrettelagte tiltak generelt sett for alle kommunane er høgare i dei kommunale barnehagane enn i dei private. Dette kan tyde på at det vert nytta meir ressursar knytt til tiltak i dei kommunale barnehagane enn i dei private, men enkelte barn som treng ekstra store ressursar kan gjere store utslag.

Ein såg store forskjellar i andelen barn som fekk ekstra ressursar i førskulealder i dei ulike kommunane. Hareid og Sande hadde høgaste andelen med hhv. 22,3% og 20,8%. Medan Vanylven og Ørsta hadde den lågaste andelen med hhv. 9,8% og 10,3%. Herøy (18,1%), Ulstein (16,7%) og Volda (13,4%) låg rundt landsgjennomsnittet på 16,4%. Ein registrete ikkje nokon samanheng mellom andelen born som fekk tiltak i kommunale barnehagar enn i dei private. I enkelte kommunar var det størst andel i kommunale barnehagar (Vanylven, Hareid, Volda og Ørsta) medan i Sande, Herøy, Ulstein var det størst andel i dei private.

6.2.3 Minoritetsspråklege barn.

Alle elever har krav på tilpassa og differensiert opplæring ut frå eige grunnlag og behov. En skule basert på likeverd er avhengig av at alle elevar får dei same moglighetene til å utvikle seg. Minoritetsspråklige barn/elevar er barn som har eit anna morsmål enn norsk eller samisk.

Auken i minoritetsspråklege barn kan gi ei utfordring for kommunane i høve å legge til rette og kunne gi dei den tilpassa opplæringa dei har krav på. Vi har derfor også sett på andelen minoritetsspråkelege barn i barnehage i dei ulike kommunane.

Minoritetsspråklege barn 2015	Vanylven	Sande	Herøy	Ulstein	Hareid	Volda	Ørsta
Andel minoritetsspråklege barn i barnehage i forhold til alle barn med barnehageplass	7,6	15,8	17	14,5	18,3	11,3	7,6
Andel minoritetsspråklege barn i barnehage i forhold til innvandrerbarn 0-5 år	63	59	91	76	66	93	63

Tabellen viser kor stor andel av borna med barnehageplass som var minoritetsspråkelege. Hareid og Herøy hadde høgaste andelen med hhv. 18,3% og 17% , men Sande og Ulstein hadde også ein høg andel med 15,8% og 14,5%. Volda hadde ein andel på 11,3 %, medan Ørsta og Vanylven hadde lågaste andel av kommunane med 7,6%.

6.3 Vurdering: Tilstanden ved barnehagane i kommunen


Ut i frå KOSTRA hadde kommunen venteliste på barnehageplass. KOSTRA-tal viser ein låg andel tilsette med barnehage utdanning og ein mindre del med ped.leiar utdanning.

I Herøy såg ein låge driftsutgifter knytt til tilrettelagde tiltak i barnehagen. Kommunen låg rett over fylkes- og landsgjennomsnittet i høve andel barn som fekk ekstra ressursar. Dette kan tyde på at ein i Herøy har ein gjennomsnittleg andel barn som får ekstra ressursar, og at desse er under gjennomsnittet ressurskrevjande i høve fylkes- og landsgjennomsnittet. Herøy låg over gjennomsnittet når det gjaldt andel barn med minoritetsspråkleg bakgrunn samanlikna med kommunane på Søre Sunnmøre, der Ørsta og Vanylven hadde den lågaste andelen.

6.4 Fakta: Tilstanden ved skulane i kommunen:


6.4.1 Nasjonale prøver

Innleiingsvis har vi sett nærmare på nokon data frå utdanningsdirektoratet si tilstandsvurdering av grunnskulen og samanlikna kommunane på Søre opp i mot kvarandre, fylke- og landsgjennomsnitt. Vi har spesielt sett nærmare på resultat frå nasjonale prøver på 5 .trinn, då vi meiner at desse gir ein peikepinn på den læringa som har skjedd i 1-4 klasse. Sidan desse kartleggingsprøvene blir gjennomført på hausten, seier dei lite om opplæringa på 5.trinn. Kartleggingsprøvene blir gjennomført i engelsk, lesing og rekning, og er delt inn i tre mestringsnivå: Mestringsnivå 1, som er lågast, mestringsnivå 2 er middels og mestringsnivå 3 er høgast.

Figur 1: Resultat frå nasjonale prøver 2014-15 og 2016-17**Engelsk. 5. trinn. Andel på mestringsnivå**


Herøy (M. og R.) kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Alle eierformer, Trinn 5, Begge kjønn

Engelsk	Herøy	Herøyd	Sande	Ulstein	Vanylven	Volda	Ørsta
2014-15	50	51	49	53	49	48	48
2015-16	49	50	52	51	47	47	51
2016-17	51	48	49	50	51	49	49

Figur 2: Resultat frå nasjonale prøver 2014-15 og 2016-17**Lesing. 5. trinn. Andel på mestringsnivå**

Herøy (M. og R.) kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Alle eierformer, Trinn 5, Begge kjønn

Lesing	Herøy	Herøyd	Sande	Ulstein	Vanylven	Volda	Ørsta
2014-15	46	52	48	49	50	48	50
2015-16	46	49	53	50	46	46	49
2016-17	50	49	49	50	47	50	50

Figur 3: Resultat frå nasjonale prøver 2014-15 og 2016-17**Rekning. 5. trinn. Andel på mestringsnivå**

Herøy (M. og R.) kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Alle eierformer, Trinn 5, Begge kjønn

Rekning	Herøy	Herøyd	Sande	Ulstein	Vanylven	Volda	Ørsta
2014-15	48	53	50	54	52	48	49
2015-16	48	49	48	53	49	47	55
2016-17	48	49	50	50	49	48	49

Eit moment som det ikkje er teke høgde for i tabellane ovanfor er fritaksprosenten for deltaking på prøvene for elevar som openbart ikkje vil få utbytte i læringssamanheng, det vil også vere naturleg med forskjellar mellom ulike klassetrinn/elevgrupper. For alle skuleåra låg det føre tal for engelsk, lesing og rekning. Generelt sett for dei tre prøvene såg ein for dei fleste åra at ca halvparten av elevane var låg på mestringsnivå 2 medan den andre halvparten fordelte seg på mestringsnivå 1 (20-35%) og 3 (15 -25%). Kommunen hadde for dei fleste åra og prøvene fleire elevar på mestringsnivå 1 enn på mestringsnivå 3.


6.4.2 Spesialundervisning i grunnskulen

Med utgangspunkt i KOSTRA og GSI har ein sett på andel elevar som fekk spesialundervisning. Oversikta viser at 6,6% av elevane i Herøy fekk spesialundervisning i 2016. Dette er ein marginal auke frå 2015 der 6,2% av elevane tok i mot spesialundervisning. 6,6 % er om lag på gjennomsnittet for nabokommunane, men under fylkes- og landsgjennomsnittet. Andel årstimar til spesialundervisning av totale lærartimar var 16,2% og under lands- og fylkesgjennomsnittet.

År 2016	Herøy	Vanylven	Sande	Ulstein	Hareid	Volda	Ørsta	Møre og Romsdal	Landet uten Oslo
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	6,6	8,2	3,8	6,7	5,7	7,8	7,3	8,6	7,8
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, 1.-4. trinn	4,3	3,4	2	5,1	4,6	5,4	4,4	6,6	5,2
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, 5.-7. trinn	5,4	11,4	4,1	8,3	8,9	9,3	7,4	9,4	9,2
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, 8.-10. trinn	10,7	10,6	5,4	7	3,6	9,7	11,1	10,4	10,1
Andel timer spesialundervisning av antall lærertimer totalt	16,2	10	11,3	19,3	21,8	25,3	15,2	18,8	17,5

Spesialundervisning fordelt på klassetrinn:

Diagrammet nedanfor viser prosentandel av elevar som får spesialundervisning i småskulen, storskulen og ungdomsskulen. Ein ser tydeleg tendensar til at ein større andel elevar får spesialundervisning i storskulen/ungdomsskulen i forhold til småskulen i dei fleste kommunane. I Herøy ser ein også denne tendensen. Der ein ser ei auke i andel spesialundervisning spesielt i på ungdomstrinnet samanlikna med småskulen.



6.4.2 Leksehjelp

Opplæringslova gir elevane i grunnskulen rett til leksehjelp. Kommunen skal tilby minimum åtte timar i veka til kvar elev i løpet av grunnskulen og kommunen/skulen avgjer korleis dei åtte timane skal fordelast på dei ulike årstrinna. Nedanfor går det fram informasjon om korleis leksehjelp blir praktisert i kommunen. Ein har vore i kontakt med rektor på 3 av skulane i kommunen for å få eit innblikk i korleis ordninga fungerer.

Skulane som revisjonen har vore i kontakt med hadde forskjellig organisering av leksehjelp. Ved Moltu skule blei det tilbydd 2 timar i veka retta mot 3. og 4. klasse. Ved Stokksund skule blei det tilbydd 1 time i veka til 2. -7. klasse og det blei ikkje tilbydd leksehjelp på ungdomsskuletrinnet. Ved Einedalen blei det tilbydd 1t etter skuletid måndag – ein time etter skuletid onsdag og 1 t før skulestart(skulen startar 8.45) torsdagar til alle elevane. Alle klassestega (1.-7.) har derfor tilbod om intill 3 timar pr veke.

6.5 Vurdering Tilstanden ved skulane i kommunen:

Oversikta viser at 6,6% av elevane i Herøy tok i mot spesialundervisning i 2016. Ein såg tendensar til at ein større andel elevane fekk spesialundervisning i storskulen/ungdomsskulen i forhold til småskulen i dei fleste kommunane på Søre Sunnmøre. Dette såg ein også i Herøy.

Revisjonen vurderer rettleiaren slik at kommunen skal tilby minimum 8 timar i veka til kvar elev i løpet av grunnskulen. Skulen sjølv kan fordele timane mellom dei ulike klassetrinna. Ved eine skulen fekk elevane på 3. og 4. trinn 2 timar i veka (totalt 4 timar i veka). Ved den andre skulen blei det tilbydd 1 time i veka til elevane på 2.-7. trinn (totalt 5 timar i veka). Ved den tredje skulen blei det tilbydd 3 timar i veka til 1-7 klasse (totalt 21 timar i veka). Ved to av skulane ein har kontrollert oppfyller ikkje kommunen krava til utdanningsdirektoratet i høve antal timar leksehjelp i veka. Kommunen bør setje i verk tiltak slik at ein oppfyller krava i høve leksehjelp ved alle skulane.

6.5 Kommunen sitt arbeid knytt til tidleg innsats:

6.5.1. Systemretta og førebyggjande arbeid i barnehage og skule.

Ein har hatt samtale med eit utval rektorar og styrarar ved skular og barnehagar i kommunen. I den samanheng har ein fått tilbakemelding på kva systemretta førebyggjande arbeid som blir gjennomført på dei ulike einingane og korleis PPT deltek ute på einingane i kommunen.

Øymerka ressursar knytt til tidleg innsats i skulane:

Kommunen har statusmøter 2 gongar i året med dei ulike einingane. På desse møta deltek bla. pedagogar, rektor, oppvekstkontoret og PPT. På desse møta går ein i gjennom alle barna som har tiltak og i tillegg ser ein på klassemiljø og barnegruppa. På bakgrunn av desse møta tildelar oppvekstkontoret budsjetttramma til kvar enkelt eining. I tillegg får kommunen statlege øymerka ressursar knytt til tidleg innsats. Oppvekstkontoret fordeler desse ut på einingane på bakgrunn av elevgrupper og liknande.

Det er rektor ved kvar enkelt skule som på bakgrunn av fordelingsnøkkelen fordeler ressursane på dei klassene/gruppene en ser det som mest hensiktsmessig. Dermed har rektor kvart år ein pott som ein kan bruke på å styrke klassene mht. tidleg innsats/tilpassa opplæring. Ved skulane ein har vore i kontakt med har desse ressursane bla. vore nytta til styrka personalressurs på 1.- 4.trinn.

Støtteressurs i barnehagen:

Kommunalsjef for oppvekst tildelar ekstra ressursar i barnehagen ut i frå søknad frå barnehagen (§19 i barnehagelova) eller etter sakkunnig vurdering frå PPT. Barnehagane gav tilbakemelding om at ein har stort sett fått tildelt dei timane ein har søkt om og tiltaka fungerte tilfredstillande. Tidlegare hadde støtteressursane i kommunen vore bemanna av assistentar, medan no har kommunen faste spesialpedagogar. Enkelte av einingane påpeikte at støtteressursane kunne ved enkelte høve vore organisert meir effektivt ved å tildele alle sakene ved ei eining til ein støttepedagog slik at barnehagen berre har ein støttepedagog og forholde seg til i tillegg til at støttepedagogen då får meir tid i barnehagen og slepp å bruke så mykje tid på reising mellom einingane.

Tverrfagleg team:

Kommunen har tverrfagleg team som har møter 2 gonger i året. Dei fleste einingane har eige team, men enkelte har også i samarbeid med andre einingar. Tverrfagleg team skal vere eit lågterskeltilbod der einingane kan be om råd og rettleiing rundt enkeltbarn eller systemsaker. Teamet er samansett frå fagpersonar frå bla. helsesøster, PPT, barnevern og skule/barnehage. Teamet skal ha fokus på barn og unge og deira livssituasjon for å avdekke behov og setje inn tiltak tidleg. Teamet skal utveksle informasjon både på saksnivå, samt på personnivå primært etter skriftleg samtykke. Tilbakemeldingane frå einingane viste at einingane hadde utbytte og brukte teamet aktivt.

Systemretta og førebyggjande arbeid på skular og barnehagar utført av PPT:

På spørsmål om PPT gjennomfører systemretta og førebyggjande arbeid ute i skulane fekk ein tilbakemelding frå einingane at det stort sett ikkje hadde vore gjennomført kursing i høve systemretta arbeid i regi av PPT siste åra, men at enkelte einingar hadde delteke i ulike kompetansehevande tiltak i regi av kommunen og fylket. Alle einingane hadde derimot faste rutinemøter med PPT ute på einingane. Desse rutinemøta vert i stor grad nytta til førebyggjande og kompetansehevande arbeid ute på einingane. Styrar /rektor i samtale med kontaktpersonen i PPT avgjer kva PPT skal arbeide med på rutinemøta. Kor hyppig en hadde rutinemøter med PPT varierte frå eining til eining (frå 2 gongar i halvåret til ein gong i månaden). Tilbakemelding frå PPT viste at ein i samband med trefftida ute på skulane har mykje fokus på lese og skriveopplæringa (observasjon i klasse) og korleis læraren kan skape eit godt klassemiljø.

Enkelte av barnehagane hadde delteke i DUB, barn med utfordring. I tillegg har 5 einingar (3 bhg og 2 skular) og PPT delteke i eit landsdekkande prosjekt i samarbeid med Udir : *«Inkluderende barnehage- og skolemiljø»* , som er eit prosjekt knytt til kompetanseutvikling for barnehagar, skular, myndighiet og eigarar om mobbing og andre krenkingar.

I tillegg har det i januar 2018 vore gjennomført rettleiarkurs i å «vere saman» der alle barnehagane i Herøy har delteke med to eller fleire pedagogar. Kurset gir opplæring i korleis ein møter barn på ein god måte og peika på bla. den autoritative vaksenstilen.

Sakshandsamingstid ved tilmelding PPT:

Tilbakemelding frå einingane Herøy viste at ein at ein ikkje har hatt siste åra har hatt venteliste siste åra. Enkelte av einingane påpeikte at i enkelte tilfeller kunne det gå litt lenger tid en normalt ved sjukmeldingar og liknande. Men einingane var i stor grad tilfreds med sakshandsamingstida til PPT. Det peika på at PPT raskt kjem på banen og er lette å få kontakt med.

Førebyggjande arbeid knytt til mobbing:

Kommunen har delteke i prosjekt og oppretta beredskapsteam mot mobbing. Kommunen har utarbeida framlegg til rutinar for teamet. På kommunenivå har fagleiar oppvekst og to frå PPT fått opplæring i spekterkartlegging. Spekter er eit ikkje-anonymt verktøy for lærerar, som brukast til å avdekke mobbing og kartlegge læringsmiljøet i ei skuleklasse.

I samband med prosjektet har ein på einingsnivå starta arbeidet med oppretting av innsatsteam på tre av skulane i kommunen (Ungdomsskulen, Einedalen og Stokksund). Frå kvar enkelt skule skal rektor og to lærerar få kompetanseheving i å forstå, avdekke og løyse mobbing.

Kommunen har utarbeida prosedyre for førebygging og handtering av mobbing i grunnskulen. Det er også utarbeida retningslinjer som skal sikre at dei tilsette i skulen er kjende med aktivitetsplikta som vedkjem elevane sin rett til eit trygt og godt skulemiljø jf oppl. i §9A-2. Rektor er ansvarleg for at lova med dei fem aktivitetspliktene vert oppfylt. Kommunen har utarbeida prosedyrebeskriving for dei ulike aktivitetspliktene.

6.5.2 Vurdering

Tverrfagleg team:

Tilbakemelding frå einingane viser dei generelt tenker at det tverrfagelige ressursteamet er eit positivt lågterskeltilbod og einingane gav tilbakemelding om at ein hadde utbytte av desse.

Øymerka ressursar knytt til tidleg innsats i skulane og støtteressurs i barnehagane:

Skulane får tildelt økonomiske rammer på bakgrunn av statusmøter i samarbeid med oppvekstkontoret. Ein del av ressursane vert tildelt skal nyttast opp i mot tidleg innsats/styrking i klasse. Ved barnehagane kan styrar i samråd med foreldre/føresette søke om støtteressursar som oppvekstkontoret vurderer. Tilbakemelding viste at ressursane vart nytta til tidleg innsats og iverksetting av tiltak i ei evt. førtilmeldingsfase.

PPT

Tilbakemelding frå skular og barnehagar viser at i høve sakshandsamingstida til PPT var barnehagane og skulane nøgd med sakshandsamingstida knytt til tilmelding og kartlegging ved sakkyndig vurdering, i tillegg hadde ikkje kommunen venteliste. Ved sjukmeldingar og ferieavvikling kunne ein sjå ei lenger sakshandsamingstid. Revisjonen oppfattar derfor sakshandsaminga som stort sett tilfredstillande, men kommunen bør ha som mål at alle saker vert handsama innanfor gjeldande tidsfristar. Under kartleggingsarbeidet er det viktig at borna får tilpassa opplæring og at det vert sett i verk tiltak tidleg, noko ein fekk inntrykk av blei gjort i Herøy.

PPT skal drive både med systemretta/førebyggjande arbeid og individretta støtte i form av kartlegging og utarbeiding av sakkunnig vurdering. Det er derfor viktig at det systemretta arbeidet vert retta mot kvar enkelt eining sine behov, og i tillegg ikkje går på bekostning av individsakene. I Herøy har det i liten grad vore gjennomført felles kursing for einingane i regi av PPT, men PPT har faste rutinemøter ute på einingane der ein gjennomfører kompetanseheving og førebyggjande arbeid. Det er positivt at PPT gjennomfører slike rutinemøter og dette kan bidra til at einingane i samarbeid med PPT raskare greier å fange opp born med vanskar og sette i verk tiltak. I tillegg kan PPT gjennom desse rutinemøta drive med kompetanseheving og organisasjonsutvikling ut i frå kvar enkelt eining sine behov.

6.6 Skriftelege prosedyre knytt til tidleg innsats i barnehage og skule:

6.6.1 Fakta

6.6.1.1 Barnehage:

Lokal rammeplan:

Kommunen har utarbeida ein lokal rammeplan for barnehagane i Herøy kommune (2016-2020). Den lokale rammeplanen skal vere felles og forpliktande for alle barnehagane og skal vere styrande for utviklingsarbeid og kompetanseheving. Den skal vere grunnlag for å utvikle barnehagane sine rutinar og metodar. Dette skal sikre og vidareutvikle kvalitet i den einskilde barnehagen og tek utgangspunkt i den sentrale rammeplanen.

Prosedyrebeskriving i høve barn med behov for ekstra hjelp og støtte:

Dokumentet inneheld prosedyrebeskriving og ansvar frå drøfting og vurdering av barna si utvikling, til iverksetting og kartlegging i barnehagen til evt. tilvising til PPT og utarbeiding av opplæringsplan og tildeling av ressursar. I samtale med barnehageleiarar fekk ein i stor grad tilbakemelding om at dette var ein del av dei skriftelege prosedyrane knytt til tidlig innsats.

Kartleggingsverktøy:

Barnehagane hadde ulike kartleggingsverktøy som vert nytta i undersøkingsfasen og ved bekymring. I alle barnehagane nytta ein bla, verktøya «TRAS» og «Alle med» i bekymringsfasen om det skulle vere behov for det. TRAS er et pedagogisk observasjonsverktøy som skal brukast til å observere barns språkutvikling, medan «alle med» er eit observasjonsskjema som dekker utviklingsområda: Språkutvikling, lek, sosio-emosjonell utvikling, kvardagsaktiviteter, trivsel og sansemotorisk utvikling.

4- årsundersking:

Herøy helsestasjon har utarbeida eit kartleggingsskjema som barnehagen i samarbeid med foreldre fyller ut før borna fyller 4 år. Skjemaet inneheld spørsmål knytt til sosialkompetanse/leik, språk og motorikk og vert sendt til helsestasjonen før 4-års kontroll. Foreldre/føresette skal signere samtykke før barnehagen kan sende skjemaet til helsestasjonen. Barnehagane ein var i kontakt med hadde kjennskap til rutine og nytta kartleggingsskjemaet aktivt.

Pedagogisk rapport barnehage:

Kommunen har utarbeida felles mal i høve pedagogisk rapport. Skjemaet er eit obligatorisk vedlegg ved alle nye tilvisingar av individualsaker frå barnehage til PPT. Når føresette tilviser eigne barn i barnehagealder, kan PPT be barnehagen fylle ut pedagogisk rapport. Skjemaet skal også fyllast ut når barnehagen ønskjer at PPT skal gjere ei sakkunnig vurdering. Føresette skal ha kopi av rapporten. Rapporten skal bla. innehalde informasjon om korleis barnet fungerer, både språkleg, fysisk og sosialt.

Rutinar for søknad om styrka tiltak til barn i barnehage:

Kommunen har utarbeida skriftelege rutinar i høve søknad om styrka tiltak til barn i barnehage. I tillegg er det utarbeida felles søknadsskjema der barnbehagen skal beskrive barnet og barnet sitt behov, kva tiltak som har vore prøvd ut (tiltak, resultat og varighet), og kva ressursar det vert søkt om (antal timar/tilskot og kva dei skal nyttast til).

6.6.1.2 Skule:

Strategi for skuleutvikling (2015-2018)

Kommunen har utarbeida eit strategidokument for skule 2015-2018. Kommunen er no i prosessen med å utarbeide ein revidert plan frå 2019-2022. I samband med arbeidet sette skuleavdelinga i gang eit analysearbeid (SWOT-analyse) av Herøyskulen. Dokumentet inneheld ei analyse over sterke og svake sider, mulegheiter og truslar for Herøyskulen, samt ei individuell kartlegging av dei ulike skulane. I tillegg inneheld dokumentet felles visjon og satsingsområde.

Rutine i høve elevar med behov for særlig tilpassing:

Kommunen har utarbeida felles rutinar for saksgang knytt til elevar med behov for særleg tilpassing. Dokumentet inneheld tidsfristar, tiltak og ansvar frå drøfting og vurdering av barna si utvikling i samarbeid med PPT, til iverksetting og kartlegging i skulen til evt. oppmelding til PPT, utarbeiding av sakkyndig vurdering og enkeltvedtak, samt evaluering/vurdering.

Kartleggingsprøver:

Skulane ein har vore i kontakt med har som rutine og gjennomføre både obligatoriske og frivillige kartleggingsprøver utarbeida av utdanningsdirektoratet. For 1.-3. trinn. Ut i frå dei skriftlege rutineane skal det gjennomførast kartleggingsprøve i lesing og rekning på 1., 2. og 3. trinn. På 3. trinn vert det også gjennomført kartleggingsprøve i engelsk. Kartleggingsprøvene er laga for å finne elevar som treng ekstra oppfølging og er dermed også eit verktøy for å hindre at elevar fell frå seinare i opplæringsløpet.

Leseplan:

Kommunen har tidlegare utarbeida i 2010 ein lokal leseplan for grunnskulen i Herøy. Med bakgrunn i den overordna planen har dei ulike skulane utarbeida ein lokal plan. Planen er inndelt i 4 delar der del 1 inneheld mål og vurderingskriteria for 1.-10 trinn. Del 2 inneheld bla. oversikt over ulike læringsstrategiar som kan nyttas. Del 3 inneheld verktøy o rettleiar for utarbeiding av lokal leseplan, medan del 4 inneheld ulike kartleggingar, øvingar, leseprøver og undervisningsprogram for elevar med spesifikke lesevanskar.

Dei to skulane revisjonen har vore i kontakt med hadde utarbeida eigne leseplanar for alle klassetrinna. Planane inneheld læringsmål, forskjellige arbeidsmåtar/lærestrategiar, ulike læremiddel, materiell og ressursar som kan brukast på dei ulike klassetrinna. Vidare for kvart enkelt trinn inneheld planen også ulike kartleggingstestar/vurderingar.

6.6.2 Vurdering

Kommunen hadde i både barnehage og skule skriftlege prosedyre/rutinar i høve barn/elevar som treng ekstra hjelp og støtte/tilpassa opplæring.

Seksjon barnehage har utarbeida ein felles lokal rammeplan for barnehagane i Herøy kommune. Rammeplanen i tillegg til den sentrale rammeplanen (nasjonal) gir føringar for korleis barnehagane skal arbeide innanfor ulike emne som bl.a., leik, læring og språk. Ein

felles og forpliktande rammeplan vil kunne vere med på å styre alle barnehageeiningane mot felles mål, rutinar og metodar. Dette vil kunne bidra til mindre forskjellar i barnehagetilbodet. Kommunen har utarbeidd og gjennomfører no ei revidering av strategidokumentet for skuleutvikling. No som kommunen har slått saman barnehage- og skuleseksjonane i sektor for oppvekst bør kommunen vurdere om ein i strategiarbeidet bør utarbeide ein felles skrifteleg kvalitet-/strategisplan for oppvekstsektoren (både barnehage og skule). Ein slik plan vil kunne bidra til at ein får meir felles forankring og forståing for korleis ein skal arbeide i høve til bla. tidleg innsats gjennom heile utdanningsløpet. Slik felles kvalitetsplan har bla. vore utarbeidd og implementert i Hareid og Volda og ein har fått positive tilbakemeldingar på dette arbeidet.

Kommunen har utarbeida ein overordna leseplan og skulane ein har vore i kontakt med hadde eigne lokale leseplanar basert på den overordna planen. Det er positivt at ein har fått på plass eit felles kartleggingsverktøy/handlingsplan både ved overføring av elevar frå klasse til klasse og evt. frå skule ved at lærerane har kjennskap til kartleggingsverktøya som er nytta tidlegare.

I barnehagane såg ein i hovudsak at det vart nytta dei same kartleggingsverktøya i alle einingane (både kommunale og private). Den lokale rammeplanen gir ikkje direkte informasjon i høve kartleggingsverktøy og oppfølging av born ein er bekymra for. Eit felles system for observasjon og kartlegging i barnehagane kan vere med å sikre ei god utvikling av språk og sosial kompetanse i barnehagane. Kommunen bør derfor vurder om det er hensiktsmessig å utarbeide ein felles overordna plan i barnehagane knytt til språk og sosial kompetanse (samarbeid, sjølvkontroll, ansvar og empati for andre), evt. revidere/utvikle den lokale rammeplanen slik at den omfattar desse emna.

6.8 Sakkyndige vurderingar og enkeltvedtak i barnehage og skule

6.8.1 Fakta

Både rektorar og barnehagestyrarar fekk spørsmål knytt til PPT sine sakkyndige vurderingar. Dei fleste rektorane og barnehagestyrarane meinte at dei sakkyndige vurderingane var gode og at ein har utbytte av dei. Alle einingane gav tilbakemelding om at ein i dei aller fleste tilfelle følgjer anbefalingane til PPT i samband med utarbeiding av enkeltvedtak.

I samtale med barnehagane og skulane fekk ein også tilbakemelding om at PPT stort sett kom raskt i gong ved tilmelding og at sakshandsamingstida var tilfredstillande. Det blei av enkelte påpeika at det hadde gått for lang tid i nokre saker og at dette skuldast i hovudsak sjukmeldingar i PPT, men generelt sett var einingane nøgde med sakshandsamingstida.

6.8.2 Vurdering

Barnehagar og skular har tidlegare opplevd dei sakkyndige vurderingane stort sett som gode, og einingane var generelt sett nøgde med sakshandsamingstida.

6.9 Konklusjon

PPT har faste rutinemøter ute på einingane der ein assisterer og tilbyr tenester ut i frå einingane sine behov og ønsker mht, systemretta og førebyggjande arbeid. Barnehagar og skular beskreiv i stor grad samarbeidet med PPT som godt og at ein generelt sett var nøgd med sakshandsamingstid og dei sakkyndige vurderingane.

Både skular og barnehagar gav tilbakemelding om at ein kjem tidleg i gong med å prøve ut tiltak i bekymringsfasen, kommunen har også skriftlege rutinar knytt til dette. Kommunen har forskjellige rutinar og kartleggingsverktøy for å fange opp barn med utfordringar både i barnehage og skule. Kommunen har utarbeida lokal rammeplan for barnehagane i kommunen og skulane ein kontrollerte hadde lokale leseplanar på kvar enkelt eining. Kommunen bør vurdere om det kan vere hensiktsmessig og utarbeide ein felles kvalitetsplan for heile oppvekstsektoren. Ein bør også vurdere om det bør utarbeidast felles handlingsplan/kartleggingsplan i høve språk og sosial kompetanse i barnehagane, og knytt til lese og skriving i skulane.

Ved dei to skulane ein har kontrollert oppfyller ikkje kommunen krava til utdanningsdirektoratet i høve antal timar leksehjelp i veka. Kommunen bør setje i verk tiltak slik at ein oppfyller krava i høve leksehjelp ved alle skulane.

7 Problemstilling 2

I kva grad har kommunen tilfredstillande ordningar ved overgang frå barnehage til grunnskule for born med særlege behov?

7.1 Innleiing:

I dette kapittelet går det fram revisjonskriterium, data og vurderingar om korleis det er lagt til rette for god overgang til skulen. Kva som er gode overgangar vert utdjupa i kapittel 2.2 der dei ulike revisjonskriteriene som vi har nytta for å belyse dette emnet.

7.2 Revisjonskriterium:

Revisjonskriteria under denne problemstillinga er hovudsakeleg henta frå barnehagelova, opplæringslova, rettleiar for tidleg innsats «frå elds til yngst», forvaltningslova og personvernlova. Nedanfor har ein teke ut dei viktigaste momenta frå dei ulike lovene og rettleiaren som revisjonen vil kontrollere opp i mot.

7.2.1 Overgang mellom barnehage og skule

Tidleg innsats er eit gjennomgåande tema i denne undersøkinga og overgangen mellom barnehage og skule er ein sær viktig del av skuleløpet. I 2008 blei det utarbeida ein rettleiar med fokus på tidleg innsats, «Frå eldst til yngst» som har som mål å styrke samanhengen mellom barnehage og skule, og skape ein god overgang for barn når dei startar på skulen. Dei nye elevane kan kome frå barnehagar i skulen sitt opptaksområde og dei kan kome frå

barnehagar andre plassar i kommunen. Dei kan også kome frå private barnehagar, og enkelte barn treng ikkje å ha bakgrunn frå barnehage.

Kommunen har derimot eit ansvar for å legge til rette for ein god skulestart for alle barn i kommunen uavhengig av bakgrunn. Rettleiaren er tydeleg på at målet ikkje er å unngå overgangar, men å unngå at dei blir så store at barnet ikkje kan mestre dei.

Rettleiaren anbefaler ein plan på kommunenivå som inneheld premissane for overgang mellom barnehage og skule. Kommunen bør legge til rette for eit koordinert samarbeid om overgangar, og den bør legge til rette for samarbeid mellom styrar i barnehage og rektor i same opptaksområde.

Rettleiaren anbefaler vidare at barnehagestyrarar og rektor ved dei ulike skulane tek ansvar for systematisk planlegging og oppfølging av overgangen mellom barnehage og skule. Kommunen, barnehagane og skulane sine planar bør bla. innehalde eit opplegg for ulike arrangement der barna får møte kvarandre og dei vaksne som dei skal ha mest kontakt med i skulekvardagen, og legge til rette for at dei får bli kjent med skulemiljøet og innhaldet i skulekvardagen.

Rettleiaren sei derimot ikkje noko om barn som ikkje går i barnehagar i kommunen, eller som ikkje går i barnehage i det heile. Ein meiner det er viktig at kommunen og den enkelte skulen tek ansvar for å involvere alle barn som skal starte på ein av kommunen sine skular.

Barnehagar og skular kan overføre taushetsbelagt informasjon dersom dei har samtykke frå den det gjeld. Det står i forvaltningslova § 13 a nr 1. *«For barn under 15 år er det foreldrene som gir samtykke. Når barnet er fylt 15 år, er det normalt tilstrekkelig med barnets samtykke for å overføre taushetsbelagte opplysninger»*. Krav om samtykke er regulert i personopplysningslova §2. nr 7. Her går det fram at samtykket må vere frivillig, uttrykkelig informert og skriftlig.

7.2.2 Oppsummert:

- Kommunen bør ha ein plan for overgang, som synleggjør premissene for overgang mellom barnehage og skule.
- Kommunen bør legge til rette for eit koordinert samarbeid i høve overgangen mellom barnehage og skule (samarbeid mellom rektor og barnehagestyrar).
- Alle barn bør få eit tilfredstillande møte ved skulen.
- Ved overføring av informasjon mellom barnehage og skule skal foreldre signere samtykkeerklæring.

7.3 Fakta:

7.3.1 Overgangsplan mellom barnehage og skule

I samband med intervju av rektorar og barnehagestyrarar etterspurte ein plan for overgang mellom barnehage og skule. Ved einingane blei det vist til kommunen sin felles

handlingsplan for overgang barnehage/skule. Planen inneheld informasjon om ansvar, tidsfristar og tema/tiltak og aktivitetane går fram nedanfor:

Tidsfrist	Tiltak / handling	Ansvar
September	Foreldremøte i barnehagen -Barnehagen informerer om samarbeidet med skulane. -Barnehagen har eit felles skjema der foreldra skal skrive under på at dei godkjenner at informasjon vert overlevert. Om det er spesiell informasjon som skal leverast vidare om eit barn, skal foreldre til barnet godkjenne dette på førehand. -Er det «usikkerheit»/bekymring rundt barn, vurderer barnehagen og foreldra om det skal drøftast med PPT.	Barnehage
November	Samarbeidsmøte i barnehagen for barn med særskilte behov - Heim/barnehage/PPT/skule deltek. Skulen skal møte for å få informasjon tidlegast mogeleg før skulestart. -Dersom det er ansvarsgruppe rundt barnet skal rektor på mottakarskule kallast inn til ansvarsgruppe siste barnehageåret.	Barnehage
15. Desember	Halvårsvurdering -Frist for halvårsvurdering for hausthalvåret -Evt. revidering av IOP	Barnehage
Januar	Innskriving i skulen - Barn og foreldre får brev med innkalling og eit skjema som blir levert under innskrivinga. -Rektor gjer eventuelt ny avtale med foreldra dersom det viser seg behov for meir informasjon. (Ein tek ikkje opp eventuelle vanskar barnet har ved innskriving).	Skule
Februar	Samarbeidsmøte barnehage/skule/PPT - Pedagogane i barnehagane og skulane og PPT skal ha eit møte på kveldstid kvart 2. eller vart 3. år. Barnehage og skule skal presentere innhald, mål og metode i barnehage og skule for å gi barna læring og utvikling i samsvar med lovverket. PPT har og eit innlegg om samarbeid til barnet sitt beste. Drøftingstema: Kva bør barnet mestre/ha erfaring med før det byrjar i 1.klasse.	Barnehage, skuleavdeling og PPT
Februar/tidleg mars	Samarbeidsmøte/ansvarsgruppemøte (utvida) - Møte mellom foreldre, barnehage, skule og PPT der ein drøftar kva som er viktig for barnet i høve overgang til skule.	Barnehage
Slutten av mars	Søknad ressursar Søknadsfrist for ekstra ressursar også til første skuleår. Byggjer på barnehagen sin utarbeidde IOP for barn under §19a «Lov om barnehager». PPT si sakkyndige vurdering og nye behov som eleven vil møte i skulen. -Skulen sender samla ein søknad om behov for ekstra ressursar, som i tillegg skal belyse elevar med ITP og spesielle behov. (i samråd med/løyve frå foreldre) Skulen har ansvar for å sende søknad til skuleavdelinga.	Skule
Slutt april/start mai	-Skulen informerer aktuelle barnehagar om dato for førskuledag/besøksdag -Frist for å melde inn til skulane kor mange barn som skal starte der. Deretter avtalte dato for møte der ein kan utveksle informasjon om	Skule Barnehage

	enkeltbarn/gruppe. Dersom ein skal navngje nokon av barna, må dette vere klarert med foreldra. Viss barnehagerepresentant ikkje kan møte, må det lagast eit skrifteleg notat til skulen (med kopi til heimen/løyve frå foreldre).	
Mai/juni	Førskuledag Seinast i løpet av mai sender barnehagane kartleggigngsskjemaet som gjeld alle barn til aktuell skule. - Dei enkelte skulane har førskuledagar eller besøksdag. - Skulane sender invitasjon heim til barnet, og informasjon om møtetidspunkt og innhald til barnehagane. Drøftingsmøte -Drøfting av IOP for 1.skuleår med foreldre, barnehage og skule, med utgangspunkt i tilråding og enkeltvedtak. - Frist for å sende IOP til heim, skule, skuleavdeling og PPT om barn som har enkeltvedtak etter barnehagelova §19a. -Etter innhenting av løyve frå foreldra tek skulen kontakt med barnehagen der ein treng meir informasjon om enkeltbarn (eks. der det ikkje har vore overføringsmøte)	Skule Barnehage(skulen kan revidere planen f.løpende) Skule

Alle einingane ein var i kontakt med viste til planen og gav tilbakemelding om at ein nytta den aktivt i overgangsarbeidet.

Ein ønskte å få ei beskriving av dei tiltaka/aktivitetane en gjennomfører i samband med overgang barnehage/skule. Generelt fekk ein tilbakemelding om at overgangsplanen vart følgt og at det i hovudsak er rektor og styrar i barnehagane som har dialog og kontakt i overgangsfasen og spesielt retta mot born med vanskar/utfordringar. I tillegg gav alle skulane og barnehagane tilbakemelding om at det vert gjennomført minst eit skulebesøk /førskuledag kvart år. Det generelle inntrykket ut i frå tilbakemeldingane frå einingane viste at dei i varierende grad involverte framtidig kontaktlærer i overgangsarbeidet og dialog med barnehagane i høve førskulegruppa. Enkelte einingar involverte kontaktlærer, medan andre i liten grad gjorde det. Administrasjonen har gitt tilbakemelding på at kontaktlærer skal delta på overføringsmøta i mai/juni. I dei tilfelle ein ikkje har fått på plass ny kontaktlærer før ferien skal desse gjennomføre overføringssamtale med barnehagen i august.

I kommunen sin overgangsplan har ein rutinar for å overføre informasjon om elevar med særskilde opplæringstiltak i november. Derimot vert informasjon knytt til barn som krev mindre grad av tilrettelegging teke på fageleg overgangsmøte i mai/juni.

Det vart også vurdert om kommunen hadde rutinar for å fange opp barn som ikkje går i barnehage for å sikre at disse får same tilbodet som barnehageborna. Det går ikkje fram av den skriftlege overgangsplanen kven som er ansvarlege for å fange opp desse barna utanom at skulen er ansvarleg for å sende invitasjon til foreldre/føresette mtp. innskrivingsdag. I samtale med einingane var det også uklart kven som har ansvaret mht. barnetalslister og fange opp barna som ikkje går i barnehage. Tilbakemelding frå skuleadministrasjonen viser

at desse borna vert fanga opp gjennom 4 års og 6 års undersøkingane som helsestasjonen gjennomfører og gjennom tverrfagelig team. Kommunen har skriftelege rutinar knytt til dette.

Vurdering: overgangsplan mellom barnehage og skule:

Kommunen har felles plan for overgang mellom barnehage og skule. Alle einingane hadde kjennskap til planen og nytta den aktivt .

Det går ikkje fram av planen at kontaktlærar skal delta på samarbeids- og informasjonsmøte i mai/juni eller august, men administrasjonen har gitt tilbakemelding på at dette skal gjennomførast. Kommunen bør innarbeide desse rutinane i overgangsplanen og implementere dei ute på alle einingane. Einingar som hadde involvert kontaktlærar hadde positive erfaringar frå dette. Samarbeidsmøter der kontaktlærar er involvert kan gjere vedkomande betre forberedt på eventuelle utfordringar ein kan møte ved skulestart og ikkje minst lettare fange opp eventuelle «gråsoner» born/elevlar.

7.3.2 Samarbeid mellom barnehage og skule.

Dei ulike einingane beskreib i stor grad samarbeidet ved overgang barnehage til skule som godt. I tillegg til overgangsplanen har kommunen utarbeida overleveringsrutinar mellom barnehage og skule:

1	Barn med spesialundervisning skal ha overføringsmøte med skulen i november- året før skulestart. Dersom det er ansvarsgruppemøte rundt barnet skal rektor på mottakarskule kallast inn til ansvarsgruppe siste barnehageåret.
2	Elevlar som bhg har ei bekymring for i forhold til utvikling språkleg, motorisk eller sosialt- men som ein ikkje har inne tiltak om spesialundervisning for, skal meldast til skulane innan utgangen av mars. Barnehagen skildrar då: • Kva går vansken/vanskane ut på? • Er bhg styrka i forhold til barnet i forhold til barnehagelova- utan at dei har spesialundervisning. I så fall kva tiltak? • Har barnehagen meldt barnet opp for utgreiing av PPT- utan at saka er ferdigbehandla der?
3.	Lærarane ønskjer å møte ped. leiarane i løpet av våren, der ein mellom anna får høve til å spørje utfyllande om opplysningar frå overleveringsskjema. Skulen ønskjer i dette møtet, opplysningar om korleis barnegruppa fungerer sosialt og i førskuleaktivitetar.

Kommunen har utarbeida samtykke/overleveringsskjema som vert nytta i overgangsarbeidet. Alle barna vert kartlagt i høve overgang til skule i forhold til ulike punkt bla. i høve sosial kompetanse, motorikk og språkutvikling. Skjemaet skal signerast av ped.leiar som har gjennomført kartlegginga og foreldre/føresette skal signere samtykke for at barnehagen kan sende skjemaet med opplysningane til skulen.

Kommunen har etter at skule og barnehage inngjekk i same sektor gjennomført felles leiarmøter for barnehagar og skular ein gong i månaden. Møta er todelt med først ei fellesøkt og deretter ei deling i barnehagar og skular. Styrarane i dei private barnehagane deltek på delen som gjeld barnehagar.

Barnehage, skule og PPT skal kvart 2. eller kvart 3. år gjennomføre samarbeidsmøte for pedagogane i barnehagane og skulane (sist gjennomført i 2016). Barnehage og skule skal presentere innhald, mål og metode i barnehage og skule for å gi barna læring og utvikling i samsvar med lovverket. PPT har og eit innlegg om samarbeid til barnet sitt beste. Drøftingstema: Kva bør barnet mestre/ha erfaring med før det byrjar i 1.klasse.

Vurdering: Samarbeid mellom barnehage og skule:

Tilbakemelding frå einingane tydar på eit godt samarbeid mellom barnehagane og skulane. Dei skriftlege overgangsrutinane vert følgt og einingane har felles leiarmøter som bidreg til eit tettare samarbeid. Både mtp. å kunne gi tilbakemeldinga til kvarandre og deling av kunnskap.

Barnehagane utarbeidar samtykkeerklæringsskjema som inneheld kartleggingsinformasjon for kvart enkelt barn. Det at kartleggingsskjemaet inneheld konkret informasjon om kva opplysningar som blir overført vil kunne bidra til at foreldre/føresette i mykje større grad vert trygge på kva informasjon som vert overført, i tillegg vil eit slikt detaljert skjema føre til at skulane i etterkant av overgangssamtalen sitt med skriftleg informasjon som lærerane kan nytte i arbeidet fram mot, og etter skulestart. Dette vil kunne bidra til at alle borna vert fanga opp på ein tilfredstillande måte.

7.3.3 Samarbeid mellom barnehage/skule og foreldre/føresette

Tilbakemeldingane frå einingane viste at både barnehagar og skular gjennomfører foreldremøter (samla) og foreldresamtaler og det er hovudsakeleg her ein opprettar dialog/samarbeid med foreldra. Ved bekymring eller oppmelding til PPT vert det gjennomført fleire møter etter behov og foreldre og skule blir involverte i kartleggingsarbeidet til PPT.

I barnehagane har ein minimum eit til to faste foreldresamtaler pr år og gjerne meir om ein føler ein treng det. I tillegg har ein eit felles foreldremøte på hausten der ein presenterer opplegget for overgangen mellom barn og skule.

Alle barnehagane uttrykte at dei hadde rutinar knytt til å innhente samtykke frå foreldra i samband med kartleggingsskjemaet som vert sendt over til skulane. Dette inngår også som ein del av overgangsplanen (september).

I skule har ein også foreldremøter og utviklingssamtaler med foreldra i løpet av året. Det blei opplyst om at ein har låg terskel for å ta opp bekymringar med foreldre når ein er bekymra for utviklinga til eit barn. Foreldre får også delta i kartleggingsprosessen til PPT i høve sakkyndig vurdering og får kome med innspel. I overgangsplanen går det fram at skulane sender invitasjon i høve innskriving til foreldre og føresette.

I samband med leksehjelp såg ein ingen rutinar knytt til informasjonsoverføring mellom den som gjennomfører leksehjelpa og foreldre/føresette.

Vurdering: Samarbeid mellom barnehage/skule og foreldre/føresette

Alle barnehagane gav uttrykk for at ein hadde rutinar knytt til å innhente samtykke frå foreldre ved overgangssamtale. Dette inngår også i dei skriftlege rutinane i kommunen. Overgangsskjema inneheld konkrete detaljar over kva informasjon som vil bli overført.

Både skule og barnehagar har dialog og kontakt med foreldra gjennom foreldremøter og utviklingssamtaler. Foreldre blir involvert i kartleggingsarbeidet til PPT knytt til tilmelding og utarbeiding av sakkyndig vurdering.

7.4 Konklusjon:

Kommunen har felles plan for overgang mellom barnehage og skule. Einingane nytta den i stor grad. Kommunen bør vurdere om planen burde reviderast mht. tydelegare ansvarsfordelingar mht å fange opp born som ikkje går i barnehage. Dei fleste einingane gav tilbakemelding om eit godt samarbeid.

Tilbakemelding frå einingane viser at kontaktlærar i varierende grad vore involvert i førskulearbeid/aktivitetar. Ein bør derfor vurdere om komande kontaktlærar skal delta i førskuleaktivitetane og i overføringssamtalene mellom einingane i større grad enn tidlegare.

Kommunen har rutinar for at foreldre/førestette signerar samtykkeerklæring ved informasjonsoverføring mellom bhg og skule. Samtykkeskjemaet inneheld konkrete detaljar over kva informasjon som vert overført.

8 Problemstilling 3

- I kva grad tilfredsstiller PPT sakshandsamingstida som går fram av lov og forskrift?

8.1 Revisjonskriterium:

Lov og forskrift for PPT angir ikkje kor lang tid sakshandsamingsprosessen kan ta. ST-melding nr 18. (2010-2011) *Læring og fellesskap* anbefalar at kommunen bruker intill tre månadar på å utarbeide sakkyndig vurdering og fatte enkeltvedtak om spesialpedagogiske tiltak.

Sidan formell sakshandsamingsfrist ikkje er gitt, blir det ikkje registrert sakshandsamingstida ved landet sine PP-tenester i statistikk, Det går ikkje fram informasjon verken i GSI (grunnskolen informasjonssystem) eller KOSTRA.

Oppsummering:

- PPT si sakkyndige tilråding og kommunen sitt enkeltvedtak skal vere utarbeida innan tre månadar etter tilvising av barnet til PPT

8.2 Fakta:

8.2.1 Organisering

Herøy hadde 5,05 årsverk knytt til stillinga i 2017. Ein har motteke ei oversikt over dei ulike stillingane i eininga. Eininga har ei 100% stilling knytt til leiar/sakshandsamar. I tillegg har ein 5 sakshandsamarstillingar med ulik stillingsprosent (totalt 3,55 årsverk) og ein merkantil tilsett i 50% stilling.

Stillingsprosentar Herøy PPT 2017	
Leiar/sakshandsamar	100
Sakshandsamar	100
Sakshandsamar	100
Sakshandsamar	75
Sakshandsamar	50
Sakshandsamar	30
Merkantil tilsett	50
SUM	505

I samband med prosjektet ønskte ein også informasjon om sakshandsamingstid og kapasitet. Det blei bla. stilt følgjande spørsmål til PPT:

- Kor mange tilvisingar/ tilvisingar hadde PPT dei fire siste skuleåra (12/13, 13/14, 14/15, 15/16)?
- Kor mange tilvisingar var i grunnskulen og kor mange var i barnehage/førskule?
- Kor mange sakkyndige utredningar har PPT gjennomført dei fire siste skuleåra (12/13, 13/14, 14/15, 15/16)?
- Kor lang er den gjennomsnittlege sakshandsamingstida frå tilvising av førskule-/skuleelev til endeleg vedtak ligg føre?
- Kor raskt kjem ein i gong med kartleggingsarbeidet? Har kommunen hatt utfordringar siste åra med venteliste?

8.2.2 Tilvisingar

Nedanfor går det fram ei oversikt over totale tilvisingar dei siste fire skuleåra i Herøy. I talet på tilvisingar ligg alle tilvisingar i skulen (ikkje berre elevar 1.-4. klasse). Talmaterialet er utarbeida av PPT .

Talet på tilvisingar			
	Skule	Barnehage	Totalt
2012/2013	41	5	46
2013/2014	24	8	32
2014/2015	26	6	32
2015/2016	28	13	41

Ein registrerte flest tilvisingar i 2012/2013 (46stk) deretter var det ein reduksjon i antal tilvisingar i 2013/2014 og 2014/2015 (32stk). I 2015/2016 var det totalt 41 tilvisingar for dei fire skuleåra såg ein ei gradvis auke i antal tilvisingar i barnehagane.

Merknad til tala utarbeida av PPT:

I tilvisingsskjema for PPT merkar skulen og barnehagen av om dei ønskjer hjelp til observasjon og rettleiing av personale. DVS. at PPT ut i frå tilvising kjem ut i skule og barnehage og kartlegg barnet og rådgjev skule og barnehage for korleis dei kan leggje til rette innanfor ordinær opplæring. Både i skule og barnehage har vi styrkingstiltak som vert sett i gang innanfor ordinær undervisning etter eigen og PPT sine kartleggingar.

Barnehagebarn vert ofte tilvist PPT fordi helsesøster/BHG eller foreldre ønskjer hjelp frå logoped. Desse barna er også i talet. Dei vert tilvist logoped og får sine tenester der utan at barnehage eller skule har gjort einskildvedtak om dette.

I skulen vert elevar som er tilviste PPT, som er under kartlegging eller er ferdig kartlagde opp følgd i klassa på PPT sine trefftider og i statusmøter 2 gongar i året der PPT/skule og oppvekstavdelinga går gjennom tilbodet for alle elevar som har opne saker i PPT sitt system.

8.2.3 Ventetid og venteliste

Tilbakemelding frå einingane Herøy viste at ein var nøgd med sakshandsamingstida til PPT. PPT gav tilbakemelding om at ein siste åra ikkje har hatt venteliste

8.2.4 Sakshandsamingstid (sakkyndig vurdering)

Eining	2012/2013	2013/2014	2014/2015	2015/2016
Barnehagar	11	10	9	6
Nerlandsøy skule	7	3	2	3
Bergsøy skule	21	18	13	11
Einedalen skule	9	8	9	11
Stokksund skule	12	14	10	13
Leikanger skule	4	3	3	3
Moltu skule	3	2	2	5
Ytre Herøy ungdomsskule	15	20	16	27
Sum Offentlege	82	78	64	79
Møre barne og ungdomsskule	5	6	5	10
Sum totalt	87	84	69	89

Tabellen viser antal sakkyndige vurderingar gjennomført av PPT dei siste fire skuleåra. Ein såg ein markant nedgang i antal gjennomførte vurderingar skuleåret 2014/2015 (totalt 69 stk). For dei tre andre skuleåra heldt antal sakkyndige vurderingar relativt stabilt (84-89 vurderingar).

Når det gjeld sakshandsamingstid fekk ein tilbakemelding frå PPT:

«Etter at tilmeldinga er kommt inn til PPT, blir den tatt opp på internmøte der ein tildelar saksbehandlar (90% av tida i løpet av ei veke). I dei fleste sakene, før tilvisinga kjem har PPT vore på drøftingsmøte på skulen eller i barnehagen. Drøftingsmøte er ein type førtilvisningsmøte der ein vurderer saman med skulen/barnehagen om det er behov for PPT eller om det er andre instansar/tiltak som burde komme inn.

Sakshandsamar er i kontakt med skulen/bhg og foreldra i løpet av få veker. Om PPT leiar vurderer saka som prioritet, kjem vi i gong med arbeidet ofte same veka tilvisinga kjem. Om det er problem med kapasitet, sender vi brev til tilvisar og foreldre og informerer når vi kan kome i gong med arbeidet.

I Herøy kommune jobbar vi veldig for å få til praksis der PPT ikkje blir overraska med ny tilvising, men at vi er i kontakt med skulen og jobbar førebyggjande og hjelper dei med tiltak allereie før ein skal konkludere at eleven/barnet treng hjelp av PPT. Målet er å komme tidleg inn. Derfor har kvar skule/barnehage ein kontaktperson frå PPT, vi gjennomfører regelmessig trefftid der det er lav terskel for å drøfte ting og få hjelp.

Sakshandsamingstid varierer frå sak til sak. Sakshandsamar tek kontakt med skulen i høve kartlegging som blei gjort på skulen, snakkar med lærar, gjennomfører foreldresamtale og ofte barn/elevsamtale. I barnehagen er det alltid aktuelt med observasjon, på skulen varierer dette.

Sakshandsamingstid er også avhengig av tverrfageleg samarbeid med andre instansar som barnevernet, BUP, barnehabilitering, helsestasjon, kommunepsykolog og liknande. PP-rådgjevar vurderer riktig kartlegging i høve vanskaner til barnet/eleven og samarbeider med skulen og foreldra om dette. Ein vil da kunne konkludere og rettleie skulen og foreldra i høve tiltak vidare.

Sakshandsamar konkluderer med rett/ikkje rett til spesialundervisning og informerer om dette til foreldre, skulen/v rektor og barnehage/ v styrar og skulekontoret i kommunen. Vi har god dialog kring dette i kommunen, slik at alle er klar over behovet. Endeleg vedtak skal då ligge innan tre veker, uansett om konklusjonen er rett eller ikkje rett til spesialundervisning/spesialpedagogisk hjelp. Kommunen har prosedyrar kring dette.»

8.3 Vurdering:

ST.melding nr 18. (2010-2011) «Læring og fellesskap» anbefaler at kommunen bruker inntil tre månader på å utarbeide sakkyndig vurdering og fatte enkeltvedtak om spesialpedagogiske tiltak. I Herøy kommune har ein fått tilbakemelding frå skulane og barnehagane at PPT i dei fleste tilfelle kjem raskt i gong med mtp. oppstartsmøte og kartlegging. PPT har siste åra ikkje hatt venteliste. PPT har signalisert at ein jobbar førebyggjande og hjelper einingane med tiltak allereie før ein konkludere at eleven/barnet treng hjelp av PPT.

Ut i frå tilbakemeldingane til PPT er det ikkje mogeleg å hente ut statistikk frå datasystemet på ein god og effektiv måte. Derfor er det ikkje mogeleg å kontrollere om ein er innanfor 3 månadar i høve sakshandsamingstida og ein kan derfor ikkje konkludere på dette emnet.

Sakshandsamingstid kan i seg sjølv vere ein dårleg indikator på kvaliteten i tilbodet som blir gitt. En bakgrunn for dette er blant anna at eit økt fokus på systemretta arbeid og tidlig innsats er med på å gjøre sakshandsamingstida lengre, ved at det går med meir tid til utprøving av ulike tiltak i bekymringsfasen. Dette kan opplevast som at saken er «under handsaming», sjølv om den formelt sett ikkje er tilmeldt til PPT. Særlig for foreldre kan dette vere med på å gi ei oppleving av lang saksgang, samtidig som det også kan gi ei oppleving av at ein er raskt i gong med tiltak.

8.4 Konklusjon

Barnehagane og skulane i kommunen var i stor grad nøgd med sakshandsamingstida til PPT og tilbakemeldingar viste at PPT kjem raskt i gong med tiltak og kartlegging. En kan derimot ikkje konkludere på om PPT held fristen i høve sakshandsamingstid på tre månadar.

9 Anbefalingar

1. Overgangsplanen bør innehalde rutinar knytt til overføringsmøter mellom kontaktlærar og barnehage.
2. Kommunen bør vurdere om det er hensiktsmessig og utarbeide felles strategi-/kvalitetsplan for heile oppvekstsektoren.
3. Kommunen bør setje i verk tiltak for å oppfylle minimumskrava i rettleiar mht. antal timar leksehjelp ved alle skulane.

10 Rådmannen sin kommentar

Anbefalingane revisjonen kjem med, er mottatt og forstått.

Pkt 1 vil kunne bli handtert raskt, dette handlar om å revidere rutinen på dette punktet.

Pkt 2 må vurderast i samband med revisjonar av gjeldande dokument for hhv barnehage og grunnskule. Vi opplever ikkje denne som akutt, sidan der allereie er god samordning i mål og strategiar på overordna nivå, samt god samhandling mellom leiarar og pedagogar i barnehagar og grunnskular.

Pkt 3 vert handtert i samband med tildeling av ressursar til grunnskulen for komande skuleår. Tilbodet om leksehjelp i tråd med lova, vil dermed bli gitt. Kvar rektor må så vurdere effektiv organisering på dette området som på alle andre område, i forhold til kor mange elevar som melder seg på dette frivillige tilbodet.

Eg vurderer dette som endeleg tilbakemelding, med mindre det er andre tema revisjonen ønskjer utfyllande informasjon om.

Helsing

Sølvi Lillebø Remøy

Kommunalsjef

Oppvekst



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JS	Arkivsaknr:	2018/619
		Arkiv:	004

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
52/18	Kommunestyret	24.05.2018

ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2017

Tilråding:

Kommunestyret tek til etterretning kontrollutvalet si årsmelding for 2017.

Særutskrift:
Vest kontroll

Vedlegg:

[Sak 07/18 Årsmelding for kontrollutvalet 2017.](#)

Fosnavåg, 30.04.2018

Jostein Støylen
Dagleg leiar Vest kontroll



UTSKRIFT

frå

M Ø T E PROTOKOLL

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
07/18	033	19.02.2018	07.03.2018	IBM

ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2017

Samrøystes innstilling

Kommunestyret tok årsmeldinga for kontrollutvalet 2017 til vitende.

Vedlegg

Årsmelding for kontrollutvalet 2017. Utarbeidd av Vest Kontroll.

Saksopplysning

Viser til vedlagd årsmelding for kontrollutvalet 2017.

Rett utskrift

Åram, 18. mars 2018



VEST KONTROLL
SEKRETARIAT FOR KONTROLLUTVAL

Ada Elise Håberg

Ada Elise Håberg

Konsulent

Utskrift til:

Postmottak Herøy kommune



ÅRSMELDING 2017

FOR

KONTROLLUTVALET

I

HERØY KOMMUNE

1. INNLEIING

1.1 Heimel

Ansvar for tilsynet med kommunen er lagt til kommunestyret, jfr. KommuneLOVA § 76. Ordninga med kontrollutval i kommunen er heimla i kommuneLOVA § 77 nr 1.

Oppgåvene til kontrollutvalet er heimla i KommuneLOVA § 77 og i forskrift om kontrollutval.

1.2 Kontrollutvalet sitt formål

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret føre det løpande tilsynet med forvaltninga i kommunen.

Kontrollutvalet sitt formål er todelt. Den eine oppgåva rettar seg mot tilsyn med forvaltninga i kommunen. Den andre rettar seg mot utføringa av revisjonsoppgåvene (rekneskap og forvaltningsrevisjon). Kontrollutvalet må og basere seg på det arbeid som blir utført av revisjonen.

I kommuneLOVA seier og at tilsyn og kontroll skal skje i alle kommunale organ, folkevalde og administrative, og dei har eit **sjølvstendig ansvar** for tilsyn og kontroll på sine områder.

1.3 Kontrollutvalet sin plass i organisasjonen

Det **direkte underordningsforholdet til kommunestyret** medfører at kontrollutvalet har ein **uavhengig** ståstad i høve til andre kommunale politiske og administrative organ. Det er **berre kommunestyret som kan instruere kontrollutvalet**. Kontrollutvalet er det organet som i praksis utfører det generelle tilsynsansvaret som ligg til kommunestyret. Kontrollutvalet har då fylgjeleg **ikkje eit tilsynsansvar overfor kommunestyret**, men det hindrar ikkje utvalet i å kunne **uttale seg** om kommunestyret er i ferd med å gjere eller har gjort eit ulovleg vedtak.

Kontrollorgana må vere **fristilte i høve til dei som skal kontrollerast**, dersom kontrollen skal vere truverdig.

1.4 Kontrollutvalet si samansetjing

For valperioden 2015- 2019 har kontrollutvalet slik samansetjing:

(H, Frp, Krf, Folk, Sp):

Nestleiar:	Stian Elveseter	1. vara:	Frank Lied
Medlem:	Hege Nedreberg Vestavik	2. vara:	Terje Krogset
Medlem:	Ove Kåre Remøy	3. vara:	Mette Lokna Nedreberg
Medlem:	Oddbjørg Remøy	4. vara:	Gunnar Sævik
		5. vara:	Malene F. Remøy
		6. vara:	Eilert Geir Kvalsvik

(AP, V):

Leiar:	Gerhard Ole Furø	1. vara:	Anna Aasmo
		2. vara:	Magne Nærø
		3. vara:	Eva Måløy

Gerhard Furø er kommunen sin representant i styret for Vest kontroll med Stian Elveseter som vara.

08/17	Kontrollrapport – Årsmelding 2016 Skatteoppkrevjarfunksjonen	Ferdig.
09/17	Brannvern – Orientering ved rådmannen	Ferdig.
10/17	Oppfølging av HE 01/16 sak 05/16	Ferdig.
11/17	Meldingar	Ferdig

Møte 02-17 – 22.05.2017

12/17	Godkjenning av innkalling og sakliste. Møteprotokoll	Ferdig.
13/17	Godkjenning av møteprotokollen frå siste møte	Ferdig.
14/17	Gjennomgang av møteprotokollar 2017	Ferdig.
15/17	Revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon	Ferdig.
16/17	Kommunerekneskapen med årsmelding 2016	Ferdig.
17/17	Meldingar	Ferdig
18/17	Budsjettkontroll per 28.02.2017	Ferdig
19/17	Forvaltningsrevisjonsprosjekt økonomisk rapportering Herøy kommune	Tilbakemelding frå rådmannen innan 01.11.2017. Sjå sak 44/17
20/17	Jensholmen Nord – RDA midlar - Drøfting	Ferdig.
21/17	Sak som kom til – Korrigerering av møteplan 2017	Ferdig.

Møte 03-17 - 11.09.2017

22/17	Godkjenning av innkalling og sakliste. Møteprotokoll	Ferdig.
23/17	Godkjenning av møteprotokollen frå siste møte	Ferdig.
24/17	Gjennomgang av møteprotokollar 2017	Ferdig.
25/17	Meldingar	Ferdig.
26/17	Oppfølging av forvaltningsrevisjonsprosjekt Barnevern tilsyn – tiltak - rutiner	KU bad om å få tilsendt oversikt over tilsynsbesøk innan 15.01.2018. Det gjeld både tilsynsførarane sine besøk om barnevernet sine besøk. Det ligg no føre og vert melding i 2018.
27/17	Offentlegheit i kommunal sektor	Sjå sak 38/17.
28/17	Revisjonsplanlegging 2017 – finansiell revisjon	Ferdig.
29/17	Orientering om delegasjonsreglementet	Ferdig.

Møte 04-17 – 18.10.2017

30/17	Godkjenning av innkalling og sakliste. Møteprotokoll	Ferdig.
31/17	Godkjenning av møteprotokollen frå siste møte	Ferdig.
32/17	Gjennomgang av møteprotokollar 2017	Ferdig.
33/17	Meldingar	

34/17	Orientering om pågåande prosess i kommunal sektor	Ferdig.
35/17	Budsjett for kontrollutvalet 2018	Ferdig.
36/17	Selskapskontroll av SSR IKS	Ferdig. Avventar vedtak i andre kontrollutval før evt. utføring
37/17	Tertialrapport per 31.09.2017	Ferdig.
38/17	Offentlegheit i kommunal sektor – tilbakemelding frå rådmannen	Ferdig.

Møte 05-17 – 27.11.2017

39/17	Godkjenning av innkalling og sakliste. Møteprotokoll	Ferdig.
40/17	Godkjenning av møteprotokollen frå siste møte	Ferdig.
41/17	Gjennomgang av møteprotokollar 2017	Ferdig.
42/17	Meldingar	Ferdig.
43/17	Samarbeid med Vanylven kommune - Orientering	Ferdig.
44/17	Oppfølging forvaltningsrevisjonsrapport – Økonomisk rapportering	Ferdig

Det vert vist til kommunestyret sine møteprotokollar for saker frå kontrollutvalet som har vore behandla der.

3. MEIR OM KONTROLLUTVALET SINE OPPGÅVER

3.1 Omfang og avgrensing

Kontrollutvalet sine oppgåver er nærare lista opp i forskrift om kontrollutval kap. 3 til kap. 7.

3.2 Oppgåver

3.2.1 Alminnelege reglar om kontrollutvalet sitt ansvar og oppgåver. Kap. 3 i forskriftene.

§ 4. Tilsyn og kontroll.

- Kontrollutvalet har, med dei tilgjengelege ressursar dei har hatt, ført tilsyn med forvaltninga og revisjonen.

§ 5. Henting av opplysningar

- Utvalet har fått alle opplysningar dei har bede om.

3.2.2 Kontrollutvalet sine oppgåver ved rekneskapsrevisjon. Kap 4 i forskriftene.

§ 6 Rekneskapsrevisjon.*Kommunen sin årsrekneskap for 2017 som har vore avlagde i året, har vore reviderte av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS. Så langt kontrollutvalet kjenner til var lover, forskrifter og standar for revisjon følgde.*

- Kontrollutvalet har i **sak 15/17** hatt opp sak om revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for **2017**.
- Revisor har gitt skriftlege og munnlege orienteringar om arbeidet sitt til kontrollutvalet.

§ 7 Uttale om årsrekneskapet

- Kontrollutvalet har i **sak 16/17** uttala seg om kommunerekneskapen for **2016**.

§ 8 Oppfølging av revisjonsmerknader.

- Kontrollutvalet har ikkje fått melding frå revisor om merknader som ikkje er følgt opp.

3.2.3 Kontrollutvalet sine oppgåver ved forvaltningsrevisjon. Kap. 5 i forskriftene.

§ 9 Forvaltningsrevisjon

- Det er kommunestyret som i siste instans skal sjå til at det vert utført forvaltningsrevisjon.

§ 10 Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon

- Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2019 vart behandla i kontrollutvalet i **sak 27/16** og kommunestyret **PS 196/16**.

§ 11 Rapporter om forvaltningsrevisjon.

- Kontrollutvalet behandla i sak 19/17 (kommunestyret sak 68/17) forvaltningsrevisjonsprosjektet Økonomisk rapportering.
- To rapportar er under arbeid/bestilt: Tidleg innsats PPT (vår 2018) og Vatn og avløp (haust 2018).

”§ 12 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapportar.

Kontrollutvalet har følgt opp flg. forvaltningsrevisjonsprosjekt:

26/17	Oppfølging av forvaltningsrevisjonsprosjekt Barnevern tilsyn – tiltak - rutiner
44/17	Oppfølging forvaltningsrevisjonsrapport – Økonomisk rapportering

3.2.4 Selskapskontroll. Kap. 6 i forskriftene.

§13 Selskapskontroll.

- Plan og retningslinjer for selskapskontroll for perioden 2016 – 2019 vart behandla i kontrollutvalet sak **28/16**, og i kommunestyret **PS 197/16**.

§ 14 Selskapskontrollens innhald.

Kontrollutvalet skal sjå til det vert ført kontroll med forvaltninga av interessene ved å eige i dei selskap som er omfatta av slik kontroll, i dette kontrollere om den som utøver kommunen si interesse ved å eige i selskapa gjer dette i samsvar med kommunestyret sine vedtak og vilkår (eigarskapskontroll). Selskapskontroll kan også omfatte forvaltningsrevisjon .

§ 15 Rapportering om selskapskontrollen.

- Kontrollutvalet har ikkje behandla egne selskapskontrollar i året.
- Kommunestyret vedtok i **sak 76/16** Rutine for eigarskapsstyring.
- Når tilhøva no er lagt til rette vert det forventa at kommunen framover fylgjer opp kommunestyresak 76/16 på ein tilfredsstillande måte, noko som er gjort i 2017. Jf kommunestyresak 145/17.

3.3 Tilsynsrapportar frå fylkesmannen/statlege tilsyn

Kontrollutvalet har ikkje behandla tilsyn i 2017:

3.4 Orienteringsbesøk

Kontrollutvalet har ikkje vore på orienteringsbesøk i 2017.

Kontrollutvalet i Herøy kommune, 7. mars 2018

Gerhard Ole Furø
Leiar

Jostein Støylen
Dagleg leiar Vest kontroll



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Skuleavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	BST	Arkivsaknr:	2018/573
		Arkiv:	A20

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
10/18	Komite for oppvekst	09.05.2018
53/18	Kommunestyret	24.05.2018

TILSTANDSRAPPORT FOR GRUNNSKULEN 2017

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for oppvekst - 09.05.2018

Kommunestyret tek rapporten til vitande.

Tilråding:

Kommunestyret tek rapporten til vitande.

Særutskrift:
Fylkesmannen i Møre og Romsdal avd. utdanning

Vedlegg: **Tilstandsrapport for grunnskulen 2017**

Samandrag av saka:

Saksopplysningar:

Målet med denne rapporten er å gje kommunestyret som skuleeigar og andre betre forståing, innsikt og oversikt over sentrale område i det arbeidet som går føre seg i Herøyskulen.

Jfr. Opplæringslova §13-10, skal skuleigar årleg utarbeide ein rapport om tilstanden i grunnskuleopplæringa.

I Meld. St. nr 31 2007 – 2008, «Kvalitet i skolen», pkt. 4.5.3 - Krav til årleg tilstandsrapport, heiter det innleiingsvis:

«Det er viktig at de øverste styringsorganene i kommuner og fylkeskommuner har et bevisst og kunnskapsbasert forhold til den delen av grunnopplæringen som de er ansvarlig for, slik at de har mulighet til å følge opp utviklingen i denne sektoren på en god måte».

Tilstandsrapporten skal omhandle læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, og den skal vere eit sentralt element i høve til det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet. I tillegg kan rapporten verte utvida med fagområde som leiinga meiner er formålstenleg ut i frå lokale behov. Rapporten skal handsamast av skuleigar, dvs. kommunestyret.

Rapporten byggjer på opplysningar frå www.udir.no/skoleporten som er Utdanningsdirektoratet sin portal der all informasjon som vert innmeldt frå skulane, vert lagra. Der er ikkje berre læringsresultat, men også anna informasjon om skulane som vert innmeldt gjennom den årlege GSI-rapporteringa.

Vi har gjort eit utval frå Skoleporten, og presenterer det i den vedlagte tilstandsrapporten.

Vurdering og konklusjon:

Skulane arbeider systematisk og godt på mange ulike område, og skuleleiinga forventar positiv utvikling over tid. Ein ser resultat av dette arbeidet, men også svingingar mellom årskull og skular.

Analysane etter nasjonale prøver 2017 viser fleire årsaker til at somme skular skårer lågare enn forventa: Lite fritak gjer at mange minoritetsspråklege elevar på trinna vart målte på lik linje med elevar som er fødte og har vakse opp her. Det er mange overgangar for elevar på 5. trinn, også i høve det dei blir målte på, og måten det blir gjort på. Dei yngste elevane treng meir øving i å halde ut i 90 minutt. Manglande leseforståing – kan gi utslag også i rekning. Alle skular har analysert og meldt inn funn og forslag til tiltak.

Det som er mest utprega ved årets prøver, er den store spreidinga i resultat på trinn. Det er også stor skilnad på resultat mellom gutar og jenter. Dette er ikkje utprega funn berre i Herøy, men gjeld for resultatet generelt både i fylket og i nasjonen.

Elevundersøkinga vart hausten 2017 gjennomført på 7., 8., 9. og 10.trinn.

Målingane på trivsel, meistring, motivasjon og mobbing er dei viktigaste i høve det å ha eit godt læringsmiljø. Ein ser at elevane i Herøy trivst godt på skulen. På ein skala frå 1 – 5 der 5 er best, viser målingane mellom 4,0 og 4,4 skalapoeng.

Elevane trivst best på 7. og 8. trinn, og ser ut til å falle litt på 9. og 10. trinn. Same trenden ser ein i høve meistring (4,1 – 4,0 – 3,8 – 3,9) og motivasjon (3,9 – 3,9 – 3,3 – 3,3). Eit sentralt spørsmål er årsaka til denne utviklinga frå 7. – 10. trinn.

Spørsmåla om mobbing i Elevundersøkinga vart hausten 2017 endra til tre likeverdige spørsmål som omhandlar mobbing av elevar, av vaksne og digitalt. Eit delsvar tel med i oppsummeringa. På 7.trinn er andelen mobbing i prosent så lav, at resultatet er prikk/ikkje offentleggjort. På 10. trinn gir svara eit resultat på 8%. Det er slik vi ser, 8% for mykje. Målet er 0%, men mobbing/krenking vert likevel aldri utrydda. Hausten 2017 kom også endringa i Opplæringslova kap. 9A-4, om mobbing og krenkande åtferd. Skulane fekk «handlingsplikta», som seier konkret kva som skal gjerast for å oppdage mobbing og krenkande åtferd, og kva som må til for å få slutt på det. Det er utarbeidd like rutinar for dette arbeidet for skulane i Herøy.

Rektorane har i tillegg til støtte i sitt eige nettverk, også høve til å søkje råd hos «Beredskapsteamet» i vanskelege situasjonar. Det har vore, og er, ein aukande tendens til at mobbing føregår på område der ein lærar ikkje er til stades, som t.d. digitale og sosiale media. Denne type mobbing kan kome inn under Straffelova, og det er difor oppretta eit samarbeid med politiet, som tek slike saker vidare.

Fosnavåg, 24.04.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Sølvi Lillebø Remøy
Avd.leiar

Sakshandsamar: Brit-Synnøve Torvik



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

HERØYSKULEN

Tilstandsrapport 2017



*«Skulen strekkjer seg, som læringsmiljø,
ut over den formelle opplæringa
og forholdet mellom elev og lærar.
Eit breitt læringsmiljø
omfattar samhandling mellom alle vaksne og elevar.
Eit godt og utviklande læringsmiljø
har rot i felles forståing av skolens mål».*
(Kunnskapsløftet, generell del)

Innhald

Innleiing.....	4
Elevar, undervisningspersonale og ressursar i grunnskulen	5
Kvalitetsvurderingssystemet i grunnskulen.....	8
Overordna satsingsområder og mål for Herøyskulen 2017	9
Resultat	10
Nasjonale kvalitetsindikatorar grunnskule 2017:.....	10
Satsingsområde: LESING.....	10
Satsingsområde: LÆRINGSMILJØ – meistring.....	16
Nytt kapittel 9a i Opplæringslova:	20
Funna i elevundersøkinga sett i lys av teori og forskning:	20
Satsingsområde GRUNNSKULEPOENG.....	23
Statlege føringar som påverkar undervisninga:	24
Tiltak for vidare utvikling og støtte for læring:	24
Oppsummering	26

FØREORD

Eg kan.

Eg skriv ikkje fint, og les ikkje fort,
så meg er det lett nok å terge.
Men gjeld det å springe av stad som en hjort,
å dukke i elva
og klatre i berget
Jau, det kan eg greie,
Ja, det kan gå an
om nokon kan seie dei trur at eg kan.

Eg somlar og rotar, sit aldri i fred
eg får nok aldri ferdig ei lekse.
Men gjeld det å lokke mor til å le,
En hund til å danse,
Ein blom til å vekse -
Jau, det kan eg greie,
Ja, det kan gå an
om nokon kan seie dei trur at eg kan!

Eg greier mest aldri å fange en ball,
eg spring nok, men stega er tunge.
Men gjeld det å stelle ein hest i ein stall,
ein sjuk i ei seng
og ein ørliten unge
Jau, det kan eg greie,
Ja, det kan gå an
om nokon kan seie dei trur at eg kan!

Ingvar Moe.



Innleiing

Sektor Oppvekst ynskjer med denne rapporten å gi kommunestyret som skuleeigar og andre, oversikt over dei mest sentrale områda i arbeidet som går føre seg i Herøyskulen.

Jfr. Opplæringslova § 13-10, skal skuleeigar årleg utarbeide ein rapport om tilstanden i grunnskuleopplæringa.

I St.meld. nr 31 2007-2008: «Kvalitet i skolen», punkt 4.5.3 - krav til årleg tilstandsrapport heiter det innleiingsvis: *«Det er viktig at de øverste styringsorganene i kommuner og fylkeskommuner har et bevisst og kunnskapsbasert forhold til den delen av grunnopplæringen som de er ansvarlig for, slik at de har mulighet til å følge opp utviklingen i denne sektoren på en god måte».*

I 2015 utarbeidde sektor Oppvekst strategidokumentet «Herøyskulen – ein los i leia». Ein strategiplan for skuleutvikling 2015 – 2018 (rev. juni 2016). Dokumentet inneheld felles visjonar og grunnprinsipp for skulane i Herøy, pedagogiske satsingsmål, fokus på godt elevmiljø og døme på faktorar som støttar læring. Dette dokumentet er no under revisjon, og nye overordna utviklingsmål for Herøyskulen skal gjelde for 2018 – 2022. Skulane sine utviklingsmål i arbeidet mot meir læring for fleire, tek utgangspunkt i dei felles overordna måla.

Tilstandsrapporten 2017 omhandlar det arbeidet som er gjort i skulane i høve utviklingsmåla i strategidokumentet 2015 - 18. Den skal vere eit sentralt element i høve det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet. I tillegg vil rapporten omhandle fokusområde for neste skuleår 2018-19, sett i lys av nytt strategidokument 2018 – 22 og den skulebaserte vurderinga i Herøyskulen. Rapporten skal handsamast av skuleeigar, dvs. kommunestyret.

Rapporten er også utarbeidd med bakgrunn i viktige opplysningar og fakta frå www.skoleporten.no og <https://gsi.udir.no>.

Sektor for Oppvekst, april 2018

Bildet på framsida er henta frå Nerlandsøy skule, der elevar laga mat og serverte tilsette og gjestar i samband med eit kurs.

Elevar, undervisningspersonale og ressursar i grunnskulen


ELEVAR

Talet på elevar i Herøyskulen dei siste 5 åra signaliserer ein svak nedgang på om lag 1 %. Talet på skulestartarar i same perioden har ein nedgang på heile 10 %, noko vi kan kome til å sjå att på det totale elevtalet om nokre år. Årsakene er samansette og mange. T.d. vel ein del av elevane å starte ved Møre barne- og ungdomsskule, færre born blir fødte generelt og innvandringa har gått ned både når det gjeld arbeidsinnvandring og flyktningar.

Pr. 1. oktober 2017 var det 1061 elevar i Herøyskulen. (Tal henta frå GSI). Dei fordeler seg på skulane slik:

Trinn	Bergsøy	Einedalen	Leikanger	Moltu	Nerlandsøy	Stokksund	YHU
1.	49	35	5	5	10	5	
2.	33	21	11	9	12	10	
3.	47	29	6	3	10	10	
4.	45	24	12	5	7	9	
5.	41	34	14	15	5	13	
6.	28	24	11	3	12	17	
7.	48	26	9	8	12	7	
8.						24	91
9.						21	80
10.						31	75
SUM	291	193	68	48	68	147	246

PROGNOSE FOR ELEV TAL 1. TRINN 2013 – 2023:



Denne tabellen og tabellen under, syner elevtalsutviklinga blant skulestartarar i Herøyskulen skuleåra 2013-14 til 2023-24. Dette er fødselstala frå 2007 – 2017, som samla sett desse åra viser ein gradvis nedgang jfr. folketalsregistreringa. Skuleåret 2013-14 hadde Herøyskulen 122 førsteklassingar. Frå 2014-15 ser vi ein gradvis nedgang i skulestartarar, berre avbrote av eit hopp skuleåret 2020 - 21. Utsiktene framover ser ut til å gå i negativ retning. Dersom prognosane viser seg å halde stikk, kan talet på førsteklassingar vere nede i om lag 87 om seks år. Det er ein nedgang på nesten 29 %!

						NB! Prognose!					
Fødselsår	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Skuleår	13-14	14-15	15-16	16-17	17-18	18-19	19-20	20-21	21-22	22-23	23-24
Bergsøy	41	45	47	33	49	37	40	54	40	42	35
Nerlandsøy	5	7	10	12	10	16	16	15	7	9	8
Moltu	15	5	3	9	5	7	4	7	6	6	7
Leikanger	14	12	6	11	5	7	10	8	7	12	3
Stokksund	13	9	10	10	5	14	12	6	8	7	11
Einedalen	34	24	29	21	35	26	16	24	21	15	23
1. trinn totalt	122	102	105	96	109	107	98	114	89	91	87

Utviklinga har variert frå krins til krins og frå år til år. Dei største barneskulane våre, Bergsøy og Einedalen, har hatt størst grunnlag for å oppretthalde eit generelt stabilt elevtal. I det samla biletet går elevtala ned også ved desse skulane. Den mest markante endringa i elevtilflot, viser seg ved Stokksund skule, der elevar frå Myrvåg krins vel å starte ved Møre barne- og ungdomsskule i større grad enn tidlegare år. Herøyskulen har også ein del elevar i skulen som er born av arbeidsinnvandrarar. Talet på denne elevgruppa svingar i takt med utviklinga i arbeidsmarknaden. Talet på flyktningar er relativt stabilt.

PEDAGOGISK PERSONALE OG RESSURSAR I GRUNNSKULEN (skuleåret 2017-18):

(data frå Utdanningsdirektoratet/Skoleporten)

	2014-15	2015-16	2016-17	2017-18
Tal på elevar	1089	1064	1052	1061
Tal på lærarar GSI pr. 1.okt.	115	113	113	115
Tal på elevar pr. årsverk til undervisning	12,7	12,4	12,2	12,3
Årsverk assistentar i undervisning	13,0	11,8	11,9	13,1
Lærartettleik 1.-7.trinn	13,1	12,9	12,6	12,6
Lærartettleik 8.-10.trinn	15,8	14,9	15,3	15,8
Undervisningstimar totalt pr.elev	56	58	58	58

NOKRE SAMANLIKNINGAR FOR 2017 (skuleåret 2017-18)

(data frå Utdanningsdirektoratet/Skoleporten)

	Herøy	Kom.gr 8	Fylke	Nasjonalt
Tal på elevar pr.årsverk til undervisning	12,3	12,5	11,4	12,1
Lærartettleik 1.-7.trinn	12,6	13,4	12,0	13,0
Lærartettleik 8.-10.trinn	15,8	14,6	13,9	14,4
Undervisningstimar totalt pr.elev	58	57	63	59
Andel årstimar gitt av godkjent personale (prosent)	98,6 %	96,9 %	95,9 %	95,9 %

LÆRARAR

Talet på lærarar held seg stabilt. Auken i 2017 er i hovudsak relatert til øyremerka tilskot til auka lærartettleik 1.-4.trinn, til tidleg innsats.

Pr. 1. oktober 2017 hadde 115 lærarar arbeidsstaden sin i Herøyskulen (heiltid og deltid). Heile 113 av dei oppfyller kompetansekrava for godkjend utdanning. To lærarar er tilsett tidsavgrensa utan godkjend utdanning, men dei har ei kompetanse som er avgjerande for den skulen eller den eleven som treng kompetansen. I Herøy har vi ein lærarstab med høg fag- og realkompetanse. Vi håper å kunne vidareutdanne og tilsetje nok lærarar som fyller dei nye nasjonale kompetansekrava innan fristen som er 1. august 2025. Krava er 30 stp. i matematikk, norsk og engelsk på barnetrinnet og 60 stp. i matematikk, norsk og engelsk på ungdomstrinnet. For inneverande år er 5 lærarar på vidareutdanning i den nasjonale vikarordning. I tillegg tek nokre vidareutdanning privat utanom denne ordninga.

Dei siste åra har vi hatt ein naturleg, gradvis utskifting av eldre lærarar til fordel for yngre tilflytta eller nyutdanna lærarar. Dette er lærarar som har vakse opp med ein digital teknologi som blir meir og meir vanleg også i skulen. Om vi skal halde tritt med den teknologiske utviklinga, vil Herøyskulen trenge lærarar i framtida, som ikkje berre er fagleg kunnskapsrike, men som også kan handtere den teknologiske kvardagen på ein måte som aukar elevane sine digitale ferdigheiter. I tillegg vil dette gi høve til endå meir tilpassa opplæring.

ASSISTENTAR

Herøyskulen har mange dyktige assistentar. Talet på assistentar er også relativt stabilt, sjølv om bruk av assistentar for elevar med rettar etter Opplæringslova § 5.1, har gått noko ned. Assistentane er også forholdsvis stabile, og mange har etter kvart lang erfaring og er dyktige på sitt område. Det er ikkje krav til særskild utdanning for assistentar, men vi har mange med fagbrev b/u. Sidan hausten 2015 har det vore halde årlege kurs for alle assistentane der rolle, ansvar, relasjonsbygging, elevåtferd, Opplæringslova 9a, læreplanen, heim-skule-samarbeidet m.m. har vore tema. Kursa heng saman med utfordringar ein ser i skulen elles. Mange av assistentane er dyktige på relasjonsbygging, noko som for enkelte elevar kan vere avgjerande for korleis kvardagen vil vere. Sjølv om det har vore ein gradvis nedgang i bruk av assistentar siste åra, vil nok behovet for assistentar i skulen halde seg relativt stabilt framover. Nedgangen skuldast i første rekkje at assistentar til elevar med rett til spesialundervisning, har gått ned, medan spesialundervisning stort sett vert utført av pedagogar. Forsking viser at spesialundervisning som skjer i klasseromet i form av tilpassa undervisning av lærar, er den beste for enkeltelevane, og for klassa samla sett.

Kvalitetsvurderingssystemet i grunnskulen

Det vert årleg gjennomført ei rekkje kartleggingar og målingar i skulen. Ikkje alle målingar er like synlege for ålmenta som Nasjonale prøver på 5., 8. og 9. trinn. Til saman er alle desse kartleggingane med på å danne grunnlaget for den årlege skulebaserte vurderinga som dannar grunnlaget for vidare satsing og fokusområde i skulane. I Herøy blir desse kartleggingane gjennomførte:

Brukarundersøkingar: Alle skulane i Herøy gjennomfører elevundersøkinga årleg i perioden oktober-november. Elevar frå 5. – 10. trinn kan inviterast til å vere med. I 2017 gjekk invitasjonen til alle elevar på 7., 8., 9. og 10. trinn, totalt 432 elevar. Alle rektorar analyserer og drøftar resultatet på sin skule, og rapporterer resultat og tiltak til kommunalsjefen. Funn blir drøfta i leiargruppa og er med å danne grunnlag for vidare utviklingsmål i skulen.

Nasjonale prøver: I løpet av hausthalvåret vert det gjennomført nasjonale prøver i lesing, rekning og engelsk på 5. og 8. trinn, medan 9. trinn gjennomfører nasjonale prøver i lesing og rekning. Kartleggingane av elevane sine læringsresultat skal saman med annan vurdering ligge til grunn for vurdering av tiltak retta mot einskildelevar, grupper, skular eller på kommunenivå. Rektorane rapporterer til kommunalsjef etter faste prosedyrar.

Eksamen: Eksamen på 10. trinn blir gjennomført i mai/juni. Heile siste skuleåret i grunnskulen er ei jamn opptrapping til eksamen. Elevane øver på prøveeksempel og prøveform. Det vert gjennomført skriftleg heildagsprøve i matematikk, norsk (H og S) og i engelsk. I munnleg øver elevane seg i eit trekkfag (prøvemunnleg).

Læringsstøttande prøver: Læringsstøttande prøver er frivillige og kan gjennomførast fleire gongar om nødvendig. Prøvene er eit nyttig verkty i undervegsvurderinga, som grunnlag for læringsfremjande tilbakemeldingar til elevar på alle nivå.

Karakterstøttande prøver: Dei karakterstøttande prøvene kan brukast på alle trinn i ungdomsskulen, men er basert på kunnskapsmåla etter 10. trinn. Prøvene inneheld oppgåver frå alle hovudområda i læreplanen. Formålet med prøvene er:

- Å sjå undervegsvurdering og sluttvurdering i samanheng
- Å sjå eleven sin heilskaplege kompetanse i faget
- Å samanlikne gruppa/klassa mot nasjonalt nivå

Andre kartleggingsprøver: Skulane i Herøy gjennomfører årleg nasjonale kartleggingar innafor dei grunnleggjande dugleikane i 1. – 4. trinn. Ein nyttar Utdanningsdirektorat sine kartleggingsprøver i lesing, rekning, engelsk og digitale ferdigheiter. Prøvene avdekkjer kven av elevane som treng styrking.

Internasjonale undersøkingar: Ingen.

Tilsyn: Ingen.

Kartleggaren: I tillegg til Utdanningsdirektoratet sitt kvalitetssystem i opplæringa, gjennomfører alle skulane i kommunen Kartleggjaren, eit digitalt kartleggingsverktøy frå Fagbokforlaget, for 5. – 10. trinn. Prøvene vert gjennomført som ein før-test ved skulestart om hausten, og ein ettertest påfølgjande vår, i mai. Her får skulen informasjon om korleis eleven presterer i forhold til kva ein kan forvente av kompetansenivå for dei aktuelle årstega. For at kartleggingsprøvene skal ha noko føre seg for elevane sin læring, må resultata analyserast og samanliknast med t.d. resultat frå nasjonale prøver, samt eventuelt andre testar. Då kan ein leggje til rette undervisninga gjennom året for den einskilde elev og for elevgruppa, sett i lys av kunnskapsmåla. Prøvene vert tekne i faga engelsk, matematikk og norsk (nynorsk).

Overordna satsingsområder og mål for Herøyskulen 2017

Med bakgrunn i dei overordna måla for Herøyskulen som er nedfelt i strategidokumentet «Herøyskulen – ein los i leia» 2015 – 18, og årleg skulebasert vurdering jfr. forskrift til opplæringslova §2-1, vert årlege satsingsområde for Herøyskulen nedsette. Kvar einskild skule set sine delmål, som samla sett har til hensikt å auke læringsutbyte for elevane .

SATSINGSOMRÅDE OG MÅL FOR HERØYSKULEN 2017:

Satsingsområde	Måleindikator	Mål 2017	Resultat 2015	Resultat 2016	Resultat 2017
1.Målretta arbeid med lesing:	Resultat Nasjonale prøver lesing 5.trinn. Prosent elevar på meistringsnivå 2 og 3.	65 % av elevane	59,9 % av elevane	80,4 % av elevane	66,7 % av elevane
2.Alle elevar skal ha eit godt læringsmiljø:	Meistring. Resultat frå elevundersøkinga.	Minimum 4,0	7.trinn: 4,0	7.trinn: 3,9	7. trinn: 4,1
			10.trinn: 4,0	10.trinn: 3,8	10. trinn: 3,9
3.Grunnskulepoeng etter 10.trinn:	Gjennomsnitt.	42 poeng	42,1 p.	39,9 p.	41,6 p.

Forklaring av omgrep:

Meistringsnivå: Resultat på 5. trinn er fordelt på 3 nivå, der nivå 3 er best. Målet er at fleire elevar skal mestre eit resultat som plasserer dei på nivå 2 og 3.

Meistring: Indikatoren viser elevane si oppleving av meistring i samband med undervisning, lekser og arbeid på skulen. Målinga går frå 1 – 5, der 5 er best.

Grunnskulepoeng: Summen av eleven sine avgangskaraktarar, delt på antal karakterar og multiplisert med 10.

Resultat

Nasjonale prøver blir kvar haust gjennomført på 5., 8. og 9. trinn. Resultata frå dei nasjonale prøvene gir eit avgrensa bilete av dei ferdigheitene og den kompetansen elevane har. Ein må difor alltid sjå resultata i samanheng med annan relevant informasjon ein har om elevane, skulen og kommunen.

Nasjonale prøver gir informasjon om elevar på alle kunnskapsnivå. Difor har prøvene både lette og vanskelege oppgåver. Det er veldig få elevar som får alt rett på prøva, somme får ingen. Det er fordi prøva må ha nokre svært vanskelege oppgåver, som dei aller beste kan bryne seg på.

Prøvene er elektroniske, og dei består av ulike tekstar, bilete og oppgåver med spørsmål. På opne oppgåver skal elevane svare med eigne ord eller med tal. På fleirvalsoppgåver skal elevane velje eitt av fleire svaralternativ.

NASJONALE KVALITETSINDIKATORAR GRUNNSKULE 2017:

Prøvetype Nasjonale prøver	Herøy kommune	Kommunegr. 08	Møre og Romsdal fylke	Nasjonalt
Lesing 5. kl	47	48,8	49	50
Rekning 5.kl	49	49,7	50	50
Engelsk 5. kl	51	49,3	50	50

Prøvetype Nasjonale prøver	Herøy kommune	Kommunegr. 08	Møre og Romsdal fylke	Nasjonalt
Lesing 8.trinn	46	49,3	49	50
Lesing 9.trinn	52	52,5	53	54
Rekning 8.trinn	49	49,9	50	50
Rekning 9.trinn	53	53,5	53	54
Engelsk 8.trinn	48	49,7	50	50

NB! 4 pp. svarer til eitt skuleår med læring.

Satsingsområde: LESING

Nasjonale prøver i lesing kartlegg i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita lesing, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dei nasjonale prøvene i lesing omfattar tre aspekt. Elevane skal vise at dei kan:


1. finne informasjon
2. forstå og tolke tekst
3. reflektere over og vurdere form og innhald i teksten

Lesing er grunnleggande viktig i alle fag. Svake lesarar oppnår svakare resultat i fag generelt. Difor kan ein aldri slutte å fokusere på lesing. Lesing er ikkje ein aktivitet og eit ansvar som berre ligg til norskfaget. Alle lærarar er leselærarar. Det er viktig å kunne lese og orientere seg i alle slags tekstar.

RESULTAT NASJONALE PRØVER I LESING 5. trinn:

Det var i 2017 totalt 114 av 122 elevar på 5.trinn som gjennomførte leseprøva. Dei som ikkje gjennomførte hadde vedtak om fritak av lovleg grunn. Det er strenge føringar for fritak. Alle skular har klassestorleikar som gir målbare og relativt pålitetelege resultat, bortsett frå ein klasse som berre har 5 elevar.


Målet i lesing for 5.trinn var at 65 % av elevane skulle skåre innafor nivå 2 og 3. Snittet av elevane ligg på 66,7 %, og såleis er målet nådd. Tilsvarande måling nasjonalt ligg på 76,4 %. Samanliknar vi resultatet frå Herøy med nasjonen, ligg Herøy 9,7 pp. under. Det betyr at for mange elevar på 5. trinn les for dårleg i høve alder. Samanliknar vi resultatet med tidlegare år, er 5. trinn 2017 tilbake på 2014-nivå.



I 2017 var det totalt 114 av 122 elevar på 5. trinn som gjennomførte NP i lesing.


Ser vi på skulane sine resultat isolert, er variasjonane store. Både generelt og spesielt. Ser vi på variasjonar mellom jenter og gutar, viser resultata at jentene les betre enn gutane både på skulenivå og i kommunen. Størst er skilnaden på fordeling mellom nivå 1 og 3. På skulenivå kan også skilnaden mellom skular og mellom elevar vere store. Slik sett er resultatet på 66,7 % i snitt for dårleg i forhold til målet på 65 %. Summen av elevar på nivå 1 og 2 er også for høg – heile 85,1 %. Av alle elevar på 5. trinn, er ein tredel av elevane svake i lesing.

5.trinn – jenter, Herøy:




Herøy kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Offentlig, Trinn 5, Jenter

5.trinn – gutar, Herøy:




Herøy kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Offentlig, Trinn 5, Gutte

5.trinn - jenter NN skule, Herøy:



5.trinn - gutar NN skule, Herøy:



Med for mange dårlege individresultat og store variasjonar i kommunen, må vi legge meir vekt på analyse av resultata heilt ned til skule- og individnivå. Vi må vurdere resultata i lys av den undervisning og metode som blir brukt i skulen. I dette arbeidet ser vi at det er rimeleg

store forskjellar mellom skulane – der særleg ein skule utmerker seg positivt over år. I samband med den årlege skulebaserte vurderinga, vil oppretthaldande faktorar i ei pedagogisk analyse seie noko om forbedringspotensiale.

Eit ikkje tilfredsstillande resultatet i lesing på 5. trinn, er noko vi tek på alvor. Resultatet i lesing på 5. trinn er viktig for den vidare skulegangen til elevane. Forsking viser at resultatet så langt ned i trinn, kan gi ein peikepinn på korleis det vil gå med elevane i vidaregåande skule. Så dette er noko vi ser på med største alvor.


I samband med nytt, revidert strategidokument som skal gjelde frå 2018 – 2022, der felles overordna fokusområde vert nedfelt, er lesing framleis med. Men no som ein av dei fem grunnleggande dugleikane, lesing, skriving, rekning, munnleg og digitale dugleikar. Det blir arbeidd, på tvers av alle skular, med felles teikn på god praksis og handlingar som må til for å oppnå god praksis som skal føre til at elevane i Herøyskulen blir betre lesarar – og særleg dei svakaste. Vi bør ha som mål at færre elevar scorar innanfor nivå 1 og at tilsvarande fleire elevar skal score innanfor nivå 3.

RESULTAT NASJONALE PRØVER I LESING 8. og 9. trinn:


Sjølv om lesing på 8. og 9. trinn ikkje er nemnt spesifikt som satsingsområde i dei overordna fellesmåla for Herøyskulen, betyr det ikkje at ein ikkje har fokus på det. Ein vil alltid ha fokus på lesing som den viktigaste grunnleggjande ferdigheita til elevane. Å vere ein god lesar er som sagt avgjerande for mestring også i andre skulefag.

Årets 8. trinn har eit svakare resultat i lesing enn tilsvarande trinn dei siste tre åra. Ser vi på leseresultatet for same elevgruppe då dei var målte på 5. trinn, var leseresultata frå nivå 1 – 3 anslagsvis 36,8 – 48,2 – 14,9. Ikkje av dei sterkaste resultata då heller. Dette kan styrke påstanden om at resultatet på 5. trinn kan vere ein indikator på korleis det vil gå med resultata seinare. Det betyr at det må settast inn tiltak tidleg for å hindre at elevar skal falle gjennom i vidaregåande skule.


8.trinn – begge kjønn, Herøy:



8.trinn – jenter, Herøy:



8.trinn – gutar, Herøy:



I 2017 var det totalt 109 av 115 elevar på 8. trinn som gjennomførte NP i lesing.

Tradisjonelt har elevane vist framgang frå 8. – 9. trinn på nasjonale prøver. Elevane på 8. og 9. trinn får same prøver. Og samanliknar vi årets 9. trinn med resultatet frå i fjor, då dei tok prøven på 8. trinn, viser resultatet framgang som forventa.

Nivå 1 frå 9,2 % til 4,1 %. Ein framgang på 5,1 %.


Nivå 2 frå 14,9 % til 13,3 %. Ein framgang på 1,6 %.

Nivå 3 frå 52,9 % til 38,8 %. Ein framgang på 14,6%.


Nivå 4 frå 17,2 % til 32,7 %. Ein framgang på 15,5 %.

Nivå 5 frå 5,7 % til 11,2 %. Ein framgang på 5,5 %.

9.trinn – begge kjønn, Herøy:



Herøy kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Offentlig, Trinn 9, Begge kjønn

Same elevar på 8. trinn i fjor:**9.trinn – jenter, Herøy:****9.trinn – gutar, Herøy:**


Resultatet viser at dei same elevane har bevega seg over frå nivå 1, 2 og 3 til nivå 4 og 5.

ANDRE RESULTAT frå nasjonale prøver:


Sjølv om årets resultat på nasjonale prøver i lesing ikkje var av dei beste, så skal vi ikkje gløyme at her er mange elevar som faktisk gjer det svært bra. Det mest utprega er vel at det er så stor spreiding i resultat. Både mellom elevar i same klasse og mellom skulane. Den viktige jobben i ettertid blir å finne dei svakaste og sette inn den hjelpa dei treng. Samstundes skal dei sterkaste også oppleve utfordring og meistring. Dette handlar om tilpassa opplæring (TPO) i klasseromet, og er den mest krevjande og utfordrande jobben til ein lærar.

Ser vi på resultata i engelsk på 5. trinn, så er det svært gode resultat. Faktisk over landssnittet med 51/50 pp! Som i landet elles, er det gutane som gjer det best i engelsk. Den same trenden kan ein sjå i rekning, med ein kvalitetsindikator som ligg tett under fylke og nasjon med 49/50 pp.


Vi ser av tabellane at det er ein svak progresjon i resultata i rekning frå 5. trinn til 9. trinn.

5.trinn engelsk – begge kjønn, Herøy:


5.trinn rekning – begge kjønn, Herøy:




8.trinn engelsk – begge kjønn, Herøy:



8.trinn rekning – begge kjønn, Herøy:



9.trinn rekning – begge kjønn, Herøy:



Satsingsområde: LÆRINGSMILJØ – meistring

Læringsmiljø er definert som «*de samlede kulturelle, relasjonelle og fysiske forholdene på skolen som har betydning for elevenes læring, helse og trivsel*» (Udir). Mange elevar blir møtt med lave forventningar til læring og får ikkje gode nok mogelegheiter til å utvikle seg. Det er viktig at alle elevar møter eit høgt ambisjonsnivå og forventningar om meistring, og at lærarane har tru på at elevane kan nå måla for opplæringa. Krava og forventningane må vere realistiske, men samstundes vere nok utfordrande til at elevane alltid har noko å strekke seg etter. For at eit barn skal tileigne seg nye dugleikar eller kunnskapar, er det viktig å oppleve meistring, og at det er mogeleg for barnet å klare den utfordringa det står overfor ved hjelp av dei eigenskapane og dugleikane barnet har.

Eit godt læringsmiljø og læraren sin kompetanse i klasseleiing, er viktig for at alle elevar skal utvikle seg, men spesielt for elevar som strevar fagleg og/eller sosialt. Dei to siste åra, i august 2016 og i august i 2017, har alle lærarar og leiingar i Herøyskulen vore samla til felles kvalitetsheving på temaet «Relasjonskompetanse». Jan Spurkeland, forfattar og foredragshaldar med lang erfaring innan personalspørsmål, leiartrening og organisasjonsutvikling, har hatt foredrag om kva relasjonar gjer med menneska. Han hevdar at det er ein samanheng mellom leiaren sin relasjonskompetanse og evna til å oppnå

resultat. Det er dokumentert at læraren sin relasjonskompetanse er avgjerande for elevane si læring.

Lærarar og leiarar i skulen har dei to siste åra trena på å bli gode i relasjon med elevar og medarbeidarar, fordi det er viktig for å skape trygge og like læringssituasjonar for elevane – som igjen skal skape trivsel og motivasjon for å lære. Det er fire grunnleggjande premisser eller arbeidsoppgåver for læraren i arbeidet med god klasseleiing:

- Ein positiv og støttande relasjon til kvar enkelt elev.
- Etablering av ein god læringskultur og eit godt læringsfellesskap.
- Etablering av strukturar, reglar og rutinar.
- Tydelege forventningar og motivering av elevane.

ELEVUNDERSØKINGA

Elevundersøkinga er ein del av det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet. Lovgrunnlaget for Elevundersøkinga finn ein i forskrift til Opplæringslova §2-3. I personopplysningslova §19, finn ein kravet om å informere dei som deltek, om formålet, kva resultata skal brukast til, kven som er behandlingsansvarleg og at deltakinga er frivillig.

Skulane kan invitere elevar frå 5. trinn og oppover til å svare på spørsmål i denne undersøkinga. Det er obligatorisk å gjennomføre med 7. og 10. trinn, og på Vg1. Det er frivillig for elevane å delta. Dei kan hoppe over spørsmål dei ikkje ynskjer å svare på. På denne måten er ikkje undersøkinga hundre prosent påliteleg. Svara må sjåast i samanheng med andre observasjonar av elevane. Hausten 2017 deltok 7., 8., 9. og 10. trinn i Herøy. Målinga går frå 1-5, der 5 er best.

Skoleporten – Elevundersøkinga – 7. trinn		Herøy kommune skuleeigar, Grunnskole, Elevundersøkinga, Offentleg, Trinn 7, Begge kjønn				
Eining: Herøy kommune, skuleeigar						
Indikator og nøkkeltall	2013-2014	2014-2015	2015-2016	2016-2017	2017-2018	
Læringskultur	3,8	4,2	3,8	4,1	4,1	
Elevdemokrati og medvirkning	3,5	3,9	3,7	3,9	4,0	
Faglig utfordring	3,4	3,9	4,0	4,0	3,8	
Felles regler	4,2	4,3	4,2	4,4	4,5	
Trivsel	4,4	4,2	4,1	4,5	4,4	
Mestring	4,0	4,0	3,9	4,1	4,1	
Støtte fra lærerne	4,2	4,5	4,4	4,5	4,7	
Motivasjon	3,8	3,9	3,8	4,1	3,9	
Vurdering for læring	3,7	4,0	3,8	4,0	4,1	
Støtte hjemmefra	4,2	4,4	4,3	4,3	4,3	

Skoleporten – Elevundersøkinga – 8., 9. og 10. trinn	Herøy kommune skuleeigar, Grunnskule, Elevundersøkinga, Offentleg, begge kjønn:				
Eining: Herøy kommune, skuleeigar	Trinn 10,			8.trinn	9.trinn
Indikator og nøkkeltall	2015-2016	2016-2017	2017-2018	2017-2018	2017-2018
Læringskultur	3,8	3,4	3,9	4,0	3,4
Elevdemokrati og medvirkning	3,0	3,0	3,5	3,9	3,1
Faglig utfordring	4,2	4,0	4,1	4,2	4,0
Felles regler	3,8	3,6	4,1	4,1	3,7
Trivsel	4,0	4,0	4,2	4,4	4,0
Mestring	3,8	3,8	3,9	4,0	3,8
Utdanning og yrkesveiledning	3,8	3,6	4,0	-	3,4
Støtte fra lærerne	3,8	3,9	4,2	4,4	3,8
Motivasjon	3,3	3,4	3,3	3,9	3,3
Vurdering for læring	3,0	2,8	3,4	3,9	3,2
Støtte hjemmefra	3,7	3,7	3,8	4,2	4,1

Spørsmåla om mobbing vart endra hausten 2017. Dei er ikkje tatt med i oversikta over fordi tala er ikkje samanliknbare med tidlegare år.

Dei mest positive resultata i elevundersøkinga på ungdomstrinna, finn vi på 8. trinn. Ser vi på trivsel, meistring og motivasjon, så samsvarar resultata med funn på 7. trinn. Dei dårlegaste resultata finn vi på 9. trinn, medan pendelen stort sett svingar opp igjen på 10. trinn. I elevundersøkinga på 9. og 10. trinn er det særleg indikatoren for motivasjon (3,3) vi ikkje er nøgde med. Motivasjonsindikatoren på 7. og 8. trinn ligg heller ikkje i toppen (3,9), men er likevel betre enn for 9. og 10. trinn. Denne trenden har vart over år, og er noko ein bør drøfte ute på skulane og på tvers av skular. Trass relativt høge grunnskulepoeng, viser elevundersøkinga, særleg på 9. og 10. trinn, at elevane i snitt ikkje er bevisste nok på eige potensiale for læring.

MOBBING

Spørsmåla om mobbing i elevundersøkinga vart endra hausten 2017. I staden for eitt spørsmål om mobbing generelt, er det no tre spørsmål som vedkjem mobbing. Tabellane under viser talet på elevar som svarer at dei blir mobba av medelevar, mobba digitalt (på skulen) og/eller mobba av vaksne på skulen 2-3 gonger i månaden eller oftare. Talet på elevar som svarer at dei vert mobba på del enkelte spørsmåla om mobbing, kan ikkje summerast til indikatoren "Andel elever som opplever mobbing på skolen".

Resultatet viser ikkje dersom 1-4 elever har svart at de opplever mobbing på skolen. Dette vises ved teksten **Tall er unntatt offentlighet** og en *.


Resultatet av målingar på 7. trinn (110 elevar) og 10. trinn (106 elevar). Elevundersøkinga på 7. trinn er delvis prikket. Det betyr at under fire elevar stadfestar at dei har opplevd mobbing og/eller krenkande åtferd av medelevar i skulen.

7. trinn

Delskår	2013-14	2014-15	2015-16	2016-17	2017-18
Er du blitt mobbet av andre elever på skolen de siste månedene? (prosent)	5,2	7,5	2,9	*	*
Er du blitt mobbet av voksne på skolen de siste månedene? (prosent)					0,0
Er du blitt mobbet digitalt (mobil, iPad, PC) de siste månedene? (prosent)					1,9
Herøy kommune skoleeier, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Mobbing på skolen (prosent), Offentlig, Trinn 7, Begge kjønn					

10. trinn

Delskår	2013-14	2014-15	2015-16	2016-17	2017-18
Er du blitt mobbet av andre elever på skolen de siste månedene? (prosent)	4,9	4,4	3,2	6,5	5,9
Er du blitt mobbet av voksne på skolen de siste månedene? (prosent)					0,0
Er du blitt mobbet digitalt (mobil, iPad, PC) de siste månedene? (prosent)					4,7
Herøy kommune skoleeier, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Mobbing på skolen (prosent), Offentlig, Trinn 10, Begge kjønn					



Tabellen over viser at 8% av elevane på 10.trinn har opplevd mobbing/krenking på skulen. Det er null-toleranse for mobbing/krenking i skulen, men ein kan ikkje garantere at vonde handlingar ikkje skjer. Det som er viktig er tidleg intervensjon, og med nytt kap. 9A i Opplæringslova, er rutine innskjerpa gjennom aktivitetsplikta. Det blir jobba godt ute i skulane med førebyggjande tiltak oppfølging i dei tilfella der mobbing/krenking vert avdekt. «Beredskapsteam mot mobbing» vart oppretta i 2015. Dei skal vere ei støtte for skulane, og er med å bygge opp kompetanse i førebygging, avdekking og handtering av mobbing. Dette samarbeidet fungerer godt og har vore til god støtte i nokre konkrete saker.

NYTT KAPITTEL 9A I OPPLÆRINGSLOVA:

Hausten 2017 kom det nytt og skjerpa kap. 9A i Opplæringslova – eit nytt regelverk som skal hindre mobbing og krenking. Dette blir kalla den nye «mobbelova», og seier noko om skulen si tydelege plikt til å redusere og stoppe mobbing. Med endringa kom aktivitetsplikta – skulane er pålagde plikt til å handle. Aktivitetsplikta er delt i fem handlingsplikter og omfattar alle vaksne som har sitt virke i skulen. Handlingspliktene er følgjande:

1. Plikt til å følge med
2. Plikt til å gripe inn
3. Plikt til å varsle ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø
4. Plikt til å undersøke
5. Plikt til å setje inn eigna tiltak

I Herøy er det utarbeidd nye rutinar felles for alle skulane, for å følgje opp aktivitetsplikta.

Fakta om den nye lova:

- Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.
- Det er eleven si eiga oppleving av korleis dei har det på skulen som er avgjerande.
- Dersom ein vaksen på skulen veit om, eller trur at ein elev blir mobba eller plaga, skal han alltid gripe inn, sei frå til rektor og undersøkje kva som har skjedd.
- Rektor skal lage ein plan med tiltak mot mobbinga og sørge for at eleven føler seg trygg igjen.
- Saka kan meldast til Fylkesmannen dersom eleven eller føresette ikkje meiner at skulen har gjort nok.
- Fylkesmannen kan bestemme kva konkrete tiltak skulen må gjennomføre. Han kan også bøtelegge skulen.

Kjelde Utdanningsdirektoratet: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skolemiljo/>

Funna i elevundersøkinga sett i lys av teori og forskning:

Det er forska mykje på læringsmiljø og elevane sin motivasjon for læring. Det er mange ting som spelar ei rolle for barn og unge sin motivasjon for læring, og skulemiljøet spelar ei vesentleg rolle, ikkje berre for læring, men også for elevane si psykiske helse.

Stortingsmelding nr. 22 «*Motivasjon – mestring – muligheter*» peikar også på skulen si rolle i å fremje barn og unge sin trivsel i skulen, både som ein del av ein god oppvekst og for mestring og livskvalitet i ettertid.

Forsking viser at et godt samarbeid mellom heim og skule, der også føresette har ein aktiv rolle, har positiv verknad for barn og unge på ei rekkje område relatert til skulen. Det fører til betre læringsutbytte, betre sjølvregulering, betre trivsel, færre åtferdsproblem, mindre

fråvær, gode relasjonar til medelevar og lærarar, betre arbeidsvanar, ei meir positiv haldning til skulen, betre leksevanar og arbeidsinnsats og høgare ambisjonar med omsyn til utdanning.

Kjelde Udir: <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/samarbeid/hjem-skole-samarbeid/samarbeidet-mellom-hjem-og-skole/betydningen-av-skole-hjem-samarbeid/>

Trivsel: Skulen sitt mål er opplæring av elevar. Samstundes er opplæringa sitt mål at: *«Elevane og lærlingane skal utvikle kunnskap, dugleik og holdningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet...»* (Opplæringslova §1-1). Dette målet heng godt saman med Verdens helseorganisasjon sin definisjon av psykisk helse: *«...en tilstand av velvære (well-being) der individet kan realisere sine muligheter, kan håndtere normale stress-situasjoner i livet, kan arbeide på en fruktbar og produktiv måte og har mulighet til å bidra overfor andre og i samfunnet»*.

Trivsel er uttrykk for ei samla vurdering på tvers av alle livsarenaer barn og unge er del av. Skuletrivsel eller trivsel i skulen, er eit setting- eller domenespesifikt omgrep som reflekterer om eleven føler seg inkludert i det psykososiale miljøet på skulen, graden av tilpassing i skulemiljøet og eleven si glede og generelle vurdering av egne erfaringar på skulen. Sidan skulen er ein av barn og unge sin viktigaste arena i livet, vil skuletrivsel opplevast som ein sentral komponent av den totale trivselsopplevinga i eige liv (Huebner & Gilman, 2006). Dette fokuset blir no styrka gjennom den nye aktivitetsplikta (OPL §9A).

Venner: Det er viktig å ha venner, og for mange unge er det det viktigast av alt. Krenking og mobbing gjer det vanskeleg å vere elev, seier Thomas Nordahl (professor og leiar ved SePu – senter for praksis og utdanningsforskning, Høgskulen i Innlandet). Om ein vert krenka eller mobba i skulen, og samstundes ikkje har venner, kan ein i verste fall få problem resten av livet.

Støtte frå lærarane og elevane sin motivasjon/meistring: Svein Erik Nordenbo (professor og dagleg leiar for «Dansk Clearinghouse for Uddannelsesforskning») hevdar at ein god lærar må kunne etablere og oppretthalde gode relasjonar til elevane. Læraren er leiaren i klasseromet, og må kunne kombinere læringsleiing med handheving av etablerte standardar og reglar. Han må også ha både fagleg og didaktisk kompetanse (Nordenbo mfl. 2008).

John Hattie (newzealandsk utdanningsforskar og professor i pedagogikk ved «University of Melbourne» i Australia) viser til at læraren har den sterkaste påverknad på eleven si læring. Kognitive strategiar som dialog, forklaring, repetisjon og oppsummering av timen er viktig for eleven sitt læringsutbytte. Saman med læraren si evne til å gi positiv, støttande og konstruktiv tilbakemelding, er dette viktige faktorar, som i følgje Hattie, har stor effekt på læringsutbytte (Hattie 2009).

Mange av disse faktorane som er så viktige for elevar sin motivasjon for læring og læringsutbytte, er knytt til forskjellige forhold ved læraren si leiing av undervisninga. På mange måtar kan vi seie at læraren er ansvarleg for å etablere eit inkluderande læringsmiljø,

som fremjar eit godt læringsutbytte, sosial kompetanse, god psykisk helse og ein sterk identitet hos elevane (Nordahl 2012).

Læringsmiljø: Læringsmiljøet omfattar alt på skulen – bortsett frå sjølve undervisninga. I forskingsprosjektet «*Lærende regioner*» hevdar Thomas Nordahl at skulen er inndelt i to arenaer – undervisningsverda og elevverda. Han hevdar at begge deler må fungere om elevane skal få gode resultat. At læringsmiljøet er avgjerande for om elevane lærer, er noko dei fleste skuleforskarar er einige i, bl.a. John Hattie (skuleforskar frå New Zealand). Godt læringsmiljø kan ikkje bestillast av kommunepolitikarane. Det er noko elevar, foreldre, lærarar, skuleleiinga og politikarane skaper saman. Det handlar om miljøet i klassa. Om forholdet mellom elevane, om relasjonen mellom lærar og elev, om klasseleiing, og om at foreldra bryr seg om skulen og barnet sitt skulearbeid, og sist men ikkje minst – om skuleleiing, system og struktur.

Faglege utfordringar: «*Alle elever skal få faglige utfordringer på skolen – også de som er faglig sterke*», sa Kunnskapsminister Torbjørn Røe Isaksen då han mottok «*NOU 2016:14 – «Mer å hente. Bedre læring for elever med stort læringspotensial» (Jøsendutvalet)*».

Jøsendutvalet viser til at skulane må verte betre til å tilpasse opplæringa, også for dei fagleg sterke elevane. Dei har «identifisert, analysert og vurdert ei side ved utdanningssystemet som viser at ein relativt stor del av elevane opplever at dei ikkje har eit læringsmiljø der dei kan realisere sitt store potensiale for læring. Manglande realisering av evner kan føre til store tap for både individ og samfunn. Vi kan risikere å gå glipp av viktig kompetanse.

Mobbing/krenking: Mobbing og krenking er svært skadeleg for unge menneske. Forsking på dette området viser at mobbing har negativ verknad på elevane sitt læringsutbytte, trivsel og gjennomføring av vidaregåande skule. Mobbing kan vere farleg for både den fysiske og den psykiske helsa til born og unge.

Den vanlegaste forma for tradisjonell mobbing er vondsinna erting, og den vert brukt av både gutar og jenter. Fysisk mobbing er mindre utbreidd. Den vert oftare nytta av gutar enn av jenter. Fysisk mobbing er sjeldan taus, slik at verbal trakassering kjem i tillegg. Utfrysing er ein type mobbing som relativt sett blir mest brukt av jenter.

Ei anna og viktig side ved tradisjonell mobbing er kor vidt den er open eller skjult. Med open mobbing meiner vi at teikna er tydelege for mobbeofferet og andre som er til stades, medan skjult mobbing er kamuflerte handlingar som kan vere vanskelegare å oppdage. Eit typisk eksempel er digital mobbing. Sjølv om digital mobbing i stor grad er eit problem etter skuletid, vil det som oftast vere eit problem også i skuletida, då borna er dei same både i skuletida og i fritida. Skulene får på denne måten ansvar for å bidra i forhold til førebygging, avdekking og stopping av mobbing. For å kunne oppdage slike former for mobbing, må skulene utvikle evner til å sjå og forstå kva som skjer av kommunikasjon og samspel mellom elevar både i og etter skuletida. Denne type mobbing er mest utbreidd blant jenter. Heim-skulesamarbeidet er viktig i dette arbeidet.

Satsingsområde GRUNNSKULEPOENG.

Det er viktig at elevane når eit høgt kompetansenivå i den tida dei er elevar i grunnskulen, både med tanke på opptak til og gjennomføring av vidaregåande skule. I Herøy har elevane historisk lege høgt på grunnskulepoeng, men siste åra har det svinga litt opp og ned. Sjå tabell under. Målet for eksamenskullet 2017 var 42,0 p. Resultatet vart 41,6 p.

Grunnskulepoeng siste fem åra:

2012	2013	2014	2015	2016	2017
40,2	38,6	39,9	42,1	39,1	41,6

Målet om eit snitt på 42 grunnskulepoeng i 2017 vart ikkje heilt nådd. Men vi er glade for at pendelen svinga rett veg igjen, i høve resultatet for 2016. Det samla snittet for kullet var 41,6 p. Herøy ligg over både fylke og nasjon, med anslagsvis 41,3 p. og 41,4 p.

Svingingane mellom gutar og jenter er relativt store:

Snitt jenter 45,3 p (51 jenter). Snitt gutar 37,6 p (48 gutar). Ein skilnad på 7,7 p. Dette kan ein tolke slik at eit godt snitt medfører fleire med sterkare karakterar enn 4,5. Eit dårleg snitt medfører fleire med dårlegare karakterar enn 3,7. Forsking (Thomas Nordahl bl.a.) viser at m.a. talet på grunnskulepoeng heng saman med grad av gjennomføring og fråfall i vidaregåande skule.

Eksamensresultat 2017 – hovudfaga:

Fag Eksamen	Herøy		Kom.gr. 08	Møre og Romsdal	Nasjonalt
	2017	2016			
Norsk HM skriftleg	3,1	2,8	3,4	3,4	3,4
Norsk munnleg	4,2	4,2	4,5	4,5	4,4
Norsk standpunkt skr.	3,5	3,3	3,8	3,8	3,8
Norsk standpunkt munnl.	4,2	4,0	4,0	4,2	4,2
Matematikk skriftleg	3,5	3,4	3,4	3,4	3,4
Matematikk munnleg	3,7	4,9	3,8	4,1	4,1
Matematikk standpunkt	3,8	3,2	3,6	3,6	3,6
Engelsk skriftleg	3,4	3,6	3,8	3,7	3,8
Engelsk munnleg	4,0	4,4	4,6	4,5	4,5
Engelsk standpunkt skr.	3,7	3,5	3,7	3,9	3,9
Engelsk standpunkt munnl.	4,0	4,1	4,0	4,2	4,2

Gjennomføring vidaregåande skule:

Under fylgjer tabellar over gjennomføring (fullført og bestått) i vidaregåande skule. Tala er henta frå Skoleporten og Gjennomføringsbarometeret 2016:

	Totalt alle stud.retningar		Studiespesialisering		Yrkesfag	
	2009-kullet	2010-kullet	2009-kullet	2010-kullet	2009-kullet	2010-kullet
Heile landet:	70,8	72,5	83,1	85,8	57,9	58,8
Herøy:	67,8	75,8	75,0	88,9	63,4	66,2

Gjennomføringsprosenten i vidaregåande studieretningar og yrkesfag har på landsbasis vore jamt stigande siste ti åra (kjelde: Gjennomføringsbarometeret 2016). Det er kjekt å registrere at gjennomføring for elevane frå Herøy på dei seinaste målingane ligg over landssnittet. Dette kan henge saman med at grunnskulepoenga for Herøy gjennom ei årrekke har lege høgt, med få unntak. For avgangskullet i 2017 låg det over landssnittet.

Statlege føringar som påverkar undervisninga:

Opplæringslova med forskrifter utgjer det viktigaste styringsverktøyet for arbeidet til sektor Oppvekst. Dette lovverket vert stadig endra, slik at krava og ansvaret til kommunen som skuleeigar aukar. Siste åra har ein sett ei auka grad av detaljert styring.

Kunnskapsløftet (LK 06) legg nasjonale føringar for innhaldet i undervisninga (læreplanar), samt fastset kompetansemål for elevar på ulike årstrinn. I Herøy har vi utarbeidd lokale læreplanar i fellesskap, og med utgangspunkt i det arbeidet er det også innkjøpt same lærebøker i dei fleste fag i grunnskulen. Elevar flyttar mellom skular i større grad enn før, og difor er det viktig at Herøyskulen har ei felles plattform på viktige områder. I Herøyskulen har vi felles overordna utviklingsmål på målbare område innan t.d. klasseleiing, grunnleggjande dugleikar, felles fokus på pedagogisk leiing, psykisk helse og læringsmiljø.

Tilpassa opplæring er eit nasjonalt og kommunalt satsingsområde, nedfelt i Opplæringslova og i Kunnskapsløftet. Alle elevar skal ha like høve til å utvikle evner og anlegg både individuelt og i fellesskap med andre. I tillegg til Opplæringslova, kjem dei generelle lovverka som styrer kommunen si verksemd.

Opplæringslova fastset krav til formell kompetanse for undervisning i basisfaga matematikk, norsk og engelsk både på barnetrinna og ungdomstrinna, med anslagsvis 30 stp og 60 stp. Dette fører til at lærarar må skaffe seg den auka kompetansen for å kunne undervise i faga innafor tidsromet 2015 – 2025.

Det finnst også ei rekkje Stortingsmeldingar som legg føringar for skulen. Den 24. mars 2017 kom Meld. St. 21 (2016-2017) «Lærelyst – tidleg innsats og kvalitet i skolen». Basert på denne stortingsmeldinga vart det tildelt nasjonalt øyremerka midlar til arbeidet med tidleg innsats.

Tiltak for vidare utvikling og støtte for læring:

Strategidokumentet «Herøyskulen – ein los i leia 2015 - 2018» har vore førande for dei siste tre åra i arbeidet med skuleutvikling og fokus på danning og læring i Herøyskulen. Det har vore samarbeid om felles mål på alle nivå – lærar, leiar, faggrupper og nettverk i og mellom skulane. Utviklingsmåla i skulane heng saman med dei overordna måla strategidokumentet,

og med det dokumentet i botn, skal mål og måloppnåing spegle utviklinga gjennom resultat og nye tiltak. Strategidokumentet er under revisjon og nytt dokument 2018 – 2022 vil vere klart til skulestart hausten 2018.

Visjonen og grunnprinsippa kvalitet, mestring, kunnskap, læring og utvikling er felles for alle skulane. Under paraplyen «Meir læring for alle» har det vore fokus på læringsmiljø, leiarkompetanse, klasseleiing, læringsmål og forventningar, samarbeid heim-skule, variert undervisning, menneskesyn og relasjonar m.m. Arbeidet med å bygge kompetanse og fagkunnskap i alle ledd, styrke samarbeidet mellom skular og nettverk og skape trivsel mellom tilsette og elevar, vil halde fram i neste utviklingsperiode.

Godt læringsmiljø, god klasseleiing, gode relasjonar mellom lærar og elev er blant dei viktigaste faktorane for læring. Dette vert eitt av kvalitetsmåla også vidare.

Arbeidet for å sikre overgangen mellom barnetrinn og ungdomstrinn er i gang og vil forsette. Etter siste omorganiseringa i kommunen, vil ein med sektor Oppvekst, ha eit endå sterkare utgangspunkt for å knyte barnehage og grunnskule tettare saman

Hausten 2015 vart det oppretta innføringsklasse for minoritetsspråklege elevar som kjem til Herøy under grunnskuleløpet. I år har klassa hatt undervisningslokale ved Bergsøy skule, avd. Borga. Elevar i aldersgruppa 10 – 15 år (5. – 10. trinn) går der. I innføringsklassa lærer elevane norsk intensivt, og målet er at dei skal lære norsk raskare, slik at dei også får betre føresetnader for å meistre andre skulefag. Evalueringa av undervisningstilbodet er positivt og klassa blir vidareført også i 2018.

Samarbeidet SSIKT mellom kommunane i Sjustjerna, har vore positivt for grunnskulen. Der vi før hadde store utfordringar med IKT både som verktøy og støttefunksjon, fungerer det no mykje betre.

I 2015 starta pilotprosjektet «Ipad i opplæringa», der 5. trinn ved Einedalen og 8. trinn ved YHU vart med. Dette prosjektet vart vidareført for same elevgruppe i 2016 og 2017. Dei er no inne i slutfasen. Erfaringa med prosjektet førte til at det vart bestemt å satse på Ipad i lese- og skriveopplæringa for alle elevar på 1. og 2. trinn i Herøy skuleåret 17/18. Målet med satsinga er at alle skal lære seg å lese og skrive på kortare tid enn no. Samstundes skal ein lettare kunne tilpasse opplæringa til den enkelte. Nettbrettet skal erstatte eingongsbøker og elevane skal lære seg å lese og skrive etter nye og godt utprøvde metodar før dei går over til papir og blyant. Nettbrett i undervisninga er kome for å bli. Evalueringa av læringseffekten, vil avgjere korleis den vidare satsinga blir.

IKT og bruk av digitale læringsplattformer er i stor utvikling. Det vil med det første verte teke standpunkt til kva type digitale verktøy som skal nyttast på dei ulike trinna. Ipad er allereie nemnt som verktøy i begynnaropplæringa. PC'ar er i bruk både som hjelpemiddel, skriveverktøy og ved gjennomføring av eksamen. Andre verktøy som kan vere aktuelle, er Chromebook. Parallelt med denne utviklinga i skulen, vil også dei tilsette få profesjonsfagleg digital og didaktisk kompetanseheving.

For å auke kompetansen relatert til inkludering og utvikling av gode læringsmiljø, vart Herøy kommune i 2017 med i Utdanningsdirektoratet si satsing «Inkluderande barnehage- og skulemiljø». Nokre skular er også med i Læringssenteret si kompetanseheving retta mot etablering av innsatsteam mot mobbing i skulane. Med etableringa av «Beredskapsteam mot mobbing» i tillegg, vil skulane vere godt rusta med kunnskap og kompetanse om kva som trengs for at barn og unge skal erfare meistring og kjenne seg inkludert, samt kunne førebygge og avdekke mobbing og følgje opp mobbesker.

Oppsummering

Frå 1. januar 2017 gjekk Herøy kommune over til ny struktur med fire sektorar og ein kommunalsjef for kvar sektor. Skuleavdelinga skifta namn til sektor Oppvekst, og omfattar no barnehage, skule, kulturskule, PPT og Internasjonal skule. Oppvekstkontoret har, i tillegg til kommunalsjefen, to fagleiarar for skule og ein seksjonsleiar for barnehage. Sektor Oppvekst arbeider målretta på alle nivå, med godt samarbeid internt på den enkelte skule og mellom skular, både på leiar- og lærarnivå.

Ute i skulane fungerer elevråda godt, med barn og unge som er med og tek ansvar for at skulen skal vere ein god stad å vere for alle. Herøy er MOT-kommune, og MOT-kontaktane arbeider aktivt ute i ungdomsskulane. Gjennom arbeidsgruppa «Ungdom med MOT», får ressurssterke ungdomar vere med å påverke elevmiljøet i positiv retning. Dette arbeidet dannar eit godt grunnlag for dei flotte ungdomane som engasjerer seg på fritida gjennom Ungdomsrådet i kommunen.

Ein har dei siste åra sett eit aukande tal på ungdomar som slit psykisk av ulike årsaker. Tverrfagleg samarbeid, med faste team i alle skulane, gjer at ein får til raskare og meir målretta hjelpetiltak for barn og unge med utfordringar av ulikt slag. I tillegg også godt førebyggjande arbeid ute på dei ulike skulane, som t.d. MOT, ressursteam/miljøarbeidarar, aktivitetsvakter i friminutta, «psykologisk førstehjelp» og «Mitt val».

Foreldra er viktige medspelarar i læringsarbeidet. Herøy KFU har vore aktivt med på to temakveldar med formål å bevisstgjere foreldra den viktige vaksenrolla dei har i arbeidet med danning av barn og unge, og at dei er viktige medspelarar for skulen. Tema for desse møta var relasjonsbygging og læringsmiljø.

Fagleg kunnskap er viktig og vil alltid ha eit sterkt fokus. I Opplæringslova §1-1 står det: *«Elevane skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar for å kunne meistre liva sine, og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrong. Elevane skal lære å tenkje kritisk og handle etisk og miljøbevisst. Dei skal ha medansvar og rett til medverknad».*

Men det er også viktig å understreke at kunnskapen som vert framstilt i tal og tabellar, berre er ein del av den kompetansen ein legg vekt på at elevane skal tileigne seg.

Formålsparagrafen for skulen tilseier at ein skal bygge kompetanse for livet, gjennom utdanning og danning. Dette finn ein igjen i strategien for Herøyskulen, der det står at:

«Vi skal kunne legge til rette for å utvikle trygge og vel fungerande barn og unge. Dei skal få ein kompetanse som gjer at dei når draumane sine, bygge verdar og haldningar som fører dei på rett veg».

I den generelle delen av læreplanen står det at opplæring består av tre dimensjonar:

1. praktisk virke og læring gjennom erfaring
2. skulefagleg, der ny innsikt er henta gjennom teoretisk utvikling og er prøvd ved logikk og erfaring, fakta og forskning
3. kulturell tradisjon, knytt til menneskeleg formidling ved kropp og sinn, i idrett, kunst og handverk, i språk og litteratur, i teater, song, musikk og dans

Dette er kunnskap som vanskeleg kan målast, men er noko vi ser igjen i klasserom og på scener rundt omkring. Trygge og dyktige elevar, innan musikk, dans, drama – og ikkje minst god samhandling og gode relasjonar. Kulturskulen i Herøy fostrar også mange talent som vi har glede av å fylgje i utviklinga. For samfunnet er det nødvendig med både teoretikarar og dei som kan handtere eit praktisk arbeid.

For meir informasjon om status og vidare arbeid, viser vi til strategidokumentet - «Herøyskulen - ein los i leia».

Teoretisk grunnlag for rapporten:

[Skoleporten](#)

[Opplæringslova](#)

[Utdanningsdirektoratet](#)

[Forsking.no](#)



Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2018/515
		Arkiv:	004

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
14/18	Eldrerådet	14.05.2018
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	13.06.2018
	Komite for helse og omsorg	03.05.2018
13/18	Komite for næring, kultur og idrett	07.05.2018
9/18	Komite for oppvekst	09.05.2018
21/18	Maritim og teknisk komite	07.05.2018
17/18	Arbeidsmiljøutvalet	15.05.2018
75/18	Formannskapet	15.05.2018
54/18	Kommunestyret	24.05.2018

ÅRSRAPPORT 2017

Møtebehandling:

Tilråding frå komite for oppvekst vart delt ut i møte.
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken

Tilråding i Formannskapet - 15.05.2018

1. Årsrapporten for 2017 vert teken til vitende.
2. Kommunestyret viser til handlingsregelen om at netto driftsresultat skal vere minimum 1,75 % av netto driftsinntekter innan 2020 og at driftsfondet skal vere på 10 % av netto driftsinntekter innan 2020, og at dette vert lagt til grunn som føring for vidare arbeid med budsjett og økonomiplan.
3. Kommunestyret legg vidare til grunn at netto lånegjeld ikkje kan auke vesentleg i økonomiplanperioden.
4. Kommunestyret ber rådmannen utgreie til budsjettseminaret 12.06.18 korleis kommunen kan levere tenester til innbyggjarane med stadig større kvalitet og effektivitet.
5. Kommunestyret ber vidare rådmannen om å legge fram ein rehabiliteringsplan for Bergsøy skule Borgia, YHU og omsorgssenteret på Eggesbønes til budsjettseminaret 12.06.18.

6. Kommunestyret ber også om at rådmannen på budsjettseminaret legg fram ein plan for anleggsprosjekt for komande økonomiplanperiode.

Møtebehandling:

Tilråding/Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet - 15.05.2018

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Maritim og teknisk komite - 07.05.2018

7. Årsrapporten for 2017 vert teken til vitende.
8. Kommunestyret viser til handlingsregelen om at netto driftsresultat skal vere minimum 1,75 % av netto driftsinntekter innan 2020 og at driftsfondet skal vere på 10 % av netto driftsinntekter innan 2020, og at dette vert lagt til grunn som føring for vidare arbeid med budsjett og økonomiplan.
9. Kommunestyret legg vidare til grunn at netto lånegjeld ikkje kan auke vesentleg i økonomiplanperioden.
10. Kommunestyret ber rådmannen utgreie til budsjettseminaret 12.06.18 korleis kommunen kan levere tenester til innbyggjarane med stadig større kvalitet og effektivitet.
11. Kommunestyret ber vidare rådmannen om å legge fram ein rehabiliteringsplan for Bergsøy skule Borgia, YHU og omsorgssenteret på Eggesbønes til budsjettseminaret 12.06.18.
12. Kommunestyret ber også om at rådmannen på budsjettseminaret legg fram ein plan for anleggsprosjekt for komande økonomiplanperiode.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for oppvekst - 09.05.2018

13. Årsrapporten for 2017 vert teken til vitende.

14. Kommunestyret viser til handlingsregelen om at netto driftsresultat skal vere minimum 1,75 % av netto driftsinntekter innan 2020 og at driftsfondet skal vere på 10 % av netto driftsinntekter innan 2020, og at dette vert lagt til grunn som føring for vidare arbeid med budsjett og økonomiplan.
15. Kommunestyret legg vidare til grunn at netto lånegjeld ikkje kan auke vesentleg i økonomiplanperioden.
16. Kommunestyret ber rådmannen utgreie til budsjettseminaret 12.06.18 korleis kommunen kan levere tenester til innbyggjarane med stadig større kvalitet og effektivitet.
17. Kommunestyret ber vidare rådmannen om å legge fram ein rehabiliteringsplan for Bergsøy skule Borge, YHU og omsorgssenteret på Eggesbønes til budsjettseminaret 12.06.18.
18. Kommunestyret ber også om at rådmannen på budsjettseminaret legg fram ein plan for anleggsprosjekt for komande økonomiplanperiode.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for næring, kultur og idrett - 07.05.2018

19. Årsrapporten for 2017 vert teken til vitende.
20. Kommunestyret viser til handlingsregelen om at netto driftsresultat skal vere minimum 1,75 % av netto driftsinntekter innan 2020 og at driftsfondet skal vere på 10 % av netto driftsinntekter innan 2020, og at dette vert lagt til grunn som føring for vidare arbeid med budsjett og økonomiplan.
21. Kommunestyret legg vidare til grunn at netto lånegjeld ikkje kan auke vesentleg i økonomiplanperioden.
22. Kommunestyret ber rådmannen utgreie til budsjettseminaret 12.06.18 korleis kommunen kan levere tenester til innbyggjarane med stadig større kvalitet og effektivitet.
23. Kommunestyret ber vidare rådmannen om å legge fram ein rehabiliteringsplan for Bergsøy skule Borge, YHU og omsorgssenteret på Eggesbønes til budsjettseminaret 12.06.18.
24. Kommunestyret ber også om at rådmannen på budsjettseminaret legg fram ein plan for anleggsprosjekt for komande økonomiplanperiode.

Samrøystes uttale i Eldrerådet - 14.05.2018

Som tidlegare påpeika av eldrerådet vil kommuneplan for Herøy 2013-2025 samfunnsdelen kunne ha store konsekvensar for dei eldre sin situasjon i kommunen i og med at dei ikkje er nemnt som eit satsingsområde i planen. Vi snakkar her om 15-20 % av kommunen si befolkning. Revidering av kommunedelplan helse og omsorg vil kanskje kunne bidra positivt her.

Som det går fram av årsrapporten er vekst i økonomien i kommunen avhengig av auka rammeoverføring frå staten eller vekst i innbyggartal/næringsliv og dermed auka skatteinntekter.

Eldrerådet synest ikkje årsrapporten i stor nok grad drøftar dei utfordringar som kommunen kan stå framfor som:

1. Folketalsutvikling side 11 i rapporten.
2. Rekruttering i eit stramt arbeidsmarked.
3. Psykiatrien.
4. Den store veksten i yngre brukarar som tek imot sosial hjelp.
5. At ca 20 % av dei yrkesaktive innbyggjarane i kommunen av ein eller annan grunn står utanfor arbeidslivet.

Eldrerådet vil gje honnør til dei tilsette for godt arbeid i 2017.

Med dei kommentarar som er nemnt ovanfor tek eldrerådet årsrapporten for 2017 til vitande.

Tilråding:

25. Årsrapporten for 2017 vert teken til vitande.
26. Kommunestyret viser til handlingsregelen om at netto driftsresultat skal vere minimum 1,75 % av netto driftsinntekter innan 2020 og at driftsfondet skal vere på 10 % av netto driftsinntekter innan 2020, og at dette vert lagt til grunn som føring for vidare arbeid med budsjett og økonomiplan.
27. Kommunestyret legg vidare til grunn at netto lånegjeld ikkje kan auke vesentleg i økonomiplanperioden.
28. Kommunestyret ber rådmannen utgreie til budsjettseminaret 12.06.18 korleis kommunen kan levere tenester til innbyggjarane med stadig større kvalitet og effektivitet.
29. Kommunestyret ber vidare rådmannen om å legge fram ein rehabiliteringsplan for Bergsøy skule Borge, YHU og omsorgssenteret på Eggesbønes til budsjettseminaret 12.06.18.
30. Kommunestyret ber også om at rådmannen på budsjettseminaret legg fram ein plan for anleggsprosjekt for komande økonomiplanperiode.

Særutskrift:

- Rådmannen si leiargruppe

Vedlegg:

- Årsrapport 2017.

Saksopplysningar:

Løyste kommunen oppgåvene i 2017? Og kva var årsaka til suksess eller fiasko? Svara på desse spørsmåla er ein føresetnad for å kome vidare, for å levere betre og rimelegare tenester til innbyggjarane neste år. I årsmeldinga bør dette vere hovudsaka.

Den neste fasen i årshjulet er løysingsfasen, eller strategifasen. På strategisamlinga 12. juni må vegvala i budsjettprosessen drøftast. Kommunen skal finne løysingar på dei manglane analysen har påvist.. Årsrapporten bør peike ut tema for utgreiing som skal leggjast fram på strategisamlinga. På samlinga kan formannskapet drøfte løysingsframlegga som ligg i utgreiingane. Då kan det verte eit møte med stor verdi for arbeidet med økonomiplanen.

Vurdering og konklusjon:

Eg rår til at det til budsjettssamlinga 12.06.18 vert utgreidd korleis kommunen kan levere tenester til innbyggjarane med stadig større kvalitet og effektivitet.

Vidare vil eg rå til at det til budsjettseminaret 12.06.18 vert lagt fram ein rehabiliteringsplan for Bergsøy skule Borge, YHU og omsorgssenteret på Eggesbønes og ein plan for anleggsprosjekt i komande økonomiplanperiode.

Fosnavåg, 23.04.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Årsrapport 2017



Innhald

1. Rådmannen sine kommentarar	4
2. Om Herøy	6
2.1 Dette er Herøy	6
2.2 Slik står det til i kommunen	6
2.3 Historiske hendingar	7
2.4 Hendingar i 2017	8
2.5 Organisering	10
3. Framtidsutsikter	11
3.1 Vurdering av framtidsutsikter	11
4. Styring og kontroll	13
4.1 Styring og kontroll av verksemda	13
4.2 Revisjonsordning	13
4.3 Rekneskapsrevisjon	13
4.4 Forvaltningsrevisjon	13
4.5 Tilsyn	13
4.6 Organisering	14
4.7 Mål- og resultatstyring	14
4.8 Rekneskapsutvikling og økonomisk styring	14
4.9 Risikostyring og internkontroll	14
4.10 Selskapskontroll	14
4.11 Tryggleik og beredskap	14
4.12 Etisk standard	15
4.13 utfordringar og planar	15
4.14 Kvalitetssystemet Compilo (Losen)	15
4.15 Verdigrunnlag	15
4.16 Heilskapleg system	15
4.17 Plansystemet	17
4.18 Styringssystemet	19
4.19 Organisering, arbeidsprosessar og ressursbruk	20
5. Fokusområde samfunnsutvikling	22
5.1 Kommuneplanen 2013 – 2025. Samfunnsdel	22

5.2 Innbyggjarundersøkinga 2017:	28
5.3 Lokaldemokratiundersøking 2017	28
6. Fokusområde Organisasjon	30
6.1 Organisasjonsutvikling.....	30
6.2 Personalpolitikk og opplæring.....	31
7. Fokusområde Økonomi	44
7.1 Nøkkeltal	44
7.2 Hovudtal drift	48
7.3 Rekneskapsprinsipp.....	52
7.4 Rammevilkår/resultat.....	53
7.5 Hovudtalsanalyse	54
7.6 Hovudoversikt.....	62
8. Fokusområde Tenester.....	67
8.1 Kommunebarometeret.....	67
8.2 Brukarundersøkingar 2017:.....	70
8.3 Tilsyn og klagesaker.....	71
8.4 Årsrapport sektor Stab	72
8.5 Årsrapport sektor Oppvekst	80
8.6 Årsrapport sektor Helse og omsorg.....	83
8.7 Årsrapport sektor Samfunnsutvikling.....	90
9. Endringsbehov	93
9.1 Økonomiplanen	93
9.2 Evaluering av helse- og omsorgstenesta.....	93
9.3 Andre forhold	94

Framsidedfoto: Elevar og lærarar ved Ytre Herøy Ungdomsskule har stilt opp på bildetaking for Herøy kommune. Bilda skal vi bruke for å fremje dei tre vedtekne kjerneverdiane respekt, tillit og samhald. Dette bildet er mellom anna brukt på ein roll-up som er plassert i kommunestyresalen.

1.Rådmannen sine kommentarar

Herøy kommune fekk i 2017 eit positivt netto driftsresultat på om lag 9,5 mill kr. Dette utgjør 1,47% av kommunen sine driftsinntekter. Statlege måltal er eit netto driftsresultat på 1,75% av driftsinntektene.

Grunnen til resultatet er minst tredelt

- Avdelingane leverte eit samla mindreforbruk på om lag 3,2 mill kr noko som syner at avdelingane og dei tilsette har god budsjettdisiplin.
- Pensjonsavvik (kostnadane) vart om lag 5,2 mill kr
- Finansinntektene vart om lag 1,9 mill kr betre enn budsjett

Herøy kommune var offensive då skatte- og rammeinntektene vart budsjetterte og vi fekk ein liten svikt i desse. Likevel vart desse tala mykje betre enn det prognosene synte hausten 2017.

Når ein tek omsyn til avsetnadane og bruken av desse har Herøy kommune eit rekneskapsmessig mindreforbruk på 10,06 mill kr i 2017. Eit slikt mindreforbruk er viktig for då kan kommunen styrke sine disposisjonsfond og vere mindre sårbar i framtida.

Eit anna positivt trekk med 2017 rekneskapen var at kommunen si langsiktige lånegjeld ikkje auka med meir enn om lag 0,5 mill kr. Likevel er gjelda for høg (840,7 mill kr) og per 31.12. utgjorde den nær 130% av kommunen sine driftsinntekter. Herøy kommune sine disposisjonsfond utgjorde om lag 39,6 mill kr per 31.12.2017

Kommunen si hovudoppgåve er å levere velferdstenester til innbyggjarane, med stadig større kvalitet og effektivitet. For å få til dette, må ein lære av erfaring. I ein slik læringsprosess kan ein skilje mellom analysefasen, løysingsfasen og prioriteringsfasen.

Årsrapporten bør vere analysefasen.

Løyste kommunen oppgåvene i 2017? Og kva var årsaka til suksess eller fiasko? Svara på desse spørsmåla er ein føresetnad for å kome vidare, for å levere betre og rimlegare tenester til innbyggjarane neste år. I årsmeldinga bør dette vere hovudsaka. Årsmeldinga bør handle om kommunale finansar (er dei gode nok, kva sviktar?), om det kommunale kostnadsnivået (kor rimeleg driv vi i forhold naboar og samanliknbare kommunar) og om kvaliteten (leverer vi gode tenester til innbyggjarane). Årsrapporten må også analysere budsjettavvik, samfunnsutvikling og oppfølging av ulike kommunestyrevedtak.

Løysingsfasen

Den neste fasen i årshjulet er løysingsfasen, eller strategifasen. I denne fasen skal kommunen finne løysingar på dei manglane analysen har påvist. Strategisamlinga 12. juni må vegvala i budsjettprosessen drøftast. Seminaret vil vere nyttig dersom analysen av fjoråret er god. Årsrapporten bør peike ut tema for utgreiing som skal leggjast fram på strategiseminaret. På strategiseminaret kan formannskapet drøfte løysingsframlegga som ligg i utgreiingane. Då vert det eit møte med stor verdi for arbeidet med økonomiplanen.

Prioriteringsfasen

Økonomiplanen er den tredje fasen i årshjulet. Med ei analytisk årsmelding og ei strategiutgreiing har kommunen forenkla arbeidet med økonomiplanen. Då kan økonomiplanen verte ein prioriteringsfase.

Eg vonar analysen i årsrapport 2017 gir grunnlag for å peike ut tema for utgreiing som skal leggst fram på strategiseminaret

Olaus-Jon Kopperstad

2. Om Herøy

2.1 Dette er Herøy

Herøy er – og skal framleis vere – ein god kommune å leve, jobbe og drive næringsliv i. Inntrykket er at innbyggjarane stort sett er godt nøgde med tenestetilbodet. Dette har vi undersøkt nærare i 2017. Sjølv om kommunen fekk eit positivt netto driftsresultat i 2017, er kommuneøkonomien sårbar. Vi har fleire utfordringar vi må løyse i åra som kjem.

2.2 Slik står det til i kommunen

Stor optimisme har prega næringslivet i kommunen ei stund og det har vore svært god aktivitet i mange næringar. Det har vore god skatteinngang og positiv folketalsutvikling. Dei siste åra har situasjonen, særleg i offshore-næringa, endra seg dramatisk.

- Over 7000 mista jobben i norske reiarlag i 2016, og det var fleire oppseiingar i 2017.
- Av om lag 550 offshore service-skip ligg no 170 av desse i opplag. Dette tilsvarar meir enn kvart fjerde offshoreskip.

Utviklinga i offshore/supply

	1990	2010	2015	2017
Tal på fartøy	12	95	122	100
Tal på tilsette	3-400	2600	3400	2800

Fangstutviklinga for Herøy-flåten

	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Ringnot	575	495	644	775	588	511	551	645	772	664
Reke/torsk	356	372	408	477	375	359	451	514	321	414
Pelag. trål	113	114	159	126	82	77	80	131	134	127
Autoline	68	61	36	42	40	27	46	52	81	120
Sjark	41	34	34	41	41	36	40	42	62	55
Sum	1153	1076	1281	1461	1126	1010	1168	1384	1370	1380

Kommune-NM

NHO lagar årleg eit kommune-NM der kommunane vert rangert etter attraktivitet og lokal vekstkraft basert på forhold ved næringsliv, arbeidsmarknad, demografi, kompetanse og kommunal økonomi. Kunnskapsbasen gir indikasjonar på utviklinga for den enkelte kommune, men også den relative utviklinga i samanlikning med dei andre kommunane.

Kommune	TOTAL 2010 2016		Næringsliv 2010 2016		Arbeids- marknad 2010 2016		Demografi 2010 2016		Kompe- tanse 2010 2016		Kommune- økonomi 2010 2016	
Herøy	112	135	16	20	242	315	172	189	205	222	128	129

Tabellen viser at Herøy ligg ganske bra an i forhold til andre kommunar når det gjeld attraktivitet og vekstkraft. Kommunen har likevel hatt ein tilbakegang totalt sett frå 2010 til 2016.

<https://www.nho.no/Politikk-og-analyse/Offentlig-sektor-og-naringslivet/kommunenm/>

Samhandling mellom kommune, næringsliv, lag og organisasjonar

Kommunen har gjennomført fleire partnerskapsprosjekt med næringsliv, lag og organisasjonar. Mellom anna med/om: Herøy kyrkje, Sunnmørsbadet, Fosnavåg konserthus, parkeringshus, idrettsanlegg, flytebryggjer m.m.

Folketalsutviklinga

Utvikling av folketallet pr. 01.01:

År	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010
Folketal	8957	8972	8934	8847	8847	8727	8533	8383

Herøy kommune har ein uttalt ambisjon om å auke folketallet.

Folkehelse

Folkehelseinstituttet har utarbeidd folkehelseprofilar for kommunane.

Profilane er eit bidrag til kommunen sitt arbeid med å skaffe seg oversikt over helsetilstanden, og faktorar som påverkar denne:

- Det er færre barn (0-17 år) som bur i husstandar med låg inntekt enn landsnivået.
- Ungdomskuleelevane som oppgir å vere nøgde med lokalmiljøet, er likt med landsnivået.
- Antibiotikabruken i Herøy er høgare enn landsnivået.

<http://khp.fhi.no/PDFVindu.aspx?Nr=1515&sp=2&PDFaar=2017>

2.3 Historiske hendingar

Herøy har Sunnmørsalpane som bakgrunn og storhavet som næraste nabo. Fosnavåg er kommunesenteret i ein av dei største fiskeri- og offshorekommunane i landet.

Lengst i vest ligg Runde, den internasjonalt kjende «skatteøya» og det sørlegaste fuglefjellet i Skandinavia. Like utanfor øya vart det for nokre år sidan funne ein eventyrleg myntskatt etter det hollandske skipet «Akerendam». Dykkarar jaktar

framleis etter skattar, mellom anna gullet frå det spanske skipet «Castillo Negro» som skal ha forlist i 1589.

Ei anna særmerkt øy er Skorpa med barsk natur og ei stamme av ville geiter.

Herøy har ei rik historie med fleire gamle og velhaldne handelsstader, m.a. Kjeldsund, Flåvær og ikkje minst Herøy gard med kystmuseum og Herøyspelet første helga i juli.

På Nerlandsøy ligg funnstaden for Kvalsund-båtane frå før Vikingtida, og vi har fleire gravrøysar frå same tida, m.a. Løsetstranda.

2.4 Hendingar i 2017

JANUAR

Thon Hotel Fosnavåg ligg på 7.-plass i Berg Hansen si rangering av kundane sine favorittar i 2016.

FEBRUAR

Det vert halde **folkerøysting om kommunesamanslåing** mellom Herøy og Sande. Det mest oppsiktsvekkande er elles ikkje resultatet - eit tydeleg nei - men valoppslutninga. Kun 39,5 % i Sande og 21,35 % i Herøy tok seg bryet med å røyste.

MARS

6. klasse ved Bergsøy skule **ryddar fjøra på Runde** for plast før fuglane kjem.

Ny omsorgsbustad med 16 husvære vart opna ved blå avdeling På Eggesbønes.

APRIL

Kommunestyret vil flytte **pumpehuset** på Allmennigkaia i Fosnavåg, men vil også heve kainivået og ber om å få utgreidd ei totalløysing.

25 kinesiske turoperatørar vitjar Fosnavåg for å få eit inntrykk av Herøy som turistdestinasjon.

Mørenett si samlokalisering på Søre Sunnmøre kjem opp som ei sak på ei generalforsamling i Tussa Kraft, der Ørsta og Volda kommunar får fleirtal for Ørsta sitt forslag om at samlokaliseringa vert i Ørsta og ikkje i Dragsund.

MAI

Herøytrålararen Remøy vert teken i **arrest i Murmansk** på grunn av ein saksbehandlingsfeil i Fiskeridirektoratet. Kausjonskravet frå russiske styresmakter er på 90 millionar kroner.

JUNI

Fylkestinget har **samling i Fosnavåg for første gong i historia**. Samferdsel står langt framme på agendaen til dei lokale fylkespolitikarane.

Havyard innfrir harde miljøkrav og får levere design og utstyr, og **bygge fem nye Fjord 1-ferjer**. Samla kontraktverdi er på vel ein milliard kroner.

JULI

Herøyspelet går av stabelen for 26. gong. Besøkstalet er tydeleg lågare enn året før, men tilbakemeldingane er utelukkande gode, ifølgje styreleiaren for Stiftinga Herøyspelet.

Programmeraren, gründeren og fosnavågaren **Arve Voldsund** og tre andre gründerar slepp nyheita om ei satsing på ei ny, **revolusjonerande sjukehusseng** som mellom anna kan fortelje om pasienten er i ferd med å falle ut, og hente ut puls utan leidningar.

AUGUST

Om lag **70 celebre gjestar** frå heile verda nyt ein tre-rettars **lunsj på Skotholmen** i samband med dei prestisjetunge prisutdelingane til Land Rover BORN Awards.

SEPTEMBER

Runde fyr er 250 år, og om lag 500 personar tek turen over fjellet for å feire jubilanten.

Frp er årets valvinnar i Herøy.

Alle 1.- og 2.-klassingar i Herøy får utdelt **iPadar** til bruk i begynnaropplæringa.

Are Pilskog sin dokumentar «**Kunsten å legge seg paddeflat**» vert hovudpris-vinnar på den internasjonale naturfilmfestivalen «Matsalu Film Festival» i Estland.

OKTOBER

Marin Teknikk er sentrale i utviklinga av såkalla «**elektrisk robotskip**». – Å realisere ein båt som verken har styrehus, maskinrom eller lugarar presenterer noko heilt nytt for oss. Men det er ei svært fin utfordring, seier Svein Rune Gjerde i Marin Teknikk AS.

Offshoreveteranen **Åge Remøy startar opp igjen Rem**. Nye «Rem Maritime AS» overtek alle aksjane i Forland Shipping i Bergen, der to subseabåtar vert dei første i Remøy og co. sin flåte. Gamle-logoen vert teken fram!

NOVEMBER

Piggråd fører til dyretragediar i Herøy. Mellom anna må ein hjortekalv bli avliva etter å ha **rive seg opp på piggråd**, slik at tarmane kom ut. Leiar i viltneimnda, Sigurd Nygard har tidlegare i 2017, åtvart om piggråd-problematikken og minna om at det er ulovleg å ha piggråd til inngjerding av eigedomar.

Vanylven-lensmann **Tor Sæter** er tilsett som **einingsleiar i Herøy, Sande og Vanylven**, med hovudkontor i Herøy.

DESEMBER

Elise Nærø tek 5.-plass i The Voice.

Russiske styresmakter har dømd **Remøy Havfiske** til å betale to bøter på til saman 8,1 millionar kroner for feilen Fiskeridirektoratet gjorde tidlegare i år. Remøy Havfiske vel likevel å **ikkje anke dommen**.

Kjelde: Vestlandsnytt

2.5 Organisering

Ny politisk struktur blei vedteke 07.05.2012.

Kommunestyret har 33 medlemer og er kommunen sitt øvste politiske organ. Kommunestyret gjer vedtak på vegne av kommunen så langt ikkje anna følgjer av lov og delegeringsvedtak.

Formannskapet har 9 medlemer og er kommunen sitt nest øvste politiske organ. Formannskapet handsamar og avgjer ei rekkje saker som er delegert av kommunestyret. I tillegg handsamar formannskapet forslag til budsjett og økonomiplan, og gir innstilling i ei rekkje andre saker som skal til kommunestyret.

Kommunen har fire **komitear**, alle med 7 medlemer. Komiteane førebur og innstiller i saker som vert handsama av kommunestyret. Formannskapet, kontrollutvalet og administrasjonsutvalet (likestillingsutvalet) og arbeidsmiljøutvalet er lovpålagde organ. Det same er eldrerådet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.

Administrativ leiing

Ny administrativ leiing vart vedtatt av kommunestyret 29.09.2016. Kommunen gjekk over til ein **kommunalsjefmodell** med 4 kommunalsjefar under rådmannen med slike ansvarsområde:

Helse og omsorg

Omfattar dagens avdelingar for pleie og omsorg, bu og habiliteringhab, barn, familie og helse og tenestekoordinering.

Oppvekst

Omfattar dagens avdelingar for grunnskule, PPT, kulturskule, vaksenopplæring og barnehage.

Samfunnsutvikling

Omfattar dagens avdelingar for utvikling og kultur med tillegg av folkehelse og brann og beredskap.

Stab

Omfattar dagens avdelingar for :

- Personal
- Økonomi
- Innkjøp
- Dokumentsenter/politisk sekretariat
- IKT
- Servicetorg
- Eigedom

3. Framtidsutsikter

3.1 Vurdering av framtidsutsikter

Vi har utfordringar framfor oss, men gode føresetnader for å lukkast. Kompetansen, motivasjonen og omstillingsevna som finst i Herøy, vil vere avgjerande.

Samfunn

Som samfunnsaktør har Herøy kommune ei viktig rolle. I Herøy samarbeider politikk, administrasjon, kultur og næringsliv godt gjennom mange uformelle arenaer for felles nytte.

Kommunen kan vere ein pådrivar for å motverke effektane ein lågare aktivitet i næringslivet skaper. Kommunen sin økonomiske status vil sette grenser for tiltak for å stimulere næringsaktivitet. I så måte hastar det å forbetre økonomien vår.

Framskriving av folketalet

SSB presenterte nye befolkningsframskrivingar i 2016. Framskrivingane er usikre sidan dei er avhengig av fleire faktorar.

Framskrivinga av folketalet i Herøy kommune varierer, alt etter om ein legg til grunn låg eller middels nasjonal vekst.

	Eldre + 80	Born 0-5	Born 6-15
2016	461	605	1153
2020	473	599	1156
2021	470	598	1138
2022	488	604	1125
2023	496	606	1126
2024	512	610	1104
2025	533	608	1100
2030	665	597	1098
2035	791	581	1102
2040	893	576	1087

Kjelde: SSB, alt MMMM

Framskriving av folketal viser stabilt/ein svak auke i gruppa over 80 år fram til 2023. Deretter har vi ein sterk auke fram til 2040. Ungdomsgruppa 0 – 15 år vil vere relativt stabil dei komande åra.

Sterke og svake sider – moglegheiter og trugslar

Gjennomgang av status og utfordringar kan oppsummerast i oppstillinga nedanfor:

Sterke sider notid	Moglegheiter framtid
- Fosnavåg – potensial for å verte ein attraktiv småby og reisemål. - Tydlege og omforeinte mål og satsingsområde for samfunnsutviklinga. - Sterkt næringsliv. - Samarbeid kommune, næringsliv, frivillige organisasjonar.	- Omstilling og effektivisering. - Inntektpotensial. - Fosnavåg – potensial for å verte ein attraktiv småby og reisemål. - Vidare satsing på infrastruktur. - Vidare satsing på kompetanse og næringsutvikling.
Svake sider notid	Trugslar framtid
- For høgt kommunalt tenestenivå. - Ujamn tenestekvalitet, for svak brukarorientering. - Dårlig standard på den kommunale bygningsmassen. - Einsidig næringsliv.	- Manglande evne til å prioritere vidare satsing på nærings- og samfunnsutvikling. - Manglande evne og vilje til å ta grep som gir varige reduksjonar i driftsnivået/auke inntektene. - Dersom næringslivet ikkje klar å omstille seg

Medverknad

Det er mange i Herøy som ynskjer å bidra til lokalsamfunnet, og kommunen må vere ein koordinerande, konstruktiv og positiv samarbeidspart. Medverknad frå innbyggjarane er vitalt for å lukkast som kommune i framtida. Her har Herøy gode føresetnader.

Medarbeidarar

Motivasjon og kompetanse er viktig for alle kunnskapsbedrifter. Herøy kommune tar dette på alvor og har gjennomført mange kompetanseprogram innanfor fagområda. I tillegg har vi prioritert å fokusere på leiging som eit eige fag.

Læring og fornying

Medan læring dei siste åra i hovudsak har føregått på individnivå, vil vi i framtida sjå meir på den organisatoriske læringa. Omorganisering kom på plass i løpet av 2017. Vi skal evaluere endringane opp mot tidlegare praksis over dei neste åra. Målet er å få full gevinstrealisering av desse endringane.

Økonomi

Resultatmessig er kommunen i balanse, men vi treng mindreforbruk over tid for å skaffe oss det handlingsromet vi treng for å møte nye utfordringar og ta ein meir aktiv del i samfunnsutviklinga.

4. Styring og kontroll

God kommunal eigenkontroll skal bidra til å gi innbyggjarane tillit til at kommunen utøver mynde og leverer tenester på ein trygg måte. Eigenkontroll er ein viktig del av styringssystemet og skal bidra til å unngå kritikkverdige hendingar. I tillegg til eigenkontroll, fører mange statlege organ tilsyn med kommunen.

Kommunestyret har tilsyns- og kontrollansvar for kommunen si verksemd. Selskapskontroll inngår som ein del av kontrollansvaret. Kontrollutvalet fører løpande tilsyn med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret og ser til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Kommunen sin revisor gjennomfører rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og revisjon av rådmannen sin internkontroll så langt det følgjer av god kommunal revisjonsskikk.

Rådmannen er ansvarleg for at kommunen har eit føremålstenleg og heilskapleg system for styring og kontroll og at det vert utøvd internkontroll i verksemda.

4.1 Styring og kontroll av verksemda

Styringsdialogen mellom kontrollutvalet og kommunestyret har vore open og gir retning for vidare utvikling av verksemda.

4.2 Revisjonsordning

Herøy kommune er med i interkommunal revisjonsordning saman med seks andre kommunar.

4.3 Rekneskapsrevisjon

Revisjonemeldinga for rekneskapsåret 2017 vil ligge føre når rekneskap og årsrapport er kontrollert.

4.4 Forvaltningsrevisjon

Kommunerevisjonen har i løpet av 2017 gjennomført forvaltningsrevisjon retta mot økonomi og økonomirapportering. Rapporten er fylgd opp i ettertid og er heilt eller delvis gjennomført. Arbeidet held fram i 2018. Framdrifta og kvaliteten på oppfølginga er avhengig av saksmenga og personalressursane.

4.5 Tilsyn

Kommunen har i løpet av 2017 hatt 23 tilsyn med 60 avvik.

4.6 Organisering

Vi fullførte organisasjonsendringane i 2017. Denne omstruktureringa skal saman med nye linjeleiarar og endringar i administrativ leiing, levere forsvarlege tenester og robust økonomi i tida framover.

4.7 Mål- og resultatstyring

Målekort vert nytta som kommunen sitt administrative system for oppfølging når det gjeld vedtekne mål- og resultatkrav i budsjett og økonomiplan. Det er gjennomført ei vidareutvikling av innhaldet i korta på bakgrunn av erfaringane gjennom åra.

Mål- og resultatstyring inngår i kommunen sine årsplanar. Resultatkrava er fylgd opp gjennom medarbeidersamtalar med den enkelte leiaren. Ein felles leiingspraksis er under utarbeiding og arbeidet vil bli vidareført i 2018.

4.8 Rekneskapsutvikling og økonomisk styring

Også i 2017 opplevde vi at fleire rammeområde hadde mindreforbruk.

Det har vore god oppfølging og kontroll på prosjekt gjennom året.

Formannskapet får månadsrapportar om status på økonomi og sjukefråvær, kommunestyret får tertialrapportar. Resultat i forhold til overordna mål i kommuneplanen, samt resultatkrav knytt til målekorta, er rapportert i årsrapporten.

4.9 Risikostyring og internkontroll

Kommunen har eit overordna kvalitetssystem og eige sak- og arkivsystem som skal sikre oppfølging av lovverk, politiske vedtak og interne rutinar.

Det elektronisk kvalitetssystemet skal ivareta-dokumentstyring, avvikshandtering, årshjul, risiko- og sårbaranalyser (ROS) samt varsling av kritikkverdige forhold på arbeidsplassen.

Revisjon av kommunen sitt økonomireglement vart gjennomført i 2017.

4.10 Selskapskontroll

Ny rutine for lovpålagt eigarskapskontroll var vedteke i K-sak 76/16 den 25.05.2016. Omgrepet eigarskapskontroll vert no nytta i staden for selskapskontroll.

Kommunestyret handsama saka om eigarskapskontrollen for 2016 i møte 30.11.17.

4.11 Tryggleik og beredskap

Beredskapsplanen for Herøy kommune vart vedteken av kommunestyret 15.12.2016.

Fylkesmannen konkluderte slik i tilsyn med kommunal beredskapsplikt 11.04.18:

Heilskapleg ROS-analyse er frå 2015 og moden for ein revisjon. Analysen er forankra i kommunestyret, men oppfyller ikkje alle minimumskrava i forskrifta. Analysen er i stor grad basert på kommunen si grovanalyse frå 2013, og manglar konkrete vurderingar på sannsyn og konsekvensar på dei hendingane som er med i analysen. I tillegg manglar ei vurdering av kommunen sin evne til å oppretthalde drift ved uønskte hendingar. Det går ikkje fram av ROS-analysen i kva grad relevante offentlege og private aktørar har vore invitert med/tatt del i arbeidet.

Kommunen har skildra mål og strategiar for arbeid med samfunnstryggleik i kommuneplanens samfunnsdel. Mål og strategiar for oppfølging av arbeidet med samfunns-tryggleik og beredskap bør forankrast tydelegare med bakgrunn i heilskapleg ROS. Vi saknar ein prioritert handlingsplan med tiltak for oppfølging av funna i ROS-analysen.

Organisering av Herøy brann og redning skal gjennomgåast i 2018.

4.12 Etisk standard

Revisjon av Etiske prinsipp for tilsette og folkevalde i Herøy kommune vart vedteken av kommunestyret 15.12.2016. Etisk standard vert fylgd opp og sikra gjennom kommunen sitt kvalitetssystem.

4.13 Utfordringar og planar

I planperioden er målet å etablere eit heilskapleg system som sørgjer for at vi har styring og kontroll i ein organisasjon som er effektiv og framtidsretta. Kommunen sitt planverk må vere fokusert, målretta og skal fungere som eit referansedokument for den operative gjennomføringa av planar. 4.14 Kvalitetssystemet Compilo (Losen).

4.14 Kvalitetssystemet Compilo (Losen)

Bruken av systemet har vore aukande. Graden av aktivitet varierer mellom tenesteområda. Mangelfull opplæring og oppfølging kan vere hovudårsaka til variasjonane.

4.15 Verdigrunnlag

Verdigrunnlaget er revider i 2018.

4.16 Heilskapleg system

Plan- og styringssystemet i kommunen omfattar ei rekkje plan- og styringsprosessar som går fram av figuren under. Gjennom god leiing og gode plan- og styringsprosessar skal kommunen ivareta rolla som tenesteytar, samfunnsutviklar og demokratisk arena.

PUFF (PUKK) – Forbetringssirkel



Kommunen arbeider etter elementa i forbetringssirkelen. Gjennom plan- og styringsprosessane vert det planlagt og utført aktivitetar som skal sikre kvalitet i tenestene og forvaltninga. Resultata frå aktivitetane vert fylgd opp i forhold til dei måla og krava som er sett, og vert nytta til å iverksette tiltak for kontinuerleg å betre tenestene og forvaltninga. Alle plan- og styringsprosessar skal gjennomførast med bakgrunn i kommunen sitt verdigrunnlag, og verdiane skal vere retningsgivande for den enkelte si åtfærd.

Plansystem

Plansystemet er kommunen sitt overordna og politisk vedtekne planverk som skal sikre gjennomføring av politiske mål og prioriteringar.

Styringssystem

Styringssystemet er rådmannen sitt verktøy for å setje i verk og følgje opp politiske vedtak, mål og prioriteringar.

Leiing

Elementa i PUFF-sirkelen ligg til grunn for all leiaraktivitet knytt til kommunen sitt plan- og styringssystem. Gode plan- og styringsprosessar har som føresetnad eit leiarskap som gir retning, utnyttar handlingsromet og er resultatorientert. Samstundes skal leiarane legge til rette for ein arbeidskultur som fremjar læring og forbetring i heile organisasjonen. Forslag til innovative løysingar vil verte følgde opp. Det vert utarbeidd årsplanar. I årsplanane konkretiserer rådmannen krav til resultat og utvikling for den enkelte leiar. I løpet av året vert det gjennomført dialog om status og evaluering av resultatoppnåing i ein til ein møte. I tillegg utøver rådmann styringsdialog gjennom fellesmøte.

Utfordringar og planar

Rådmannen vil vidareutvikle grunntanken om at godt partssamarbeid skal bidra til ei omstillingsdyktig og serviceinnstilt kommune til beste for innbyggjarane og våre tilsette.

Rådmannen er oppteken av å legge til rette for at leiarane kan bruke mindre tid til administrasjon og meir tid til tenesteutvikling og leiding. Auka fokus på digitalisering, samhandling og samordning skal bidra til dette.

Rådmannen vil arbeide vidare med å utvikle og profesjonalisere kommunen. I alle styringsformer skal kommunen oppfattast som ein profesjonell part og agere deretter.

4.17 Plansystemet

Kommunen sine oppgåver følgjer av kommunelova, plan- og bygningslova, andre lover og føreskrifter, nasjonale føringar og politiske vedtak. Mange av oppgåvene blir operasjonalisert og implementert gjennom planar som inngår i kommunen sitt plansystem. Alle kommunen sine overordna planar vert vedtekne av kommunestyret. Det skal vere konsistens i kommunen sine styringsdokument ved at styringsdokument på eit lågare nivå skal vere ei operasjonalisering av dokument på eit høgare nivå.

Planstrategi

Kommunestyret skal minst ein gong i kvar valperiode (fireårsperioden), og seinast innan eitt år etter konstituering, utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi. Gjeldande planstrategi for Herøy kommune 2016 – 2020 vart vedteken i kommunestyret 24.11.2016.

Føremålet med planstrategien er å vurdere kva for planar som skal utarbeidast og reviderast i valperioden. For å vurdere planbehovet skal planstrategien drøfte kommunen sine strategiske val for samfunnsutvikling, langsiktig arealbruk, miljøutfordringar og tenesteområda sine utfordringar. Det skal i tillegg vurderast om det er behov for å revidere heile eller delar av kommuneplanen.

Kommuneplanen


Kommuneplanen er kommunen sitt overordna strategiske styringsdokument og inneheld mål og retningsval for kommunen si utvikling. Kommuneplanen består av ein samfunnsdel og ein arealdel. Planen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål og interesser. I forkant av kommuneplanarbeidet vert det utarbeidd eit planprogram. Planprogrammet omtalar kva for tema som vert planlagt revidert i kommuneplanen, utgreiingsbehov og medverknadsprosesser.

Samfunnsdelen konkretiserer mål, strategiar og ønska utvikling for Herøysamfunnet og kommuneorganisasjonen.

Arealdelen viser samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk, der avveging mellom vern og utbygging er viktig. Planen er juridisk bindande.

Kommuneplanen vert utarbeidd for ein periode på 12 år og vert revidert kvart fjerde år. Kommuneplanen skal ha ein handlingsdel (økonomiplan) som seier korleis planen skal følgjast opp i fireårsperioden. I Herøy kommune bør kommuneplanen sin handlingsdel i større grad innarbeidast i økonomiplanen.

Årshjul



Figuren illustrerer dei overordna strategiske prosessane knytt til kommuneplanen (4-årshjulet) og handlingsprogrammet (1-årshjulet).

Handlingsprogrammet

Kommunen sitt årsbudsjett og økonomiplan utgjer handlingsprogrammet. Årsbudsjettet og økonomiplanen vert utarbeidd gjennom ein felles prosess og vert integrert i same dokument.

Økonomiplanen har eit 4. årsperspektiv med årsbudsjettet som første år. Planen vert rullert årleg.

Årsbudsjettet er kommunen sitt dokument der det vert gitt løyvingar til ulike føremål. Det vil seie at vedteke budsjett gir kva for rammer kommunestyret har løyvd til kommunen si verksemd det komande året – rammene er bindande for rammeområda.

Gjennom handlingsprogrammet skal kommunen realisere målsetjingar fastsett i kommuneplanen sin langsiktige del, planlegge nye tiltak og føre kontroll med kommunen sin ressurstilgang og ressursbruk. Dei økonomiske rammene bygger på rammefaktorar i kommuneproposisjonen og statsbudsjettet. Økonomiske konsekvensar knytta til mål og tiltak i kommunen sine temaplaner, jamfør planstrategien, skal også innarbeia i handlingsprogrammet for oppfølging. I tillegg kjem ei rekkje måleindikatorar basert på kommunen si mål- og resultatstyring.

Handlingsplanar

	-	Ta del på prioriterte kurs innan personal- og organisasjonsfaget	Er i kontinueleg dialog med SSIKT.
	-	Gjennomføre opplæring for leiarar	Evrykurs for lønsmedarbeidar er gjennomført.
Tiltak i Økonomi-avdelinga	-	Kursaktivitet bl.a. knytt til nytt mva-regelverk	Del 1 av opplæring. Gjennomført.
Tiltak i Servicetorget	Innbyggjarundersøking	Utarbeide og ta i bruk serviceerklæring	Teke del på momskurs og Evry-samling.
	Ta i bruk tilbake-meldingssystem (HappyOrNot)	Interne kurs knytt til rolla som servicevert	Innbyggjarundersøkinga er gjennomført og handsama politisk.
Tiltak i IKT-avdelinga	Måle responstid på brukarstøtte (support)	Rutinar i høve nye prosjekt og innkjøp	Utarbeidd serviceplakat.
	Måle løysingstid på innmelde saker	Definere tenesteleveranse og SLA (Service Level Agreement) for SSIKT og lokal IKT-avdeling)	Gjennomført HappyOrNot-undersøking i 2017.
			Ikkje gjennomført interne kurs.
			Målar responstid på supporttelefonen.
			Skal prøve å ta ut Case-rapportar i slutten av året.

Tiltak Dokumentsenter og pol. Sekretariat	-	Endring av mal for saksframlegg, med samandrag av saka.	Gjennomført.
	-	Optimalisere og samordne innsyn/politikk på kommunene sine heimesider (Interkommunal arbeidsgruppe)	Gjennomført.
Tiltak i Eigedoms-avdelinga (Byggdrift)	Utarbeide nøkkeltal for måling av tenesteutvikling	Alle byggmessige avvik og aktivitetar skal registrerast i avvikssystemet Famac	Er på gang med å hente inn fakta. Ynskjer 2-3 nøkkeltal. Ikkje bestemt enno, då det er på veg ein Norsk standard.
Tiltak i Eigedoms-avdelinga (Bustad-forvaltning og startlån/tilskot)	-	Klargjering av bustad innan 30 dagar etter avlevering frå leigetakar	Gjennomfører faste bustadmøter med NAV, Helse og omsorg og økonomi.
	-	Utarbeiding av buopplæringsplan for alle nye kontraktshøve	Begynt å jobbe med (mal). Samarbeid md 7 stjerna i høve buopplæring..
	-	Finansinstitusjonar og brukarar skal få betre informasjon om startlån og tilskot	Planlegg møte med bankane. Gjennomført eitt møte.

Organisasjon:

Mål	Kommunen skal vere ein effektiv, kompetent, utviklingsorientert, lærande og politisk målstyrt kommune-organisasjon.	Alle medarbeidarane skal oppleve Herøy kommune som ein god arbeidsplass der det er lagt til rette for trivsel og motivasjon i tråd med arbeids-gjevarpolitikken sine mål.	Auka nærver i samsvar med målsettinga i IA-avtalen og totalt på heile kommunen minimum 92,5 %	Avgrense tidlegavgang: Flest mogleg og minst 90 % av dei som fyller 62 år skal stå i arbeid fram til fylte 65 år. Flest mogleg og minst 50 % av desse skal stå i arbeid fram til fylte 67 år.	Oppfylging
Tiltak i Staben	Leiarutviklings-program i samband med medarbeidar-undersøking (10-faktor) i regi av KS konsulent	Med bakgrunn i resultat og faktorane i medarbeidar-undersøkinga 10-faktor, skal det utarbeidast tiltaksplanar.	Gjennomføre regelmessige IA-møte med partane i IA-uvalet	Revidering av arbeidsgjevar-politikk og rutinar på personal-området	Leiaurtviklings-programm gjennomført i regi av KS. Arbeidet med tiltakaplanar er i gang.

Samfunnsutvikling:

Mål	Herøy kommune skal vere ein attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i.	Innbyggjarane, frivillige organisasjonar og næringsliv er tilfredse med kommunen si rolle som tilretteleggar for tryggleik, trivsel og utvikling og kommunen si rolle som samfunnsbyggjar.	Herøy kommune skal ha godt omdøme.	Oppfylging
Tiltak i Stab	Obligatorisk opplæring for nytilsette	-	-	Fyrste opplæring 24. Mars. Berre ein møtte. Må endre opplegget.
	Gjennomgang og revisjon av arbeidsgjevarpolitikken	-	-	Under arbeid, i lag med gjennomgang av rutinar, retningslinjer og avtalar.

Prosjekttiltak Egedomsavdelinga			
Nr.	Prosjekt	Aktivitet	Oppfylging
51408	Einedalen skule – fleirbrukshall	Revisjon av byggeprogram	Byggeprogram er vedteke. Prosjektet er finansiert. Planlagt byggestart i 2018.
51412	Omsorgsbustadar og base for heimetenesta	Nybygg	Prosjektet skal økonomisk avslutta. Forseinka grunna prosjektleiar's oppsigelse av stillinga.
60106	Herøy kulturhus og idrettshall	Asbestsanering	Asbestsanering og gulvlegging er ferdigstilt.
		Nye ytterdører og skalsikring	Ytterdører er skifta ut. Skalsikring er etablert.
		Soneinndeling og delvis utskifting av innerdører	Utskifting av ytterdører og soneinndeling pågår.
		Rehabilitering av lokale for Frivilligsentralen	Utført. Frivilligsentralen har flytta frå dei gamle lokala i Fosnavåg.
60604	Hovudbrannstasjon	Forprosjekt - alternative løysingar	Forprosjekt er vedteke. Prosjektet er finansiert. Planlagt byggestart i 2018. Val av tomt gjenstår.
61302	Ny bil egedomsavdelinga – reinhald	-	Kjøpt
61504	Herøy ressurscenter	Forprosjekt	Egedomsavdelinga avventar overordna vurdering av det framtidige helse- og omsorgstilbodet i Herøy.
61510	Nedre Dragsund 2 - mindre rehabilitering	Tilrettelegging for utleige.	Brannteknisk prosjektering for eventuell ombygging er utført, men det vart ikkje løyvd midlar til ombygging i 2018-budsjettet. Dette er uheldig for egedomsavdelinga som dermed misser næringsleigeinntekter for bygget.

			Fasade mot Kulturhuset er rehabilitert. Fasade mot ungdomsskulen rehabiliterast i 2018.
70016	Bergsøy skule Borga - mindre rehabilitering	Rehabilitering av yttertak – gymsal	Uteområdet mot Havila Stadion og Kulturhusområdet er fristilt for ordinær bruk. Fasade mot ungdomsskulen er fortsatt avstengt grunna fare for takras.
		Desentralisert ventilasjon – prøveprosjekt	Ferdigstilt. Meget positive resultat.
70017	Brannsikring av kommunale bygg	Lukking av branntekniske avvik	Landa tiltak 2,8 mill i midlar
70018	EPC – Energisparekontrakt	Fase 1 – Analyse	Vi førebur sak til kommunestyret vedrørende opsjon på vidare samarbeid med AF gruppen.
70020	Herøy omsorgssenter - mindre rehabilitering	Oppgradering av utvendig rømningsveg	Gjennomført.
		Nye ytterdører og skalsikring	Gjennomført.
		Rehabilitering av brannseksjonering mot Herøy helsesenter	Gjennomført.
		Bygging av mindre utebod for kjøkkenavdelinga	Gjennomført.
70021	Herøy rådhus - mindre rehabilitering	Asbestsanering	Gjennomført.
		Nye ytterdører og skalsikring	Konkurransesgrunnlag for lås og beslag er sendt ut. Konkurranse for ytterdører avventer denne utlysinga.
		Nye branndører	Konkurranse for branndører avventer utlysinga av lås og beslag.
		Ombygging av personaltoalett	Toalettet i 3. etasje er fortsatt avstengt, men skal rehabiliterast i samsvar med dagens løysing.
		Rehabilitering av personheis – forprosjekt	Norconsult har vore på synfaring med tanke på rullestolrampe, ombygging av hovudinngang og detaljprosjektering av personheisrehabilitering.
70022	Leikanger skule og grendahus	Tilbygg og rehabilitering	Økonomisk avslutning står att.
70039	Kvithaugsmyra 4 - mindre rehabilitering	Rehabilitering av yttertak	Gjennomført.
70040	Myrsnipa barnehage - mindre rehabilitering	Rehabilitering av yttertak	Gjennomført.

Planlagd vedlikehald Eigedomsavdelinga	
130 – Administrasjonslokale	
Herøy Rådhus	Montering av avfuktingsanlegg
	Reparasjon av rustsprenging – utvendig kledning.
	Montering av avfuktingsanlegg
221 – Førskulelokale	
Bergslia bhg	Reparasjon av overvannsledning og asfalterting
	Utskifting av poten til barnehagen
222 – Skulelokale	
Nerlandsøy skule	Rehabilitering av trapperomet
Stokksund skule	Maling av betongkonstruksjonar
Ytre Herøy Ungdomskule	Maling av betongkonstruksjonar
	Reparasjon rustsprenging i fasaden
Stokksund skule	Etablering av reinhaldssentral
Bergsøy skule Blåhaugen	Maling av betongkonstruksjonar
	Reparasjon av uteområdet
234 – Aktivitetstilbod	
Solheim dagsenter	Utskifting av taktekking og underkonstruksjon
241 – Helsebygg	
Herøy helsesenter	Montering av solskjerming
261 – Institusjonslokale	
Herøy omsorgssenter - raud og grøn avdeling	Maling av betongkonstruksjonar
	Generell oppussing av skyllerom og lager
	Utskifting og reparasjon av golvbelegg
	Rens av ventilasjonskanaler til kjøkken
Herøy omsorgssenter - blå avdeling	Overbygg reservestraumaggregat
Myrvåg omsorgssenter	Skifte vindu fløy A byggetrinn 1
265 – Utleigebustadar	
Sjukeheimsvegen 6	Maling av trekledningsvegg
Trolldalsvegen 16-18	Maling av trekledningsvegg
Rabbegjerdet 3	Maling av trekledningsvegg
Tjørvågvegen 274-276	Maling av trekledningsvegg
	Vedlikehald av elektrisk installasjon
Øvre Myklebust 15	Maling av trekledningsvegg og montering levegg
Solbergvegen 2-4	Maling og reparasjon trekledningsvegg
386 – Kulturbygg	
Fosnavåg konserthus og kino	Vedlikehold av parkettgolv.

Prosjekttiltak IKT-avdelinga

Prosjekt	Aktivitet	Oppfølging
Nytt supportsystem IKT	Testfase	Ferdig. Er i full drift. Vert kopla mot SLA 2018.
Vurdering nytt skuleadministrativt system	Sjustjernaprojekt	Avtale signert og nytt system klart for installasjon 2018. SSIKT-prosjekt.
Flytting av kulturserver/DX-billettsal	Mogleg i februar, men ventar på svar frå DX	Ferdig. Gjennomført i mars
Nytt program helsestasjon	Overgang til HsPro saman med Sande (dei andre 5 køyrer dette)	Utsett på ubestemt tid. Avgjerda ligg til avdeling for Barn, familie og helse/Helsestasjonen
WIFI- Flytte alle WIFI-antenner over til SSIKT	Starta januar - Cisco prime for wlan kontrollere vil forenkle bl.a. utdeling av gjestenett-passord	Ferdig
Flytte internettaksess	Februar/mars	Ferdig
Flytting av ISY-proaktiv	2017	Ferdig. KomTek installert.
Oppgradering av ShiftManager til ny versjon	Veke 6	Ferdig
Flytting av DB Visma barnehage	Program er flytta til driftssenteret, database ligg igjen lokalt	Ferdig
Prosjekt 10G nettverk	Kjernenettet klart for 10G linjer ut til andre kommunale bygg med fiber. Vert testa mot skular som nyttar streaming	Ferdig
Flytting fiber rådhuskjellar	Tussa og Herøy kommune sin fiber skal trekkast til telerommet i staden for gamle serverrommet. (tussa ville finne ein dato i februar). Full nedetid alle tenester	Ferdig, flytta den 15.03.18
Utrulling iPad til alle elevar på 1. og 2. trinn	Samarbeid med oppvekstavdelinga som finansierer kjøp av einingane	Ferdig
Nedbygging/avvikling serverrom på rådhuset	2017	Ferdig
Nybygg OBOBH – Eggesbøtun	Trådlaus, klientar, AV osv.	Ferdig
Maskinrulling	2017	Ferdig
Nye AV-løysingar møterom rådhus	2017	Smarttavle møterom i Servicetorg. Videokonferanse til møterom 1. Smarttavle i formannskapssalen. Opplæring planlagt 2018.
ID-kort?	2017?	Bilete er lagt inn av alle på rådhuset og kort-skivar er kjøpt inn. Må avklare kven som skal produsere korta i kommunen
Flytting av låsesystem?	2017?	Utsett til 2018
Flytting av SD-anlegg?	2017?	Eigedom har eit eige prosjekt rundt dette

8.5 Årsrapport sektor Oppvekst

Tenester og oppgåver i sektoren

Sektor Oppvekst omfattar barnehage, grunnskule, kulturskule, pedagogisk- psykologisk tenestekontor og Internasjonal skule.

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ta i vare barna sine behov for omsorg og lek, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjøving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Kommunen har 4 kommunale og 5 private barnehagar.

Grunnskulen arbeider etter nasjonale styringsdokument som opplæringslova m/forskrifter, læreplanverket, ulike stortingsmeldingar og rundskriv.

Det er eit mål at alle elevar skal oppnå grunnleggande ferdigheiter og oppleve meistringar og utfordringar i skulen. Grunnskulen bygger på prinsippet om likeverdig og tilpassa opplæring for alle i ein inkluderande fellesskule.

Målet for dei vaksne på Internasjonal skule, er å hjelpe den enkelte til eit meir meningsfylt liv i det norske samfunnet. Dei skal få tilstrekkeleg norskopplæring og kunnskap om det norske samfunnet til å styrkje grunnlaget for sjølvstendig innsats og samarbeid med andre i yrke og samfunnsliv.

Alle kommunar skal ha eit kulturskuletilbod til barn og unge, i tråd med opplæringslova. Kulturskulen i Herøy er mellom dei største i fylket, med undervisning i fleire musikkuttrykk, dans og drama.

PPT skal hjelpe skular og barnehagar i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling, for å legge opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov. Tenesta skal i tillegg vere eit sakkunnig organ.

Satsingsområde	Måleindikator	Resultat 2016	Mål 2017	Resultat 2017
Grunnskulen				
Målretta arbeid med lesing	Resultat Nasjonale prøver lesing 5.trinn. Prosent elevar på Meistringsnivå 2 og 3	59,9%	65%	66,7%
Alle elevar skal ha eit godt læringsmiljø	Resultat frå Elevundersøkinga, indikator Meistring	7.trinn;3,9 10.trinn;3,8	Minimum 4,0	7.trinn 3,9 10.trinn 3,9
	Grunnskulepoeng 10.trinn	39,9	42	41,6

Barn skal trivast på SFO	Udir si Foreldreundersøking	-	4,5	4,2
Samla trivsel skule/SFO			4,5	4,6
Barnehagen		Resultat 2016	Mål 2017	Resultat 2017
Mange nok pedagogar til å gi barna eit tilbod i samsvar med lokalt og nasjonalt lovverk.	Pedagogtettleik over minstenorm, for å møte muleg framtidig krav	-	50% innan 2020	Snitt alle barnehagar, 43%
Godt samspel vaksne-barn og barn-barn.	Brukarundersøking	-	5,4	5,4
Godt samarbeid med heimen	Brukarundersøking		5,4	5,5

Nøkkeltal	2015	2016	2017
Kommunale barnehagar	4	4	4
Barneskular	5	5	5
Kombinerte skular (1-10)	1	1	1
Ungdomsskular	1	1	1
Barn i kommunale barnehagar	123	121	116
Andel barn med barnehageplass	93,6%	95,3%	92,6
Elevar barnetrinn	755	749	739
Elevar ungdomstrinn	309	303	322
Elevar i SFO	288	299	271
Elevplassar musikkundervisning	297	301	242*
Elevplassar andre kulturuttrykk	290	302	299

* I tillegg: Prosjekt "Korps i barnehage og skule", der barn får opplæring i messingblåseinstrument og samspel. Dette er eit samarbeid mellom grunnskule, kulturskule og lokale korps.

** Kostra-tal ikkje klare for 2017

	2014-15	2015-16	2016-17	2017-18
Tal på elevar	1064	1052	1059	1061
Tal på årsverk lærarar	97,5	99,7	100	98,5
Tal på lærarar	115	113	113	115
Tal på elevar pr.årsverk til undervisning	12,7	12,4	12,2	12,3
Årsverk ass/fagarb. i undervisning	13	12	12	13
Årsverk ass/fagarb. SFO	8,5	9	11	13
Lærartettleik 1.-7.trinn	13,1	12,9	12,6	12,6
Lærartettleik 8.-10.trinn	15,8	14,9	15,3	15,8
Undervisningstimar totalt pr.elev	56	58	58	58
Årsverk pedagogar i barnehage	11,6	12,9	11,2	13,8***

Årsverk assistentar/fagarb. i barnehage	12,9	11,7	13,3	12,1
Årsverk tilsette PPT	5,05	5,05	5,05	5,05
Årsverk tilsette kulturskolen	8,26	8,76	8,68	8,19
Årsverk tilsette Vaksenopplæring (norsk, samfunnsfag)	4,0	4,0	7,5*	4,0
Årsverk stab Oppvekst	3,0	3,0	3,0	4,0 **

*Pga mindreårige asylsøkjere, avd EMA

** Pga omorganisering, og tidl barnehageleiar inn i stab oppvekst

*** Inklusiv styrarar, samt spesial- og støttepedagogar felles for alle barnehagar

Nokre samanlikningar for 2017 (skuleåret 2017/18)

	Herøy	Fylke	Nasjonalt
Tal på elevar pr.årsverk til undervisning	12,3	11,2	12,0
Lærartettleik 1.-7.trinn	12,6	11,8	12,9
Lærartettleik 8.-10.trinn	15,8	13,6	14,2
Undervisningstimar totalt pr.elev	58	64	60
Andel årstimar gitt av godkjent personale (prosent)	98,6	95,1	95,6
Korrigerte opphaldstimar barnehage	12263	11111	11363

Nasjonale kvalitetsindikatorar grunnskule

Prøvetype Nasjonale prøver	Herøy kommune	Møre og Romsdal fylke	Nasjonalt
Lesing 5. kl	47	49	50
Rekning 5.kl	49	50	50
Engelsk 5. kl	51	50	50

Prøvetype Nasjonale prøver	Herøy kommune	Møre og Romsdal fylke	Nasjonalt
Lesing 8.trinn	46	49	50
Lesing 9.trinn	52	53	54
Rekning 8.trinn	49	50	50
Rekning 9.trinn	53	53	54
Engelsk 8.trinn	48	50	50

Fag Eksamen	Herøy	Møre og Romsdal	Nasjonalt
Norsk hovudmål skriftleg eksamen	3,1	3,4	3,4
Norsk Munnleg eksamen	4,2	4,5	4,4
Matematikk skriftleg eksamen	3,5	3,4	3,4
Engelsk Skriftleg eksamen	3,4	3,7	3,8
Engelsk Munnleg eksamen	4,0	4,5	4,5

For resultat elles, viser ein til Tilstandsrapporten for grunnskulen 2017.

Viser også til revidert Strategi for skuleutvikling, med kvalitetsmål og handlingsplanar for 2018-22.

8.6 Årsrapport sektor Helse og omsorg

Tenester og oppgaver i helse og omsorg

Sektor helse og omsorg omfattar avdelingane pleie og omsorg, barn, familie og helse, bu og habilitering og tenestekoordinering.

Gjennom helse og omsorg skal kommunen

- sikre at alle som har behov for helse- og omsorgstenester vert gitt tryggleik for nødvendige og individuelt tilpassa tenester.
- sikre at det vert gitt eit heilskapleg, samordna og fleksibelt tenestetilbod som ivaretek kontinuiteten i tenesta.
- bidra til at den enkelte får høve til å leve og bu sjølvstendig og til å ha eit aktivt og meningsfullt tilvære i fellesskap med andre.
- sikre at tenestetilbodet så langt som råd vert utforma i samarbeid med brukaren.
- fremje innbyggjarane si velferd ved mellom anna å fokusere på folkehelse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold, søkje og førebyggje og behandle sjukdom, skade eller lyte innan dei områda avdelinga har ansvar for.
- særleg sikre at innbyggjarar som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg i rett tid, samt bidra til at born og unge får trygge oppvekstvilkår.
- spreie opplysning om, og auke interessa for, kva den enkelte sjølv og allmenta kan gjere for å fremje sin eigen trivsel og helse.

Standard for heimehjelp, heimesjukepleie og institusjonsomsorg er fastsette i tenesteerklæringar som er vedtekne av kommunestyret.

Resultatmål barnevern	Barnevernet leverar kvalitativt gode tenester til dei som treng det.	Undersøkelsessaker i barnevern skal følgje krava til tid for undersøking som er i lovverket.
Korleis måle?	Brukarundersøking.	Ingen overskridelser i undersøkelsessaker.
Tiltak	Brukarundersøking fyrste halvår 2017.	Gjennomgang og forbetningsarbeid etter forvaltningsrevisjon.
Resultat 2017	Ikkje gjennomført.	Ingen overskridingar over 6 månader.
Resultatmål legetenesta	Legetenesta leverer kvalitativt gode tenester.	“Ta tilbake” pasientane til Herøy frå andre kommunar ved så skape trygghet for befolkninga med stabil legedekning.
Korleis måle?	Brukarundersøking.	Rekruttere i henhold til rekrutteringsplan for fastleger.
Tiltak	Brukarundersøking, fyrste halvår 2017.	Tilsette i 4 ledige heimlar.
Resultat 2017	Ikkje målt opp mot landssnitt, men ok resultat.	Rekruttert i 2 ledige heimlar.
Resultatmål psykisk helse	Tal på ungdom som slit psykisk i kommunen, skal reduserast	Auke tal på personar med vedtak på tenester i Psykisk Helse, som har tildelt aktivitetstilbod utanfor eigen heim.
Korleis måle?	Ny kartlegging av status, med betre resultat enn 2015.	Fleire inn i tildelte dagaktivitetstilbod, gruppetilbod og individuelt tilpassa tilbod.

Tiltak	UngData kartlegging, fyrste halvår 2017.	Oppstart av prosjektet "Kvikk" Herøy.
Resultat 2017	Gjennomført. Tverrfagleg plan er revidert som følge av kartlegginga.	Tal på aktive vaksne (18-67 år) med aktiviseringstilbod i teneste for psykisk helse, var meir enn tredobla ved utgangen av 2017 .
Resultatmål rehabilitering	Fysioterapitenesta leverar kvalitativt gode tenester.	Redusere ventelistene til fysioterapi
Korleis måle?	Brukarundersøking for dei private fysioterapeutane.	Færre på venteliste.
Tiltak	Utvikle og gjennomføre ei brukarundersøking, slik at ein kan følge utviklinga.	Gode gruppetilbod som gir tilbod til fleire samstundes.
Resultat 2017	Gjennomført. Ikkje målt mot landssnitt. Ok resultat. Forbetringsbehov knytt til ventelister.	Fleire gruppetilbod er starta opp.
Resultatmål flyktningetenesta	Få på plass gode samarbeidsrutinar med samarbeidspartane i flyktningetenesta.	
Korleis måle?	Evaluerer samarbeidsavtalen mellom NAV, Internasjonal skule og flyktningetenesta.	
Tiltak	Etablere nye faste møtepunkt med andre samarbeidspartar.	
Resultat 2017	Samarbeidsrutinar med klar ansvardeling Flyktning – NAV utarbeidd. Samarbeidsavtale er ikkje fornya.	
Resultatmål NAV	Redusere utbetaling av økonomisk sosialhjelp, jamført med same tidspunkt i 2016	
Korleis måle?	Mindre utbetaling i 2017 enn i 2016.	
Tiltak	Følgje utvikling nøye, og sjå på tiltak for å redusere utbetalinga.	
Resultat 2017	Resultatet vart eit meirforbruk på 4,9% eller NOK 297 759. Endring i 4. Kvartal var på heile 42% eller NOK 654 609, noko som gir oss ei stor bekymring for 2018. Kontoret har i 2017 hatt høgare aktivitet på arbeidsmarknadstiltak enn nokon gong. I tillegg er det starta opp prosjekt som Klekkeriet, Slippen, Kommunal tiltakspakke, Jobbklubb i Fosnavåg og andre prosjekt i samarbeid med kommunen som Grønt Team o.a. innan teknisk sektor.	
Resultatmål buhabtenesta	Sikre kvalitet, likeverdig tenestetilbod og stor grad av brukarorientering.	Kompetanseutvikling i teneste for utviklingshemma.

Korleis måle?	Brukarundersøking	Fleire tilsette med yrkes og høgskulekompetanse i tenesta. Frå 74,5 % til 80% tilsette med utdanning.
Tiltak	Brukarundersøking i bedre kommune, fyrste halvår 2017.	Målretta kurstilbod, vidare og etterutdanning, og god bruk av fagdagar.
Resultat 2017	Gjennomført. Resultat 4.4 mot landsnittet på 4.6.	Ikkje måltal per d.d på utdanningsgrad. 0 dispensasjonar knytt til kap. 9 om tvang og makt i 2017.
Resultatmål pleie og omsorgstenesta	Eit trygt og godt tenestetilbod til dei som treng det.	Betre kvalitet i demensomsorga
Korleis måle?	Brukarundersøking i bedre kommune.	Auka tal på tilsette med vidareutdanning innan demens, frå 12 til 15 tilsette.
Tiltak	Brukarundersøking for dagsenter og institusjon, fyrste halvår 2017.	Tilby vidareutdanning til dei som kan vere aktuelle.
Resultat 2017	Gjennomført. Resultat 4.7 mot landsnittet 4.6.	Auke frå 12 til 13 tilsette. I tillegg tok 21 tilsette ABC'en om musikkbasert miljøbehandling.
Resultatmål pleie og omsorgstenesta	Offensiv satsing på velferdsteknologi	
Korleis måle?	Auke i tal på tilsette med mobilpleie i tenesta frå 24 til 30.	
Tiltak	Auke i lisensar ved behov. Pilot på eRomprosjekt i Myrvåg 2017.	
Resultat 2017	Auka frå 24 til 31 tilsette med mobilpleie i tenesta. Pilot på eRom i Myrvåg er utsatt til 2018.	

Planlagde tiltak og investeringar

Ny omsorgsbustad med 16 husvære vart oppført ved blå avdeling på Eggesbønes. 15 omsorgsbustadar med tilbod om heildøgns omsorgstenester erstatta dei ti sjukeheimsplassane ved gul avdeling som vart lagt ned. 1 husvære er knytt til blå avdeling. Innflytting var i mars 2017.

Pleie og omsorg

Nøkkelinformasjon	2017
Tal på omsorgsbustad helse og omsorg (84 + 25)	109
Ressurskrevjande brukarar	12
Tal på sjukeheimsplassar	91
Øyeblikkeleg hjelp – senger	2
Dagplassar institusjon	16
Tal på brukarar som har hatt matombering i 2017	126

Tal på brukarar som har hatt tryggleiksalarm i 2017	208
Tal på brukarar som har hatt omsorgsstønad i 2017	30
Tal på brukarar som har hatt støttekontakt i 2017	145
Personleg assistent	1
Tal på vedtak i helse og omsorg	1764
Tal på personar som har fått vedtak	564
Avslag	44
Tal på klage	9

Klager:

- Vedtak: 2 klager. Ny saksgang.
- Innhald i teneste: 4 klager. I 2 av dei fekk kommune medhald. Dei 2 andre er ikkje behandla hjå fylkesmannen.
- Vederlag: 2 klager. Medhald på ei, den andre ny saksgang.
- Betaling: 1 klage. Ikkje ferdigbehandla hjå fylkesmannen.

Liggedøgn institusjon:

Herøy helse og omsorgssenter, 56 senger fordelt slik:

Grøn avd 20 senger

Raud avd 20 senger

Blå avd 16 senger

Gul avd 10 senger

Samla liggedøgn i perioden: 20 884 liggedøgn/365 dagar utgjer 57,2 pas i gjennomsnitt kvar dag av 56 senger (102%). Men vi hadde 66 senger fram til 06.03.17. Og i tillegg benytter vi oss av eit ekstra rom på Blå.

Myrvåg omsorgssenter, 35 senger fordelt slik:

Avd A 17 senger

Avd B 18 senger

Samla liggedøgn i perioden: 12 215 liggedøgn/365 dagar utgjer 33,5 pas i gjennomsnitt kvar dag av 35 senger (95,6%).

Tilsaman: 33 099 liggedøgn/365 dagar er 90,68 pas av 91 senger*. Beleggsprosenten i perioden samla: 99,6%.

*91 senger frå 06.03.18.

Øyeblikkeleg hjelp, 2 senger.

112/365 dagar er 0,30 pas i gjennomsnitt, fordelt på 2 senger. Beleggsprosenten i perioden: 15,3% (basert på tall i Geric).

Tal på brukarar som har fått opphald i institusjon:

	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Langtid	56	47	37	53	50	57	45	42	55
Korttid	60	57	54	90	87	82	103	99	118
Avlastning	0	2	0	3	2	0	2	1	0
Sum	116	106	91	146	139	139	165	142	173

Tal på brukarar som har hatt heimeteneste i 2017	377
Tal på brukarar som har hatt praktisk bistand i 2017	240

Barnevern:

Nøkkelinformasjon	2014	2015	2016	2017
Melding	67	53	94	78
Tal på undersøkingar	36	50	76	66
Avslutta undersøkingar	46	42	62	62
Barn under omsorg	9	8	9	12
Barn på midlertidig tiltak (4-6,2). Beredskapsheim	2	0	0	0
Barn med hjelpetiltak pr. 31.12.	58	68	81	61
Barn i fosterheim	8	8	9	10
Barn i ungdomsheim Barn i barneverninstitusjon	1	1	1	2
Barn i ettervern (etter fylte 18 år) pr. 31.12.	6	10	9	8

Merknad:

Statistikken viser at barnevernet i løpet av 2017 har arbeidd med 78 nye meldingar/barn. Av desse vart det oppretta undersøkingssaker på 66 av desse. Barn under omsorg og i løpande hjelpetiltak kjem i tillegg. Barn som går ut av omsorg ved fylte 18 år og som ynskjer å bli fylgt opp med ettervernstiltak blir prioritert. Barnevernet har tilsyn med 13 fosterbarn som er plassert i Herøy frå andre kommunar.

Fristar for barnevernsundersøkingar:

Første halvår 2017: 3 fristoverskridingar

Andre halvår 2017: 0 fristoverskridingar

Helsestasjon og skulehelsetenesta:

Nøkkelinformasjon	2014	2015	2016	2017
Born fødde	102	92	92	99
Heimebesøk til nyfødde	72	88	92	86
Foreldreførebuande kurs	25 par	21	23	22
2 -årskonsultasjonar	Tilbod til 100% - Tilnærma 100% oppslutning	81	90	81
4 -årskonsultasjonar	Tilbod til 100% - Mellom 95 - 100% oppslutning	98	88	79
HFU konsultasjonar (open 1dag/2t i veka)	78	113	64	147
Vaksinasjonsprogrammet	95-100%	95% men SYSVAK melder om 85%	95%	96%
Reisevaksiner	258	668	695	673

Årsverk sektor helse og omsorg: 253 årsverk**Årsverk kommunalsjef: 1,0**

Årsverk:	2017
Talet på årsverk	1
Adm årsverk, KOSTRA funksjon 120	1

Årsverk pleie og omsorg: 136,2

Årsverk:	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Talet på årsverk	143,24	141,73	142,23	143,9	143,182	136,2
Adm årsverk, KOSTRA funksjon 120	5,3	5,3	5,3	5,3	4,5	1,0
Fagressurs teneste	137,94	136,43	136,93	136,93	138,6	135,2

Årsverk bu og habilitering: 61,4

Årsverk	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Talet på årsverk	58,2	58,8	59,4	62,4	62,4	61,4
Adm årsverk, KOSTRA funksjon 120	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0
Fagressurs teneste	57,2	57,8	58,4	61,4	61,4	60,4

Årsverk barn, familie og helse: 47,4

	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Talet på årsverk	38,2	38,2	38,7	38,7	47,4	47,4
Adm. årsverk KOSTRA, funksjon 120	1,7	1,7	1,2	1,2	1,7	1,7
Fagressurs teneste	32,96	32,96	33,46	33,46	41,5	41,5

Årsverk tenestekoordinering: 7,0

Årsverk:		2017
Talet på årsverk		7
Adm årsverk, KOSTRA funksjon 120		0,2
Fagressurs teneste		6,8

8.7 Årsrapport sektor Samfunnsutvikling

Tenester og oppgaver i sektoren

Å legge til rette for at Herøy kommune er ein god plass å bu, arbeide og besøkje, skal vere gjennomgåande for den aktiviteten som avdelinga styrer etter. Frå 01.01.2017 vart kulturavdelinga ein del av sektor samfunnsutvikling.

Avdelinga sitt arbeid omfattar eit vidt spekter av oppgaver som planlegging, byggesak, geodata, gjennomføring av anleggsprosjekt, teknisk drift av infrastruktur, VAR- område, naturforvaltning, friluftsliv, arbeid mot barn og unge, kulturproduksjon, folkebibliotek, frivilligsentral mm.

Utfordringane varierer frå tenesteområde til tenesteområde, men ein skal oppnå og dokumentere tilfredsstillande resultat og kvalitet innanfor dei ulike tenesteområda. Sektoren skal vere kjend for å:

- Sikre god brukarmedverknad og løpande utvikling i tenesteytinga
- Levere tenester i samsvar med brukarane sine lovfesta rettar.
- Digitalisering, innovasjon og bruk av ny teknologi

Utviklingsavdelinga

Planlagde driftstiltak	Gjennomføring
Etterslepet av ubehandla og ikkje ferdigbehandla saker (bygge-, dele- og dispensasjonssaker) skal vere så lavt som råd.	I løpet av 2017 er det registrert inn 376 nye saker medan det vart produsert 383 vedtak. Avdelinga ser ein nedgang av innkomne saker, men kompleksiteten aukar.
Saksbehandlingstida for oppmålings-forretningar skal vere kortare enn lands-gjennomsnittet og kurante saker skal ha ei maks. behandlingstid på 12 veker (frå behandla delesak til tinglyst matrikkelbrev).	I 2017 vart det utarbeidd/ferdigbehandla 85 matrikkelbrev. Ein ser ein klar nedgang i saksmengde innanfor dette ansvarsområdet knytt til frådelingar.

Anlegg og driftsavdelinga

Planlagde driftstiltak og investeringar	Gjennomføring
Hamneavgifter	Innført frå 1. april 2017.
Pumpeleidning frå Vågsholmen til Ytre Almenning – samarbeid Herøy Vasslag	Ferdigstilt.
Almenningen	Delvis ferdigstilt.
Myrabakken bustadfelt på Moltu	Ferdigstilt
Opparbeiding/tilordning Vike-Toftedal	Ferdigstilt.
Mindre prosjekt i bustadfelt og snuplasser.	Ferdigstilt

Myrabekken avskjeringskanal på Moltu	Ferdigstilt.
Leikanger skule(tilkomst, snuplass og parkering).	Ferdigstilt.
Elbil ladestasjonar , ytre og indre Herøy	Ferdigstilt.
Trafikktryggingstiltak	Prosjekt 2017 ferdigstilt
Mjølstadneset etappevis utbygging	Delvis ferdigstilt
Leine hamn, heving av industriveg m.m.	Ikkje oppstarta.
Avlaupsplanen	Avlaupsleidning ved Kiwi er ferdigstilt.
Mjølstadneset-tilrettelegging av areal	Det er inngått avtale om masseuttak som eit ledd i ferdigstilling av industriareal.

Brann og redning

Brann	Måleindikator	Resultat 2016	Resultat 2017	Mål 2017
Feiing og tilsyn	Feiing av pipe og tilsyn av ildsted	Feiing 1450 Tilsyn 725	Feiing 1470 Tilsyn 735	Ein skal halde same frekvens som i 2016
Trygg og sikker innsats	Måleindikatorar hentast ut frå adaptit	0-skadde under innsats	0-skadde under innsats	0-skadde under innsats
Tverrfagleg kartlegging av risikogrupper	Rapportering gjennom samarbeid	0	3	3 kartleggingar
Bekymringsmeldingar	Utføre tilsyn når ein mottek bekymringsmeldingar	0	2	100%
Nasjonale kampanjer	Ein skal følgje opp nasjonale kampanjer knytt til ansvarsområdet	3	4	3 kampanjer

Kulturavdelinga

Kultur	Måleindikator	Resultat 2016	Resultat 2017	Mål 2017
Kulturkontor	Godkjend kulturminneplan	-	0	1
	Nye turkart i samarbeid med Sande kommune	-	0	1
Barne- og ungdomsarbeid	Tal besøkande fritidsklubben pr. veke fordelt på to kveldar	100 (haust)	100+	100
	Tal saker med uttale frå ungdomsrådet	3	3	5
	Tal gjennomførte ungdomsarrangement pr år.	5	4	10
	Tal deltakarar på UKM	43	45	50
Frivilligsentral	Flytte etablerte møteplasser/tiltak til nye lokalar i Kulturhuset	-	0 (flytting gjennomført i desember)	100 %
	Etablere nye møteplasser og tiltak	-	0 (flytting gjennomført i desember)	2

Kulturhus	Tildeling av øvingstider til alle som søker (innan fristen)	100 % (ny)	100 %	100 %
	Brukarundersøkingar	-	0	1 pr/år
Idrettshall	Tildeling av treningstider til alle som søker (innan fristen)	71 %	100 %	100 %
	Brukarundersøkingar	-	0	1 pr/år
Folkebibliotek	Auke tal aktive personlige lånarar	1 122	1 079	5 %
	Auke tal arrangement for unge	6 (ny)	0	2
Konserthus	Selte billetter	15 000	14 375	14 000
	Tal arrangement pr. år (40 egne + 20 innleigde)	69 (44 egne og 24 innleigde)	70 (42 egne og 28 innleigde)	60
	Brukarundersøkingar	-	0	1 pr/år
Kino	Selde billetter	30 429	25 856	29 000
	Brukarundersøkingar	-	0	1 pr/år

Årsverk

	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009
Talet på årsverk - Utvikling	7,0	5,0	6,0	7,0	7,0	7,0	7,0	6,9	6,8
Talet på årsverk - Anlegg og drift	9,5	9,5	12,8	12,8	12,0	12,0	10,3	-	-
Talet på årsverk (og teneste)- Brann og Redning	3,1	3,1	3,0	3,0	3,0				
Talet på årsverk - Kultur	10,69*	10,54	11,19	11,39	9,09	9,4	8,9	-	-
Adm. årsverk, KOSTRA funksjon 1200	0,5	0,4	0,4	0,4	0,4	0,4	0,4	0,4	0,4

*Timetilsette ved fritidsklubben er ikkje medrekna.

9. Endringsbehov

9.1 Økonomiplanen

I K-sak 165/17: Budsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021 vart det gjort slik oppstilling over balansen i økonomiplanperioden:

	2018	2019	2020	2021
Innsparingar				
Rammeinnsparing	7450	7 450	7450	7 450
Vakansar/stillingsred.	920	620	620	620
Andre driftsinnsparingar	0	0	0	0
Sum innsparingar drift	8 370	8 070	8 070	8 070
Kalk renter/avskrivning VAR	400	800	1200	1 600
Bruk av fonds	11 275			
Ytterlegare driftsreduksjonar		10 000	10 000	10 000
Bruk av fonds/eigedomsskatt/auka skatteinntekter		2 715	5 945	8 555
Sum auka innt/red kostn	11 455	14 555	17 155	20 555
Tot innsparing/auka innt	19 825	22 625	25 215	28 625
Skal finansiere:				
Driftsrammer høgare enn inntekter til fordeling	14555	14 555	14555	14 555
Nye tiltak	5 270	3 870	3 570	3 870
Auka renter/avdrag	220	3 160	7 090	9 800
Sum til inndecking	20 045	21 585	25 215	28 225
Diff	0	0	0	0

Oppstillinga viser at det er eit stort behov for å redusere utgiftene/auke inntektene i åra framover.

9.2 Evaluering av helse- og omsorgstenesta

Ressurssenteret for omstilling (RO) presenterte evalueringsrapporten for helse og omsorgstenestene i kommunestyret 31.08.17. RO meiner at kommunen må arbeide vidare med:

- Klargjere strategiar for helse og omsorg politisk og organisasjonsmessig – gå gjennom konsekvensar og einast om ideologi, retning, konsekvensar og prioriteringar.
- Det bør spesielt jobbast med innretning av tenestetilbodet innan pleie og omsorg – er innretninga i dag bærekraftig? (Heimetenester – institusjonsdrift, sjukeheimane si rolle og funksjon).
- Satsing på førebygging, folkehelse, meistring, rehabilitering – i alle tenester – kva må til?
- Klargjering og og systematisering av arbeid med velferdsteknologi – kompetanseheving og frå ord til handling.'
- Heilskapleg, koordinerte tenester for å sikre rettstryggleik, kvalitet i sakshandsaminga, likebehandling og tildelingspraksis

- Barnevern – fristar, sakshandsaming og undersøkingar
- Kompetanse psykisk helse/rus – framtidig behov
- Brukarmedverknad og brukarfokus – jfr brukarundersøkingar og nasjonale mål – viktig og korleis
- Frivillige og nettverk – handlingsplan
- Heiltid og deltid og arbeidstidsordningar
- Gode endringsprosessar med vekt på medarbeidarskap, involvering, samhandling, tverrfagleg – for å oppnå ønska effektar av endringa i organisasjonsstrukturen.
- Kompetanseutvikling og mobilisering – læringsmiljø – kompetanseplan i forhold til framtidig behov – strategisk kompetanseplan?
- Organisatoriske tilpassingar på bakgrunn av tenesteutvikling/behov.

Evalueringa vert fylgd opp med planlegging av tiltak i samarbeid med RO:

9.3 Andre forhold

- **Interkommunalt samarbeid**

Vanylven kommune har teke initiativ til interkommunalt samarbeid med Herøy på fleire tenesteområde. Sande kommune er også invitert til å vere med på samarbeidet.

- **Bygningsmessige tiltak**

Kommunen har store utfordringar når det gjeld standard på bygningsmassen.

- **Bustadpolitikken/kjøp/sal av hus**

I K-sak 44/16 vart kommunedelplan for bustadpolitikken 2015-2019 vedteken. I strategien i planen heiter det m.a.:

«Herøy kommune skal selge utleigebustadar til leigetakarane til takst og reinvestere eventuell salsgevinst i nye byggeprosjekt for å sikre vidareutviklinga av bustadmassen, herunder auka tilgang på kommunale utleigebustadar.»

- **Organisasjonsutvikling**

Kommunekompasset, innbyggjarundersøkinga, lokaldemokratiundersøkinga, brukarundersøkingane og medarbeidarundersøkinga (10-faktor) har peika på område der kommunen har eit utviklingspotensial. Dette skal følgjast opp på ein systematisk måte i heile organisasjonen.



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Økonomiavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2018/632
		Arkiv:	200

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
76/18	Formannskapet	15.05.2018
55/18	Kommunestyret	24.05.2018

GODKJENNING AV KOMMUNEREKNESKAPEN FOR 2017

Møtebehandling:

Økonomileiar Geir Egil Olsen møtte og orienterte.
Møteprotokoll frå handsaming av saka i kontrollutvalet 15.05.2018 vart delt ut i møte.
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken

Tilråding i Formannskapet - 15.05.2018

Herøy kommune sitt årsrekneskap for 2017 vert godkjent slik det går fram av saksdokument og vedlegg.

Tilråding:

Herøy kommune sitt årsrekneskap for 2017 vert godkjent slik det går fram av saksdokument og vedlegg.

Særutskrift:

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde
- Vest kontroll IKS, her
- Søre Sunnmøre Kommunerevisjon, her
- Økonomiavdelinga, her

Vedlegg:

- Rekneskap 2017 m/revisjonsuttale
- Utskrift av møteboka frå Kontrollutvalet

Samandrag av saka:

Herøy kommune hadde ei god økonomisk drift i 2017. Seinast i august/september 2017 synte prognosene at vi gjekk mot eit år med meirforbruk og bruk av disposisjonsfond for å få rekneskapen i balanse. Men på nytt opplevde vi ei godt 4 kvartal. Rett nok vart inntektene frå skatt og ramme om lag 2,0 mill kr mindre enn budsjettert, men vi fekk andre statstilskott som var 6,9 mill kr høgare enn regulert budsjett (mykje av dette galdt øyremerka statstilskott ressurskrevjande brukarar). Dei netto finanskostnader vart om lag 3,9 mill kr betre enn budsjettert. Det meste av dette skuldast lavare rentekostnader på lån. Kommunens samla utgifter til lønn og sosiale kostnader vart heile 7,5 mill lavare enn budsjettert (ink sjukepengeref). Dette skuldast i det vesentlege lavare samla pensjonskostnader enn budsjettert (premieavvik). I tillegg til ovannemnde var det god økonomisk drift i avdelingane noko som resulterte i eit mindreforbruk på om lag 3,2 mill kr. Herøy kommune hadde i 2017 eit positivt netto driftsresultat på 9,53 mill kr. og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på 10,06 mill kr. Grunnen til at mindreforbruket vart større enn netto driftsresultat skuldast at vi brukte meir av fondsmidlane våre enn det vi avsette. Bl.a. løyste vi opp eit bunde fond for øyeblikkeleg hjelp noko som utgjorde nær 1,1 mill kr

Saksopplysningar:

Herøy kommune fekk i 2017 eit rekneskapsmessig mindreforbruk i driftsrekneskapen (overskott) på kr 10.059.560,95,-.

Driftsrekneskapen

Brutto driftsresultat vart negativt med 2,08 mill kr (regulert budsjett var negativt med 6,55 mill kr).

Netto driftsresultat vart positivt i 2017 med 9,53 mill kr (regulert budsjett var negativt med 0,61 mill kr).

Driftsrekneskapen og regulert budsjett for 2017 kan ein sette opp i ei slik oversikt:

Økonomisk oversikt - Drift				
Tall i 1.000 kroner	Regnskap 2017	Regulert budsjett 2017	Avvik i kr	Avvik i %
DRIFTSINTEKTER				
Brukerbetalingar	(28 393)	-26 813	(1 580)	5,9
Andre salgs- og leieinntekter	(47 014)	-48 942	1 928	(3,9)
Overføringer med krav til motytelse	(49 908)	-53 699	3 791	(7,1)
Rammetilskudd	(214 703)	-203 200	(11 503)	5,7
Andre statlige overføringer	(46 323)	-39 436	(6 887)	17,5
Andre overføringer	(931)	-53	(878)	1 656,6
Inntekts- og formuesskatt	(261 503)	-275 000	13 497	(4,9)
Eiendomsskatt verk og bruk	-	0		
Eiendomsskatt annen fast eiendom	-	0		

Andre direkte og indirekte skatter	-	0		
Sum driftsinntekter	(648 775)	-647 143	(1 632)	0,3
DRIFTSUTGIFTER				
Lønnsutgifter	331 119	328 756	2 363	0,7
Sosiale utgifter	87 970	96 777	(8 807)	(9,1)
Kjøp av varer og tjen. som inngår i komm. tjenesteprod.	87 795	81 212	6 583	8,1
Kjøp av tjenester som erstatter kommunens tjenesteprod.	89 069	89 760	(691)	(0,8)
Overføringer	34 530	29 625	4 905	16,6
Avskrivninger	36 121	33 812	2 309	6,8
Fordelte utgifter	(15 747)	-6 252	(9 495)	151,9
Sum driftsutgifter	650 857	653 690	(2 833)	(0,4)
Brutto driftsresultat	2 082	6 547	(4 465)	(68,2)
EKSTERNE FINANSINNTEKTER				
Renteinntekter og utbytte	(6 163)	-7 275	1 112	(15,3)
Gevinst finansielle instrumenter	(5 483)	-4 025	(1 458)	36,2
Mottatte avdrag på lån	(27)	-202	175	(86,6)
Sum eksterne finansinntekter	(11 673)	-11 502	(171)	1,5
EKSTERNE FINANSUTGIFTER				
Renteutgifter og låneomkostninger	13 856	16 665	(2 809)	(16,9)
Tap finansielle instrumenter	492	200	292	146,0
Avdrag på lån	21 832	22 850	(1 018)	(4,5)
Utlån	-	250	(250)	(100,0)
Sum eksterne finansutgifter	36 180	39 965	(3 785)	(9,5)
Resultat eksterne finanstransaksjoner	24 507	28 463	(3 956)	(13,9)
Motpost avskrivninger	(36 121)	-34 400	(1 721)	5,0
Netto driftsresultat	(9 532)	610	(10 142)	(1 662,6)
BRUK AV AVSETNINGER				
Bruk av tidligere års regnskapsmessige mindreforbruk	(22 493)	-22 493	-	-
Bruk av disposisjonsfond	(715)	-1 530	815	(53,3)
Bruk av bundne fond	(4 880)	-2 061	(2 819)	136,8
Bruk av likviditetsreserven				
Sum bruk av avsetninger	(28 088)	-26 084	(2 004)	7,7
AVSETNINGER				
Overført til investeringsregnskapet	-	0		
Avsatt til dekning av tidligere års r.messige merforbruk	-	0		
Avsatt til disposisjonsfond	22 493	22 992	(499)	(2,2)
Avsatt til bundne fond	5 069	2 482	2 587	104,2
Avsatt til likviditetsreserven	-	0		
Sum avsetninger	27 562	25 474	2 088	8,2
Regnskapsmessig mer-/mindreforbruk	(10 058)	0	(10 058)	

Netto finanskostnadane vart om lag 3,9 mill lavare enn budsjettet. Dei totale finansinntektene vart om lag som budsjettet. Avkastninga på aksjar og obligasjonar

vart om lag 1,45 mill betre enn budsjettert, medan ordinære renteinkter vart nær 1,4 mill dårlegare enn budsjettert.

Også i 2017 vart det avvik mellom reelle og budsjetterte driftsinntekter (ink skatt, ramme og mva kompensasjon). Differansen (positivt) samla sett var på nær 1,6 mill kr eller 0,24%.

Meirinntektene har vi hatt innan fleire områder og artar. Ein kan her nemne bl.a.:

- Øyremerka statstilskott	3,3 mill kr
- Andre statstilskott	3,6 mill kr
- Brukarbetalingar/avg frie salsinnt	2,9 mill kr
- Rammetilskott	11,5 mill kr
- Interne føringar	3,4 mill kr

(Skatteinntektene vart imidlertid om lag 13,5 mill lavare enn budsjettert)

I 2017 hadde kommunen reelle driftsutgifter (eks finans) som var om lag 2,8 mill kr lavare enn justert budsjett.

Samla lønskostnadar vart om lag 6,4 (eks sjukepengeref) mill kr lavare enn budsjettert, men vi hadde også meirforbruket/meirkostnadane på noltre postar. Her kan vi nemne:

- Kjøp frå private	3,7 mill kr
- Kjøp frå Herøy kommune (internkjøp)	4,4 mill kr
- Overføringar til andre	1,4 mill kr

Meirutgifter og meirinntekter i høve til budsjettet får ein gjennom heile rekneskapsåret. Noko av det får ein retta opp gjennom busjettendringssaker medan andre oppstår så seint i året at ein ikkje klarer å fange det opp i ei politisk sak i og med at ein i prinsippet ikkje har høve til å endre budsjettet etter 31.12. Atter andre budsjettavvik kjem pga interne disposisjonar. Likevel har samla avvik i 2017 vore lave sett i høve til tidlegare år.

Det endelege driftsbudsjettet syner eit totalt mindreforbruk hjå stabs- og driftsavdelingane på om lag 3,2 mill kr. Totalt 6 av dei 19 avdelingane som fekk tildelt ei netto driftsramme i 2017 budsjettet hadde eit meirforbruk på i alt 8,1 mill kr medan dei 13 andre hadde eit samla mindreforbruk på om lag 11,3 mill kr.

Investeringsrekneskapen

Det vart investert for om lag 63,7 mill kr i 2017. I tillegg kjem utlån med om lag 17,0 mill kr og kjøp av aksjar og andelar på om lag 1,8 mill kr.

Økonomisk oversikt - Investering		
Tall i 1000 kroner	Regnskap 2017	Regulert budsjett 2017
INNTEKTER		
Salg driftsmidler og fast eiendom	-1 651	0
Andre salgsinntekter	0	0
Overføringer med krav til motytelse	-8 036	-20 409
Moms-kompensasjon	0	0
Statlige overføringer	-20 645	0
Andre overføringer	-1 277	-60

Renteinntekter, utbytte og eieruttak	-322	0
Sum inntekter	-31 931	-20 469
UTGIFTER		
Lønnsutgifter	0	0
Sosiale utgifter	0	0
Kjøp av varer og tjen. som inngår i komm. tjenesteprod.	42 642	124 268
Kjøp av tjenester som erstatter kommunens tjensteprod.	828	1 593
Overføringer	20 198	20 773
Renteutgifter og omkostninger	0	0
Fordelte utgifter	0	0
Sum utgifter	63 669	146 634
FINANSIERINGSTRANSAKSJONER		
Avdrag på lån	3 368	0
Utlån	17 047	5 000
Kjøp av aksjer og andeler	1 788	1 350
Dekning av tidligere års udekkede merforbruk	0	0
Avsatt til ubundne investeringsfond	703	0
Avsatt til bundne fond	7 820	0
Avsatt til likviditetsreserven	0	0
Sum finansieringstransaksjoner	30 726	6 350
Finansieringsbehov	62 463	132 515
FINANSIERING		
Bruk av lån	-57 919	-119 865
Salg av aksjer og andeler	0	0
Bruk av tidligere års udisponerte mindreforbruk	0	0
Mottatte avdrag på utlån	-1 949	0
Overført fra driftsregnskapet	0	0
Bruk av disposisjonsfond	-178	-300
Bruk av ubundne investeringsfond	-2 418	-12 350
Bruk av bundne fond	0	0
Bruk av likviditetsreserven	0	0
Sum finansiering	-62 463	-132 515
Udekket / Udisponert	0	0

Det har kome på utgifter på fleire prosjekt som det ikkje har vore knytt budsjettløyvingar til. Ein av grunnane til dette er at investeringsbudsjettet no er eit årsbudsjett og om ein ikkje har vore flink til å overføre budsjetttrammer på igongsette prosjekt frå eit budsjettår til eit anna manglar prosjekta budsjetttramme. Det positive er at desse «meirforbruka» vart lavare i 2017 enn tidlegare år. Vi har ført inntekter/utgifter på i alt 53 prosjekt i 2017. Berre 6-7 av dei prosjekta som har fått budsjettløyving har det vore knytt eit meirforbruk til.

Samla inntekter i investeringsrekneskapen vart i overkant av 11,5 mill kr høgare enn budsjettet. Differansen skuldast i hovudsak statlege overføringer på 20,0 mill kr der det meste av denne summen (19,8 mill kr) gjeld RDA midlane. For første gong har vi ført desse (inn og utbetalingane) i investeringsrekneskapen. Dette er også grunnen til at vi har avsett om lag 7,8 mill kr til bundne fond (vi har fått meir midlar enn vi har betalt ut i 2017).

Investeringsbudsjettet og investeringsrekneskapen gjeld for eit år og er ikkje årsuavhengig. Det vil seie at ein må vedta budsjettendringar i investeringsbudsjettet for etterføljande år for investeringsprosjekt som ikkje er avslutta eller oppstarta innan utgangen av det året budsjettet gjeld for. På den måten må dei uferdige prosjekta som ein har henta unytta lånemidlar frå og tidlegare finansiert opp ved bruk av t.d. ubundne kapitalfond finansierast opp på nytt. Denne måten å føre på er meir uoversiktleg i høve praksisen ein hadde for nokre år sidan då løyvingane kunne gå over år.

Ein del av salsinntektene knytt til bl.a. eigedomssal er ikkje budsjettert i 2017. Det gjer at desse salsinntektene er nytta til å finansiere investeringsprosjekt som manglar finansiering.

Balanserekneskapen:

Balanseregnskapet		
Tall i 1000 kroner	Regnskap 2017	Regnskap 2016
EIENDELER		
ANLEGGSMIDLER		
Faste eiendommer og anlegg	895 637	882 750
Utstyr, maskiner og transportmidler	37 311	39 825
Utlån	96 666	69 620
Aksjer og andeler	89 136	87 689
Pensjonsmidler	718 597	673 198
Sum anleggsmidler	1 837 347	1 753 081
OMLØPSMIDLER		
Kortsiktige fordringer	35 695	49 545
Premieavvik	27 545	28 943
Aksjer og andeler	82 587	66 622
Sertifikater	0	0
Obligasjoner	0	0
Kasse, postgiro, bankinnskudd	91 879	146 329
Sum omløpsmidler	237 705	291 439
Sum eiendeler	2 075 053	2 044 520
EGENKAPITAL OG GJELD		
EGENKAPITAL		
Disposisjonsfond	-39 642	-17 864
Bundne driftsfond	-46 460	-38 241
Ubundne investeringsfond	-7 025	-8 918
Bundne investeringsfond	-2 277	-2 488
Regnskapsmessig mindreforbruk	-10 060	-22 493
Regnskapsmessig merforbruk	0	0
Udisponert i investeringsregnskapet	0	0
Udekket i investeringsregnskapet	0	0
Likviditetsreserve	0	0
Kapitalkonto	-141 701	-110 979
Endring rekneskapsprinsipp AK (drift)	0	0
Endring rekneskapsprinsipp AK (investering)	0	0
Sum egenkapital	-247 165	-200 983

GJELD**LANGSIKTIG GJELD**

Pensjonsforpliktelser	-883 165	-852 575
Ihendehaverobligasjonslån	0	0
Sertifikatlån	0	0
Andre lån	-840 732	-840 261
Sum langsiktig gjeld	-1 723 897	-1 692 837

KORTSIKTIG GJELD

Kassekredittlån	0	0
Annen kortsiktig gjeld	-92 405	-138 260
Premieavvik	-3 132	-3 987
Sum kortsiktig gjeld	-95 537	-142 247

Sum egenkapital og gjeld	-2 066 599	-2 036 066
---------------------------------	-------------------	-------------------

Ubrukte lånemidler	40 709	50 621
Andre memoriakonti	68	68
Motkonto for memoriakontiene	-40 777	-50 689
Sum memoriakonti	0	0

Når det gjeld balanserekneskapen har den langsiktige lånegjelda auka med beskjedne 0,5 mill kr i 2017 til i alt 840,7 mill kr. Av dette utgjere vidareutlåna gjennom Husbanken om lag 61,8 mill kr.

Disposisjonsfonda har auka med vel 21,9 mill kr. Heile 2016 overskotet på 22,5 mill kr vart sett av til disp fondet, men vi har disponert om lag 0,7 mill av dette gjennom 2017.

Omlaupsmidlane har blitt redusert i 2017. om lag 54,0 mill kr av dette skuldast reduserte bankinnskott.

Vurdering og konklusjon:

Gjennom budsjettkontrollane i 2017 såg det ut til at kommunen ville få eit større meirforbruk vesentleg pga mykje dårlegare skatteinntekter enn budsjettet. Som eit resultat av budsjettkontrollrapportane tok både politikarar og tilsette ansvar gjennom å syne varsemd i pengebruken (i drifta). Dette saman med solide skattetal på landsbasis, stor verdiauke på aksjane i november og desember og lavare pensjonskostnadar enn rekna med gjorde at kommunen til slutt fekk eit mindreforbruk på i overkant av 10,05 mill kr.

Kommunen sitt økonomireglement set reglar for når budsjettendringar skal utførast. Vi har blitt betre til å handtere dette, men framleis har vi hatt meirinntekter som avvik frå reglane i reglementet. Nokre av desse inntektene har vore kjent på eit «tidleg» tidspunkt, medan andre har kome så seint på året at ein ikkje hadde tid til å handsame dei i ei politisk sak.

Dagens økonomireglementet er gammalt og ein har starta prosessen med å fornye det slik at det stemmer i høve kommunens organisering.

Sentrale lovverk seier at kommunen først skal godkjenne avlagt rekneskap og deretter, i eiga sak, disponere meir- eller mindreforbruket i driftsrekneskapen.

Det er nye reglar for føring av investeringsrekneskapen. Det gjer at ein ikkje kjem ut med meir- eller mindreforbruk så sant ein har unytta lånemidlar eller fonds tilgjengelege.

Fosnavåg, 01.05.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Geir Egil Olsen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen



REKNESKAP 2017

Herøy kommune

Innhold

REKNESKAPSSKJEMA 1 A - DRIFTSREKNESKAP	3
REKNESKAPSSKJEMA 1 B – DRIFTSREKNESKAPET	4
Oversikt over brutto og netto utgifter og inntekter fordelt på ansvarsområder slik det er oppsett i budsjettvedtaket	5
REKNESKAPSSKJEMA 2 A – INVESTERINGSREKNESKAPET	7
REKNESKAPSSKJEMA 2 B - INVESTERING	8
OVERSIKT BALANSEREKNESKAPET	11
Økonomisk oversikt drift	12
NOTAR	13
Note 1 – Rekneskapsprinsipper	13
Note 2 – Endring i arbeidskapital	14
Note 3 – Godgjersle og honorar	14
Note 4 – Kapitalkonto	15
Note 5 – Endring i rekneskapsprinsipp	16
Note 6 – Utrekning av kontrollgrensa vedr. avdrag lån	16
Note 7 – Pensjonsforpliktelsar/ Midlar 2017	17
Note 8 – Beholdning aksjar og obligasjonar 31.12.2017	18
http://www.anskaffelser.no/sites/anskaffelser/files/anskaffelsesstrategi_veileder.pdf

OM SAMARBEID MOT SVART ØKONOMI

Samarbeid mot svart økonomi (SMSØ) arbeider holdnings- og handlingsendrende mot svart økonomi.

SPLEISELAGET - UNGDOM

Ungdom trenger kunnskap om sammenhengen mellom verdiskaping, skatt og velferd, samt starthjelp om rettigheter og plikter i arbeidslivet.

Vi treffer 40 000 ungdommer årlig med undervisningsopplegget Spleiselaget i videregående skole. Vi tilbyr dataspillet Spleiselaget Byen for ungdomskole, spilt 46 000 ganger i 2015.

Vi tilbyr også regnskapsopplæring til alle ungdomsbedrifter i regi av Ungt entreprenørskap.

HANDLE HVITT – FORBRUKERE

Handle hvitt er en handlingskampanje, ikke en holdningskampanje! Vi skal gjøre det enkelt for forbrukere å handle hvitt.

I perioden 2011-2014 arbeidet vi bl.a med firmasjekken og en enkel måte å gjøre arbeid i hjemmet hvitt på, via nettstedet www.handlehvitt.no og aktiviteter i hele landet.

Vi planlegger å komme med en ny utgave av Handle hvitt-kampanjen i 2016.

NÆRINGSLIV – MOT ARBEIDSLIVSKRIMINALITET

Partene i arbeids- og næringsliv er viktige medspillere for kontrolletatene. Kontrolletatene får innspill om hvordan de kriminelle opererer, utviklingstendenser og konkrete tips om kriminelle miljøer og enkeltsaker.

Vi har under arbeid en tipsrutine der partene i arbeidslivet løpende kan tipse kontrolletatene om arbeidslivskriminalitet.

INNKJØP – BESTE PRAKSIS

SMSØ tar mål av seg til å påvirke innkjøpere i privat og offentlig sektor til å ta i bruk retningslinjer, rutiner og verktøy som holder kriminelle ute fra kontraktskjedene i bransjer som bygg og renhold.

DEBATT

SMSØ har gjennom mange år fulgt utviklingen av svart økonomi gjennom befolkningsundersøkelser. I tillegg til kunnskap om temaet, bidrar undersøkelsene til å sette agenda for samfunnsdebatten. Befolkningsundersøkelser utføres også for å avdekke hvilke tiltak befolkningen mener vil være nyttig i den videre kampen mot svart økonomi.

Vi arrangerer debatter f.eks på Arendalsuka og andre konferanser nasjonalt og lokalt. Lokalt deltar SMSØ i samfunnsdebatten gjennom kronikker, leserinnlegg mv.



SAMARBEID MOT SVART ØKONOMI

STRATEGISKE GREP FOR Å HINDRE SVART ØKONOMI OG ARBEIDSLIVSKRIMINALITET VED INNKJØP I KOMMUNAR OG FYLKESKOMMUNAR

1. TA EIT KLART STANDPUNKT: VI SKAL IKKJE HA SVART ØKONOMI ELLER ARBEIDSLIVSKRIMINALITET I VÅRE KJØP

Vi skal rette ein ekstra innsats mot svart økonomi og arbeidslivskriminalitet.

Gjennom innsatsen skal vi så langt det er mogleg hindre at dei useriøse og kriminelle aktørane får tilgang til kontraktene. Dette gjer vi ved å stille ekstra høge krav til leverandørar og underleverandørar der risikoen for svart økonomi og arbeidslivskriminalitet er størst.

Vi skal ha eigne rutinar for oppfølging og sanksjonering av kontraktsbrot i desse kjøpa.

Vi rapporterer alle tilfeller av svart økonomi og arbeidslivskriminalitet til kontrollmyndighetene og/eller politiet.

2. RETT INNSATSEN INN DER RISIKOEN ER STØRST

Risikoen for svart økonomi og arbeidslivskriminalitet er etter Skatteetaten si erfaring høgast i enkelte typer innkjøp, slik som til dømes:

☑ Bygg og anlegg, rehabilitering mm

☑ Reinhald

☑ Bilvask og bilpleie

Sjølv om dette er typiske døme, må vi gjere ei konkret risikovurdering hos oss.

Når risikoen er høg, stiller vi spesielle krav i kontraktane og vi har eigne rutinar for oppfølging og sanksjonering:

Vi retter ein ekstra innsats mot svart økonomi og arbeidslivskriminalitet.

3. GÅ KONKRET TIL VERKS - DETTE SER VI ETTER:

For å sikre oss mot arbeidslivskriminalitet og svart økonomi må vi ha leverandørar og underleverandørar der:

☑ Løns- og arbeidstilhøve er i orden

☑ Registrering, oppgåvelevering og betaling av skattar og avgifter er i orden

☑ Tilstrekkeleg fagkunnskap er på plass

☑ Det er lett og oversiktleg å vite kven vi handlar med, kven som jobbar for oss, og kven vi betalar til

Vi stiller relevante kvalifikasjonskrav for å sikre oss at leverandøren har evne til å utføre kontrakten ut frå desse punkta. Dette inkluderer også lovpålagte godkjenningar, slik som t.d. godkjenning i Reinhaldsregisteret.

Billegast er ikkje alltid best. Dersom et tilbod er unormalt lavt bør dette avvisast. Dette krev at vi gjer ei konkret vurdering av tilboda. For å oppnå det beste tilhøvet mellom pris og kvalitet må det leggst til rette for å vurdere kriteriar som sosiale omsyn, kvalitet, innovasjon, miljø, livslaupskostnader, pris m.m. ved tildeling av kontraktar.

STRATEGISKE GREP FOR Å HINDRE SVART ØKONOMI OG ARBEIDSLIVSKRIMINALITET VED INNKJØP I KOMMUNAR OG FYLKESKOMMUNAR

4. AVGRENS TALET PÅ LEDD I KONTRAKTKJEDA

Ved å avgrense talet på ledd i kontraktkjeda gjer vi oppfølginga lettare og meir effektiv. Samtidig blir det vanskelegare å skjule arbeidslivskriminalitet og svart økonomi.

Seriøsitetskrava for bygg- og anleggskontraktar sier at leverandøren ikkje kan ha fleire enn to ledd underentreprenørar i kjede under seg utan byggherren sitt skriftlege samtykke.

Tilsvarande eller strengare avgrensingar bør gjerast også i andre nyinnkjøp der vi vurderer risikoen som høg.

5. SETT KRAV TIL FAGKUNNSKAP

Ved å sette krav til faglærte og lærlingar sikrar vi kvalitet og seriøsitet både på kort og lang sikt. Bestemmelsar for bruk av lærlingar generelt er under utarbeiding av regjeringa.

I Seriøsitetsbestemmelsane for bygg- og anleggskontraktar er det for eksempel sett eit prosentkrav for arbeidde timar utført av personar med fagbrev, sveinebrev eller dokumentert fagopplæring, (minimum 40%). Vidare er det sett eit prosentkrav til arbeidde timar utført av lærlingar, (minimum 7%). Begge krava kan også bli oppfylt av personar som er oppmeldt etter Praksiskandidatordninga, jf. opplæringslova § 3-5.

Prosentatsane vil vere under revisjon. I enkelte regionar eller prosjekt kan det vere aktuelt å stille strengare krav. Det kan også etter lokale tilhøve vere aktuelt å stille ytterligere krav til enkelte fag. Endringar blir tilrådd drøfta med partane i arbeidslivet og bransjane lokalt.

I andre kjøp, der vi vurderer risikoen som høg, bør det stillas tilsvarande eller strengare krav til faglærte og lærlingar.

6. VIT KVEN SOM ARBEIDER FOR OSS

Vi kontraktsfestar at alle underentreprenørar i heile kontraktkjeda skal være kjent for oss før arbeidet tek til. Vidare skal alle tilsette på prosjektet være namngitt før oppmøte.

Vi kontraktsfestar at alle arbeidstakarar skal bere gyldig HMS-kort der regelverket krev det.

7. VIT KVEN VI BETALER TIL

Vi kontraktsfestar at all betaling i heile kontraktkjeda skal gå via bank, både til verksemder og til tilsette.

Difi sitt standard kontraktkrav gir eksempel på dokumentasjon som kan krevjast framlagt for å kontrollere at krava til løns- og arbeidsvilkår er oppfylt. Vi skal kunne kontrollere at løn og anna godtgjersle faktisk har gått til den personen som har gjort arbeidet.

8. KREV INNSYN I RELEVANTE SKATTEOPPLYSNINGAR

Vi kontraktsfestar at alle firma i kontraktkjeda skal gi oss fullmakt til å innhente relevante skatteopplysningar før kontraktinngåing og i heile kontraktperioden.

Dette gjer vi via Skatteetaten si ordning Registerinfo (SKAV-skjema) eller tilsvarande ordning.

Gjennom Registerinfo får vi mellom anna tilgang til opplysningar om registrering for meirverdiavgift, at merverdiavgiftsoppgåver og A-melding er levert dei siste 6 månedane, og om skattar og avgifter er betalt.

STRATEGISKE GREP FOR Å HINDRE SVART ØKONOMI OG ARBEIDSLIVSKRIMINALITET VED INNKJØP I KOMMUNAR OG FYLKESKOMMUNAR

9. GJENNOMFØR KONTROLLAR

Vi gjennomfører kontrollar der risikoen er høg. Det betyr å sette inn tilstrekkelege ressursar på dokumentasjonsgjennomgang og kontroll på staden for å sikre at kontrakten sine krav blir oppfylt.

Kontrollar skal gjennomførast i heile kontraktperioden.

Difi sin tilrådde Standard kontraktkrav for løns- og arbeidstilhøve gir oss høve til å foreta varsla eller uvarsla kontrollar på staden hos leverandør/underleverandør, og ved lokasjon der tenesta blir utført. Ein slik kontroll kan inkludere tilgang til løns- og personalsystem.

Vi gjennomfører kontroll av HMS-kort og annan kontroll på arbeidsplassane.

10. BRUK DEI GODE VERKTØYA SOM FINST

Difi har samla gode verktøy for å stille og følge opp krav til løns- og arbeidstilhøve. Dette finst på nettstaden <http://www.anskaffelser.no/sosial-dumping>.

KONTRAKTSKRAV

Vi brukar Difi sitt standard kontraktsskrav om løns- og arbeidsvilkår som utgangspunkt for våre kontraktsskrav i heile kontraktkjeda

Vi skal kontraktsskrav sanksjonar i heile kontraktkjeda for brot på kontraktsskrava, medrekna også sein innsending av dokumentasjon, samt dersom leverandøren ikkje leverer eigenrapporteringsskjema innan fastsett frist. Tiltak og sanksjonar skal settast i verk ut frå kor alvorleg brotet er, og kor stort det er. Moglege sanksjonar er retting, dagbøter, tilbakehalding av kontraktssum, stans og heving.

Vi brukar bransjespesifikke seriøsitetsskrav der desse finst.

For å sikre seriøsitet i bygg- og anleggskontraktar har Difi, BNL, Fellesforbundet og KS utvikla eit sett eigne seriøsitetsskrav. Dokumentet kan brukast som eit vedlegg til kontrakten. Bestemmelsane stiller m.a. krav til faglærte handverkarar og lærlingar i prosjekta, HMS-kort, pliktig medlemskap i StartBank eller tilsvarande leverandørregister og avgrensingar i høve til bruk av underleverandørar.

OPPFØLGING

Vi brukar Difi si rettleiing om beste praksis som utgangspunkt for arbeidet vårt med oppfølging av lønns- og arbeidsvilkår.

Rettleiinga om beste praksis deler inn tiltaka i kva vi må, bør og kan gjere. "Bør" og "kan"-tiltaka er meint for område med høg risiko, slik som t.d. bygg, anlegg og rehabilitering mm, reinhald, bilvask og bilpleie og andre innkjøp etter ei risikovurdering. Vi skal derfor bruke tiltaka i rettleiinga fullt ut (må, bør og kan) så langt det passar.

I tillegg til vår eiga oppfølging har både byggenæringa og bilbransjen utvikla sine eigne rettleiingar for val av seriøse underentreprenørar. Hovudleverandøren skal bruke malane og sjekklistene som ein del av sitt kvalitetsystem.



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2018/624
		Arkiv:	020

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
89/18	Formannskapet	15.05.2018
62/18	Kommunestyret	24.05.2018

REGIONREFORMEN. DESENTRALISERING AV OPPGÅVER FRÅ STATEN TIL FYLKESKOMMUNANE

Møtebehandling:

Saka vart lagd fram utan tilråding.

Vedtak i Formannskapet - 15.05.2018

Herøy kommune viser til Møre og Romsdal fylkeskommune sitt vedtak i fylkestinget 23.04.2018 og støttar dette.

Tilråding:

..

Særutskrift:

- Høyringsvar skal sendast digitalt på regjeringen.no. Dette vert gjort under «Send inn høyringsvar» nedst på sida.

Vedlegg:

- Saksutgreiing frå fylkesrådmannen i Møre og Romsdal

Saksopplysningar:

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har sendt rapporten «Regionreformen. Desentralisering av oppgaver fra staten til fylkeskommunene» på brei høyring. Svarfrist er sett til 9. mai.

Rapporten er utarbeidd av eit ekspertutval sett ned av KMD våren 2017. Arbeidet vart leia av professor Terje P. Hagen, Universitetet i Oslo. Ein presentasjon av rapporten er tilgjengeleg på departementet si nettside:

<https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/ekspertutvalg-foreslar-nye-oppgaver/id2588272/>

Utvalet sitt mandat

Utvalet, som vart sett ned etter eit oppmodingsvedtak i Stortinget, fekk i mandat å vurdere overføring av ytterlegare oppgåver og ansvar frå staten til dei nye fylkeskommunane. Det skulle rettast særleg merksemd på ansvar, oppgåver og mynde som støttar opp under fylkeskommunen si samfunnsutviklar-rolle. Generalistkommuneprinsippet skulle leggjast til grunn. Oppgåvefordelinga skulle også ta omsyn til brukarane sine behov, lokalt sjølvstyre og deltaking, samt nasjonale mål.

Vurdering og konklusjon:

Det vert synt til fylkesrådmannen si saksutgreiing som belyser problemstillingane omkring desentralisering og oppgåveoverføring i samband med regionreforma. Høyringsfristen er 9. mai. Formannskapet vert invitert til å vurdere ev uttale. Saka vert lagt fram utan innstilling.

Fosnavåg, 30.04.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
13.03.2018	38260/2018	Ingunn Bekken Sjøholm

Saksnr
U 28/18
T 11/18

Utval
Fylkesutvalet
Fylkestinget

Møtedato
11.04.2018
23.04.2018

Rapport om desentralisering av oppgaver til regionalt folkevalt nivå - høyringssvar frå Møre og Romsdal fylkeskommune

Bakgrunn

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har sendt rapporten «Regionreformen. Desentralisering av oppgaver fra staten til fylkeskommunene» på brei høyring. Svarfrist er sett til 9. mai.

Rapporten er utarbeidd av eit ekspertutval sett ned av KMD våren 2017. Arbeidet vart leia av professor Terje P. Hagen, Universitetet i Oslo. Ein presentasjon av rapporten er tilgjengeleg på departementet si nettside:

<https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/ekspertutvalg-foreslar-nye-oppgaver/id2588272/>

Utvalet sitt mandat

Utvalet, som vart sett ned etter eit oppmodingsvedtak i Stortinget, fekk i mandat å vurdere overføring av ytterlegare oppgaver og ansvar frå staten til dei nye fylkeskommunane. Det skulle rettast særleg merksemd på ansvar, oppgaver og mynde som støttar opp under fylkeskommunen si samfunnsutviklar-rolle. Generalistkommuneprinsippet skulle leggjast til grunn. Oppgåvefordelinga skulle også ta omsyn til brukarane sine behov, lokalt sjølvstyre og deltaking, samt nasjonale mål.

Utvalet skriv følgande om sitt oppdrag (s. 9-10):

«Utvalget tolker Stortingets vedtak om regionreformen som et svar på to utfordringer. For det første har det de siste årene skjedd en betydelig vekst og oppdeling i den statlige forvaltningen, særlig i direktoratene og direktoratsliknende enheter. Dette har gitt en sektorisert forvaltning med lavere grad av samordning enn ønskelig. For det andre vil mange kommuner etter første fase av kommunereformen fortsatt ha få innbyggere. Fylkeskommunene har et potensial til å forsterke sin rolle som partner og veileder for kommunene – blant annet i form av fagkompetanse og som deltaker i kommunenes utviklings- og planarbeid.

Det er i tillegg en utfordring at fylkeskommunenes legitimitet, og interessen for fylkesdemokratiet, er noe lavere enn interessen for kommunedemokratiet og våre nasjonale demokratiske institusjoner. Dette har sammenheng med at fylkeskommunene har hatt få oppgaver som har

avspeilet konfliktdimensjonene i norsk politikk. Skal fylkeskommunen oppnå økt politisk oppmerksomhet, må de nye oppgavene i større grad enn tidligere reflekteres sentrale politiske konfliktdimensjoner og ha betydning for innbyggerne.»

Utvalet sine retningslinjer for oppgavefordeling

Utvalet har videreutvikla Oppgavefordelingsutvalget sine retningslinjer for fordeling av oppgaver mellom forvaltningsnivåa, og vurdert oppgaver og ansvar etter følgjande fem retningslinjer (s. 9):

1. «Oppgaver bør legges så nært innbyggerne som mulig, men på et så høyt nivå som nødvendig for å sikre en kostnadseffektiv oppgaveløsning
2. Det myndighetsorgan som er tillagt ansvar og beslutningskompetanse for en oppgave, skal også ha fagmiljøet tilknyttet oppgaven og ansvaret for å finansiere utgiftene til oppgaveløsningen
3. Oppgaver som krever utøvelse av politisk skjønn og vurdering bør legges til folkevalgte organer
4. Oppgaver som krever stor grad av samordning, og/eller oppgaver som har store kontaktflater med hverandre, bør legges til samme forvaltningsorgan
5. Oppgaver som av ulike årsaker ikke skal la seg påvirke av lokalpolitiske forhold, bør være et statlig ansvar. Staten bør ha ansvaret for oppgaver som forutsetter et nasjonalt helhetsgrep for god oppgaveløsning»

I tillegg gjer utvalet følgjande vurderingar (s. 10):

«Utvalget er enig med flertallet i Stortinget i at oppgavefordelingen må endres for å løse grunnleggende samfunnsutfordringer landet står overfor på en bedre måte enn i dag. Utgangspunktet for utvalgets vurderingar er derfor at overføring av oppgaver skal bidra til tydeligere ansvarsfordeling, mer effektiv ressursbruk og bedre tjenester til innbyggere og næringsliv.

Dagens samfunnsutfordringer er grense- og sektoroverskridende. Det stilles krav til omstilling i næringslivet, innovasjon i offentlig sektor, integrering, kutt i klimagassutslipp og tilpasning til nye klima- og miljøvilkår. Innbyggere og næringsliv har behov for tjenester og tilrettelegging fra flere forvaltningsnivåer og sektorer. Nasjonal, regional og lokal politikk og forvaltning må virke sammen. Å samle oppgaver i ett folkevalgt organ og én administrasjon, vil legge til rette for mer koordinert offentlig virkemiddel- og ressursbruk i forvaltningen.

Utvalget mener representativitet, deltakelse og åpenhet er grunnleggende demokratiske verdier som kan styrkes gjennom å flytte oppgaver fra staten til fylkeskommunen. Overføring av oppgaver fra stat til fylkeskommune vil bidra til at makten fordeles i samfunnet og til at interessen for fylkesdemokratiet kan styrkes. Fylkeskommunen må ha klart definerte oppgaver, og de veivalg fylkeskommunen gjør må ha relevans og konsekvenser for innbyggere og næringsliv.

Utvalget mener regionreformen og ny fylkesstruktur legger grunnlag for en substansiell oppgaveoverføring til fylkeskommunen. Regionreformen legger dermed grunnlag for at sentrale oppgaveområder for samfunnsutviklingen i ulike deler av landet bedre kan ses i sammenheng og underlegges politisk diskusjon nærmere de som berøres av prioriteringar og tiltak.»

Utvalet sine forslag

Utvalet si tilnærming er å bygge opp under dei oppgåver og roller fylkeskommunen allereie har som tenesteytar, samfunnsutviklar, planmynde og som bindeledd i forvaltninga. Dei peiker på tre store politikkkfelt der fylkeskommunane bør ha oppgåver og handlingsrom til å bygge opp ein sterk og tydeleg regional politikk. Dei legg til grunn at politikken og prioriteringane på desse felta er avgjerande for samfunnsutviklinga i det enkelte fylke og at det her er nødvendig med ei tilpassing til regional kontekst og føresetnader. Desse område er:

- arealbruk, naturverdiar, miljø/klima og samferdsel
- verkemidlar for næringsutvikling og kompetanse
- verkemidlar og tenesteoppgåver som er viktige for folks helse, trivsel og levekår

Utvalet foreslår følgjande oppgåveoverføringar til fylkeskommunane (oppsummeringa s. 10-14):

«Næring, kompetanse og integrering

- ✓ Oppdragsgiveransvar for minst halvparten av det offentliges midler som i dag forvaltes av Innovasjon Norge. Eierandel i Innovasjon Norge på mellom 50 og 66 prosent.
- ✓ Ansvar for oppgavene og virkemidlene som i dag ligger til Siva. Siva nedlegges.
- ✓ Ansvar for om lag halvparten av det offentliges innsats for næringsrettet forskning som i dag ligger til Forskningsrådet. Midlene forvaltes etter modell av Regionale forskingsfond.
- ✓ Ansvar for Regionalt næringsprogram som i dag ligger til fylkesmannen. Midlene til investeringer og bedriftsutvikling i landbruket (IBU-midlene) overføres fra Landbruks- og matdepartementet til fylkeskommunene som gir oppdrag til Innovasjon Norge.
- ✓ Ansvar for oppgavene og virkemidlene som i dag ligger til Distriktssenteret. Distriktssenteret nedlegges.
- ✓ Ansvar for om lag halvparten av midlene over tilskuddsordningen Arktis 2030 som involverer nordnorske aktører overføres til fylkeskommunene i Nord-Norge. Ansvaret ligger i dag til Utenriksdepartementet. Utvalget mener staten bør vurdere å gi fylkeskommunene i Nord-Norge et mer aktivt og formelt ansvar for å delta og forberede møter i Arktisk Råd.
- ✓ Ansvar for oppgavene og virkemidlene knyttet til karriereveiledning som i dag ligger til Kompetanse Norge og NAV.
- ✓ Ansvar for å legge til rette for å finansiere opplæring og utdanningstiltak som ikke er finansiert over ordinære bevilgninger til universiteter og høyskoler eller over fylkeskommunenenes budsjetter til videregående opplæring og fagskoler. Det omfatter blant annet ansvar for ulike tilskudd som i dag ligger til Kompetanse Norge. Nasjonale oppgaver i Kompetanse Norge kan overføres til Utdanningsdirektoratet. Kompetanse Norge nedlegges.
- ✓ Ansvar for store deler av oppgavene som i dag ligger til IMDi, herunder veiledning av kommunene, utbetaling av tilskudd til kommunene, kompetansetiltak og bosetting. Utbetaling av integreringstilskuddet og gjenværende oppgaver av nasjonal karakter kan overføres til ansvarlig departement. IMDi nedlegges.

Samferdsel

- ✓ Ansvar for kjøp av fylkesinterne togruter og kjøp av togruter mellom henholdsvis Østfold/Akershus/Buskerud, Telemark/Vestfold, Hedmark/Oppland og Oslo, som i dag ligger til Jernbanedirektoratet. Ansvar for grenseoverskridende togruter forutsetter et nært samarbeid mellom fylkeskommunene, for eksempel ved at Østfold, Akershus og Buskerud tar et vertskommuneansvar som det største jernbanefylket.
- ✓ Ansvar for forvaltning av tilskudd til utbygging av bredbånd som i dag ligger til Nasjonal kommunikasjonsmyndighet.

Klima, miljø og naturressurser

- ✓ Ansvar for klima- og miljøoppgavene som i dag ligger til fylkesmannen, med unntak av forurensingsområdet og oppgaver knyttet til kontroll, tilsyn og klage.
- ✓ Fylkeskommunene får et regionalt samordningsansvar på klimaområdet knyttet til oppfølgingen av klimaloven.
- ✓ Myndighet til å fatte vedtak om konsesjon til utbygging av vannkraft på 1-10 MW og vindkraft over 1 MW/fem turbiner som i dag ligger til NVE. Fylkeskommunene kan benytte NVE i saksbehandlingen.

Kultur og kulturminnevern

- ✓ Ansvar for prosjektmidler og driftsstøtte til institusjoner og arrangementer av lokal eller regional karakter og som i dag ligger til Norsk Kulturråd.
- ✓ Ansvar for samtlige institusjoner innenfor kapittel 323 Musikk og scenekunst, post 60 Landsdelsmusikerne i Nord-Norge, post 71 Region-/landsdelsinstitusjoner og post 73 Region- og distriktsopera som i dag ligger til Kulturdepartementet. Fra post 70 under samme kapittel overføres Den Nationale Scene og Bergen Filharmoniske Orkester.
- ✓ Flertallet av tilskuddene som finansieres over post 78 under samme kapittel, foreslår også overført.
- ✓ Ansvar for flertallet av museer som finansieres over kapittel 328 Museum og visuell kunst, post 70 Det nasjonale museumsnettverket. Flertallet av tilskudd som i dag finansieres over post 78 under samme kapittel, foreslås også overført.
- ✓ Ansvar for investeringsmidler tilhørende ovennevnte institusjoner innen musikk, scenekunst og museum som i dag ligger til Kulturdepartementet (kapittel 322 Bygg og offentlige rom, post 70 Nasjonale kulturbygg).
- ✓ Ansvar for forvaltning av spillemidler til kulturbygg, Den kulturelle skolesekken, Musikkutstyrsordningen, Ordningen for innkjøp av musikkinstrumenter, Aktivitetsmidler kor, Krafttak for sang og Ordningen for historiske spill som i dag ligger til Kulturdepartementet.
- ✓ Ansvar for forvaltning av spillemidler på biblioteks-, arkiv- og museumsfeltet som i dag ligger til Nasjonalbiblioteket, Arkivverket og Kulturrådet. Spillemidlene til idrettsanlegg i kommunene foreslås fordelt direkte til fylkeskommunene uten forutgående behandling i Kulturdepartementet.
- ✓ Ansvar for hovedmengden av førstelinjeoppgaver på kulturminnefeltet som i dag ligger til Riksantikvaren. Ansvaret for relevante tilskuddsordninger foreslås lagt til fylkeskommunene.

Helse og levekår

- ✓ Ansvar for folkehelseoppgavene som i dag ligger til fylkesmannen, med unntak av oppgaver knyttet til tilsyn. Ansvar for tilskuddsordninger med relevans for lokalt og regionalt folkehelsearbeid som i dag ligger til Helsedirektoratet og fylkesmannen.

- ✓ Ansvar for pedagogiske-psykologiske støttetjenester (PPT) som i dag ligger til Statped, og overtar ansvaret for veiledning og støttetjenester overfor kommunene. Ansvar for statens spesialskole i Skådalen foreslås overført til Oslo kommune som må ivareta et landsdekkende tilbud. Øvrige oppgaver i Statped kan overføres til Utdanningsdirektoratet. Statped nedlegges.
- ✓ Ansvar for barnevernsinstitusjoner, fosterhjem og adopsjon som i dag ligger til Bufetat. Ansvar for omsorgssentre for enslige mindreårige asylsøkere under femten år forblir statlige. Bufetat legges ned. Bufdir beholdes som fagdirektorat for barnevernet.
- ✓ Ansvar for familievernnet som i dag ligger til Bufetat.

Utvalgets forslag innebærer at fylkeskommunen får forvaltningsansvar for relevante tilskudds- og prosjektmidler innenfor de oppgaveområdene som foreslås overført, og som i dag er lagt til departementer, direktorater og fylkesmannen. Utvalgets forslag medfører nedleggelse av fem statlige institusjoner: IMDi, Kompetanse Norge, Statped, Distriktssenteret og Siva. I tillegg medfører det nedleggelse av Bufetat. Flere av oppgavene til departementer og direktorater som oppdragsgiver, fagorgan og/eller forvalter reduseres vesentlig.

Regional planlegging

Utvalget støtter regjeringens forslag til tiltak for å styrke regional planlegging som virkemiddel. Videre foreslår utvalget:

- å tydeliggjøre og forankre statens plikt til deltakelse og oppfølging av regionale planer i plan- og bygningsloven.
- å vurdere hvordan fylkesmannen kan innta en tilsynsrolle overfor statlige etater med hensyn til faktisk deltakelse i planprosesser og oppfølging i tråd med plan- og bygningsloven.
- å utvikle fastere prosedyrer for å sette samfunns mål for KVV-arbeidet i den innledende idéfasen i KS-systemet, og for tilsvarende prosesser for vurdering av andre store statlige investeringer.
- at regionale planbestemmelser videreutvikles og formidles som et virkemiddel for en langt større bredde av temaer enn hvordan det brukes i dag.
- at det i plan- og bygningsloven åpnes for at fylkeskommunen (etter anmodning fra aktuelle kommuner eller pålegg fra staten) i tillegg til staten kan tre inn i myndigheten til kommunestyret og utarbeide plan etter bestemmelsene for kommunal plan med juridisk bindende virkning.
- at staten aktivt bruker muligheten til å gi tydelige nasjonale forventninger til regional planlegging som virkemiddel for gjennomføring av nasjonal politikk.

Utvalget foreslår at ansvar for planjuridisk veiledning av kommunene som i dag ligger til fylkesmannen, overføres til fylkeskommunene. Utvalget mener det er viktig å gjennomgå sektorlover med sikte på bedre harmonisering til plan- og bygningsloven.

Utvalget mener regionreformen legger grunnlag også for ytterligere utredning av endringer:

- Det bør utredes overføring av barnevernsoppgavene som i dag ligger til kommunene, til fylkeskommunen.
- Det bør utredes overføring av ansvar for tilskuddsordningene innenfor arbeidsmarkedsopplæringen og bedriftsintern opplæring som i dag ligger til NAV, til fylkeskommunene.

- Staten bør kartlegge dagens tilsyns- og klagehemler overfor fylkeskommunen med sikte på en reduksjon av antall hjemler og sterkere ansvarliggjøring av fylkeskommunen.
- Spørsmålet om organiseringen av sykehusene bør vurderes på nytt, der en fylkeskommunal modell inkluderes i utredningen.»

Finansieringen av fylkeskommunen

Utvalet gjer følgjande vurdering av finansieringa av fylkeskommunane (s. 14):

«Utvalget mener fylkeskommunen i hovedsak bør finansieres av frie inntekter (skatteinntekter og rammetilskudd). I en overgangsperioden kan det være aktuelt at midlene kan fordeles særskilt (over den såkalte tabell c i grønt hefte). Øremerkede ordninger og tilskuddsmidler bør innrettes slik at fylkeskommunene, innenfor hovedformålet med ordningene, får en større grad av frihet til å prioritere og målrette ordningene til regionale behov. Det understrekes likevel at endringer i rammetilskuddet basert på befolkningsgrunnlag vil gi et skjevt utgangspunkt ved overføring av finansieringsansvaret av kulturinstitusjonene ettersom dette må justeres i forhold til hvor de faktisk er lokalisert. Dette basert på at alle fylker ikke har institusjoner som omfattes av endringen.»

Tidigare vedtak i fylkestinget om oppgåvefordeling mellom forvaltningsnivåa

Fylkestinget i Møre og Romsdal har dei siste åra gitt fleire høyringsuttalar om oppgåvefordeling mellom forvaltningsnivåa.

- Sak T-09/06: Forvaltningsreform – oppgaver og prinsipp- Høyringsuttale på KS sine rapportar "Sterke regioner. Premisser, oppgaver og inndeling ved en forvaltningsreform" og "Kommunene og forvaltningsreformen".
- Sak T-79/14: Framtidig regionreform - Møre og Romsdal som eige fylke
- Sak T-7/15: Prinsipp for det folkevalte regionale nivået:
https://einnsyn.mrfylke.no/application/get_document/774205?hash=d831ccf8f8f7a92577854024888246d7

Vurdering

Fylkesrådmannen meiner ekspertutvalet har levert ei svært god utgreiing av kva rolle og kompetanse fylkeskommunane har i dag – og kva potensiale som ligg i det regionale folkevalte nivået.

Ekspertutvalet sine forslag dekkjer godt dei oppgåver som fylkestinget tidlegare har foreslått overført til fylkeskommunane.

Fylkesrådmannen støttar utvalet sine vurderingar av den stadig meir sektoriserde staten. Det er behov for at fylkeskommunane får fleire verkemidlar til å ivareta den samordnande rolla som sikrar at sektorane sine mål og tiltak blir vurdert i forhold til heile fylket sine interesser og behov.

I ein situasjon der landet framleis skal ha mange små kommunar er også fylkeskommunen si rolle som rettleiar og samarbeidspartnar for kommunane viktig å vidareutvikle. Ekspertutvalet sitt forslag legg til rette for styrking av det regionale samarbeidet.

Fylkesrådmannen støttar dei fem prinsippa for oppgåvefordeling som er lagt til grunn. Desse er i rapporten følgt opp gjennomgåande for alle politikkområda. Det inneber at dei fleste av oppgåvene som blir foreslått overført bygger vidare på det fylkeskommunane allereie har eit ansvar for. Dei nye oppgåvene vil gi oss fleire

verkemidlar til å ivareta dette ansvaret. Det vil styrke fagmiljøa våre, og det vil gjere oss meir interessante som samarbeidspartnar for statlege etatar, kommunane, næringslivet og kulturaktørar. Det kan gi meir effektiv og koordinert bruk av offentlege ressursar, gi forenklingar for kommunane, og ikkje minst vitalisere fylkesdemokratiet og gjere det meir interessant å vere med i fylkespolitikken.

Fylkesrådmannen er samd med KS i at dersom vi får ei brei gjennomføring av ekspertutvalet sine forslag, vil regionreforma kunne bli ein demokrati-, samordnings-, effektiviserings- og nærleiksreform.

Nedanfor følger fylkesrådmannen si vurdering av forslaga på dei ulike politikkområda.

Næring, forskning og innovasjon

Generelt meiner fylkesrådmannen at større grad av regionalisering (og samanfall med dei nye fylkeskommunane) av funksjonane til SIVA, Innovasjon Norge (IN) og Regionalt forskingsfond (RFF) vil styrke arbeidet med regional utvikling og gjere desse instrumenta endå meir målretta og effektfulle. Nærleiken til regionalt næringsliv og kommunane gir eit godt grunnlag for å mobilisere til forskings-, utgreiings- og innovasjonsretta aktivitet. Det vil også styrke samarbeidet mellom kunnskapsmiljø, bedrifter og myndigheiter i fylket.

✓ *Auka oppdrag frå fylkeskommunane til Innovasjon Norge*
Ved å overføre oppdragsgivaransvar for fleire av midlane som går til Innovasjon Norge til fylkeskommunane, kan fylkeskommunane kople innretning og fordeling av midlar i tråd med utfordringane i regionane. Fylkeskommunen har det overordna strategiske ansvaret for samfunnsutviklinga, og utarbeider strategiar og planar med høg medverking frå næringsliv, resten av virkemiddelapparat, regional stat, og øvrig del av offentlig sektor. Ved å gi oppdragsgivaransvar til fylkeskommunane blir midlane prioritert i tråd med dei viktigaste prioriteringane i den enkelte region.

I tillegg til forslaga frå ekspertutvalet, vil fylkesrådmannen foreslå følgande oppgaveoverføring: Under programkategori 13.50 finansierer KMD omstillingsprogram for område med akutt reduksjon i arbeidsplassar. Fylkeskommunane vart tildelt 112 millionar kroner til dette formålet i 2018, og av dette er 10 millionar til ekstraordinære statlege omstillingsmidlar til Andøy kommune og 15 millionar kroner til gjennomføringskostnader til Innovasjon Norge.

I tråd med forslaget frå ekspertutvalet om å overføre midlar og oppgåver til regionalt folkevalt nivå, meiner fylkesrådmannen at oppgåvene og gjennomføringskostnadene på 553.65 bør overførast frå Innovasjon Norge til fylkeskommunane. Det er fylkeskommunane som har det overordna ansvaret for utvikling og omstilling i regionen, og dette bør sjåast i samanheng med arbeidet elles i regionen.

• *Auka fylkeskommunalt eigarskap i Innovasjon Norge*
Eigarskapet i Innovasjon Norge bør, som forslaget peiker på, reflektere auka oppdragsgivaransvar frå fylkeskommunane til Innovasjon Norge. Staten bør, i tråd med utvalet sitt forslag, framleis ha moglegheit til å gi oppdrag for verkemidlar der nasjonalt perspektiv og konkurranse er avgjerande.

- *Styrke fylkeskommunane sine verkemiddel for forskning (RFF)*

Fylkesrådmannen støttar utvalet sitt forslag om å overføre meir av dei næringsretta forskingsmidlane til RFF. Det er ei god løysning å halde fram praksisen med at det er fylkeskommunane som gir retning for midlane og tildeler, samtidig som Forskningsrådet sin kompetanse blir brukt i vurderingane. Dette sørger for at den regionale forvaltninga av forskingsmidlar er i tråd med kravet om høg fagleg kvalitet i forskinga. Evalueringa av RFF viser at RFF klarer å mobilisere nye bedrifter til forskning, og at det ikkje er kvalitetsmessig forskjell på prosjekt som blir gitt støtte gjennom RFF og gjennom Forskningsrådet.

- *SIVA overførast til fylkeskommunane*

Fylkesrådmannen er positive til at oppgåver i SIVA blir overført til fylkeskommunane. Fylkeskommunane er i dag, saman med fleire, programeigar i næringshageprogrammet. SIVA har operatørrollen. Fylkeskommunane er medfinansiarar av inkubatorprogrammet som SIVA er operativt ansvarleg for. Fram til 2016 delfinansierte vi også næringshageprogrammet. Næringshagane og inkubatorane utgjør ein viktig del av innovasjonsinfrastrukturen i fylket, og fylkeskommunane bør i større grad enn i dag kunne påverke innhald og opptak i dei to programma.

SIVA's eigendomsportefølje er knytt til strategisk viktige område for næringsutvikling, kompetanse og forskingsmiljø. Slike investeringar må sjåast i samanheng med øvrig arbeid for å løfte entreprenørskap og innovasjon, og det er naturleg at dette blir overført til fylkeskommunane.

- *IBU-midlane overførast til fylkeskommunane*

Forslaget om å samle dialogen med Innovasjon Norge hos ein aktør, er eit godt forslag for å få ein meir heilskapleg og tydeleg arbeidsdeling. Dette vil også gi betre kopling av fylkeskommunen sin tildeling av tilskot til kompetanse og rekruttering i landbruket.

Distriktssenteret

Møre og Romsdal fylkeskommune har hatt god dialog med Distriktssenteret sidan starten, formalisert i ein samarbeidsavtale. Vi har brukt Distriktssenteret som kunnskapsleverandør, og til dels for å hauste og formidle erfaringar frå regionalt utviklingsarbeid i Møre og Romsdal. Samarbeidet har fungert bra, og leveransane har hatt god kvalitet. Likevel har det heile vegen framstått som uklart kva rolle Distriktssenteret skal ha i distrikts- og regionalpolitikken. Og roller og oppgåver har endra seg undervegs, fordi Kommunaldepartementet har endra sin bruk av Distriktssenteret i takt med endra politikk, frå distriktsutvikling til byregionutvikling og kommunereform. Fellesnemnaren, trass skiftande oppgåver, er at det handlar om lokal og regional samfunnsutvikling. Dette blir løyst best av det regionale nivået, fylkesrådmannen er derfor einig med ekspertutvalet i at Distriktssenteret kan leggjast ned og oppgåvene overførast til fylkeskommunane.

Kompetansepolitikk

Generelt: Fylkesrådmannen delar utvalet si vurdering av at ei meir systematisk regional koordinering av innsats og ressursar, gjennom felles regional strategi for kompetansepolitikk, vil kunne gi betre måloppnåing på området. Fylkesrådmannen er samd i at nokon bør ha den samla oversikten over kompetansetilbodet og etterspurnaden i regionen og ha ansvar for den samla kompetansepolitikken,

herunder ansvaret for å stimulere og koordinere etterspurnaden og tilpasse tilbudssida. Behovet for at nokon tek den koordinerande rolla på kompetanseområdet har vorte større i takt med at omstillingskrava for nærings- og arbeidslivet har auka.

Det ligg ein merverdi i å knytte kompetansepolitikken nærmare ansvaret for vidaregåande skole, fagskolar, forskning, nærings- og innovasjonspolitikken. Universiteter og høgskolar bør samarbeide tett med fylkeskommunane om utviklinga av relevante utdanningstilbod. Fylkesrådmannen vil i den samanheng understreke behovet for at styrings- og finansieringssystemet av universiteta og høgskolane blir innretta slik at det blir lønsamt for dei delta i det regionale samarbeidet.

Forslaga:

- *Formalisere fylkeskommunen sitt ansvar for å kartlegge regionale kompetansebehov og formidle behovet til tilbydarar av utdanning og opplæring*
- *Verkemidlar og oppgåver knytt til karriereveiledning regionalt overført frå Kompetanse Norge og NAV til fylkeskommunane*
- *Fylkeskommunen får ansvar for å legge til rette for å finansiere opplærings- og utdanningstiltak som ikkje er dekt over ordinære løyver til universitet og høgskolar, som ikkje er dekt over ordinære budsjett eller over fylkeskommunens budsjetter til vidaregåande opplæring og fagskoler. Dette omfattar mellom anna tilskot til studieforbund, Kompetansepluss og tiltak innanfor livslang læring.*

Forslaga er i tråd med konklusjonane frå arbeidet som fylkeskommunane har gjennomført i prosjektet «Betre balanse i tilbud og etterspørsel i regionale arbeidsmarked» (saman med KMD og KD). Kompetansepolitikken ligger i skjæringspunktet mellom utdannings-, arbeidsmarknads-, integrerings-, nærings-, og regionalpolitikken. Ein meir heilskapleg innsats på desse områda vil betre kunne svare på dei regionale behova. Samarbeid med arbeids- og næringslivet vil også bli meir koordinert og forenkla.

- *Tilbodet av fagutdanningar på vidaregåande skolar og fagskolar må tilpassast arbeidslivets skiftande behov*
Fylkesrådmannen meiner at prosessen for å få godkjenning bør gå raskare. Fylkeskommunane bør i større grad kunne dimensjonere studieplassar mellom fagområde. Planlegging av utdanningstilbod har ein altfor lang tidshorisont. Behova for kompetanse i arbeidslivet er i endring og dette skjer i stadig raskare tempo. Godkjenning av utdanningane forlenger planleggingshorisonten ytterlegare. Det er derfor svært viktig at det blir tatt tak i denne utfordringa. Sjølv opplæringstida fram til ferdig kandidat tar jo mellom 3 og 5 år både i vidaregåande og høgare utdanning.

- *Overføre tilskot innanfor arbeidsmarknadsopplæringa, bedriftsintern opplæring og støtte innanfor den ordinære utdanningssystemet for personar med nedsatt arbeidsevne, bør vurderast overført til fylkeskommunane*
Fylkesrådmannen meiner det er viktig å sjå utdanningsbehova for desse tilskotsmottakarane i samanheng med kompetansebehova for øvrig, og det synes derfor tenleg at også dette blir lagt til fylkeskommunane. Utfordringane her vil vere knytt til det øvrige hjelpeapparatet og det vil vere nødvendig med ein gjennomgang der ein ser på korleis samhandlinga med andre fagetatar skal fungere.

I tillegg vil fylkesrådmannen framhalde at det ved overføring av oppgåver frå statlege etatar til fylkeskommunen blir det viktig at styringssystem og

beslutningsstruktur blir gjort smidig, slik at verkemidlane kommer raskt og hensiktsmessig i bruk.

Integrering

Kommunane skal framleis ha ansvaret for integrering av innvandrarar og flyktningar. Fylkesrådmannen ser at det kan vere fordelar ved å flytte oppgåver frå IMDi til fylkeskommunen. Det vil mellom anna bety at desse tenestene kan samordnast betre gjennom regionalpolitiske prioriteringar. Det vil også sikre ei betre og meir direkte kopling mellom ulike nivå av utdanning og andre deler av integreringsarbeidet. Fylkesrådmannen støttar derfor forslaget om å overføre store delar av IMDi sine oppgåver til fylkeskommunen: Dette gjeld først og fremst rettleiing og koordinering opp mot kommunar, forvaltning av tilskot, kompetanseutvikling og oppfølging av kommunar for å sikre rask busetnad. Ei sterkare rolle på integreringsfeltet forsterkar også fylkeskommunen sin rolle som samfunnsutviklar ved at vi kan sjå lokalsamfunnsutvikling, kultur og kompetanse i samanheng. Dette vil både gi økt kraft i arbeidet, men også innebære ei klar forenkling for kommunane som viktigaste aktør i integreringsarbeidet.

Samferdsel

Forslaget frå utvalet inneber at fylkeskommunane beheld sitt ansvar for kollektivtrafikken, og får kjøpsansvaret for lokale og regionale jernbanetenester. Saman med nyorganisering av vegadministrasjonen vil det da bli enklare å få til ein effektiv, heilskapleg og klimavennlig transportutvikling.

Tog

Sjølv om Møre og Romsdal ikkje er noko stort «togfylke» er fylkesrådmannen samd med ekspertutvalet i at kjøp av persontransport på jernbane bør sjåast i samanheng med fylkeskommunens øvrige ansvar på samferdselsområdet og i lys av rolla som samfunnsutviklar. Å overføre tilskotsansvaret for kjøp av jernbanetenester til fylkeskommunen er i tråd med retningslinjene for oppgåvefordelinga. Fylkesrådmannen støttar Trøndelags fylkeskommune sitt forslag om at dei overtar Trønderbanen og det blir inngått samarbeid med oss i Møre og Romsdal om Raumabanen.

Kollektivtrafikk

Fylkesrådmannen er samd i forslaget frå Trøndelag om at ekspertutvalet burde vurdert å samle ansvar for skoleskyss, kollektivtransport og helsetransport. Spesielt med tanke på at det no blir utvikla mobilitetssystem som kan vere tverrsektorielle.

Vei

Overføring av SAMS vegadministrasjon er ikkje nemnt av ekspertutvalet, noko som er forståeleg på grunn av Stortingets vedtak. Fylkesrådmannen vil likevel vise til at prinsipp 2 for oppgåvefordeling: «Det myndighetsorgan som er tillagt ansvar og beslutningskompetanse for en oppgave, skal også ha fagmiljøet tilknyttet oppgaven og ansvaret for å finansiere utgiftene til oppgaveløsningen» må legge føringar her. Fylkesrådmannen delar også Trøndelag sin merknad om at oppdragsgivarane burde vurdert kor tenleg det er at Statens vegvesen, som part i saken, er gitt ansvaret for prosessen.

Taxi

Trøndelag fylkeskommune tek i sitt høyringssvar opp at ekspertutvalet kunne ha tatt opp situasjonen innafor drosje med ESA-saka, og betydning av ein sterk

regional løyvemyndigheit. Fylkeskommunane si interesse er at løyvesystemet oppretthaldast for å kunne sikre kundane ein akseptabel tenestekvalitet, kompetanse og informasjon både overfor sentralar, løyvehavarar og sjåførar. I tillegg er det viktig at fylkeskommunane beheld løyveansvaret for å kunne integrere drosje i det regionale transporttilbodet.

Klima, miljø og naturressursar

Fylkesrådmannen meiner forslaget om å overføre klima- og miljøoppgåver frå Fylkesmannen vil styrke fylkeskommunen som fagleg rettleiar og samarbeidspartnar for kommunane. Det bør ryddast i kva oppgåver fylkeskommunen og Fylkesmannen gjer innan klima- og miljøfeltet, både av omsyn til samarbeidspartnarar, men og for å unngå dobbeltarbeid. Rettleiingssoppgåvene bør vere hos fylkeskommunen og vere tilpassa kommunane sitt behov.

Å få betre definert kva som skal vere fylkeskommunane sitt ansvar på klima- og miljøområdet kan vere med å løfte klima- og miljø som eige politikkområde. At fylkeskommunane får tilført nye økonomiske virkemidlar på klima- og miljøområdet frå Miljødirektoratet vil også vere viktig her.

Fylkesrådmannen vil på bakgrunn av erfaringane vi har gjort i vassforvaltningsarbeidet trekke fram betydinga av at Miljødirektoratet får eit tydeleg ansvar som fagleg støttespelar for fylkeskommunane, og ikkje bere til Fylkesmannen.

Akvakultur

Ekspertutvalet kjem ikkje med nye forslag til endringar når det gjeld oppgåver knytt til forvaltninga av akvakultur. Ekspertutvalet er einig i eit tidlegare forslag frå Nærings- og fiskeridepartementet (NFD) om å delegere ansvar og myndigheit innan akvakultur med tare/vasslevande planter til fylkeskommunen. Fylkesutvalet var einig i forslaget frå NFD då saka var på høyring i fjor.

Ekspertutvalet har ikkje gått inn på vurderingar av enkeltområde, men viser til at endringar i ansvarsdeling og myndigheit har blitt prøvd ut og vurdert. Her trekkjer dei fram Trøndelagsmodellen, der regionkontoret fikk vedtaksmyndigheit også etter sektorlovene i «kurante» saker. Ekspertutvalet viser til konklusjonen frå NFD i Prop. 84 S (2016-2017) om å ta vare på kompetansen hos sektormyndigheitene. Vårt innspel frå juni i fjor om at fylkeskommunane også bør få ansvar for driftsplangodkjenning og løyve til akvakultur av matfisk i ferskvatn, begge heimla i akvakulturlova, er derfor ikkje følgt opp. Fylkeskommunane sit i dag på kompetanse til å ta over desse oppgåvene, og det vil kunne føre til betre ressursbruk og sterkare samordning.

Når det gjeld myndigheit til å fatte vedtak etter forureiningslova, dyrevelferdslova og matlova er fylkesrådmannen einig i vurderinga frå Prop. 84 S. Sjølv om det kan gi ei meir samordna forvaltning å samle myndigheit til å fatte vedtak i ein institusjon, så er akvakulturforvaltninga kompleks og krev gode faglege vurderingar. Vi ser på det som ein fordel at vedtak blir tatt i eit fagmiljø som også behandlar andre sektorar og industri. Denne haldninga er ikkje delt av alle fylkeskommunane, t.d. synes Trøndelag og Hordaland å vere interessert i å få i gang pilotar der dei får ansvar etter desse lovene.

Artsforvaltning

Forslaget til ekspertutvalet er å flytte alt av artsforvaltning over til fylkeskommunen, inkludert rovvilt. Fylkeskommunen har i dag alt haustbart vilt,

unntatt villrein og grågås. Fylkesmannen har alt vilt utan jakttid (trua artar), villrein, grågås og rovvilt. I dag er artsforvaltninga svært fragmentert. Fylkesrådmannen meiner at ei samling av desse vil vere hensiktsmessig og gjere det enklare for brukarar og andre som t.d. kommunane. Artsforvaltninga vil også i større grad kunne koplast opp mot den regionale samfunnsutviklinga og -planlegginga.

Ekspertutvalet foreslår å flytte ansvaret for rovviltforvaltninga frå regionale viltnemnder til regionane. Dette er i tråd med fylkesutvalet sitt innspel til Klima- og miljøministeren 26.6.2017:

1. «For Møre og Romsdal er ikkje formålet om å sikre lokal merdverknad ivarettatt gjennom den regionale rovviltnemnda i rovviltregion 6. Representasjonen i nemnda må endrast slik at Møre og Romsdal deltek på ein meir likeverdig måte.
2. Dei nye fylkeskommunane etter regionreforma bør bli nye rovviltregionar. Dette vil sikre ei betre lokal forankring, samstundes som nye oppgåver blir overført til regionane.
3. Det må leggjast større vekt på ei bestandsforvaltning av rovdyr. Forvaltninga må vere fleksibel på tvers av regiongrensene, slik at det er rom for avtalar mellom regionar, innanfor rammene av dei nasjonale bestandsmåla.
4. Det bør vurderast ei felles jervsone i det sør-norske leveområdet for jerv med eit felles bestandsmål og samarbeid om kvotevedtak for felling.»

Verneområdeforvaltning

Verneområdeforvaltninga (utgreiing, prosess og utarbeiding av verneforslag) er foreslått flytta frå Fylkesmannen til fylkeskommunen. Ekspertutvalet foreslår at ordninga med nasjonalpark-/verneområdestyre blir vidareført. Fylkesrådmannen meiner forslaget vil føre til at fylkeskommunen vil kunne tilføre ein regional dimensjon i verneområdeforvaltninga der det er mogleg å ta regionale og lokale omsyn i større grad, innanfor rammene av dei nasjonale føringane.

Vassforvaltning

Ekspertutvalet går mot endringsforslaget til KLD/OED om å flytte ansvaret for vassforvaltninga frå fylkeskommunen: Det er i strid med intensjonane i regionreforma og plan- og bygningslova, det vil ikkje medføre ei forenkling, men heller ei ytterlegare komplisering, og det vil ikkje medføre økonomiske innsparingar. Dette er i tråd med fylkesutvalet sitt innspel då forskriftsendringa var på høyring (sak U-109/17).

Fylkesrådmannen forventar at regjeringa stiller arbeidet med endringsforslaget i bero, og at denne oppgåva blir vurdert saman med andre oppgåver for det regionale folkevalte nivået som ein del av regionreforma.

Ressursforvaltning

Møre og Romsdal fylkeskommune har tidlegare gitt innspel til ekspertutvalet om at vi er positive til å overta forvaltningsansvaret for fleire naturressursar. Vi har hatt positiv erfaring med å overta akvakulturforvaltninga frå 2010 der vi har fått til god kommunikasjon med aktørane. Fylkeskommunen kan vurdere forvaltninga av naturressursane opp mot fleire samfunnsinteresser i fylket og sjå dette i eit regionalt perspektiv.

Fylkesrådmannen støttar derfor forslaget om at fylkeskommunane får mynde til å gi konsesjon til små vannkraftverk (1-10 MW) og stor vindkraft (over 1 MW/fem turbiner).

Fylkesrådmannen vil også gi følgende innspel til KMD: Fylkeskommunane må bli tatt tidligare inn i prosessen for oljeselskapa sine utbyggingsplaner på norsk sokkel. Regionale myndigheiter må holdast informert om fasane før innlevering av PUD (plan for utbygging og drift) og PAD (plan for anlegg og drift). Det må påleggast utbyggjar å informere regionale myndigheiter om moglegheitsstudiene, konseptstudiene og forprosjekteringa. Slik prosessen er i dag har fylkeskommunen berre høve til å komme med høyringsinnspel til program for konsekvensutgreiing og sjølve konsekvensutgreiinga som ein del av PUD og PAD. Så seint i prosessen er kostnader for endringar svært høge og reell påverkingsmoglegheit låg. Eit døme på dette er utbygginga av Nyhamna som gassprosessanlegg, der utbyggjar ikkje har planlagt og prosjektert anlegget for utnytting av spillvarme. Jf konsekvensutgreiing for utviding av gassprosessanlegget på Nyhamna av september 2012, så vil kjølevatn som tilførast resipienten utgjere 289 MW kjørast rett på sjøen, og kostandene i ettertid for å tilrettelegge utnytting av dette er svært høge.

Kultur

Fylkesrådmannen støttar utvalets vurdering av at fylkeskommunen, betre enn beslutningstakarar sentralt, kan legge til rette for å tilpasse og utvikle det profesjonelle og frivillige kunst- og kulturtilbodet til regionen og lokalsamfunna sine ønske og behov. Ei styrking av fylkeskommunane sine verkemiddel på kulturfeltet er viktig for fylkeskommunen som samfunnsutviklar. Ekspertutvalet sitt forslag vil gi fylkeskommunane ei meir kraftfull rolle på kunst- og kulturfeltet både som institusjonseigar, stiftar og tilskotsgivar, og det vil løfte kultur som politikkområde i fylkeskommunen.

Konsekvensar av utvalet sine prinsipp i Møre og Romsdal:

- ✓ Utvalet meiner at finansieringsansvaret for alle institusjonar innanfor post 71 region og landsdelsinstitusjonane bør overførast til fylkeskommunane. For Møre og Romsdal gjeld dette Regionteatret i Møre og Romsdal.
- ✓ Utvalet meiner også at finansieringsansvaret for alle institusjonar innanfor post 73 region og distriktsopera bør overførast til fylkeskommunane. For Møre og Romsdal gjeld dette Operaen i Kristiansund.
- ✓ I tillegg blir det foreslått at det store fleirtalet av tilskota som i dag blir finansiert over post 78 Ymse faste tiltak under same kapittel bør overførast. Unntaket er tilskot som går til institusjonar som har eit klart definert nasjonalt oppdrag. For Møre og Romsdal blir følgjande institusjonar overført: Molde Internasjonale Jazzfestival – husleietilskot og Teatret Vårt – husleietilskot.
- ✓ Utvalet meiner finansieringsansvaret for det store fleirtalet av musea som blir finansiert over kapittel 328 post 70 det nasjonale museumsnettverket bør overførast til fylkeskommunane. For Møre og Romsdal gjeld dette:
 - Stiftelsen Nordmøre Museum
 - Stiftelsen Romsdalsmuseet
 - Stiftinga Sunnmøre Museum
 - Stiftelsen Kulturkvartalet
 - Stiftinga Nynorsk kultursentrum

Når det kjem til kulturfeltet støttar fylkesrådmannen Trøndelag fylkeskommune si tilnærming og vurdering i deira fylkestingssak 15/18:

«Fylkeskommunene får grunnlag for en lagt mer kraftfull rolle, både som eier og tilskuddsgiver overfor institusjonene. Organisasjonsformen endres ikke (A/S, Stiftelser, IKS) slik at prinsippene for god styring er like gjeldende ved en slik endring. Tilsvarende vil en lang rekke av eierskapene deles med kommune(r). Derimot vil institusjonene oppleve at kontakt og tilgang til avklaringer og dialog styrkes vesentlig sammenlignet med et statlig nivå. Armlengdes avstand prinsippet gjelder like fullt for regionen som for staten. Som utvalget understreker: Det er det overordnede strategiske ansvaret for et fylkes tilbud som overføres til fylkeskommunene. De berørte institusjonene er i hovedsak egne rettssubjekter med egne styrer og administrasjon for virksomheten, og en overføring av tilskuddsansvaret vil i seg selv ikke endre styringslinjene.

En styrket dialog med kommunene vil være en effekt av at vi får flere oppgaver, midler, og virkemidler. En tett dialog med kommunene om felles strategier og prioriteringer er helt vesentlig og en del av hvordan samfunnsutviklerrollen på kulturområdet må utvikles. I tillegg gir det fylkene og kommunene større mulighet til å bidra til å bygge sterke regionale fagmiljø – som står seg i en nasjonal konkurranse.

Større regionalt ansvar vil medføre større interesse og engasjement fra politisk nivå. Ett av funnene i evalueringen av «Samverkansmodellen» i Sverige understøtter dette.

Ekspertutvalget påpeker det samme som fylkeskommunene har etterlyst i lang tid om manglende dialog og samarbeid. Det er staten som bestemmer, kommuner og fylkeskommuner må følge opp for å unngå at institusjonene blir tapere.

Mange av institusjonene oppfatter statlig finansiering som et type kvalitetsstempel. Det er vanskelig å forstå at et tyngre regionalt ansvar skal endre kvalitetsaspektet gitt at de finansielle rammene ikke endres. Det ligger en frykt hos institusjonene selv at de store regionale institusjonene forholdsmessig blir så tunge i en fylkeskommunal portefølje at de vil svekkes i en regional prioriteringsdiskusjon. Institusjonene framfører også at tredelingen (finansieringsprinsippet lokalt – fylkeskommunalt – statlig) er en garantist for forutsigbarhet og prioritet, ved at ikke ett forvaltningsnivå alene kan beslutte endring i rammer.

Kulturområdet bærer preg av en manglende klarhet i forskjellene mellom nasjonal og statlig kulturpolitikk. Ekspertutvalget definerer dette institusjonsmessig helt nytt ved at man definerer at hovedstadsinstitusjonene som i dag er helfinansiert av staten (post 70 Nasjonale institusjoner) beholdes som et statlig ansvar (med unntak av Harmonien og Den Nationale Scene). Det gis liten prinsipiell begrunnelse for dette. Det vil i videre forståelse være viktig å tydeliggjøre at institusjoner med regionalt eierskap/finansiering også er en del av den nasjonale kulturpolitikken og har en nasjonal rolle. (...)

Utvalget sier lite om hvordan finansieringsprinsippene skal være. Det vil bli en betydelig skjevhet dersom befolkningstall legges til grunn for justering av rammetilskuddet uten å hensynta hvor de ulike institusjonene er lokalisert.

Det er åpenbart positivt at ordningene Den kulturelle skolesekken, Musikkutstysrordningen, Ordningen for innkjøp av musikkinstrumenter, Aktivitetsmidler kor, Krafttak for sang og Ordningen for historiske spill overføres til fylkeskommunene. Dette gir bl.a grunnlag for synergier regionalt. Utvalget foreslår også å gi fylkeskommunene et totalansvar for tilskuddsordningen til Kulturbygg. Her ligger det åpenbar kraft i fylkeskommunens utviklingsrolle og mulighet til å samspille med lokalt nivå om gode løsninger. Denne lokale kunnskapen vil aldri et statlig ledd kunne inneha. Ekspertutvalget mener at fylkeskommunene innehar den kompetansen som kreves for å utføre denne oppgaven og være en faglig støttespiller i det kommunale kulturarbeidet. Statlige etater har ikke forutsetninger for å ivareta denne oppgaven og bør heller ikke bygge opp for å ta denne oppgaven.

Kulturdepartementet har varslet en kulturmelding i løpet av 2019 og arbeidet er påbegynt. Etter fylkesrådmannens oppfatning er det ingen grunn til ikke å iverksette oppgaveoverføringen som foreslås nå uavhengig av kulturmeldingen. Dette vil rydde meldingsarbeidet slik at man kan rette fokus på utviklingen av en nasjonal kulturpolitikk og dermed innholdet i kulturpolitikken – ikke strukturelle forhold. Det er avgjørende å få en tydeligere bevissthet rundt nasjonal vs. statlig politikk på området og en synliggjøring av det lokale og regionale nivåets avgjørende rolle i en samlet nasjonal kulturpolitikk. Det gir også grunnlag for å løfte fram det lokale kulturlivet – den lokale grunnmuren på en god måte. Kultur for barn og unge vil være en sentral pilar i en slik tilnærming.»

Utover dette ønsker fylkesrådmannen å understreke følgende:

Ein del driftstilskot og prosjektmidlar som no vert vurdert og fordelt av Kulturrådet, kan forvaltast regionalt på ein meir målretta og hensiktsmessig måte. Utvalet sine tilrådingar vil samle oppfølgingsansvar for kulturinstitusjonane på fylkeskommune, noko som kan vere positivt for utvikling av det samla kulturlivet i fylket.

Kulturrådet bør halde fram med å ivareta nasjonale institusjonar og ha ei sentral rolle i utviklinga av den statlige kunstpolitikken. Kulturrådet bør også halde fram med fagfellelvurdering for tildelingar, medan fylkeskommunen er eigna som førstelinjeteneste for rettleiing og rådgiving av søkarar til Kulturrådet.

Oppgåver som krev utøving av skjønn både administrativt og politisk høver best på eit regionalt nivå der det er nærleik til miljøa som veit kvar skoen trykker. Dette sikrar rett prioritering lokalt/regionalt.

Det er positivt at fylkeskommunane får eit totalansvar for tilskotsordninga til kulturbygg (sjølv om det i rapporten er utydeleg kva det vil innebere, og om tippenevkkelen vil styre det meste). Fylkeskommunen har eit fortrinn framfor staten i å ha lokal kunnskap, kompetanse om investeringar i skule- og idrettsbygg, og høve til å tenke heilskap og sambruk på tvers av sektorar og aktivitet. Med totalansvaret vil kultur vere med i planleggingsprosessar heilt frå starten, og på den måten sikre gode visnings- og møtearenaer, både for lokalsamfunnet generelt og for den profesjonelle kunsten (t.d. visningsarenaer for DKS). Det kan lagast eigne planar for «skular som kulturbygg» (jmf. Oslo kommune) og på den måten sikre tilrettelegging for lager og drift som både skulen, kunstnarar og frivilligheta har bruk for.

Ekspertutvalet sitt forslag om overføring av oppgåver på kulturfeltet gjer at lokal og regional kunnskap i større grad enn før kan nyttast strategisk for å styrke dei delane av kunst- og kulturfeltet i fylket vårt som treng eit løft.

Bibliotek

Ekspertutvalet foreslår å overføre ansvaret for spelemidlar innan bibliotek- arkiv og museumsfeltet frå Nasjonalbiblioteket, Arkivrådet og Kulturrådet til fylkeskommunane. Det understøtter det ansvaret fylkeskommunane allereie har som bibliotekansvarleg på fagområdet. Dette betyr m.a. å gi råd til kommunane, yte bibliotekfaglig rettleiing og assistanse, arrangere møter og kurs om bibliotekspørsmål og drive utviklingsarbeid.

Fylkesrådmannen stiller seg positiv til utvalet sitt forslag til nye oppgåver. Dette vil styrke rammene for samhandling mellom regionalt og lokalt nivå, og støttar opp om fylkeskommunen sin rolle som samfunnsutviklar på området slik det går fram av ny biblioteklov.

Eit større regionalpolitisk ansvar, gjer regionen i stand å tilpasse og prioritere område og innsats der den trengs. Det er vidare eit viktig prinsipielt moment at folkevalt nivå får avgjerdsmynde innan tilskotsmidlar som i dag blir tildelt administrativt nasjonalt.

Fylkesrådmannen vil også gjere departementet merksam på følgjande: I Nasjonal bibliotekstrategi 2015-2018, er det utvikla ein modell for tildeling av prosjekt- og utviklingsmidlar som skal disponerast i tre hovudområder: felles infrastruktur, arenamidlar og utviklingsmidlar. Ekspertutvalet er ikkje tydeleg på om desse midlane skal overførast i sin heilheit, eller om det gjeld delar av dei. Fylkesrådmannen meiner at ansvaret i sin heilheit bør overførast fylkeskommunen, då dette vil forsterke ansvaret og rolla vi har på fagområdet.

Kulturvern

Fylkesrådmannen er positiv til å ta over dei nye oppgåvene som er føreslått frå ekspertutvalet. Møre og Romsdal fylkeskommune har svært gode erfaringar med prøveprosjektet med delegering av mynde som har gått sidan 2011, og har også vore klare på at vi har ønska fleire oppgåver lagt til fylkeskommunen. Ei samla forvaltning vil gi raskare og meir effektiv sakshandsaming, reduserte samfunnskostnader og bidra til å styrke den regionale kulturminneforvaltninga.

Fylkesrådmannen stiller seg i tillegg positiv til at Riksantikvaren kan behalde førstelinjeansvaret for kulturminne av internasjonal eller særleg høg nasjonal verdi, sjølv om det kan vere ein viss fare for at dette kan føre til ein «kanonisering» av enkelte monument/kulturminner. I staden for, eller i tillegg til ei fast liste over objekt, bør det utarbeidast retningslinjer eller kriterier for kva slags objekt/saksområde som bør unnatast regional avgjerdsmynde. Ei slik fagleg vurdering bør leggjast til regional kulturminneforvaltning, med Riksantikvaren som klageorgan, for å sikre at faglege kulturminneomsyn vert ivaretatt. Dette bør likevel berre gjelde i særlege tilfelle.

Fylkesrådmannen meiner at også forslaga om å få tilført oppgåver innan klima, miljø og landbruk vil bidra til å styrke kulturminnevernet og den samla miljøforvaltninga. Vi har også gode erfaringar frå forsøket med einskapsfylke 2004-2009, og opplever at dette vil bidra til å gjere feltet enklare, meir samordna og meir oversiktleg for innbyggjarane i Møre og Romsdal.

Fylkesrådmannen støttar også vurderingar som blir gitt av Trøndelag fylkeskommune om kulturminnevernet:

«Fylkeskommunen har støttet forslaget til oppgaveoverføring i tidligere uttalelser, men har også signalisert at det vurderes som ryddigere med en helhetlig oppgaveoverføring fremfor en trinnvis overføring av oppgaver. Dette gjelder både med tanke på fylkeskommunenes forberedelse av egen organisasjon for oppgavene, men også for å gjøre kulturminneforvaltningene mer oversiktlig og logisk for eksterne aktører.

Utvalget foreslår å overføre tilskuddsmidlene til fylkeskommunene. I dag er vi sikret en pott til fordeling til kulturminnetiltak innen flere bevaringsprogrammer, basert på søknadene fra eierne/tiltakshavere. Hvis tilskuddene blir en del av rammeoverføringa kan dette bidra til at kulturminnevernet blir et mer interessant politikkområde regionalt, og vi kan få til mer helhetlig, langsiktig og forutsigbar styring.

Sett fra eierne av kulturminner sine synspunkter, kan de framsette ei bekymring for at denne type tiltak kommer lenger ned på lista blant alle de gode formålene som fylkeskommunen skal fordele midler til. De siste 12 – 15 årene har tilskuddsordninga vært rimelig forutsigbar og fleksibel, og eierne i Trøndelag har fått dekt mye av kostnadene til istandsetting. De private eiere har få interesseorganisasjoner som ivaretar deres interesser. Eierne kan også bekymre seg for om de vil ha like muligheter for tilskudd uansett hvor man bor i landet.

Vi ser vidare at gapet mellom statlige forventinger og fylkeskommunens ressurser kanskje styrkes. I dag består gapet i kapasitet til å prioritere de oppgavene som det forventes at vi gjør. I framtida kan dette også gjelde størrelsen på tilskuddsordningene til eierne. Riksantikvaren som fredningsmyndighet freder kulturminner som er eid av private eiere, og dermed vedtar forpliktelser for fylkeskommunen som blir ansvarlig for å bevilge tilskudd til disse.»

Fylkesrådmannen har i tillegg følgande innspel til departementet: Ekspertutvalet anbefaler at store deler av oppgaveportefølja til Riksantikvaren blir overført til fylkeskommunane, noko Møre og Romsdal fylkeskommune støttar. Ekspertutvalet si tilråding er uklar med omsyn til det faktiske omfanget av delegasjonen, men gjennom dialog med Riksantikvaren og KLD har vi fått ei forståing av kva områder og oppgaver dette gjeld. Vår fråsegn må difor sjåast opp mot den dialogen fylkeskommunane har hatt med Riksantikvaren fram til no. Det har i mindre grad vore drøfta kor stor del av verkemiddelapparatet som er tenkt overført til fylkeskommunane. Det er nemnt at ein del av tilskotsordningane/ bevaringsprogramma skal overførast, men kva med midlar til sikring av automatisk freda kulturminne. Dette vert normalt utført av landsdelsmusea, men det hadde vore ein fordel om mynde til å prioritere og vedta sikringstiltak – innanfor gitte økonomiske rammer – hadde følgd dispensasjonsmynda. Det vil vere i tråd med ekspertutvalet sin ambisjon om å samle saksfeltet på eitt forvaltningsnivå og gjere det meir oversiktleg. Dømer på slike sikringsprosjekt kan vere innsamling/kartlegging av fonnefunn, geofysisk kartlegging av kulturminner under markoverflaten, eller restaurering eller undersøking av skadde lokalitetar. Å overføre tilskotsordningane i si heilheit til fylkeskommunane, vil bidra til ei heilskapleg kulturminneforvaltning.

Friluftsliv

Fylkesrådmannen støttar fullt ut ekspertutvalets forslag om å samle ansvaret, oppgåvene og forvaltninga innan friluftsliv til fylkeskommunane. Dersom vi i større grad kan tilpasse tilskotsordningane etter regionale forhold og behov, vil friluftslivet i fylket bli styrka. Overføring av tilskotsordningane vil fremme meir heilskaplig og målretta friluftspolitik i fylket.

Fylkeskommunane har allereie eit ansvar for rettleiing og oppfølging av kommunar og organisasjonar, og det er naturleg at vi tek over dei regionale oppgåvene knytt til friluftsliv. Ansvaret for tilskota innan friluftsliv, både frå Miljø- og klimadepartementet og Kulturdepartementet, bør bli overført til fylkeskommunane i form av auka rammer. Fylkeskommunane bør stå meir fritt i forvaltninga av ordningane og tilpasse tilskota til lokale og regionale føresetnader og behov.

I koplinga mellom friluftslivet og samferdsel finst det eit stort potensiale for å betre folkehelsa. Ved å legge dette ansvaret til regionane, vil ein i større grad evne å sjå samanhengar og utnytte potensialet mellom eit aktivt nær-friluftsliv og transport. Med ei felles oppfatning og mål for kva type anlegg vi bør byggje, kunne vi løyse både transportutfordringar i tettbygde strøk, og samtidig få ei meir aktiv befolkning.

Spelemidlar til idrett

Fylkeskommunane har ansvar for å vurdere og prioritere søknadene til idrettsanlegg i kommunane. Utvalet meiner ikkje det er nokon grunn til å endre noverande ansvarsfordeling.

Imidlertid stiller utvalet spørsmål ved behovet for at KUD årleg skal fastsette dei fylkesvise rammene til idrettsanlegga til kommunane på bakgrunn av godkjent søknadssum, antall og anleggsdekning. Utvalet foreslår ein modell der tippemidlane til idrettsanlegg i kommunane blir fordelt direkte til fylkeskommunane utan behandling i departementet. Det vil forenkle forvaltninga av midlane. Kriteriene for fordeling mellom fylkeskommunane blir foreslått endra slik at folketall og befolkningssamansetting blir vekta høgare.

Fylkesrådmannen støttar utvalet si vurdering av at det ikkje er nokon grunn til å endre noverande ansvarsfordeling, der fylka fordeler spelemidlar til kommunane. Modellen er godt innarbeidd og velfungerande.

Fylkesrådmannen støttar ikkje tilrådinga om at kriteria for fordeling av spelemidlar mellom fylkeskommunane bør endrast slik at folketal og befolkningssamansetting blir tillagt høgare vekt. Vi viser her til Trøndelag fylkeskommune si påpeiking av at det er andre faktorar enn fordelingsnøkkelen som har innverknad på anleggsetableringa. Dagens fordelingsnøkkel på spelemidlar bør derfor vidareførst.

Etterslepet (ventetida frå søknad til tildeling) er betydelig høgare i distriktsfylka enn i tett befolka område. I mange distriktsfylke har vi ei ventetid på 4-5 år for enkelte anleggstyper. Ei endring av kriteria som ekspertutvalet peikar på, vil kunne påverke dette ytterligare i negativ retning.

Folkehelse

Fylkesrådmannen støttar forslaget om at fylkeskommunen tek over Fylkesmannen sine oppgåver innan folkehelse. Fylkeskommunen vil i større grad kunne arbeide heilskapleg og målretta med folkehelse på tvers av tradisjonelle fagområde.

Gjennom regional planlegging, vil ein kunne bruke verkemidlar innan skole, idrett, friluftsliv, naturforvaltning, miljø, kultur, frivilligheit, samferdsel, stadsutvikling og næringsutvikling i heilskap, ut i frå regionale og lokale behov.

Fylkesrådmannen er samd med ekspertutvalet i at folkehelsearbeid er eit typisk eksempel på ei oppgåve som må vere tilpassa regionale utfordringar og behov nettopp fordi det er sosiale og geografiske variasjonar i levekår og helseatferd. Eit målretta folkehelsearbeid må prioritere og tilpasse innsatsen til dei områda og utfordringar der behova er størst. Derfor er fylkeskommunen som politisk organ og i kraft av sin regionale samfunnsutviklerrolle åpenbart være nivået som bør få et større og mer helhetlig ansvar for denne oppgaven.

Det same gjeld for tilskotsforvaltninga på området. Fylkeskommunane har ansvar for å forvalte midlane til gjennomføring av lokale tiltak i kommunane og vil derfor både i kraft av eksisterande ansvar og oppgåver på folkehelseområdet og med kjennskap til regionale og lokale behov, kunne handtere tilskotsforvaltninga på ein god måte. Det er derfor prinsipielt riktig at tilskotsordningar både hos Fylkesmann og i Helsedirektoratet med relevans for folkehelsearbeidet lokalt og regionalt blir overført til fylkeskommunane. Det gjeld også det nyetablerte program for folkehelsearbeid i kommunane som ikkje bør vere ei søknadsbasert ordning, men oppgåve for samtlege fylkeskommunar. Fylkesrådmannen er einig med utvalet i at dette gir både potensial for effektivisering, mindre byråkrati og betre målretting av midlane.

Som ein kommentar til rapporten vil fylkesrådmannen gjere merksam på at samfunnsutvikling generelt og ikkje berre arealutvikling ligg under folkehelseansvaret (s. 136). Fylkesrådmannen vil også gjerne føye til by- og tettstadsutvikling under oppgåver som er tillagt fylkeskommunen kor fylkeskommunen skal fremme folkehelse (kap. 18.1).

Overføring av Statped sine PP-oppgaver

Fylkesrådmannen støttar forslaget om å overføre Statpeds PP-oppgåver til fylkeskommunane. Ei overføring av Statped til fylkeskommunane vil bygge opp under dei PP-faglege miljøa fylkeskommunane allereie har. Ei slik endring støttar også opp under fylkeskommunane sitt øvrige ansvar for vidaregåande opplæring. Det vil også kunne bidra til meir heilskapleg planlegging av heile opplæringsløpet for dei som treng denne hjelpa.

Barnevern og familievern

Forslaget om at fylkeskommunane skal overta Bufetats ansvar for institusjonar og fosterheim er det som fylkesrådmannen synast passar dårlegast inn med fylkeskommunens eksisterande kompetanse og oppgåveportofølgje. Fylkesrådmannen er samd i at samarbeid mellom ulike offentlege instansar er viktig i løysinga av denne oppgåva, men her kan heller fylkeskommunen vere ein samarbeidspartnar heller enn ansvarleg for oppgåveløysinga.

Fylkesrådmannen er også i tvil om dette er ei oppgåva som gir noko regionalpolitisk handlingsrom. Målgruppa er sårbare barn og ungdom, og her det viktig at omsynet til brukarane sine behov veg tyngst. Fylkesrådmannen meiner at plasseringa saman med helseføretaket som har ansvar for psykiatri er ei betre løysing enn å legge dette til fylkeskommunane.

Ekspertutvalet foreslår at det blir utgreidd å overføre barnevernet frå kommunane til fylkeskommunane. Dette forslaget blir ikkje støtta av KS. Fylkesrådmannen

meiner at ein full gjennomgang av organiseringa av barnevernet vil vere bra, og støttar forslaget om ei utgreiing. Sjølv etter kommunereforma vil Noreg ha mange små kommunar, og dersom generalistkommuneprinsippet skal gjelde også framover, kan det vere at barnevern er ei oppgåve nokre kommunar er for små til, og kanskje for nære til, å løyse fagleg godt nok. Det bør også vurderast korleis dei interkommunale samarbeida på dette feltet fungerer og om dette gir føreseieleg rammer for kommunar og brukarar.

Møre og Romsdal fylkeskommune ønskjer å ta ei koordinerande rolle for dei offentlege etatane i fylket, og har starta eit prosjekt saman med Fylkesmannen for å skape meir forpliktande samarbeid, reglemessige møteplassar og betre koordinering. Fylkesrådmannen registrere at overføring av oppgåva med familievern blir grunngitt med for dårlig samarbeid med kommunane. Fylkeskommunen kan legge til rette for samarbeid, men det er ikkje naturleg at vi overtar ansvaret for oppgåva.

Regional planlegging

Fylkesrådmannen meiner det er positivt at ekspertutvalet vektlegg den regionale planlegginga og fylkeskommunen som regional myndigheit. Gjennom den regionale planlegginga vedtek fylkestingert kva som skal vere felles mål for utviklinga i fylket. Ei styrking av den regionale planlegginga vil gi større legitimitet for det regionale nivået og kan bidra til en betre samordning av planar og verkemiddel. Regionale planar blir da sentrale arenaer for å målrette, utvikle og forbetre samhandlinga mellom aktørar og virkemidlar.

Fylkesrådmannen ser det som særleg viktig at plan- og bygningsloven får inn ein heimel som forpliktar staten til å følge opp regionale planar. Dette er jf KS ekspertutvalet sitt viktigaste, overordna strategiske grep.

Forslag til vedtak:

- 1 Møre og Romsdal fylkeskommune er einig i dei prinsipp og vurderingar som ekspertutvalet har lagt til grunn i sin rapport for overføring av oppgåver. Fylkestinget viser til dei grunngjevingar som blir gitt av fylkesrådmannen i saksframlegget.
- 2 Dei oppgåvene som blir anbefalt overført vil styrke fylkeskommunane i utøving av rolla som regionale samfunnsutviklarar. Forslaget vil gi fylkeskommunane fleire verkemidlar til å ivareta dei ansvarsområda som allereie ligg til det folkevalte regionale nivået. Det vil styrke fagmiljøa våre, og det vil gjere oss meir interessante som samarbeidspartnar for statlege etatar, kommunane, næringslivet og kulturaktørar. Det kan gi meir effektiv og koordinert bruk av offentlege ressursar og gi forenklingar for kommunane.
- 3 Forslaga frå ekspertutvalet vil bidra til å desentralisere makt, tydeliggjere politisk ansvar og utvikle fylkesdemokratiet.
- 4 I tillegg vil Møre og Romsdal fylkeskommune komme med følgjande innspel til departementet:
 - **Innovasjon Norge:** I tråd med forslaget frå ekspertutvalet om å overføre midlar og oppgåver til regionalt folkevalt nivå, ønskjer Møre og Romsdal fylkeskommune at oppgåvene og gjennomføringskostnadene på 553.65 bør overførast frå Innovasjon Norge til fylkeskommunane. Det er

fylkeskommunane som har det overordna ansvaret for utvikling og omstilling i regionen, og dette bør sjåast i samanheng med arbeidet elles i regionen.

- **Prosess:** Ved overføring av oppgåver frå statlege etatar til fylkeskommunen blir det viktig at styringssystem og beslutningsstruktur blir gjort smidig, slik at verkemidlane kommer raskt og hensiktsmessig i bruk.
- **Kompetansepolitikk:** Ekspertutvalet legg til grunn at universiteter og høgskolar bør samarbeider tett med fylkeskommunane om utviklinga av relevante utdanningstilbod. Møre og Romsdal fylkeskommune vil i den samanheng understreke behovet for at styrings- og finansieringssystemet av universiteta og høgskolane blir innretta slik at det blir lønsamt for dei delta i det regionale samarbeidet.
- **Kollektivtrafikk:** Møre og Romsdal fylkeskommune er samd i forslaget frå Trøndelag fylkeskommune om at ekspertutvalet burde vurdert å samle ansvar for skoleskyss, kollektivtransport og helsetransport. Spesielt med tanke på at det no blir utvikla mobilitetssystem som kan vere tverrsektorielle.
- **Taxi:** Ekspertutvalet kunne ha tatt opp situasjonen innafor drosje med ESA-saka, og betydning av ein sterk regional løyvemyndigheit. Det er viktig at fylkeskommunane beheld løyveansvaret for å kunne integrere drosje i det regionale transporttilbodet.
- **Klima og miljø:** På bakgrunn av erfaringane som er gjort i vassforvaltningsarbeidet vil Møre og Romsdal fylkeskommune trekke fram betydinga av at Miljødirektoratet får eit tydeleg ansvar som fagleg støttespelar for fylkeskommunane.
- **Akvakultur:** Fylkeskommunane bør også få ansvar for driftsplangodkjenning og løyve til akvakultur av matfisk i ferskvatn, begge heimla i akvakulturlova. Fylkeskommunane sit i dag på kompetanse til å ta over desse oppgåvene, og det vil kunne føre til betre ressursbruk og sterkare samordning.
- **Vassforvaltning:** Møre og Romsdal fylkeskommune forventar at regjeringa stiller arbeidet med endringsforslaget frå KLD/OED i bero, og at denne oppgåva blir vurdert saman med andre oppgåver for det regionale folkevalte nivået som ein del av regionreforma.
- **Ressursforvaltning og oljeselskapa:** Fylkeskommunane må bli tatt tidligare inn i prosessen for oljeselskapa sine utbyggingsplaner på norsk sokkel. Regionale myndigheiter må holdast informert om fasane før innlevering av PUD (plan for utbygging og drift) og PAD (plan for anlegg og drift). Det må påleggast utbyggjar å informere regionale myndigheiter om mogleighetsstudiene, konseptstudiene og forprosjekteringa.
- **Bibliotek:** I Nasjonal bibliotekstrategi 2015-2018, er det utvikla ein modell for tildeling av prosjekt- og utviklingsmidlar som skal disponerast i tre hovudområder: felles infrastruktur, arenamidlar og utviklingsmidlar. Ekspertutvalet er ikkje tydeleg på om desse midlane skal overførast i sin heilheit, eller om det gjeld delar av dei. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at ansvaret i sin heilheit bør overførast fylkeskommunen, då dette vil forsterke ansvaret og rolla vi har på fagområdet.

- **Kulturvern:** Det hadde vore ein fordel om mynde til å prioritere og vedta sikringstiltak – innanfor gitte økonomiske rammer – hadde følgd dispensasjonsmyndet. Det vil vere i tråd med ekspertutvalet sin ambisjon om å samle saksfeltet på eitt forvaltningsnivå og gjere det meir oversiktleg. Døme på slike sikringsprosjekt kan vere innsamling/kartlegging av fonnefunn, geofysisk kartlegging av kulturminner under markoverflaten, eller restaurering eller undersøking av skadde lokalitetar. Å overføre tilskotsordningane i si heilheit til fylkeskommunane, vil bidra til ei heilskapleg kulturminneforvaltning.
- **Spelemidlar til idrett:** Møre og Romsdal fylkeskommune støttar ikkje tilrådinga om at kriteria for fordeling av spelemidlar mellom fylkeskommunane bør endrast slik at folketal og befolkningsammansetning blir tillagt høgare vekt. Vi viser her til Trøndelag fylkeskommune si påpeiking av at det er andre faktorar enn fordelingsnøkkelen som har innverknad på anleggsetableringa. Dagens fordelingsnøkkel på spelemidlar bør derfor vidareførast.
- **Bufetat og familievern:** Møre og Romsdal fylkeskommune støttar ikkje forslaga om å få overført oppgåvene til Bufetat og familievernet. Dette ligg utanfor fylkeskommunen sine kompetanseområder i dag og det er truleg heller ikkje noko særleg regionalpolitisk handlingsrom i utøving av desse oppgåvene. Møre og Romsdal fylkeskommune støttar derimot ei utgreiing av organiseringa av barnevernet, der både Bufetat sine oppgåver og kommunane sine oppgåver blir vurdert.
- **Regional planlegging:** Møre og Romsdal fylkeskommune ser det som særleg viktig at plan- og bygningsloven får inn ein heimel som forpliktar staten ikkje berre til å delta i utarbeidinga regionale planar, men og til å følge dei opp.
- **Heilskapleg samfunnsutvikling:** Møre og Romsdal fylkeskommune ber om at omsynet til heilskapleg samfunnsutvikling i dei nye fylka blir vekta høgare enn sektorane sine særinteresser i den vidare behandlinga av regionreforma og i vurderinga av kva oppgåver som skal overførast frå staten til det folkevalte regionale nivået.

Behandling i Fylkesutvalet - 11.04.2018

Gunn Berit Gjerde (V) fremma følgjande endringsforslag på vegner av seg sjølv, Tove-Lise Torve (AP), Kristin Sørheim (SP) og Mette Belden (Uavh):

«Nytt punkt 4:

Møre og Romsdal fylkeskommune føreset at dei nye oppgåvene til fylka blir fullfinansierte.

Nytt punkt 5:

Møre og Romsdal fylkeskommune meiner det er viktig at rapporten frå Ekspertutvalet får ei heilheitleg handsaming i regjering og Storting (eksisterande punkt 4 blir dermed punkt 6).

Endring i tredje siste strekpunkt under det nye punkt 5 (punkt 4 i tilrådinga): Møre og Romsdal fylkeskommune støttar overføring av oppgåvene til BUFETAT og familievernet.»

Votering:

Pkt. 1 – 3: Tilrådinga frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedteke.

Nytt pkt. 4: Forslag fremma av Gunn Berit Gjerde på vegner av fleire vart samrøystes vedteke.

Nytt pkt. 5: Forslag fremma av Gunn Berit Gjerde på vegner av fleire vart samrøystes vedteke.

Strekpunkt 1- 12: Samrøystes vedteke.

Strekpunkt 13 Strekpunkt – bufetat og familievern:

Det vart votert alternativt mellom fylkesrådmannen si tilråding og forslag fremma av Gunn Bert Gjerde på vegner av fleire. Forslag fremma av Gunn Berit Gjerde fekk 8 røyster (AP, V, SP, UAVH) og vart vedteke, fylkesrådmannen si tilråding fekk 5 røyster (H, FRP, KRF) og fall.

Strekpunkt 14-15: Samrøystes vedteke.

Tilråding frå Fylkesutvalet - 11.04.2018

- 1 Møre og Romsdal fylkeskommune er einig i dei prinsipp og vurderingar som ekspertutvalet har lagt til grunn i sin rapport for overføring av oppgåver. Fylkestinget viser til dei grunngjevingar som blir gitt av fylkesrådmannen i saksframlegget.
 - 2 Dei oppgåvene som blir anbefalt overført vil styrke fylkeskommunane i utøving av rolla som regionale samfunnsutviklarar. Forslaget vil gi fylkeskommunane fleire verkemidlar til å ivareta dei ansvarsområda som allereie ligg til det folkevalte regionale nivået. Det vil styrke fagmiljøa våre, og det vil gjere oss meir interessante som samarbeidspartnar for statlege etatar, kommunane, næringslivet og kulturaktørar. Det kan gi meir effektiv og koordinert bruk av offentlege ressursar og gi forenklingar for kommunane.
 - 3 Forslaga frå ekspertutvalet vil bidra til å desentralisere makt, tydeliggjere politisk ansvar og utvikle fylkesdemokratiet.
 - 4 Møre og Romsdal fylkeskommune føreset at dei nye oppgåvene til fylka blir fullfinansierte.
 - 5 Møre og Romsdal fylkeskommune meiner det er viktig at rapporten frå Ekspertutvalet får ei heilheitleg handsaming i regjering og Storting
 - 6 I tillegg vil Møre og Romsdal fylkeskommune komme med følgjande innspel til departementet:
- **Innovasjon Norge:** I tråd med forslaget frå ekspertutvalet om å overføre midlar og oppgåver til regionalt folkevalt nivå, ønskjer Møre og Romsdal fylkeskommune at oppgåvene og gjennomføringskostnadene på 553.65 bør overførast frå Innovasjon Norge til fylkeskommunane. Det er fylkeskommunane som har det overordna ansvaret for utvikling og omstilling i

regionen, og dette bør sjåast i samanheng med arbeidet elles i regionen.

- **Prosess:** Ved overføring av oppgåver frå statlege etatar til fylkeskommunen blir det viktig at styringssystem og beslutningsstruktur blir gjort smidig, slik at verkemidlane kommer raskt og hensiktsmessig i bruk.
- **Kompetansepolitikk:** Ekspertutvalet legg til grunn at universiteter og høgskolar bør samarbeider tett med fylkeskommunane om utviklinga av relevante utdanningstilbod. Møre og Romsdal fylkeskommune vil i den samanheng understreke behovet for at styrings- og finansieringssystemet av universiteta og høgskolane blir innretta slik at det blir lønsamt for dei delta i det regionale samarbeidet.
- **Kollektivtrafikk:** Møre og Romsdal fylkeskommune er samd i forslaget frå Trøndelag fylkeskommune om at ekspertutvalet burde vurdert å samle ansvar for skoleskyss, kollektivtransport og helsetransport. Spesielt med tanke på at det no blir utvikla mobilitetssystem som kan vere tverrsektorielle.
- **Taxi:** Ekspertutvalet kunne ha tatt opp situasjonen innafor drosje med ESA-saka, og betydning av ein sterk regional løyvemyndigheit. Det er viktig at fylkeskommunane beheld løyveansvaret for å kunne integrere drosje i det regionale transporttilbodet.
- **Klima og miljø:** På bakgrunn av erfaringane som er gjort i vassforvaltningsarbeidet vil Møre og Romsdal fylkeskommune trekke fram betydinga av at Miljødirektoratet får eit tydeleg ansvar som fagleg støttespelar for fylkeskommunane.
- **Akvakultur:** Fylkeskommunane bør også få ansvar for driftsplangodkjenning og løyve til akvakultur av matfisk i ferskvatn, begge heimla i akvakulturlova. Fylkeskommunane sit i dag på kompetanse til å ta over desse oppgåvene, og det vil kunne føre til betre ressursbruk og sterkare samordning.
- **Vassforvaltning:** Møre og Romsdal fylkeskommune forventar at regjeringa stiller arbeidet med endringsforslaget frå KLD/OED i bero, og at denne oppgåva blir vurdert saman med andre oppgåver for det regionale folkevalte nivået som ein del av regionreforma.
- **Ressursforvaltning og oljeselskapa:** Fylkeskommunane må bli tatt tidligare inn i prosessen for oljeselskapa sine utbyggingsplaner på norsk sokkel. Regionale myndigheiter må holdast informert om fasane før innlevering av PUD (plan for utbygging og drift) og PAD (plan for anlegg og drift). Det må påleggast utbygger å informere regionale myndigheiter om moglegeheitsstudiene, konseptstudiene og forprosjekteringa.
- **Bibliotek:** I Nasjonal bibliotekstrategi 2015-2018, er det utvikla ein modell for tildeling av prosjekt- og utviklingsmidlar som skal disponerast i tre hovudområder: felles infrastruktur, arenamidlar og utviklingsmidlar. Ekspertutvalet er ikkje tydeleg på om desse midlane skal overførast i sin heilheit, eller om det gjeld delar av dei. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at ansvaret i sin heilheit bør overførast fylkeskommunen, då dette vil forsterke ansvaret og rolla vi har på fagområdet.

- **Kulturvern:** Det hadde vore ein fordel om mynde til å prioritere og vedta sikringstiltak – innanfor gitte økonomiske rammer – hadde følgd dispensasjonsmyndet. Det vil vere i tråd med ekspertutvalet sin ambisjon om å samle saksfeltet på eitt forvaltningsnivå og gjere det meir oversiktleg. Døme på slike sikringsprosjekt kan vere innsamling/kartlegging av fonnefunn, geofysisk kartlegging av kulturminner under markoverflaten, eller restaurering eller undersøking av skadde lokalitetar. Å overføre tilskotsordningane i si heilheit til fylkeskommunane, vil bidra til ei heilskapleg kulturminneforvaltning.
- **Spelemidlar til idrett:** Møre og Romsdal fylkeskommune støttar ikkje tilrådinga om at kriteria for fordeling av spelemidlar mellom fylkeskommunane bør endrast slik at folketal og befolkningssamansetning blir tillagt høgare vekt. Vi viser her til Trøndelag fylkeskommune si påpeiking av at det er andre faktorar enn fordelingsnøkkelen som har innverknad på anleggsetableringa. Dagens fordelingsnøkkel på spelemidlar bør derfor vidareførast.
- **Bufetat og familievern:** Møre og Romsdal fylkeskommune støttar overføring av oppgåvene til BUFETAT og familievernet.
- **Regional planlegging:** Møre og Romsdal fylkeskommune ser det som særleg viktig at plan- og bygningsloven får inn ein heimel som forpliktar staten ikkje berre til å delta i utarbeidinga regionale planar, men og til å følge dei opp.
- **Heilskapleg samfunnsutvikling:** Møre og Romsdal fylkeskommune ber om at omsynet til heilskapleg samfunnsutvikling i dei nye fylka blir vekta høgare enn sektorane sine særinteresser i den vidare behandlinga av regionreforma og i vurderinga av kva oppgåver som skal overførast frå staten til det folkevalte regionale nivået.

Behandling i Fylkestinget - 23.04.2018

Heidi Nakken (H) fremma fylkesrådmannens opprinnelige innstilling:

«Bufetat og familievern

Møre og Romsdal fylkeskommune støttar ikkje forslaga om å få overført oppgåvene til Bufetat og familievernet. Dette ligg utanfor fylkeskommunen sine kompetanseområder i dag og det er truleg heller ikkje noko særleg regionalpolitisk handlingsrom i utøving av desse oppgåvene. Møre og Romsdal fylkeskommune støttar derimot ei utgreiing av organiseringa av barnevernet, der både Bufetat sine oppgåver og kommunane sine oppgåver blir vurdert.

Votering:

Tilrådinga frå fylkesutvalet (unntatt punkt om Bufetat og familievern) blei samrøystes vedteke.

Tilrådinga frå fylkesutvalet (punkt om Bufetat og familievern) fekk 25 røyster og blei vedteke, medan forslaget frå Heidi Nakken (H) fekk 22 røyster og fall.

Vedtak i Fylkestinget - 23.04.2018

- 1 Møre og Romsdal fylkeskommune er einig i dei prinsipp og vurderingar som ekspertutvalet har lagt til grunn i sin rapport for overføring av oppgåver. Fylkestinget viser til dei grunngjevingar som blir gitt av fylkesrådmannen i saksframlegget.
- 2 Dei oppgåvene som blir anbefalt overført vil styrke fylkeskommunane i utøving av rolla som regionale samfunnsutviklarar. Forslaget vil gi fylkeskommunane fleire verkemidlar til å ivareta dei ansvarsområda som allereie ligg til det folkevalte regionale nivået. Det vil styrke fagmiljøa våre, og det vil gjere oss meir interessante som samarbeidspartnar for statlege etatar, kommunane, næringslivet og kulturaktørar. Det kan gi meir effektiv og koordinert bruk av offentlege ressursar og gi forenklingar for kommunane.
- 3 Forslaga frå ekspertutvalet vil bidra til å desentralisere makt, tydeliggjere politisk ansvar og utvikle fylkesdemokratiet.
- 4 Møre og Romsdal fylkeskommune føreset at dei nye oppgåvene til fylka blir fullfinansierte.
- 5 Møre og Romsdal fylkeskommune meiner det er viktig at rapporten frå Ekspertutvalet får ei heilheitleg handsaming i regjering og Storting
- 6 I tillegg vil Møre og Romsdal fylkeskommune komme med følgjande innspel til departementet:
 - **Innovasjon Norge:** I tråd med forslaget frå ekspertutvalet om å overføre midlar og oppgåver til regionalt folkevalt nivå, ønskjer Møre og Romsdal fylkeskommune at oppgåvene og gjennomføringskostnadene på 553.65 bør overførast frå Innovasjon Norge til fylkeskommunane. Det er fylkeskommunane som har det overordna ansvaret for utvikling og omstilling i regionen, og dette bør sjåast i samanheng med arbeidet elles i regionen.
 - **Prosess:** Ved overføring av oppgåver frå statlege etatar til fylkeskommunen blir det viktig at styringssystem og beslutningsstruktur blir gjort smidig, slik at verkemidlane kommer raskt og hensiktsmessig i bruk.
 - **Kompetansepolitikk:** Ekspertutvalet legg til grunn at universiteter og høgskolar bør samarbeider tett med fylkeskommunane om utviklinga av relevante utdanningstilbod. Møre og Romsdal fylkeskommune vil i den samanheng understreke behovet for at styrings- og finansieringssystemet av universiteta og høgskolane blir innretta slik at det blir lønsamt for dei delta i det regionale samarbeidet.
 - **Kollektivtrafikk:** Møre og Romsdal fylkeskommune er samd i forslaget frå Trøndelag fylkeskommune om at ekspertutvalet burde vurdert å samle ansvar for skoleskyss, kollektivtransport og helsetransport. Spesielt med tanke på at det no blir utvikla mobilitetssystem som kan vere tverrsektorielle.
 - **Taxi:** Ekspertutvalet kunne ha tatt opp situasjonen innafor drosje med ESA-saka, og betydning av ein sterk regional løyvemyndigheit. Det er viktig at fylkeskommunane beheld løyveansvaret for å kunne integrere drosje i det regionale transporttilbodet.

- **Klima og miljø:** På bakgrunn av erfaringane som er gjort i vassforvaltningsarbeidet vil Møre og Romsdal fylkeskommune trekke fram betydinga av at Miljødirektoratet får eit tydeleg ansvar som fagleg støttespelar for fylkeskommunane.
- **Akvakultur:** Fylkeskommunane bør også få ansvar for driftsplangodkjenning og løyve til akvakultur av matfisk i ferskvatn, begge heimla i akvakulturlova. Fylkeskommunane sit i dag på kompetanse til å ta over desse oppgåvene, og det vil kunne føre til betre ressursbruk og sterkare samordning.
- **Vassforvaltning:** Møre og Romsdal fylkeskommune forventar at regjeringa stiller arbeidet med endringsforslaget frå KLD/OED i bero, og at denne oppgåva blir vurdert saman med andre oppgåver for det regionale folkevalte nivået som ein del av regionreforma.
- **Ressursforvaltning og oljeselskapa:** Fylkeskommunane må bli tatt tidligare inn i prosessen for oljeselskapa sine utbyggingsplaner på norsk sokkel. Regionale myndigheiter må holdast informert om fasane før innlevering av PUD (plan for utbygging og drift) og PAD (plan for anlegg og drift). Det må påleggast utbyggjar å informere regionale myndigheiter om mogleghetsstudiene, konseptstudiene og forprosjekteringa.
- **Bibliotek:** I Nasjonal bibliotekstrategi 2015-2018, er det utvikla ein modell for tildeling av prosjekt- og utviklingsmidlar som skal disponerast i tre hovudområder; felles infrastruktur, arenamidlar og utviklingsmidlar. Ekspertutvalet er ikkje tydeleg på om desse midlane skal overførast i sin heilheit, eller om det gjeld delar av dei. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at ansvaret i sin heilheit bør overførast fylkeskommunen, då dette vil forsterke ansvaret og rolla vi har på fagområdet.
- **Kulturvern:** Det hadde vore ein fordel om mynde til å prioritere og vedta sikringstiltak – innanfor gitte økonomiske rammer – hadde følgt dispensasjonsmyndet. Det vil vere i tråd med ekspertutvalet sin ambisjon om å samle saksfeltet på eitt forvaltningsnivå og gjere det meir oversiktleg. Døme på slike sikringsprosjekt kan vere innsamling/kartlegging av fonnefunn, geofysisk kartlegging av kulturminner under markoverflaten, eller restaurering eller undersøking av skadde lokalitetar. Å overføre tilskotsordningane i si heilheit til fylkeskommunane, vil bidra til ei heilskapleg kulturminneforvaltning.
- **Spelemidlar til idrett:** Møre og Romsdal fylkeskommune støttar ikkje tilrådinga om at kriteria for fordeling av spelemidlar mellom fylkeskommunane bør endrast slik at folketal og befolkningssamansetning blir tillagt høgare vekt. Vi viser her til Trøndelag fylkeskommune si påpeiking av at det er andre faktorar enn fordelingsnøkkelen som har innverknad på anleggsetableringa. Dagens fordelingsnøkkel på spelemidlar bør derfor vidareførast.
- **Bufetat og familievern:** Møre og Romsdal fylkeskommune støttar overføring av oppgåvene til BUFETAT og familievernet.
- **Regional planlegging:** Møre og Romsdal fylkeskommune ser det som særleg viktig at plan- og bygningsloven får inn ein heimel som forpliktar staten ikkje berre til å delta i utarbeidinga regionale planar, men og til å følge dei opp.

- **Heilskapleg samfunnsutvikling:** Møre og Romsdal fylkeskommune ber om at omsynet til heilskapleg samfunnsutvikling i dei nye fylka blir vekta høgare enn sektorane sine særinteresser i den vidare behandlinga av regionreforma og i vurderinga av kva oppgåver som skal overførast frå staten til det folkevalte regionale nivået

Ottar Brage Guttelvik
fylkesrådmann

Ole Helge Haugen
fylkesplansjef

Delegerte saker frå avdelingane

DS 111/18 Skjenkebevilling - søknad om å ta med skjenkeløyvet til Mulevika 07.05.2018 30.04.2018 00:00:00 THON HOTEL FOSNAVÅG

DS 112/18 Elise og Bjørnar Leine Kvalsund - 25/98 - Einebustad 02.05.2018 00:00:00 BYGGENHEIM AS

DS 113/18 Øyvind Sundnes Warholm - 30/58 - Fasadeendring 04.05.2018 00:00:00 Øyvind Sundnes Warholm

DS 114/18 Henriette Hansen og Nick-Are Huldal Skorpen 26/234 - Løyve til oppføring av einebustad og garasje 19.04.2018 00:00:00 DAKARK AS

DS 115/18 Lars Gunnar Larsen graving og transport - 53/5 - Løyve til oppstart grunnarbeid og teknisk anlegg 11.04.2018 00:00:00 LARS GUNNAR LARSEN GRAVING OG TRANSPORT

DS 116/18 Tildeling av prikkar ved manglande innrapportering av omsetning alkohol - Spar Fosnavåg 18.04.2018 00:00:00 NG SPAR MØRE AS

DS 117/18 Ragnar Reite 27/25 - Ferdigattest 19.04.2018 00:00:00 CEMENTPRODUKT AS

DS 118/18 Havstein Remøy DA 34/10 - Endringsløyve 25.04.2018 00:00:00 KVADRATBYGG AS

DS 119/18 Ingjerd Woldstad 82/13 - Løyve til oppføring av garasje og uthus 30.04.2018 00:00:00 Ingjerd Woldstad

**DS 120/18 Skjenkebevilling - Moltustranda mosjonsfestival -
godkjenning av søknad for 26.05.2018 04.05.2018 00:00:00
MOLTUSTRANDA IDRETTSLAG**

**DS 121/18 Joe Voldsund - 25/42 - Tilbygg/påbygg einebustad 07.05.2018
00:00:00 S STORØY AS**

**DS 122/18 Oksana Jankovska - 48/28 - Bruksendring 11.04.2018
00:00:00 Oksana Jankovska**

**DS 123/18 Tildeling av prikkar for manglande omsetningsoppgåve 2017 -
Kami Skotholmen AS 11.04.2018 00:00:00 KAMI SKOTHOLMEN AS**

**DS 124/18 Anita Jorunn Gjørvad - 45/161 - tilbygg terrasse 16.04.2018
00:00:00 Anita Jorunn Gjørvad**

**DS 125/18 Razi Nazem Ali og Shohany Nadia 21/12 - Endringsløyve
18.04.2018 00:00:00 SUNNMØRSHUS AS**

**DS 126/18 Geir Kleppe - 86/2 - ferdigattest redskapsbod 23.04.2018
00:00:00 Geir Skansen Kleppe**

**DS 127/18 Tildeling av prikkar for manglande omsetningsoppgåve 2017 -
Prego restaurante AS 11.04.2018 00:00:00 PREGO RESTAURANTE AS**

**DS 128/18 Lisa og Tore Grimstad - 81/14 - Tilbygg/påbygg til einebustad
18.04.2018 00:00:00 PRO-NOR ENTREPRENØR AS**

**DS 129/18 Aleksander Torvik - 37/503 - Terrasse 18.04.2018 00:00:00
Aleksander Torvik**

**DS 130/18 Skjenkebevilling - søknad om bevilling for åpent arrangement
(enkelt, bestemt anledning) Bobiltreff 27 og 28 april 2018. 23.04.2018
00:00:00 KVALSVIK BJARNE**

**DS 131/18 Kjøp av bustadtomt på gnr 45 bnr 188 i Dragsund 23.04.2018
00:00:00 Svein Ronald Hugås**

**DS 132/18 Ferdigattest - 45/153 - seksjon nr 1 og 2 30.04.2018 00:00:00
TØMRER SERVICE AS**

**DS 133/18 Ferdigattest - 9/117 - redskapshus/lager 02.05.2018 00:00:00
Jetmund Runde**


**DS 134/18 Ferdigattest tilbygg 22/65 07.05.2018 00:00:00
PROSJEKTBYGG AS**

**DS 135/18 BT Utbygging as - 46/83 - Løyve til planering av tomt
09.05.2018 00:00:00 B TARBERG AS**

Referatsaker

RS 17/18 Referat frå årsmøte 21.03.18 og årsrapport 20178

		HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
Reg nr		Saksbeh	
30 APR. 2018			
Ark kode P			
Ark kode S			
J nr		Dok.nr	
Kassasjon		Fot	



Bankkonto: 3900 30 59 840
 Veregnet: NO 98 9377132 MVA
www.sunnmore.museum.no

Randi Muldal
Lønn- og personalmedarbeider

Referat frå årsmøtet i Stiftinga Sunnmøre Museum

Tid: Torsdag 21. mars kl 17.

Stad: Sunnmøre Museum, Borgundgavlen.

Før årsmøtet heldt Knut Baar foredraget «Med fyr og flamme» om fyrbygging.

Sak 01/18: Godkjenning av innkalling. Registrering av møtedeltakarar.

Innkallinga vart godkjent, men det påpeikt at det var lågt frammøte. Det kan vere behov for å sende ut purring og vurdere å sende innkalling pr post.

Følgjande vart registrert etter opprop:

Anne Berit Støyva Emblem – Ålesund kommune

Hans Kjetil Knutsen – Ålesund kommune

Jostein Dalen – Stranda kommune

Trygve Holm – Sula kommune

Kari Hasle – Volda kommune

Ivar Arne Gjeitnes – Vestnes kommune

Cecilie Rørstad – Stiftinga Sunnmøre Museum

Arve Yndestad – Stiftinga Sunnmøre Museum

Nils Grytten – Aalesunds Museum

Idar Valkvæ – Godøy Kystmuseum

Tor-Sindre Steinsvik – Herøy Kystmuseum

Otto-Magne Strømmegjerde – Norsk Møbelfaglig senter

Anne-Karin Watters – Sykkylven Naturmuseum

Eivind Indresøvdde – Volda Bygdetun

Torild S. Remme – Sunnmøre Museumslag

Guri Bjørlo – Sunnmøre Museumslag

Sak 02/18: Val av ordførar og varaordførar.

Otto Magne Strømmegjerde vart vald till ordførar (valt i 2016 for 2 år, med Eva Hove som varaordførar).

Sak 03/18: Val av referent og to til å skrive under protokollen.

Cecilie Rørstad vart valt til referent. Tor Sindre Steinsvik og Idar Valkvæ vart valde til å skrive under protokollen.

Sak 04/18: Val av to til å telje stemmer ved val.

Nils Grytten og Kari Hasle vart valde til teljekorps.

Sak 05/18: Årsrapport for 2017. v/direktør.

Direktør Ivar Gunnar Braaten la fram årsrapporten for 2017. Braaten viste til årsrapport i trykt form og orienterte om museet sine hovudsatsingar. Samlingsforvaltning vart særleg løfta fram. Lager for større gjenstandar er under oppføring og der skal båtar, vogner og andre større gjenstandar flyttast for å frigjere plass i antikvariske bygg og andre lager. Samlingsforvaltning er grunnlaget for

museumsdrift og skal i langt større grad enn det vert gjort til no, legge grunnlaget både for formidling og forskning ved musea. Bedehuset frå Åkre er under oppføring.

Vi jobbar målretta for å styrke forskning gjennom at tilsette deltek på kurs i skriving av forskingsartiklar.

Det vart stilt spørsmål om korleis museet ser på nyare maritim historie og ivaretaking av denne.

Direktøren viste til fiskeriutstillinga i Holmbua. I Møre og Romsdal fylkeskommune sin museumsplan vert musea utfordra på å jobbe meir med nyare maritim historie. Dette har vi fokus på i strategien for museet. Nyleg fekk vi også ei flott samling av modellbåtar.

Sak 06/18: Informasjon frå styret. V/ styreleiar.

Styreleiar Ragna Dahl Grønnevet viste til styret si årsmelding i årsrapporten og gjekk over til å orientere om Møre og Romsdal Fylkeskommune sin museumsplan vedteken 17.10.2017. Planen peika på at Stiftinga Sunnmøre Museum er organisert i mange ulike stiftingar. Det er eit klart ynskje frå stat og fylke om ei sterkare og samla museumsdrift gjennom eit meir samla eigarskap. Det er sett i gong ein prosess der styreleiarane frå SSM og Kulturkvartalet, fylkeskultursjefen og kultursjefen i Ålesund kommune har vore med i ei styringsgruppa som greier ut om det er grunnlag for ei omstilling. Det vart det konkludert med at omstillingar og samanslåingar er ønskeleg og vi er no klare for å gå vidare. Vi vil invitere og involvere eigarstyra og kommunane i dette arbeidet. Styringsgruppa ynskjer at dette skal vere ein open og god prosess. SSM og dei tilsette ser positivt på dette. Det er ei målsetting å bygge ein ny organisasjon og denne prosessen er det viktig at omlandet er aktiv i.

Hornindal og Volda kommune skal slå seg saman. SSM er bede om å sjå på moglegheitene for drift av Anders Svor-museet.

Desse spørsmåla kom i samband med styreleiar si orientering om prosessen:

- Kva er tidsperspektivet? Det skal handsamast i styret i SSM i vår. Fylket ynskjer ei orienteringssak.
- Vil kommunane få uttale seg? Ja, først vårt styre, deretter eigarstyra, så alle kommunane.
- Er det gjort tilsvarande arbeid i andre delar av landet? Ja, det er det. Møre og Romsdal er blant dei siste i landet.

Styret si årsmelding og styreleiar si orientering vart teke til vitande.

Sak 07/18: Rekneskap for 2017. v/økonomiansvarleg.

Økonomiansvarleg Christel Martinussen la fram rekneskapen for 2017.

Vi har eit negativt årsresultat for 2017 på -235 000 kr. Dette var planlagt og det er tidlegare års positive resultat som vert nytta til inndekning.

I budsjett for 2018 vert eigenkapitalen redusert med ytterlegare 1 mill. I tillegg skal gåveforsterkingsmidlar og eksterne prosjektmidlar nyttast i 2018. Dette vert gjennomført for å slutføre dei pågåande prosjekta: bedehuset og lagerhallen. Eigenkapitalen vil ved utgangen av 2018 vere på 3,7 mill. Likviditeten vert dårlegare, men ein er trygt innanfor solid drift.

Vi har behov for auke i offentlege midlar for å halde oppe dagens driftsnivå. Vi vil få inntekter frå arrangement, men arrangementskostnadane er totalt sett store og det bind opp mykje personalressursar. Difor vil ikkje fleire arrangement føre til auka inntekter. I framtida vil ein ikkje kunne ta på seg store kostnadskevjangende prosjekt. Dei komande omstillingane og framtidig drift skaper behov for ei auke i frie offentlege midlar.

Det kom innspel om at styret bør jobbe opp mot kommunane og regionrådet for å få eit fast kronebeløp pr. innbyggjar i kommunane på Sunnmøre. Styreleiar vil ha kontakt med nye Ålesund kommune. Andre kommunar på Sunnmøre har vore oppmoda om å auke tilskotet, men vi har ikkje nådd fram.

Årsaka til underskotet i 2018 er at statstilskotet ikkje gjev rom for investeringar. Auka tilskot er svært naudsynt i forhold til omstilling og fusjon. Vi kan alle vere ambassadørar for dette. Vi treng gode investeringsordningar.

Det kom innspel på at det er på sin plass at Sunnmøre får sin del av dei kulturmidlane som vert investert i fylket, då det også bur mest folk på Sunnmøre.

Rekneskapen vart teke til vitande.

Sak 08/18: Val av leiar, nestleiar, styremedlemar og varamedlemar. v/valkomiteen.

Valet vart gjort ved akklamasjon etter valnemnda si innstilling.

Styreleiar: Ragna Dahl Grønnevet - attval

Nestleiar: Rigmor Andersen Eide - ikkje på val

Styremedlem: Robert Voldnes - Ikkje på val

Styremedlem: Elling Dybdal - ikkje på val

Styremedlem: Monica Linge - Marcelli attval

Styremedlem: Bjørn Nedreskodje - attval

Styremedlem: Christel Martinnusen - vald av dei tilsette

Jan Kåre Blindheim - vara for tilsettere representant

Varamedlemar:

1. Turid Støbakk Lillebø - attval
2. Jostein sande - ny
3. Dag Inge Bjørkedal - attval

Sak 09/18: Val av revisor. Godtgjersle til revisor. v/styreleiar.

BDO vart attvalt som revisor for 2018.

Sak 10/18: Godtgjersle til tillitsvalde. v/valkomiteen.

Godtgjersle vart fastsett i tråd med valnemnda si tilråding.

Sak 11/18: Val av valkomite med leiar og to andre medlemmar. v/styreleiar.

Valkomiteen vart attvald i tråd med innstillinga frå styret.

Otto Magne Strømmegjerde, - leiar attval

Kirsti Indreeide - attval

Jørgen Holte – attval

Cecilie Rørstad, referent


Tor Sindre Steinsvik


Idar Valkvæ

**MØTEPROTOKOLL**

Utval:	Kontrollutvalet
Stad:	Herøy Rådhus, Møterom 1
Dato:	25.04.2018
Tid:	14.15 – 16.00

Medlemer som møtte:

Gerhard Furø	Leiar	
Stian Elvesæter	Nestleiar	
Oddbjørg Karen Remøy	Medlem	
Ove Kåre Remøy	Medlem	

Forfall:

Kristin Helsem Sævik	Medlem	

Varamedlemer som møtte:

Terje Krogset		

Frå Vest kontroll møte:

Jostein Støylen	Dagleg leiar	

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS (SSKR IKS) møte:

Alf Marius Grønnevik	Forvaltningsrevisor	

Frå Herøy kommune møte:

Sølvi Remøy	Kommunalsjef oppvekst	I sak 13/18

Gerhard Furø
LeiarOve Kåre Remøy
Medlem



SAKLISTE

- SAK 09/18 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.
MØTEPROTOKOLL
- SAK 10/18 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 11/18 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2018
- SAK 12/18 MELDINGAR
- SAK 13/18 FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – TIDLEG INNSATS
- SAK 14/18 NESTE FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT



Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
09/18	033	13.04.2018	25.04.2018	IBM

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLL

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Ove Kåre Remøy.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
10/18	049	13.04.2018	25.04.2018	IBM

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 07.03.2018.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 07.03.2018.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
11/18	033&58	13.04.2018	25.04.2018	IBM

GJENNOMGANG MØTEPROTOKOLLAR 2018

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknad på noverande tidspunkt.

Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Herøy kommune si heimeside -

<https://innsyn.ssikt.no/heroy/Dmb#>

Møteprotokollar til gjennomgang

Kommunestyret	22.03	19.04
Formannskapet	13.03	10.04
Eldrerådet	12.03	
Komite for næring, kultur og idrett	09.04	
Komite for helse og omsorg	08.03	
Komite for oppvekst	07.03	
Plan og byggenemnd	08.03	05.04
Råd for msk med nedsett funksjonsevne	21.03	



Valnemnd

22.03

19.04

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
12/18	033&17	17.04.2018	25.04.2018	IBM

MELDINGAR

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tek meldingane 1-4 til vitende.
2. Kontrollutvalet viser til artikkel i Bodøposten vedkomande uttale frå barnevernet og ber rådmannen om orientering.

Vedlegg

1. E-post frå rådmannen, av 05.12.2018: Heime for lukking av formannskapsmøte 07.11.2017. Jf. kontrollutvalssak 41/17.
2. E-post frå barnevernskonsulent, av 27.02.2018: Oversikt over tilsynsbesøk i 2017. Jf. kontrollutvalssak 26/17. Vedlegg vert delt ut i møtet.
3. E-post frå personalleiar, av 12.03.2018: Pågåande prosess i kommunal sektor – Status. Jf. kontrollutvalssak 34/17.
4. Melding om vedtak, K-sak 32/18: Varsling – Rutinar på varsling av personer i leiargruppa til rådmannen.

I møtet

Melding motteken seint 24.04. 2018 vedkomande artikkel i Bodøposten av 23.04.2018.

«Skandale: Barnevernsleder mener menneskerettighetene ikkje gjelder.»

Uttalen var frå Herøy kommune i Møre og Romsdal. Artikkelen vart referert i møtet.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
13/18	217	06.04.2018	25.04.2018	AEH

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – TIDLEG INNSATS

Samrøystes innstilling

1. Kommunestyret tek til vitande forvaltningsrevisjonsprosjektet – Tidleg innsats, Herøy kommune. (Utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, datert 05.03.18).
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast/utførast:
 - Overgangsplanen skal innehalde rutinar knytt til overføringsmøter mellom kontaktlærar og barnehege.
 - Kommunen skal vurdere om det er hensiktsmessig og utarbeide felles strategi-/kvalitetsplan for heile oppvekstsektoren.
 - Kommunen skal setje i verk tiltak for å oppfylle minimumskrava i rettleiar m.h.t. antal timar leksehjelp ved alle skulane.
3. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan **20.08.2018**.



Vedlegg

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, *Forvaltningsrevisjonsprosjekt, Tidleg innsats, Herøy kommune*, datert 05.03.18. Motteke 06.04.18.

Saksopplysningar

Viser til rapporten som ligg ved denne saka.

Kontrollutvalet i Herøy kommune gjorde i sak 07/17 vedtak om å få utført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt kring tidleg innsats og PPT. Målsettinga med prosjektet var å undersøke om kommunen følgjer lov, forskrift og retningsliner med hensyn til å identifisere born med vanskar og yte spesialpedagogisk hjelp i barnehagar og kjem tidleg i gong med spesialundervisning/tilrettelagt undervisning i grunnskulen.

Problemstillingar:

1. Korleis vert born med behov for spesialpedagogisk hjelp fanga opp av kommunen?
2. I kva grad har kommunen tilfredstillande ordningar ved overgang frå barnehage til grunnskule for born med særlege behov?
3. I kva grad tilfredsstiller PPT sakshandsamingstida som går fram av lov og forskrift?

Problemstilling 1:

- **Korleis vert born med behov for spesialpedagogisk hjelp fanga opp av kommunen?**
- Korleis samarbeider dei ulike einingane i kommunen på dette området?

Revisjonen konkluderer med (side 27 i rapporten):

PPT har faste rutinemøter ute på einingane der ein assisterer og tilbyr tenester ut i frå einingane sine behov og ønsker, m.h.t., systemretta og førebyggjande arbeid. Barnehagar og skular beskriv i stor grad samarbeidet med PPT som godt og at ein generelt sett var nøgd med sakshandsamingtid og dei sakkyndige vurderingane. Både skular og barnehagar gav tilbakemelding om at ein kjem tidleg i gong med å prøve ut tiltak i bekymringsfasen, kommunen har også skriftlege rutinar knytt til dette. Kommunen har forskjellige rutinar og kartleggingsverktøy for å fange opp born med utfordringar både i barnehage og skule. Kommunen har utarbeida lokal rammeplan for barnehagane i kommunen, og skulane ein kontrollerte hadde lokale leseplanar på kvar enkelt eining. Kommunen bør vurdere om det kan vere hensiktsmessig og utarbeide ein felles kvalitetsplan for heile oppvekstsektoren. Ein bør også vurdere om det bør utarbeidast felles handlingsplan/kartleggingsplan i høve språk og sosial kompetanse i barnehagane, og knytt til lesing og skrivning i skulane.

Ved dei to skulane ein har kontrollert oppfyller ikkje kommunen krava til utdanningsdirektoratet i høve antal timar leksehjelp i veka. Kommunen bør setje i verk tiltak slik at ein oppfyller krava i høve leksehjelp ved alle skulane.

Problemstilling 2:

- **I kva grad har kommunen tilfredstillande ordningar ved overgang frå barnehage til grunnskule for born med særlege behov?**



Revisjonen konkluderer med (side 33 i rapporten):

Kommunen har felles plan for overgang mellom barnehage og skule. Einingane nytta den i stor grad. Kommunen bør vurdere om planen burde reviderast m.h.t. tydlegare ansvarsfordelingar m.h.t å fange opp born som ikkje går i barnehage. Dei fleste einingane ga tilbakemelding om eit godt samarbeid.

Tilbakemelding frå einingane viser at kontaktlærar i varierende grad har vore involvert i førskulearbeid/aktivitetar. Ein bør difor vurdere om komande kontaktlærar skal delta i førskuleaktivitetane og i overføringssamtalane mellom einingane i større grad enn tidlegare.

Kommunen har rutinar for at foreldre/føresette signerar samtykkeerklæring ved informasjonsoverføring mellom barnehage og skule. Samtykkeskjemaet inneheld konkrete detaljar over kva informasjon som vert overført.

Problemstilling 3:

- **I kva grad tilfredsstiller PPT sakshandsamingstida som går fram av lov og forskrift?**

Revisjonen konkluderer med (side 37 i rapporten):

Barnehagane og skulane i kommunen var i stor grad nøgd med sakshandsamingstida til PPT, og tilbakemeldingar viste at PPT kjem raskt i gong med tiltak og kartlegging. Ein kan derimot ikkje konkludere på om PPT held fristen i høve sakshandsamingstid på tre månadar.

Rådmannen sin kommentar (side 38 i rapporten):

«Anbefalingane revisjonen kjem med, er mottatt og forstått.

Pkt 1 vil kunne bli handtert raskt, dette handlar om å revidere rutinen på dette punktet.

Pkt 2 må vurderast i samband med revisjonar av gjeldande dokument for hhv barnehage og grunnskule. Vi opplever ikkje denne som akutt, sidan der allereie er god samordning i mål og strategiar på overordna nivå, samt god samhandling mellom leiarar og pedagogar i barnehagar og grunnskular.

Pkt 3 vert handtert i samband med tildeling av ressursar til grunnskulen for komande skuleår. Tilbodet om leksehjelp i tråd med lova, vil dermed bli gitt. Kvar rektor må så vurdere effektiv organisering på dette området som på alle andre område, i forhold til kor mange elevar som melder seg på dette frivillige tilbodet. Eg vurderer dette som endeleg tilbakemelding, med mindre det er andre tema revisjonen ønskjer utfyllande informasjon om.»

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
14/18	217	18.04.2018	25.04.2018	IBM

NESTE FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet ber om å få utført eit prosjekt innan barnevern på tilsynsførarordninga. Viser til diskusjonane i møtet.
2. Kontrollutvalet ber Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS utarbeide prosjektplan som skal leggst fram på neste møte.



Vedlegg

Ingen.

Saksopplysninger

Kommunestyret vedtok plan for forvaltningsrevisjon 2016 – 2019 i K-sak 196/16, med følgende prosjektområde for forvaltningsrevisjon i planperioden:

- Barnehage/grunnskule/PPT – tidleg innsats
- Barneverntenesta – oppfølging
- Helse/pleie/omsorg – kvalitet/avviksrapportering
- Helsesøster/psykiatri/rus – kvalitet/tenestetilbod
- Brannvern – organisering
- KOSTRA - rapportering

Kontrollutvalet har fått fullmakt frå kommunestyret til å prioritere og spesifisere prosjekt, samt eventuelt leggje til nye prosjekt innan ramma for utføring.

Kontrollutvalet må enten velje prosjekt frå lista, eller eventuelt legge til eit nytt prosjekt.

I møtet

Eit aktuelt forvaltningsprosjekt på barnevern spissa mot rettmessige tilsyn frå uavhengig tilsynsførar, om det er kome på plass rutiner mht uavhengigheitsvurdering, og rettmessige tilsyn av barnevernet, er ut frå diskusjonane det mest nærliggande prosjektet å få utført.

Møtet slutt.

Møteprotokollen går til: **Kommunestyret som melding.**

Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.

Rådmann til orientering.

Ordførar til orientering.

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.



VEST KONTROLL

SENRE TARIET FOR KONTROLLUTVAL



HERØY KOMMUNE

**MØTEPROTOKOLL**

Utval:	Kontrollutvalet
Stad:	Herøy Rådhus, Formannskapssalen
Dato:	15.05.2018
Tid:	08.00 – 10.00

Medlemer som møtte:

Gerhard Furø	Leiar	
Stian Elvesæter	Nestleiar	
Oddbjørg Karen Remøy	Medlem	
Ove Kåre Remøy	Medlem	

Forfall:

Kristin Helsem Sævik	Medlem	Ikkje meldt avbod

Varamedlemer som møtte:

Frå Vest kontroll møte:

Jostein Støylen	Dagleg leiar	

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS (SSKR IKS) møte:

Bodill Skeide	Dagleg leiar/rev.sjef	

Frå Herøy kommune møte:

Geir Egil Olsen	Økonomileiar	I sak 20
Olaus Jon Kopperstad	Rådmann	I sak 20

Gerhard Furø
LeiarOver Kåre Remøy
Medlem



SAKLISTE

- SAK 15/18 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.
MØTEPROTOKOLL
- SAK 16/18 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 17/18 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2018
- SAK 18/18 MELDINGAR
- SAK 19/18 REVISJONEN SITT ARBEID MED FINANSIELL REVISJON 2017
- SAK 20/18 KOMMUNEREKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2017
- SAK 21/18 PROSJEKTPLAN – TILSYNSFØRARORDNING BARNEVERN



Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
15/18	033	08.05.2018	15.05.2018	IBM

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLL

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Ove Kåre Remøy.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
16/18	049	08.05.2018	15.05.2018	IBM

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 25.04.2018.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 25.04.2018.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
17/18	033&58	08.05.2018	15.05.2018	IBM

GJENNOMGANG MØTEPROTOKOLLAR 2018

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Herøy kommune si heimeside -

<https://innsyn.ssikt.no/heroy/Dmb#>

Møteprotokollar til gjennomgang

Maritim og teknisk komite	07.05
Komite for næring, kultur og idrett	07.05
Komite for helse og omsorg	03.05
Komite for oppvekst	09.05
Plan og byggenemnd	09.05
Råd for msk med nedsett funksjonsevne	08.05
SSR IKS STYRE	Sendt til leiar
SSR IKS RE	Sendt til leiar



Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
18/18	033&17	08.05.2018	15.05.2018	IBM

MELDINGAR

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitende.

Vedlegg

1. Openheitsrapport 2017 – Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
19/18	216	08.05.2018	15.05.2018	IBM

REVISJONEN SITT ARBEID MED FINANSIELL REVISJON 2017

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har ut frå dei opplysningane som ligg føre ingen merknader til revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for revisjonsåret 2017.

Vedlegg

1. Revisjonsrapport 2017 frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS. B-dokument. Motteke 07.05.2018. **(Unnateke off. innsyn, jf. Offl. § 24, 1 lekk)**

Saksopplysningar

Denne saka er todelt. Det eine er ein del av kontrollutvalet sitt tilsyn med revisjonen.

og arbeidet som er gjort. Det andre er at ein ved gjennomgang av arbeidet til revisjonen, vert gjort merksam på tilhøve som det kan vere noko mangel på og/eller kan gjerast betre.

I Kommuneleva § 77 nr. 4 står det: «Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»

Kontrollutvalet si oppgave er utdjupa i kontrollutvalsforskrifta § 6:

«Kontrollutvalet skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruks, eller avtaler med revisor.»

Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) sin rettleiar for kontrollutvalet sitt «på sjå»-ansvar overfor rekneskapsrevisor vert lagt til grunn for kontrollutvalet sitt arbeid med å sjå til at rekneskapet vert revidert på ein trygg nok måte.

I tillegg kjem revisor si orientering/gjennomgang av revisjonsarbeidet for året.



Under finn ein kva som er/vil bli gjort vil bli gjort i høve til anbefalingane i rettleiaren:

(RF = Forskrift om revisjon og KF = Forskrift om kontrollutval)

1. Krav til utdanning og praksis for oppdragsansvarleg revisor, jf. RF §11
Krava her er fylgt opp.
2. Krav tilandel for oppdragsansvarleg, jf. RF §12
Revisor har ikkje meldt noko uregelmessig.
3. Dokumentasjon av revisor si uavhengigheit, jf. RF §15
Revisor har gitt skriftleg eigenvurdering for året.
4. Generelt om revisor si uavhengigheit og objektivitet, jf. RF §13 og §14.
*Så langt vi har kjennskap til revisor er ho uavhengig.
Det er ikkje grunn til å tru anna enn at revisor vurderer si uavhengigheit
fortløpande.*
5. Kunnskap om revisjonen sitt innhald.
*Kontrollutvalet sin kunnskap om kva revisjonsarbeidet omfattar, er gjennom
erfaring med revisjonen og orienteringar i møte, samt kontroll på
revisjonseininga frå Norges kommunerevisorforbund.
I tillegg ligg det føre, jf. vedlegg til denne saka, dokument om revisjonen sitt
arbeid med finansiell revisjon for året 2017.
Dokumentet gir kontrollutvalet ei grei oversikt og innsikt i arbeidet
revisjonen har gjort. Dokumentet sitt detaljnivå gjer at det er unnateke
offentleg innsyn, og vil berre vere tilgjengeleg for kontrollutvalet i samband
med deira «på-sjå» ansvar ovanfor
revisjonen.
Ved å gå igjennom konklusjonsmomenta på kvart område i dokumentet får
ein god oversikt. Om årsrekneskapen og revisjonsuttalen står det:
Det er ikkje avdekka feil i revisjonsarbeidet som ikkje har blitt retta, og
revisor meiner det er teke tilstrekkeleg høgde for latente tap som er kjente.
Det er derfor ikkje grunnlag for å kunne konkludere med at rekneskapen
inneheld vesentlege feil som vil påvirke arbeidsvesentlegheitsgrensa på ein
slik måte at den vert overskriden, fastsett til 5,1 mill. Årsrekneskapen og
notar er kontrollerte slik det ligg føre, og kan godkjennast. Det er avgitt
normal revisjonsuttale datert 28. april 2017.*
6. Avtale mellom revisor og kontrollutvalet.
*Det er inngått avtale mellom kontrollutvalet og revisjonen. Denne gjeld frå
01.01.2015.*
7. Revisjonsstrategi.
*Revisor har utarbeida revisjonsstrategi for året. Denne var til
behandling/orientering i kontrollutvalssak 28/17.*
8. Nummerert brev, jf. RF §4
Kontrollutvalet har ikkje motteke nummerert brev for året.
9. Mislegheiter, jf. RF §§ 3 og 4, KF §8
Kontrollutvalet har ikkje fått melding frå revisor om mislegheiter for året..
10. Revisjonsmeldinga, jf. RF §5
Revisjonsmelding, datert 28.04.2018.
11. Revisor sin møteplikt og møterett, jf. RF §19, KF §19.
Revisor har fylgt si møteplikt i kommunestyret i samsvar med lov/forskrift.
12. Revisor sin opplysningsplikt, jf. RF §20.
*Der er ikkje grunn å tru at revisor har halde tilbake opplysningar som
kommunestyret og kontrollutvalet burde hatt.*



Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
20/18	212	07.05.2018	15.05.2018	JS

KOMMUNEREKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2017

Samrøystes uttale

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2017 datert 28.04.2018.
2. Kontrollutvalet meiner at Herøy kommune sitt årsrekneskap som viser kr 488.461.156 fordelt på rammeområda, eit netto driftsresultat på kr 9.533.132 og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 10.059.561, som er sett saman av balanse per 31.12.2017, driftsrekneskap, investeringsrekneskap og økonomiske oversikter, notar medreknasamandrag og viktige rekneskapsprinsipp, kan godkjennast.

Vedlegg:

- Rekneskap 2017 med revisjonsmelding.
- Årsmelding 2017

Saksopplysningar

Det vert vist til dei vedlagde dokumenta: Revisjonsmelding (side 70 i rekneskapsdokumentet), rekneskap og årsmelding for 2017.

Rekneskapen av avslutta med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 10.059.561 (Kr 22.492.725 i 2017).

Revisjonsmeldinga

Revisor sin konklusjon om årsrekneskapen:

Rekneskapen av gitt i samsvar med lov og forskrift og gir per 31.12.2017 dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen og av resultatet for rekneskapsåret som er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen, annan informasjon, rådmannen sitt ansvar for årsrekneskapen og revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen går fram av revisjonsmeldinga.

Revisor konkluderer flg. om andre lovmessige krav:

- Regulert budsjett i rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak og årsrekneskapen er i rimeleg samsvar med regulert budsjett.
- Opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og dei er i samsvar med lov og forskrifter.
- Leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

**Rekneskapen**

Rekneskapen er oversiktleg og inneheld dei obligatoriske skjema.

Innhaldslista finn ein på side 2.

Notane «1 til 22» gir veldig gode forklaringar/informasjon og bør lesast.

Ein viser elles til rekneskapsdokumentet.

Årsrapport

Innhaldsliste side 2 og 3

Viser særleg til pkt. 7 Økonomi (side 45-67) og pkt. 8 Tenester (side 68-91) som er særleg viktig m.o.t. rekneskapen for 2017.

Etter kommunelova § 48 nr 5 skal det årsmeldinga opplysast om tilhøve som er viktige for å bedømme kommunen si økonomiske stilling og resultatet for verksemda som ikkje går fram av årsrekneskapen, samt andre tilhøve av vesentleg betydning for kommunen. Dette er i stor grad følgt opp. Det er og eit krav at det i årsrapporten skal gjerast greie for tiltak som er sett i verk og planlagde tiltak for å sikre høg etisk standard for verksemda. Viser her til pkt. 4.12 side 15.

Ein viser elles til sjølve årsrapporten.

Avslutning

Då det i revisjonsmeldinga ikkje kjem fram noko atterhald eller presisering, årsrekneskapen er gitt i samsvar med lov og forskrift, gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31.12.2017 og resultatet for rekneskapsåret er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg, har ein ingen merknad til det framlagde rekneskap for 2017.

I møtet

Økonomileiar Geir Egil Olsen og rådmann Olaus Jon Kopperstad orienterte og svara på spørsmål.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
21/18	217	08.05.2018	15.05.2018	IBM

PROSJEKTPLAN – TILSYNSFØRARORDNING BARNEVERN**Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet ber Søre Sunnmøre kommunerevisjon utarbeide forvaltningsrevisjonsprosjekt Tilsynsførarordning barnevern, jf. prosjektplan.

Vedlegg

Prosjektplan – Tilsynsførarordning barnevern. Utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon. Datert 30.04.2018

Saksopplysningar

Kontrollutvalet vedtok i sak 14/18 at neste forvaltningsprosjekt er knytt til tilsynsførarordninga i barnevernet.



Søre Sunnmøre kommunerevisjon har utarbeida prosjektplan, med fylgjande problemstillingar:

1. Har kommunen gjennomført tilfredsstillande antal tilsyn i høve fosterborn?
2. Har borna fått tildelt tilsynsførar, og har det vore gjennomført eit tilfredsstillande antal tilsyn?
3. Har kommunen fått på plass rutinar mht. å dokumentere uavhengigheitserklæringa til sine tilsynsførarar?

Viser elles til vedlagte prosjektplan for utfyllande informasjon.

Møtet slutt.

Møteprotokollen går til: Kommunestyret som melding.
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.
Rådmann til orientering.
Ordførar til orientering.
Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.



VEST KONTROLL

SENRE TARIET FOR KONTROLLUTVAL

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@ssikt.no]
Sendt: 15.05.2018 13:58:37
Til: Lisbeth Moltu Espeseth
Tittel: Protokoll frå kontrollutvalsmøte 15.05.2018

----- Opprinnelig melding -----

Fra: Ida Birgitte Marholm <ida.birgitte.marholm@vestkontroll.no>
Dato: 15.05.2018 13:26 (GMT+01:00)
Til: Postmottak Herøy <postmottak.heroy@heroy.kommune.no>
Ko: Olaus-Jon Kopperstad <olaus-jon.kopperstad@heroy.kommune.no>, Arnulf Goksøyr
<arnulf.goksoyr@heroy.kommune.no>, Camilla Storøy <camilla.storoy@heroy.kommune.no>
Emne: HE 03-18 Protokoll frå kontrollutvalsmøte 15.05.2018

Hei
Oversending for behandling, skal som melding til kommunestyret.

Med helsing



Ida Birgitte Marholm
Konsulent
Tlf: 700 30 445/41 47 62 12
ida@vestkontroll.no



Møteprotokoll frå møte i representantskapet for Interkommunalt arkiv i Møre og Romsdal 19.04.2018

01/18: Oppteljing av representantskapsmedlemmar

Tilråding:

Dei frammøtte utsendingane frå fylkeskommunen og kommunane vert godkjent som representantar. Det møter utsendingar frå 25 eigarar som representerer 70,3 % av eigardelane. Kravet er minst 19 utsendingar som representerer 2/3 av eigardelane. Møtet er såleis lovleg sett.

Vedtak:

Møtet er lovleg sett

02/18: Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkallinga og saklista vart sendt eigarane i e-post 22.03.2018.

Det vert ei tilleggsak 10: Godkjenning av protokoll.

Tilråding:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent

03/18: Val av ein til å føre møteprotokoll og to til å skrive under protokoll

Val av to til å føre møteprotokoll.

Tilråding:

Ellen Forland

Val av to til å skrive under møteprotokollen saman med leiar i representantskapet.

Tilråding:

Trygve Børsting og Oddny Løvik

Vedtak:

Tilrådingane av personar til å føre møteprotokoll og skrive under møteprotokoll vart samrøystes godkjent.

04/18: Presentasjon frå selskapet

Tilråding:

Representantskapet tek orienteringa til vitande.

Vedtak:

Representantskapet tek orienteringa til vitande.

05/18: Årsmelding 2017

Tilråding:

Felles vedtak vert gjort i sak 6/18.

06/18: Regnskap 2017

Tilråding:

Årsmelding og regnskap med revisjonsmelding for 2017 vert godkjent. Meirforbruk på kr 24 285 vert tatt frå disposisjonsfondet.

Vedtak: (Felles vedtak sak 5 og 6)

Årsmelding og regnskap med revisjonsmelding for 2017 vert godkjent. Meirforbruk på kr 24 285 vert tatt frå disposisjonsfondet.

07/18: Val av styre

Tilråding:

Synnøve Hunnes, med vara Evelyn Omenås, og Liv Grete Orvik – med vara Eldar Øien vert attvalt.

Vedtak:

Synnøve Hunnes, med vara Evelyn Omenås, og Liv Grete Orvik – med vara Eldar Øien vert attvalt.

08/18: Overordna mål og retningslinjer for drifta – «Handlingsprogram IKAMR - årsbudsjett 2018 - økonomiperioda 2018-2021»

Tilråding:

Handlingsprogram IKAMR - årsbudsjett 2018 - økonomiperioda 2018-2021 vert godkjent.

Vedtak:

Handlingsprogram IKAMR - årsbudsjett 2018 - økonomiperioda 2018-2021 vert godkjent.

09/18: Rammer for låneopptak og tilskot frå deltakarane

Tilråding:

Ingen endring i ramme for låneopptak som er på Kr 2 000 000. Kontingenten vert regulert i samsvar med endring i folketal og den kommunale deflatoren.

Vedtak:

Ingen endring i ramme for låneopptak som er på Kr 2 000 000. Kontingenten vert regulert i samsvar med endring i folketal og den kommunale deflatoren.


10/18 Godkjenning av møteprotokoll

Vedtak:


Protokoll godkjent.

Vestnes, 19.04.2018

Ellen Forland
ref



Geir Stenset
leiar av representanskapet i IKA



Trygve Børsting
Rauma kommune



Oddny K. Løvik
Haram kommune



ika Møre og Romsdal
Arkiv og kulturformidling

Fortid & notid
for framtid

Alle eigarane

Dykkar ref:

Dykkar dato:

Vår ref:

18/208/ GHE

Dato:

15.05.2018

Protokoll - representantskapsmøte Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS - 19.04.2018

Vedlagt følger protokoll frå representantskapsmøte til Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS - 19.04.2018.

I sak 08/18 «Overordna mål og retningslinjer for drifta – Handlingsprogram IKAMR – årsbudsjett 2018 – økonomiperioda 2018-2021» vedtok representantskapet å auke kronebeløpet per innbyggjar med 5 kr per innbyggjar for kommunane og 1 kr per innbyggjar for fylkeskommunen frå 2019. Dette skal finansiere 2 arkivarstillingar til handtering av auka arbeidsmengde med både digitalt skapte arkiv og papirarkiv.

Helsing

Geir Håvard Ellingseter
dagleg leiar
geir.havard.ellingseter@ikamr.no
971 50 011



ika

Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Vedlegg:

Signert protokoll Representantskapsmøte 2018	1336802	09.05.2018
Sak 08-18 Handlingsprogram IKAMR - årsbudsjett 2018 - økonomiperioda 2018-2021	1336897	15.05.2018

Fra: Lisbeth Moltu Espeseth[lisbeth.moltu.espeseth@heroy.kommune.no]

Sendt: 15.05.2018 14:01:26

Til: Lisbeth Moltu Espeseth

Tittel: Protokoll - representantskapsmøte Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS - 19.04.2018

Fra: Geir Håvard Ellingseter <geir.havard.ellingseter@ikamr.no>

Sendt: 15. mai 2018 13:29

Til: kommuner-mrfylke@ikamr.no

Emne: Protokoll - representantskapsmøte Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS - 19.04.2018

Sjå vedlegg.

Venleg helsing

Geir Håvard Ellingseter

dagleg leiar

Interkommunalt arkiv Møre og Romsdal IKS

Tlf. 971 50 011

geir.havard.ellingseter@ikamr.no

www.ikamr.no

Fortid & notid for framtid

Arkiv og kulturformidling

Handlingsprogram, årsbudsjett 2018 og
økonomiperioden 2018-2021 med investeringar

IKA Møre og Romsdal



1.	Innleiing.....	3
2.	Status og utfordringar.....	3
3.	Mål og strategiar	3
4.	Sikre arkiv for framtida	4
4.1	Kartlegging	4
4.2	Kurs, konferanse og faggruppemøte.....	4
4.3	Bevaring og kassasjon.....	5
4.4	Papirarkiv	5
4.4.1	Personregister	5
4.4.2	Historisk kommunalt arkiv	5
4.4.3	Privatarkiv.....	5
4.4.4	Ordning, registrering og tilgjengeleggjering av papirarkiv i Asta	6
4.4.5	Depot for papirarkiv	6
4.4.6	Ordningsprosjekt for kommunane	7
4.5	Elektroniske arkiv	7
4.6	Formidling.....	8
5.	Digitalisering	8
6.	Organisasjonsutvikling	8
7.	Kulturnett / Fylkesfotoarkivet / SEDAK	9
8.	Årsbudsjett 2018 og økonomiperioden 2018-2021	12
8.1	Årsbudsjett 2018.....	12
8.2	Økonomiperioden 2018-2021	14
8.3	Hovudpunkt	14
8.4	Styrka bemanning i 2019	14
8.5	Økonomiplanperiode	17
8.6	Økonomiplan investeringar 2018-2021	17
8.7	Økonomiske konsekvensar av kommunereforma frå 2020	17

1. INNLEIING

Bevaring og tilgjengeleggjering av eigne arkiv er ei av mange oppgåver som kommunane og fylkeskommunen skal løyse. I Møre og Romsdal har alle kommunane og fylkeskommunen gått saman og oppretta Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS (IKAMR) for å løyse desse oppgåvene i fellesskap.

IKAMR sin visjon er «Fortid og notid for framtid».

IKAMR skal arbeide for at arkivmateriale frå medlemane eller slikt materiale som desse tar ansvar for, blir tatt vare på og gjort tilgjengeleg for offentleg bruk, forskning og andre administrative og kulturelle formål, i samsvar med arkivlova.

IKAMR har depotansvar for arkivmaterialet til 35 av dei 37 eigarane våre. Vi utøver også arbeid knytt til privatarkiv. I 2018 vil det bli utført digitalisering- og ordningsoppdrag finansiert på sida av ordinær medlemsskapskontingent.

IKAMR har som selskap også blitt tillagt arbeidsoppgåver som kjem utanom pliktene i selskapsavtalen. Dette gjeld ansvaret for Kulturnett Møre og Romsdal, FylkesFOTOarkivet og SEDAK (Fylkessenter for Digitalisering av Kulturarven). Desse oppgåvene er lagt til oss av Møre og Romsdal fylkeskommune.

2. STATUS OG UTFORDRINGAR

Satsingsområda til IKAMR er:

- Sikre arkiv
- Digitalisering
- Organisasjonsutvikling

Kommunereforma vil utfordre IKAMR på alle desse 3 områda. Det vil bli omfattande endringar i oppbygginga av eigarskapet til IKAMR i den neste økonomiperioden. Ein endra eigarstruktur og ny finansieringsmodell må på plass.

IKAMR vil måtte jobbe med å tilpasse kapasiteten på tenestene i forhold til kva eigarkommunane vil bestille frå oss. Dette gjeld både for kapasitet på oppbevaring (hyllemeter), digitaliseringstenester og ordning av arkiv. IKAMR skal i 2018 utarbeide ein kompetanseplan for selskapet. Kompetanseplanen skal ta utgangspunkt i IKAMR sin strategi.

IKAMR må arbeide for å få på plass ein finansieringsmodell som er robust med omsyn til endringar i eigarskap.

Bemanninga ved IKAMR må styrkast for å kunne levere tenestene som eigarane ber om. Dette gjeld handtering av eldre arkiv, arkivdanning og sikring av digitalt skapte arkiv. Det må i 2018 arbeidast for å få på plass ei utviding av kapasiteten på desse 3 områda.

3. MÅL OG STRATEGIAR

IKA Møre og Romsdal skal vere det leiande arkivfaglege kompetansesenteret for eigarane.

Vi skal hjelpe kommunane til å oppfylle deira lovpålagte arkivoppgåver på ein effektiv og rasjonell måte. Vi skal kunne levere tenester innan arkiv basert på behova til eigarkommunane.

Dei 3 satsingsområda for 2018-2021 er:

1. Sikre arkiv for framtida

Riksrevisjonens undersøking frå 2010 av arbeidet med å sikre og tilgjengeleggjere arkiva i kommunal sektor viste manglande sikring og tilgjengelegging og dermed auka risiko for at mykje bevaringsverdig dokumentasjon vil gå tapt.

2. Digitalisering

Eigarane til IKAMR gjennomfører for tida ei omfattande digitalisering av arbeidsprosessane sine. IKAMR skal halde seg oppdatert på denne utviklinga, og kan gje arkivfaglege råd til kommunane på dokumentasjonshandling og arkiv.

Når det gjeld den digitale utviklinga er samfunnet inne i ein fase der det ikkje lenger er tilstrekkeleg å digitalisere dagens tenester og prosessar. For å møte dei auka krava til ei effektiv, brukarvenleg og opa forvaltning må vi tenkje nytt og kanskje løyse samfunnsoppdraga våre på nye måtar. Den digitale transformasjonen beskrivast som ein prosess der verksemdene endrar korleis dei utfører oppgåvene sine, tilbyr betre tenester, arbeider meir effektivt eller skaper heilt nye tenester. Brukarfokus og brukaroppleving er sjølve kjerna i endringane som baserer seg på utnytting av digital teknologi. Slik innovasjon vil stille krav til leiing, omstillingsevne og prosessar i organisasjonen.

3. Organisasjonsutvikling

Kommunereform – modell for finansiering

Kompetent og innovativ organisasjon

Arkivfagleg utvikling

God kommunikasjon

God økonomistyring

Kostnadseffektiv drift

4. SIKRE ARKIV FOR FRAMTIDA

Det meste IKAMR gjer av oppgåver fell inn under det å sikre arkiv for framtida.

4.1 Kartlegging

Skal ein sikre arkiv er det heilt avgjerande at ein har oversikt over kva arkiv som finst, kor det er lagra og kva det inneheld. For å få til dette må IKAMR i 2018 gjennomføre eit kartleggingsprosjekt i samarbeid med kommunane. Før ei kommunereform vil dette arbeidet vere spesielt viktig å ha gjennomført.

4.2 Kurs, konferanse og faggruppemøte

IKAMR skal arrangere 3 kurs om "Ordning av eldre arkiv". Om nokon av eigarkommunane ønsker det arrangerer IKAMR kurset lokalt også.

IKAMR skal arrangere 2 arkivplankurs i 2018 og elles rettleie kommunane etter førespurnad.

Den årlege kontaktkonferansen for IKAMR sine medlemar vil bli arrangert i Molde i mai. Kontaktkonferansen skal vere ein viktig arkivfagleg arena for arkivarar i fylket.

IKAMR vil delta i faggruppemøta til:

- SSIKT - Søre Sunnmøre samarbeidet
- eKommune Sunnmøre
- ROR-IKT samarbeidet
- IKT ORKidé samarbeidet

4.3 Bevaring og kassasjon

Frå 01.02.2014 blei nye bevarings- og kassasjonsreglar for fylkeskommunale og kommunale arkiv innført. Rettleiaren er klar og Representantskapet til IKAMR bad om at dette arbeidet skulle bli prioritert. IKAMR vil hjelpe eigarane våre å få på plass bevarings- og kassasjonsplanar.

4.4 Papirarkiv

4.4.1 Personregister

Ekspedering av mappedokumentasjon aukar i takt med at mengda deponert materiale aukar.

30 av kommunane i Møre og Romsdal deltar i *Oppreisningsordninga for personar som med heimel i barnevernslova vart plasserte ved barneheim, skuleheim og spesialskule fram til 01.01.1993*.

Sekretariatet er lagt til Møre og Romsdal fylkeskommune. 50% av ei stilling ved IKAMR er frikjøpt for å gjere arkivundersøkingane i ordninga – og går inn som ein del av sekretariatet.

Oppreisningsordninga for barn og unge som fekk behandling for tuberkulose i sjukehus kjøper tenester av sekretariatet. Søknadsfrist er 01.04.2018. Personregisteransvarleg vil dermed truleg vere oppteken med dette arbeidet i 50% ut 2018.

Ein skal vidareføre registrering på boksniå av nye avleveringar i Asta. Alle personregisterseriar som er registrerte i Asta skal i løpet av året publiserast til arkivportalen.no. Det skal jobbast vidare med å samkøyre rutinar for handtering av eldre arkiv og personregister. For å gjere gjenfinning av personmapper sikrare og mindre ressurskrevjande skal det jobbast med ei løysning for søk på mappenivå.

4.4.2 Historisk kommunalt arkiv

Ein stor del av arbeidet med eldre arkiv i 2018 vil vere ordning og registrering av arkiv, formidling, rettleiing, korrekturlesing av avleveringslister og mottak av arkiv. Arkiv som ikkje er ordna, registrert og beskrive er lite tilgjengeleg.

Kommunereforma påverkar arbeidet med eldre arkiv i Møre og Romsdal. Vi har dei siste åra arbeidd med å kartlegge papirarkiva i kommunane. I 2016 utvikla vi ein rutine med eit skjema som vi brukar når kommunen arbeider med å skaffe seg ei oversikt over eldre og avslutta arkiv. Dette skjemaet viser også kva ein må gjere med dei ulike arkiva for at dei skal kunne avleverast til depot. Skjemaet skal ligge i arkivplanen til kommunen. I 2018 skal vi arbeide vidare med å implementere denne arbeidsmetodikken, og målet er at kommunen sjølv skal kunne bruke rutinane. Ei slik kartlegging vil synleggjere kor mykje papirarkiv som står att ute i kommunane, og kor mykje det vil koste å få det ordna og avlevert til depot.

4.4.3 Privatarkiv

10 kommunar og Møre og Romsdal fylkeskommune er tilslutta ordninga med deponering av privatarkiv: privatarkivordninga. Dette inneber at IKAMR tar imot arkiv frå bedrifter, lag og privatpersonar i desse kommunane. Vi vurderer den kulturhistoriske verdien av arkiva og mengda i høve til kapasiteten vi har. Kommunane som er med er Vestnes, Fræna, Giske, Hareid, Norddal, Rauma, Smøla, Stranda, Sunndal og Vanylven.

Plan for 2018:

- Hjelpe lokale arkiv i Møre og Romsdal med å få registrert arkivbestanden i ASTA og publisere på Arkivportalen.
- Implementere bevaringsplanen for privatarkiv som er utarbeidd av Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane og IKAMR

- Samarbeide med regionmusea i fylket om bevaring av privatarkiv. Særleg arbeide med forenkla registrering
- Halde fram med arbeidet for å få ei stabil finansiering av bevaring og formidling av privatarkiv
- Halde fram med samarbeidet med Næringshistorisk forening om digitalisering av skipsbygging i fylket
- Formalisere samarbeid med Møre og Romsdal Idrettskrets om registrering og bevaring av idrettslagsarkiv. Etablere idrettsarkiv i fylket
- Tilby kurs og foredrag hos lokale historielag og liknande lag/organisasjonar
- Levere arkivutviklingsprosjektet *Digitalisering og publisering av skipsteikningar frå Voldnes skipsverft*
- Utvide depotplass til privatarkiv der delar av auka tilskot frå fylkeskommunen blir brukt til det
- Utvide samarbeidet med Arbeiderbevegelsens arkiv i Møre og Romsdal
- Få fleire av kommunane til å slutte seg til privatarkivordninga
- Ordne meir av deponerte privatarkiv

4.4.4 Ordning, registrering og tilgjengeleggjering av papirarkiv i Asta

IKAMR har eit stort etterslep på ordning av arkiv som er eldre enn førre store kommunereform, og det er tidkrevjande å betene uordna arkiv. Dess meir arkiv IKAMR tar imot, dess fleire førespurnader mottar vi. I 2017 blei bestanden talt opp, og i 2018 må ein derfor setje av ressursar til å starte arbeidet med å få ei oversikt over kor mange hyllemeter arkiv ein har som er finordna, grovordna og uordna.

IKAMR held i 2018 fram med å implementere rutinar for ordning, registrering og kvalitetssjekking av registrerte arkiv i Asta. Alle arkiv som er ferdig ordna, registrert og beskrive skal ut på Arkivportalen. Det har dei siste åra blitt arbeidd med å ta i bruk ein nasjonal standard for arkivbeskriving, og denne standarden har på slutten av 2017 blitt tilpassa vår institusjon.

I 2018 skal det utarbeidast eit rutinesett som skal forklare alle prosessane frå arkivet står ute i kommunen til arkivet er ferdig ordna, registrert og etikettert. Ein forenkla versjon av dette skal leggjast på heimesidene våre.

IKAMR vidarefører arbeidet med å få ei betre oversikt over magasinbeholdninga (sjå meir under depot).

4.4.5 Depot for papirarkiv

Behovet for elektronisk depotstyring aukar med kvar hyllemeter arkiv som kjem inn. For å kunne jobbe effektivt og målretta med formidling av arkivbestanden må det prioriterast å sette inn ekstra ressursar på forbetring av depotstyring (logistikk) i programmet Asta. Dette arbeidet må gå over fleire år.

Vi må framleis prioritere å:

- kartlegge bestanden på arkivnivå og registrere det i Asta (med hylleplassering)
- komprimere arkiv der det er mogleg og dermed utnytte magasinane betre
- få oversikt over ledig kapasitet

Det skal etablerast eit prosjekt som skal ha som mål å registrere alle arkiv på bestandsnivå i magasin M-04.

Vi har utfordringar med papirmagasina. Dette gjeld:

- Temperaturkontroll
- Fuktkontroll
- Skadedyrkontroll

Vi har oversikt over temperatur og fuktnivå i magasinane, men forholda er ikkje optimale. Vi skal fortsette arbeidet med å forbetre forholda i samarbeid med huseigar. Faste rutinar med reingjering er

ein viktig faktor for å få ned mengda skadedyr. Vi skal systematisk kartlegge kor problema er størst og få ned bestanden ved hjelp av limfeller. Samtidig må vi utvikle gode rutinar for minsking av risiko for skadedyr og mugg i forbindelse med mottak til depot.

4.4.6 Ordningsprosjekt for kommunane

Følgande ordningsprosjekt vert det jobba med i 2018:

- Sandøy kommune - diverse
- Fylkeskommunen - Fylkesbiblioteket 13,5 hm ymse arkiv
- Herøy kommune - Barne- og sosialarkiv 28 hm
- Smøla kommune - Personarkiv 30 hm
- Aukra kommune - 50 hm saksarkiv
- Averøy kommune - 37 hm mange forskjellige seriar
- Vestnes kommune - 71 hm sak- og skulearkiv
- Surnadal vgs - 12 hm
- Giske kommune - skulearkiv

Fleire prosjekt kan kome til.

4.5 Elektroniske arkiv

Bevaring av digital informasjon er eit ressurskrevjande arbeid. Informasjon som blir skapt i eit informasjonssystem er avhengig av eit spesifikt system for å lese informasjonen. Dette inneber igjen at levetida for informasjonen er den same som for systemet den er skapt i. Derfor blir innhaldet i systemet forma om til eit ope format som kan lesast også i framtida.

Eit sentralt prinsipp i bevaringsarbeidet er at ein skil mellom system og informasjon. Informasjonen bevarast uavhengig av det opphavlege systemet den vart skapt i.

IKAMR er medstiftar av Kommunearkivinstitusjonenes Digitale Ressurssenter (KDRS) saman med fleire andre kommunale arkivinstitusjonar. KDRS skal hjelpe med handsaming av digitalt arkivmateriale gjennom å vere rådgjevar og utvikle løysingar.

IKAMR nyttar KDRS sitt depotforvaltningssystem til bevaring av ferdige arkivpakkar i digitalt depot. Depotforvaltningssystemet skal bevare kommunane sine arkivpakkar sikkert i eit langtidsperspektiv i Trondheim med backup i Oslo og Mo i Rana.

Resultatmål i 2018 for bevaring av digitalt arkivmateriale i IKAMR

- Følge IKAMR prosessar og rutinar for bevaring og formidling av digitalt arkivmateriale
- Følge IKAMR produksjonslinje for bevaring og formidling av digitalt arkivmateriale

Resultatmål i 2018 for bevaring av digitalt arkivmateriale for alle 37 kommunar/fylkeskommunen

- Alle skal deponere minst 3 system til IKAMR
- Alle skal få godkjent minst 1 system av IKAMR
- Alle skal ha oppdatert bevaringsplan for elektroniske system i arkivplan.no
- Lage formidlingspakke for minst 20 system til kommunane/fylkeskommunen
- Gi arkivfagleg og teknisk rådgjeving til kommunane/fylkeskommunen og dei fire regionale IKT-driftsselskapa (IKT ORKidé, ROR-IKT, SSIKT, eKommune Sunnmøre)

Elarkivarsamarbeid innanfor KDRS:

- Månadlege telefon- og nettmøte
- Elarkivseminar og workshop vår og haust
- Elarkivkurs
- Samarbeid med andre IKA/KAI innanfor fagområde/system/prosjekt

IKAMR deltar aktivt for å dele bruk av open kjeldekode innan KDRS og med samarbeid med andre kommunearkivinstitusjonar, Riksarkivet og andre aktuelle samarbeidspartnarar.

IKAMR skal delta i nasjonale prosjekt for elektroniske arkiv:

- KDRS Utforming av felles prosesser og rutiner for digitalt skapt materiale
- KDRS *Produksjonslinje for bevaring og formidling av elektroniske arkiv fra kommunal sektor*
- Bruk av Documaster Decom for å lage og bruke malsett for arkivsystem, med støtte frå Riksarkivarens arkivutviklingsmidlar og Mavod II-prosjektet frå Arkivverket

4.6 Formidling

IKAMR arbeider med å auke bevisstheita om arkiv som eit unikt kjeldemateriale. Vi har som mål å formidle heilskapleg samfunnsdokumentasjon for allmenta, til bruk i forskning og kulturelle og administrative formål.

IKAMR skal arrangere Arkivdagen. Arrangementet har vore ein suksess og ein viktig formidlingskanal for IKAMR med bra omtale i media.

IKAMR vil etablere kontakt med Historisk institutt ved Høgskulen i Volda for å avklare om arkiva ved IKAMR kan vere av interesse for forskarar og studentar.

Dei tilsette på IKAMR skal arbeide tverrfagleg med å formidle bestanden til IKAMR.

5. DIGITALISERING

Digitalisering av arkiv er viktig for å kunne sikre arkiva for framtida og for å legge til rette for betre framfinning og tilgjengeleggjering av dei. IKAMR skal tilby kommunane hjelp med å digitalisere arkiv for å legge til rette for raskare saksbehandling, betre service til innbyggjarane og for å sikre arkiva for framtida.

IKAMR tilbyr digitalisering av arkiv til eigarane våre. Kapasiteten må tilpassast etterspørselen til eigarkommunane.

IKAMR har fått arkivutviklingsmidlar frå Arkivverket for digitalisering, publisering på nett og indeksering av protokollar frå kommunestyra i Møre og Romsdal for perioden 1945-1964.

IKAMR skal i 2018 digitalisere arkiv for:

- Møre og Romsdal fylkeskommune - kulturvernarkiv
- Ålesund kommune – byggesaksarkiv
- Ørsta kommune – byggesaksarkiv
- Rauma kommune – byggesak og landbruk
- Vestnes kommune – byggesaksarkiv
- Skodje kommune – byggesaksarkiv
- Sandøy kommune – teknisk sakarkiv

IKAMR skal vidareutvikle formidlingsløysinga for digitalisert arkivmateriale basert på NOARK5-kjerne.

IKAMR vil i samarbeid med SEDAK arbeide for å få basiskunnskap om metodar for å gjennomføre digitalisering av skada/lite leseleg arkivmateriale. Dette for å sikre informasjonen for ettertida.

IKAMR skal halde kurs i arkivplan.no for å gjere eigarane i stand til å ferdigstille og oppdatere arkivplanane sine. Oppdatert arkivplan er ein føresetnad for å kunne ha elektroniske arkiv.

6. ORGANISASJONSUTVIKLING

IKAMR skal i 2018 rigge organisasjonen for å vere førebudd på kommunesamanslåingar.

IKAMR skal vere ein kompetent organisasjon prega av samarbeid og tryggleik.

IKAMR skal:

- arrangere fellesmøte for alle tilsette med jamne mellomrom
- arbeide med å forbetre økonomistyringa i selskapet
- forbetre brann- og HMS-systemet
- oppdatere dokumentet "Lønnspolitisk retningslinje for IKA Møre og Romsdal IKS"
- implementere personalhandboka
- etablere kompetanseplan
- forbetre kommunikasjonen (telefon, internett og sosiale media)
- etablere tenestekatalog
- starte arbeidet med kvalitetssystem
- forbetre bruken av internt sak/arkivsystem

Vi skal ta i bruk digitale verktøy for videomøter for å effektivisere drifta.

7. KULTURNETT / FYLKESFOTOARKIVET / SEDAK

KULTURNETT:

I 2018 skal Kulturnett satse på å fylle ny kulturdatabase med innhald.

Satsingar:

- Opplasting av skipsteikningar frå Storvik mekaniske i Kristiansund. Stiftelsen Maritim Historie Nordmøre
- Opplasting av arkitektheikningar frå Førstarkivet, Jugenstilsenteret
- Opplasting av protokollar, kommunar/IKAMR
- Berging av lydfiler for stadnamnarkivet fortset i 2018. Det blir leigd inn hjelp og planen er å nytte 60 000,- til arbeidet
- Endringane i Stadnamnbasen førte til at Kulturnett MR sjølv kan laste opp stadnamn og kartfeste dei digitalt på nett. I 2018 fortset vi med stadnamn for Sykkylven og Eide samt Ålesund kommune. Det skal leigast inn ekstrahjelp for 60 000,-. I tillegg har Nesset kommune varsla at dei ønsker å bestille digitalisering av stadnamn
- Tilpassing heimeside. Dette punktet stod på plan for 2016 og 2017, men på grunn av forseinkingar hos Møre og Romsdal fylkeskommune vart det ikkje gjennomført
- Det skal gjerast tilpassingar for betre formidling av db.ikamr.no

Økonomi

Kulturnett Møre og Romsdal har sunn økonomi og pengar på fond. Kostnadar for innleige av ekstrahjelp til stadnamn og endring av nettstad utover fylkeskommunale overføringar skal takast av fond.

FYLKESFOTOARKIVET (FAK):

Hovudfokus vert arbeid med fotografarkiv og samlingar og laste opp bilde i nettbasen. Sjølv om mykje digitalisert materiale frå tidlegare år ikkje held dagens kvalitet er det viktig å få det ut som prøvebilde på nett slik at publikum kan hjelpe til med å vidareutvikle kjeldene våre.

FAK må også auke innsatsen på etterkontroll for å heve kvaliteten på registreringane. Eit delmål er at mengde bilde i databasen skal auke frå ca. 190.000 til 200.000 i 2018.

Fagleg prioritering

1. Database- og registreringsarbeid
2. DIS-dugadar
3. Arbeid med fotoarkiv og fotohistorie frå Møre og Romsdal

Formidling

Fokus i 2018 vil vere registreringsarbeid i nettbasen. Klargjering og etterarbeid og formidling av bilde frå arkiva «DIS-gjengen» arbeider med, Velle-, Oksavik- og Haug-arkiva, vil fortsette å vere ei kjerneverksemd ved FAK. FAK må i tillegg auke innsatsen med klargjering og formidling av Magne Mulvik sitt arkiv i Sunndal.

Arkiv FAK har mottatt og digitalisert tidlegare, til dømes Peter Ekroll sitt arkiv i Haram, Johan Nerbøvik sitt arkiv i Volda, Sverre Brudevoll sitt i Vanylven, Alv Dale sitt frå Stranda og Ålesund, og ein heil del andre samlingar, må FAK revitalisere og vidareutvikle. Sist, men ikkje minst, vil Aas-Pedersen-arkivet i Vestnes bli eit spennande prosjekt i samarbeid med Vestnes sogelag i 2018.

Aukande og godt samarbeid med frivillige i dei ulike kommunane som brenn for lokalhistoria si ligg til grunn for mykje av optimismen for neste års formidling. Omfemnande arbeid med registrering av bileta i arkiva etter sulafotografane Olav Nerland og Knut Fylling skal halde fram i 2018.

Utstillinga «Då klokka klang», med skulebilde frå Nerland-arkivet vart utsett, men bør opp i samarbeid med Sula kommune. Utstillinga med fotograf Martin Velle sitt arkiv frå Ørsta i Ørsta vart ikkje realisert i 2017, men vi tar sikte på å få denne ut og opp i 2018.

Fotoarkiv

FAK ventar mottak av tre større fotoarkiv i 2018: Fotograf Svein Elvebakken (Ålesund og Sula) vil gi arkivet sitt til FAK, Sissel Haug Strømmen sitt nyare arkiv skal overtakast frå fotograf Lill Kristin Vold, og Aas-Pedersen arkivet kjem til FAK i 2018. Med desse tre tilvekstane vil all kapasitet ved magasinet FAK har ved Sunnmøre Museum vere disponert.

Ressursar

Dei faste samla offentlege tilskot frå fylket til FAK vil venteleg auke med kr 200.000 i 2018 til om lag kr 1.000.000. Det er ei monaleg auke etter 21 år med same faste, men indeksregulerte tilskot sidan oppstart i 1996. Auken skal mellom anna nyttast til kjøp av eksterne tenester/ekstrahjelp. FAK sitt "interne" budsjett vil i 2018 få ei ramme på ca. kr 150.000. FAK vil i 2018 ha ei fast stilling med Kirkegata 10b som base.

Anna

Med unntak av Vestnes kommune er det ikkje planlagt samarbeid med andre kommunar eller museum om digitalisering eller registrering av foto i 2018. Til gjengjeld kan vi i «Vestnesprosjektet» reindyrke det essensielle i FAK sitt oppdrag og lange røynsle med «trekantsamarbeid»: Kommunen bidrar med økonomisk stønad, det lokale sogelaget med ein entusiastisk dugnadsgjeng og FAK som den faglege, profesjonelle partner for logistikk, formidling og sikring av vår visuelle arv for ettertida!

SEDAK (Senter for digitalisering av kulturarven):

Digitaliseringsoppdrag

Vidareføring frå 2017:

- Først-arkivet for Jugendstilsenteret – slutføring av digitalisering av utvalde teikningar
- Møre og Romsdal fylkeskommune – slutføring av digitalisering og publisering av Folkemusikkarkivet i www.db.ikamr.no database
- Stiftinga Maritim Historie Nordmøre – slutføring av digitalisering samt publisering av skipsteikningar for bokprosjekt Storvik i www.db.ikamr.no database
- Ålesund kommune – vidare arbeid med digitalisering og opplasting i Documaster av byggesaksarkiv (storformat og skjøre teikningar)
- Ørsta kommune – slutføring av digitalisering og import i Documaster av byggesaksarkiv

Nye prosjekt:

- Møre og Romsdal fylkeskommune – digitalisering av fleire arkiv
- Vestnes kommune – digitalisering av byggesaksarkiv
- Rauma kommune – digitalisering av byggesaksarkiv

- Skodje kommune – digitalisering av byggesaksarkiv

Kompetanseheving

- Capture One POCP bilde- og kameraprogramvarekurs i Oslo i februar
- Prosjektleiing
- Faglege besøk hos andre aktuelle institusjonar og fagmesser

Satsingar

Delaktig i hovudprosjektet til *Nasjonal publiseringsplattform (NAPSA)*.

I 2016 deltok SEDAK som ein av partane i ei brei samansett nasjonal gruppe i forprosjektet.

Sluttrapporten i forprosjektet gir føringar om at hovudprosjektet vil gå over eit toårig løp før lansering i 2019. SEDAK får stor kunnskap og kjennskap i det nasjonale ABM-miljøet som ei følge av deltakinga i forprosjektet.

Det overordna målet er å etablere ei «Nasjonal publiseringsplattform for digitaliserte arkivdokument» i Noreg. «Nasjonal publiseringsplattform for digitaliserte arkivdokument» skal dekke arkivinstitusjonane sine behov for å publisere digitaliserte papirbaserte arkiv og samlingar på Internett, og på denne måten imøtekome samfunnet og publikum sitt ønske om digitale tenester innan arkivsektoren.

Utarbeiding av ein «beste praksis» for digitalisering av papirbaserte arkiv er ei av arbeidsoppgåvene i hovudprosjektet.

Planarbeid

SEDAK vil utarbeide arbeidsflyt og metodikk i digitaliseringsarbeidet.

Leiar vil starte jobben med utarbeiding av intern digitaliseringsplan for deponert materiale ved IKAMR.

Arrangere samling for ABM-institusjonane i vår region om digitalisering hausten 2018.

Ressursar

Nokre av prosjekta vil bli utført av tilsette ved IKAMR. Prosjektleiar vil stå for den faglege oppfølginga av dei tilsette ved IKAMR som jobbar på desse prosjekta.

8. ÅRSBUDSJETT 2018 OG ØKONOMIPERIODEN 2018-2021

Budsjett 2018 er for IKAMR på om lag same nivå som for 2017 (tatt hensyn til pris og lønsvekst). Det er foreslått lagt inn bruk av disposisjonsfond på 500 000 kr for å komme i gang i 2018 med ein ekstra el-arkivar. Sjå økonomiperioden 2018-2021 for meir informasjon.

For dei fylkeskommunale tenestene (Kulturnett, Fylkesfoto og SEDAK) er tilskota auka i samsvar med vedtak i fylkestinget.

Nytt i 2018 er prosjekt Personvernombod. Det er oppretta eit eige objekt i rekneskapen for dette prosjektet. Årsresultatet for prosjektet blir balansert mot bundne fond slik at IKAMR verken blir belasta kostnader eller tar ut forteneste av dette.

For detaljar om prosjekt – sjå neste side.

8.1 Årsbudsjett 2018

Budsjett 2018

Inntekter:	IKAMR	Kulturnett	Fylkesfoto	SEDAK	Personvernombud	Prosjekter
SALGSINNTEKTER, AVGIFTSPLIKTIGE	-390 000		-50 000	-52 000		-230 000
SALGSINNTEKTER FRA PROSJEKTER (AVG.FRI)						-3 466 500
REFUSJON FRA STATEN	-500 000					-450 000
OVERFØRINGER FRA FYLKESKOMMUNEN	-286 000	-939 000	-934 000	-857 000		
REFUSJON FRA FYLKESKOMMUNE	-1 025 000				-420 000	
REFUSJON FRA ANDRE KOMMUNE	-7 720 000		-15 000		-1 900 000	
BRUK AV DISPOSISJONSFOND	-500 000					
OVERFØRT BUNDNE FOND (fra 2017)		-193 000	-10 000			-823 500
OVERFØRT BUNDNE FOND (til 2019)					501 000	
Sum inntekter	-10 421 000	-1 132 000	-1 009 000	-909 000	-1 819 000	-4 970 000
Utgifter:						
Lønn og sosiale utgifter	5 970 000	885 000	762 000	490 000	1 122 000	3 692 000
HUSLEIE	2 820 000	40 000	40 000	90 000	80 000	
FINANSUTGIFTER	128 000					
KJØP AV VARER OG TJ. EGENPRODUKSJON	1 503 000	207 000	207 000	329 000	617 000	1 278 000
Sum kostnader	10 421 000	1 132 000	1 009 000	909 000	1 819 000	4 970 000

Prosjektbudsjett 2018:

	2002 Sandøy	2008 Aukra	2013 Smøla	2014 Ørsta	2016 Oppreisnings- ordninga	2017 Folkemusikk	2019 Herøy (bv, sos)	2020 Fylkesbib	2021 Kultv	2023 Averøy 2
Inntekter										
SALGSINNTEKTER FRA PROSJEKTER (AVG.PLIKTIG)										
SALGSINNTEKTER FRA PROSJEKTER (AVG.FRI)	-255 000		-83 000	-500 000	-225 000	-218 000	-82 500	-80 000	-26 500	-200 000
REFUSJONER FRA STATEN										
OVERFØRT BUNDNE FOND (fra 2017)	-60 000	-98000	-14 000				-69 000		4 000	-170 000
Sum	-315000	-98000	-97000	-500000	-225000	-218000	-151500	-80000	-22500	-370000
Utgifter										
Lønn og sosiale utgifter	315 000	98 000	97 000	150 000	175 000	178 000	119 000	60 000	17 000	320 000
KJØP AV VARER OG TJ. EGENPRODUKSJON				350 000	50 000	40 000	32 500	20 000	5 500	50 000
Sum	315000	98000	97000	500000	225000	218000	151500	80000	22500	370000

	2024	2026 Vestnes - byggsak	2027 Skodje - byggsak	2028 Rauma - bygg og landbruk	2030 Surnadal vg. skole	2031 Vestnes - 2032 sak- og skolearkiv	2032 Digitalisering Førstarkivet	2033 – Utviklingsmidlar – protokollar	2034 – Utviklingsmidlar – Voldenes	2035 - Giske skulearkiv	Sum prosjekt
Inntekter											
SALGSINNTEKTER FRA PROSJEKTER (AVG.PLIKTIG)							-230 000				-230 000
SALGSINNTEKTER FRA PROSJEKTER (AVG.FRI)	-180 000	-720 000	-220 000	-430 000	-46 500	-100 000				-100 000	-3 466 500
REFUSJONER FRA STATEN								-300 000	-150 000		-450 000
OVERFØRT BUNDNE FOND (fra 2017)	-50 000			-150 000	-46 500	-170 000					-823 500
Sum	-230000	-720000	-220000	-580000	-93000	-270000	-230000	-300000	-150000	-100000	-4 970 000
Utgifter											
Lønn og sosiale utgifter	150 000	550 000	140 000	380 000	83 000	220 000	180 000	270 000	110 000	80 000	3 692 000
KJØP AV VARER OG TJ. EGENPRODUKSJON	80 000	170 000	80 000	200 000	10 000	50 000	50 000	30 000	40 000	20 000	1 278 000
Sum	230000	720000	220000	580000	93000	270000	230000	300000	150000	100000	4 970 000

8.2 Økonomiperioden 2018-2021

8.3 Hovudpunkt


Økonomiplan tar utgangspunkt i at ein styrkar bemanninga med 2 stillingar frå 2019. Ein el-arkivar og ein arkivar. Auka kostnad på 1 600 000 kr.

For dei fylkeskommunale tenestene Kulturnett, Fylkesfoto og SEDAK er det ikkje lagt opp til endringar i økonomiplanperioden. Kva som skjer med prosjekt Personvernombod er avhengig av evalueringa som skal skje i 2019.

8.4 Styrka bemanning i 2019

IKAMR har behov for ein el-arkivar og 2 arkivarar til handtering av auka arbeidsmengde med handtering av både digitalt skapte arkiv og papirarkiv. I økonomiperioden for 2019-2021 er det lagt inn finansiering av ein ekstra el-arkivar og ein ekstra arkivar.

Illustrasjonen under viser utviklinga i volum papirarkiv som blir skapt i statsforvaltninga. Utviklinga i kommunal sektor er nok den same. IKA Møre og Romsdal har tatt imot mykje av arkiva skapt fram til 1980. Det som stend føre oss no er å ta imot dei store papirarkiva skapt mellom 1980 og fram til no. Samtidig veit vi at med redusert mengde papirarkiv har vi hatt ein auke i digitalt skapte arkiv frå 1997 og utover.



Kjelde: Arkivverkets spørreundersøkelse 2015/16

El-arkivar

Kommunane sit med mange digitalt skapte arkiv som det no er på tide å få sikra. IKAMR er derfor i tett dialog med mange av eigarane om deponering av digitalt skapte arkiv, til dømes Ålesund kommune og IKT Orkidé.

Det er allereie eit stort behov for deponering av digitalt skapte arkiv. Dette vil auke i åra som kjem, spesielt i samband med kommunereforma. Vi har ikkje bemanninga som skal til for å tilfredsstille

forventningane/behova frå eigarane. Med berre ein el-arkivar er tenesta svært sårbar. Andre IKA, til dømes IKA Rogaland og IKA Kongsberg, har utvida kapasiteten på dette området allereie.

Arkivar

Tilsyna som har blitt gjennomført av Arkivverket dei siste åra viser at det i Møre og Romsdal er stort behov for fagleg rettleiing innan arkivområdet.

Hovudutfordringa til IKAMR er at vi stadig tar imot meir arkiv som skal betenast. Når materialet vert avlevert til IKAMR vert arbeidet med å handtere dokumentasjonen flytta frå arkivarane i kommunen til IKAMR.

IKAMR har ikkje ressursar til å ordne og tilgjengeleggjere eldre arkiv. Desse arkiva står derfor i stor grad uordna og er arbeidskrevjande å gje innsyn i. Manglande oversikt over arkivbestanden går ut over kvaliteten og effektiviteten ved IKAMR.

Kostnadsauken med 2 stillingar vert foreslått finansiert ved å auke kronebeløpet per innbyggjar med 5 kr per innbyggjar for kommunane og 1 kr per innbyggjar for fylkeskommunen frå 2019. Kostnadsauken for kvar eigar er vist i tabell under:

	Inbyggertall	Kontingent og hylleleige 2018	Kontingent og hylleleige 2019	Økning til 2019
Fylket	266 856	1 024 905	1 292 713	267 808
1504 Ålesund	47 510	761 937	999 674	237 737
1502 Molde	26 900	490 164	624 770	134 606
1505 Kr.sund	24 300	528 125	649 720	121 596
1520 Ørsta	10 812	260 089	314 192	54 103
1548 Fræna	9 775	337 347	386 260	48 913
1534 Haram	9 345	211 375	258 137	46 762
1519 Volda	9 188	336 263	382 239	45 976
1531 Sula	9 131	174 384	220 075	45 691
1515 Herøy	8 965	236 758	281 619	44 860
1516 Ulstein	8 555	183 798	226 607	42 809
1532 Giske	8 292	227 785	269 277	41 493
1528 Sykkylven	7 695	190 161	228 666	38 505
1539 Rauma	7 507	319 941	357 505	37 565
1563 Sunndal	7 119	215 180	250 803	35 623
1535 Vestnes	6 559	209 162	241 983	32 821
1566 Surnadal	5 978	301 768	331 682	29 914
1554 Averøy	5 859	201 640	230 958	29 318
1517 Hareid	5 150	162 812	188 582	25 770
1529 Skodje	4 680	157 761	181 180	23 418
1525 Stranda	4 587	173 237	196 190	22 953
1576 Aure	3 593	149 564	167 543	17 979
1547 Aukra	3 557	149 177	166 976	17 799
1551 Eide	3 440	179 128	196 341	17 214
1511 Vanylven	3 187	141 718	157 665	15 948
1560 Tingvoll	3 078	157 021	172 423	15 402
1543 Nesset	2 946	139 128	153 869	14 742
1557 Gjemnes	2 623	139 140	152 265	13 125
1514 Sande	2 522	105 104	117 724	12 620
1523 Ørskog	2 267	100 623	111 967	11 344
1573 Smøla	2 172	160 465	171 334	10 869
1545 Midsund	2 049	67 072	77 325	10 253
1567 Rindal	2 039	90 370	100 574	10 203
1524 Norddal	1 670	141 891	150 247	8 357
1571 Halså	1 571	61 935	69 796	7 861
1546 Sandøy	1 263	155 734	162 054	6 320
1526 Stordal	972	71 102	75 966	4 864
		8 713 761	10 316 899	1 605 157

8.5 Økonomiplanperiode

Økonomiperiode 2018 - 2021 Interkommunalt arkiv Møre og Romsdal IKS

DRIFTSBUDSJETT	Budsjet 2018					Budsjet 2018	Budsjet 2019	Budsjet 2020	Budsjet 2021
	IKAMR	Kulturnett	Fylkesfoto	Sedak	Personvernombud	IKAMR tot	IKAMR tot	IKAMR tot	IKAMR tot
Salgsinntekter, Avgiftspliktige	-390 000		-50 000	-52 000		-492 000	-492 000	-492 000	-492 000
Salgsinntekter fra prosjekter						0			
Overføring fylkeskommunen	-286 000	-939 000	-934 000	-857 000		-3 016 000	-3 016 000	-3 016 000	-3 016 000
Refusjon fylkeskommunen(kontigent)	-1 025 000				-420 000	-1 445 000	-1 445 000	-1 445 000	-1 445 000
Refusjon frå kommunane (kontigent)	-7 720 000		-15 000		-1 900 000	-9 635 000	-9 635 000	-9 635 000	-9 635 000
Refusjon frå staten	-500 000					-500 000	-500 000	-500 000	-500 000
Overført bundne fond (fra 2017)	-500 000					-500 000			
Disposisjonsfond		-193 000	-10 000			-203 000	-123 000	-123 000	-123 000
Overført bundne fond (til 2019)					501 000	501 000			
Inntektsøkning ved nytt tiltak							-1 600 000	-1 600 000	-1 600 000
Sum inntekter	-10 421 000	-1 132 000	-1 009 000	-909 000	-1 819 000	-15 290 000	-16 811 000	-16 811 000	-16 811 000
Lønn og sosiale utgifter	5 970 000	885 000	762 000	490 000	1 122 000	9 229 000	9 107 000	9 107 000	9 107 000
Husleige	2 820 000	40 000	40 000	90 000	80 000	3 070 000	3 075 000	3 075 000	3 075 000
Kjøp av varer og tjenester	1 503 000	207 000	207 000	329 000	617 000	2 863 000	2 901 000	2 901 000	2 901 000
Finansutgift renter/avdrag lån	128 000					128 000	128 000	128 000	128 000
Kostnadsøkning ved nytt tiltak							1 600 000	1 600 000	1 600 000
Sum utgift	10 421 000	1 132 000	1 009 000	909 000	1 819 000	15 290 000	16 811 000	16 811 000	16 811 000
Resultat	0	0	0	0	0	0	0	0	0

* Budsjettet er oppsett med basis i 2018 kroner, og med same aktivitet i Kulturnett, Fylkesfoto og Sedak i økonomiplanperioden

* Det er førebels ikkje teke omsyn til i budsjett/økonomiplan bruk av bunde fond på hhv:

Art: 2510001 PRIVATARKIV	-59 336
Art: 2510002 BUNDNE FOND KULTURNETT	-403 198
Art: 2510003 PRIVATARKIVPROSJEKT 2006	-128 802
Art: 2510004 BUNDNE FOND FYLKESFOTO	-297 292
Art: 2510006 BUNDNE FOND SEDAK	-297 815

8.6 Økonomiplan investeringar 2018-2021

Bruk av ubrukte lånemidlar vil i 2018 bli brukt til å ferdigstille investering i utstyr til digitalisering.

INVESTERINGSBUDSJETT

	2018	2019	2020	2021
Utstyr til digitalisering	160 000	0	0	0
Sum utgifter	160 000	0	0	0
Bruk av lån	160 000			
Sum inntekter/finansiering	160 000	0	0	0

8.7 Økonomiske konsekvensar av kommunereforma frå 2020

Viktige problemstillingar for IKAMR ved kommunereform:

- Kommunesamanslåing betyr ikkje færre arbeidsoppgåver for IKAMR
- Dersom det ikkje blir gjort noko med finansieringsmodellen vil inntektene bli redusert med 510 000 kr

IKAMR blir i dag finansiert ved:

- Grunnbeløp på kr 45 053 for kommunar og kr 64 950 for fylkeskommunen (2018-tal)
- Eigartilskot per innbyggjar på kr 10,75 for kommunar og kr 3,25 for fylkeskommunen (2018-tal)
- Hyllemeterleige (312 kr og 329,5 kr/hyllemeter avhengig av når avtale vart inngått)
- Privatarkivordninga
- Prosjekt

I Møre og Romsdal skal følgande kommunar slå seg saman frå 01.01.2020:

- Ålesund, Sandøy, Skodje, Haram og Ørskog (misser 4 grunnbeløp)
- Molde, Midsund og Nesset (misser 2 grunnbeløp)
- Fræna og Eide (misser 1 grunnbeløp)
- Norddal og Stranda (misser 1 grunnbeløp)
- Volda og Hornindal (får tilført fleire innbyggjarar)

Halsa kommune (som ikkje har depotavtale med IKAMR) blir ein del av nye Trøndelag. Kva som skjer med Rindal er ikkje formelt bestemt, men mykje tyder på at dei følger Halsa til Trøndelag. Samla gir dette reduserte inntekter på om lag 150 000.

Dei økonomiske konsekvensane av dette vil vere at vi misser 8 grunnbeløp som følge av samanslåingar + 2 grunnbeløp til Trøndelag. 10 grunnbeløp = 450 000 + om lag 60 000 i reduserte inntekter for innbyggardel/depotleige frå Rindal og Halsa.

Den årlege økonomiske konsekvensen for IKAMR vil verte om lag 510 000 kr om ein ikkje endrar finansieringsmodell. Styret kjem tilbake til forslag om finansieringsmodell for selskapet til representantskapsmøtet i 2019.



Herøy kommune postmottak

Saksbehandlar:
Synnøve Vasstrand Synnes

Dykkar referanse:

Vår referanse:
NYÅK/18/37-1

Journalpost:
18/238

Arkivkode:
FE-026

Dato:
24.04.2018

Nye Ålesund kommune – deltaking i interkommunale samarbeid etter 01.01.2020

Dei fem kommunane som frå 01.01.2020 skal etablere nye Ålesund kommune deltek i dag i ei rekke interkommunale samarbeid, i ulike konstellasjonar og med ulike former for organisering.

Nye Ålesund kommune er i utgangspunktet positiv til å delta i interkommunale samarbeid også i framtida.

Fellesnemnda handsama i møte 15.02.18 sak om framtidig deltaking i interkommunalt samarbeid, samt kva for prinsipp som skal vere førande for slike samarbeid. Følgjande vedtak vart gjort:

- Fellesnemnda for nye Ålesund kommune har etter oppdrag gitt i sitt mandat pkt. 3.7.5 vurdert interkommunale samarbeid som noverande kommunar Haram, Sandøy, Skodje, Ørskog og Ålesund deltek i. Som eit ledd i arbeidet med å gjere nye Ålesund operativ frå startstidspunktet 01.01.20, jf. pkt. 3.8 i mandatet, og etter delegert fullmakt gitt i mandatet pkt. 3.9.1 og 3.9.8, gjer fellesnemnda slikt vedtak:

1. Fellesnemnda vil at nye Ålesund kommune kan delta i følgjande samarbeid utan endring i anna enn nye juridiske partar:

a. **Administrativt vertskommunesamarbeid:**

- Overgrepsmottak

b. **Interkommunale selskap:**

- IKA (Interkommunalt arkiv)
- Sunnmøre regionråd

c. **Felles styre:**

- IUA (Interkommunalt utval for akutt forureining)



2. Fellesnemnda vil at nye Ålesund kan delta i følgjande samarbeid, men med nye avtalar:

a. *Administrativt vertskommunesamarbeid:*

- i. Barnevern
- ii. Brannvern
- iii. Kemner
- iv. Krisesenter
- v. IT, drift
- vi. Landbrukskontor
- vii. Legevakt
- viii. PPT

b. *Interkommunale selskap:*

- i. Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal
- ii. Sunnmøre kontrollutvalsekretariat
- iii. ÅRIM

c. *Felles styre:*

- i. Ålesundregionens havnevesen

3. Fellesnemnda vil at nye Ålesund ikkje fører vidare følgjande samarbeid slik det er i dag:

a. *Interkommunale selskap:*

- i. SAHARA

b. *Felles styre:*

- i. IT, strategi og bestilling

4. Samarbeid som krev nærare kartlegging:

a. Fellesnemnda tek til vitande det er nødvendig å gjere ei nærare kartlegging av samarbeid om følgjande oppgåver (jf. delprosjektgruppe P3 si utgreiing om felles råd (pkt. I) og om NAV (pkt. G)):

- i. Forliksråd
- ii. NAV

iii. Politiråd

IV. Åknes/Tafjord beredskap

b. Prosjektleiaren blir bedt om å starte denne kartlegginga så snart som råd og kome tilbake til fellesnemnda med si tilråding.

5. Administrativt vertskommunesamarbeid:

a. Denne samarbeidsforma blir avgrensa til tilfelle der ein kommune (samarbeidskommunen) let ein annan kommune (vertskommunen) utføre lovpålagte oppgåver på sine vegne og delegerer mynde til å gjere vedtak som omtala i forvaltningsloven § 2 første ledd bokstav a.

b. Der det er aktuelt at nye Ålesund deltek i vertskommunesamarbeid om ei lovpålagt oppgåve, som vertskommune for fleire enn éin samarbeidskommune, legg fellesnemnda til grunn at alle samarbeidskommunane skal delta i same omfang.

c. Fellesnemnda ber prosjektleiaren følgje opp samarbeida nemnt i pkt. 2 a ovanfor, ved å be eigne faggrupper legge fram sine vurderingar av vilkåret sett i pkt. 5 b ovanfor og kva administrative og økonomiske rammer som bør leggest til grunn for samarbeidet. Faggruppene sine vurderingar med prosjektleiaren si tilråding blir å legge fram for fellesnemnda.

6. Interkommunale selskap og samarbeid med felles styre:

a. Fellesnemnda legg til grunn at vilkåret for deltaking i samarbeid nemnt i pkt. 2 b og 2 c ovanfor, er utarbeiding av nye avtalar med hovudvekt på

i. formålet med samarbeidet

ii. oppgåver og mynde som skal ligge hos samarbeidsorganet

iii. sikring av god deltakarstyring

iv. grunnlag for det økonomiske oppgjeret mellom samarbeidskommunane – kost /nytte, grunnkostnad/meirkostnad, mv.

v. samsvar mellom økonomisk ansvar/plikter og representasjon i styrande organ

b. Fellesnemnda ber arbeidsutvalet om snarast å opprette komité(ar) med administrativ støtte for å vurdere dei nemnte samarbeida med utgangspunkt i pkt. 6 i. – v. ovanfor, og legge fram si tilråding for fellesnemnda.

7. Anna samarbeid:

a. Fellesnemnda er positiv til å føre vidare andre samarbeid dei fem kommunane i nye Ålesund i dag deltek i. Dette kan vere samarbeid om ulike oppgåver av meir eller mindre permanent karakter, kjøp og sal av tenester, medlemskap i foreiningar og lag, og inngåtte partnerskap. Dette vil fellesnemnda ta nærare stilling til på eit seinare tidspunkt.

b. Fellesnemnda er kjent med at staten kan kome til å gi pålegg til små kommunar om å samarbeide med andre kommunar for å utføre oppgåver og gi tenester som kvar kommune er pålagt eit direkte ansvar for. Dersom dette skjer, er fellesnemnda positiv til at nye Ålesund kan vere vertskommune.

8. **Grunngjeving** for fellesnemnda sitt vedtak i pkt. 1 - 7 ovanfor går fram av delprosjektgruppe P3 si utgreiing og tilråding datert 09.01.18.

Leiaren i fellesnemnda saman med prosjektleiaren blir bedt om å orientere noverande samarbeidskommunar om fellesnemnda sitt vedtak ovanfor.

Nye Ålesund kommune vil i løpet av kort tid ta kontakt med aktuelle kommunar med tanke på vidareføring av interkommunalt samarbeid på ulike område. Vi vil i første omgang prioritere dei administrative vertskommunesamarbeida, då desse i stor grad omfattar kjernetenester til innbyggjarane og det er viktig å få på plass avklaringar snarast.

Ansvar for koordinering av vidare prosess på dei ulike områda er fordelt slik:

- Barnevern
 - o Storfjorden barnevern: Kristian Skålhavn
 - o Advokattenester: Olav Aarø/Kristin Otterlei
 - o Barnevernsvakt: Reidun Trones Vikan
- Brannvern: Geir Thorsen
- Kemner: Lindis S. Nyland
- IT drift: Are Staurset
- Landbrukstenester: Helga Færøy
- Legevakt, ØHD, nødnett, overgrepsmottak: Torfinn Vingen/Tom Christiansen
- Krisesenter: Reidun Trones Vikan
- PPT: Hilde Sjørdal
- NAV/sosialteneste: Eige prosjekt i nye Ålesund – Ørjan Haram leiar arbeidsgruppa

Med helsing
Synnøve Vasstrand Synnes
assisterande prosjektleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi til:

Anny Sønderland
Bente Glomset Vikhagen
Kristian Skålhavn
Liv Stette
Turid Hanken

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@ssikt.no]

Sendt: 08.05.2018 15:02:25

Til: Lisbeth Moltu Espeseth

Tittel: Nye Ålesund kommune - deltaking i interkommunale samarbeid etter 01.01.2020

Fra: Synnøve Vasstrand Synnes <Synnove.Vasstrand.Synnes@alesund.kommune.no>

Sendt: 24. april 2018 14:23

Til: Postmottak Herøy <postmottak.heroy@heroy.kommune.no>

Emne: 18/238 Nye Ålesund kommune - deltaking i interkommunale samarbeid etter 01.01.2020

Se vedlegg

M Ø T E B O K

F R Å

ORDINÆR GENERALFORSAMLING I TUSSA KRAFT AS

Tid: Fredag den 27.04.2018 frå kl. 10.00 – 12.00

Stad: Tussatun, Hovdebygda i Ørsta

Før opning av generalforsamlinga orienterte adm. direktør om konsernet si stilling.

Sak 1. Opning av generalforsamlinga ved styreleiar.

Leiar i styret, Gunnar Gjørtz, opna generalforsamlinga med å ønskje deltakarane velkomne.

Sak 2. Registrering av representantar.

3020 røyster var representerte med følgjande utsendingar:

Ørsta kommune:	Stein Aam	røystegjevar	1056 røyster
Herøy kommune:	Arnulf Goksøyr	røystegjevar	513 røyster
Volda kommune:	Jørgen Amdam	røystegjevar	484 røyster
Kommunal Landspensjonskasse:	Eric Nasby	røystegjevar	454 røyster
Hareid kommune:	Kristan Fuglseth	røystegjevar	201 røyster
Vanylven kommune:	Lena Landsverk	røystegjevar	197 røyster
Ulstein kommune:	Steinar Torvik	røystegjevar	87 røyster
Sande kommune:	Dag Vaagen	røystegjevar	28 røyster
Hornindal Kraftlag:	ikkje møtt		

99,6 % av røystene møtte

Frå styret møtte: Gunnar Gjørtz, Hilde Marie Brungot, Ann Magritt
Bjåstad Vikebakk og Knut Arne Grimstad

Frå valnemnda møtte: Lars Erling Bjåstad Hovlid.

Frå administrasjonen møtte: Elling Dybdal, Anne Berit Madsen og Ann Kristin Einbu

Sak 3. Val av møteleiar.

VEDTAK: Som møteleiar vert vald Gunnar Gjørtz.

Samrøystes.

Sak 4. Godkjenning av innkalling og sakliste.

VEDTAK: Generalforsamlinga godkjenner innkalling og sakliste.

Samrøystes.

Sak 5. Val av to representantar til å skrive under protokollen saman med møteleiar.

Etter framlegg frå generalforsamlinga vart desse valde:

Stein Aam
Arnulf Goksøyr

Samrøystes.

Sak 6. Årsmelding og rekneskap for 2017. Disponering av overskot.

Møteleiar viste til dei utsende saksdokumenta og gjekk gjennom årsmeldinga frå styret, side for side. Generalforsamlinga kommenterte og adm. direktør og styreleiar svarte på spørsmål frå representantane. Vidare vart rekneskapen gjennomgått.

Møteleiar refererte den framlagde tilrådinga frå styret og i samsvar med tilrådinga vart det gjort slikt

- VEDTAK:
1. Generalforsamlinga godkjenner den framlagde årsmeldinga frå styret.
 2. Generalforsamlinga godkjenner den framlagde rekneskapen frå styret for Tussa Kraft AS og konsernet med notar og framlegg til disponering av overskot.

Rekneskapen for konsernet syner desse hovudtala (alle tal i mill. kr):

Rekneskapstal	2017
Driftsinntekter	811,7
Driftsresultat	131,6
Resultat før skatt	103,4
Resultat etter skatt	56,8
Utbyte	33,4

Samrøystes.

Sak 7. Val.

Leiar i valnemnda Lars Erling Bjåstad Hovlid orienterte og gjorde greie for valnemnda sitt framlegg til val på styremedlemer og varamedlemer som stod på val. Valnemnda hadde teke utgangspunkt i aksjonærsamansetjinga og inntømne forslag frå aksjonærane, ved forslaget sitt på styremedlemer.

Møteleiar orienterte om tilrådinga til medlemer i valnemnda

I samsvar med tilrådinga frå valnemnda på val av styremedlemer, og frå styret for val av valnemnd, gjorde generalforsamlinga slikt

VEDTAK: 1. Val av tre styremedlemer med personleg vara, valde for to år

1. Kjell Arne Aurstad m/personleg vara Bente Reklev
2. Ann Magritt Bjåstad Vikebakk m/personleg vara Knut Kleiven
3. Øystein Blom m/personleg vara Merethe Almestad

2. Valnemnd for 2019

Leiar: Lars Erling Bjåstad Hovlid

Medlem: Ingrid Opedal

Medlem: Hans Olav Myklebust

Samrøystes.

Sak 8. Fastsetjing av godtgjersle til selskapet sine tillitsvalde.

Valnemnda tilrådde ein auke i styrehonoraret på 2 % og tilsvarande foreslo styret for honoraret til valnemnda. I drøftinga i generalforsamling kom det innspel om at honorara burde harmoniserast mot verksemder og oppgåver det var naturleg at Tussa vart målt mot. Kristian Fuglseth fremja følgjande: «Valnemnda gjer ei ny vurdering av honorara på grunnlag av signala i generalforsamlinga til neste val.»

VEDTAK: Generalforsamlinga fastset følgjande honorar for tillitsvalde gjeldande frå dags dato til neste ordinære generalforsamling.

Styreleiar	141 500	kr pr. år
Styremedlemer	89 000	kr pr. år
Varamedlemer	6 400	kr pr. møte
Leiar i valnemnda	6 100	kr pr. møte
Medlemer valnemnda	4 100	kr pr. møte

Valnemnda gjer ei ny vurdering av honorara på grunnlag av signala i generalforsamlinga til neste val.

Samrøystes.

Sak 9. Fastsetjing av godtgjersle til revisor for 2017.


Møteleiar refererte den framlagde tilrådinga frå styret og i samsvar med denne gjorde generalforsamlinga slikt


VEDTAK: Generalforsamlinga godkjenner kostnadsført revisjonshonorar til revisjonsfirmaet PriceWaterhouseCoopers for 2017 på 229 000 kr for Tussa Kraft og 1 192 000 kr samla for konsernet. I tillegg har det vorte kjøpt rådgjevingstenester frå same revisjonsfirma for 217 000 kr i Tussa Kraft og for 383 000 kr samla for konsernet.

Samrøystes.


Sak 10. Eventuelt

Det kom innspel frå Kristian Fuglseth om at Tussakonsernet burde vurdere eventuelle egasjement i hydrogenproduksjon. Innspelet er framsett som eit vedlegg til møteboka.

Skrivar: 
Elling Dybdal


Gunnar Gjørtz


Stein Aam


Arnulf Goksøy



KYSTVERKET

Midt-Norge

Herøy kommune (Møre og Romsdal)
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Deres ref.:

Vår ref.:
2017/1370-10

Arkiv nr.:

Saksbehandler:
Terje B. Misund

Dato:
09.05.2018

K-sak 15/18. Høyring om avhending av statlege fiskerihamner i kommunen - Herøy kommune - Møre og Romsdal fylke

Viser til brev datert 21.02.18 og beklagar sein tilbakemelding.

Herøy kommune har behandla Kystverket sin rapport som vurderer alle fiskerihamnene i kommunen. Rapporten foreslår også hvilke hamner som kan avhendast i tråd med det oppdraget som Kystverket har fått frå Samferdselsdepartementet. I kommunen sin tilbakemelding til rapporten frem går det at de ikkje ser at noen av de 11 hamnene kan avhendast.

Fiskeridirektoratet har i en eigen vurdering som Kystverket fekk nå i april konkludert med at fleire hamner ikkje er næringsaktive og derfor kan avhendast i tråd med oppdraget frå SD.

<i>Bøvågen</i>	<i>Ikke-næringsaktiv/marginal fiskeriaktivitet (kan avhendes med vilkår)</i>
<i>Fosnavåg</i>	<i>Næringsaktiv (kan ikke avhendes)</i>
<i>Kopperstad</i>	<i>Ikke-næringsaktiv/marginal fiskeriaktivitet (kan avhendes med vilkår)</i>
<i>Kvalsund</i>	<i>Næringsaktiv (kan ikke avhendes)</i>
<i>Kvalsvik</i>	<i>Næringsaktiv (kan ikke avhendes)</i>
<i>Leinevika</i>	<i>Næringsaktiv (kan ikke avhendes)</i>
<i>Remøy</i>	<i>Næringsaktiv (kan ikke avhendes)</i>
<i>Runde</i>	<i>Ikke-næringsaktiv (kan avhendes)</i>
<i>Sandebukt</i>	<i>Ikke-næringsaktiv/marginal fiskeriaktivitet (kan avhendes med vilkår)</i>
<i>Skorpa</i>	<i>Ikke-næringsaktiv (kan avhendes)</i>

Dette mykje likt med vurderingane i Kystverket sin rapport og vi vil derfor starte prosess med taksering og avhending av Bøvågen, Kopperstad, Runde, Sandebukta og Skorpa.

Region Kystverket Midt-Norge

Sentral postadresse: Kystverket
Postboks 1502
6025 ÅLESUND

Telefon: +47 07847

Internett: www.kystverket.no
E-post: post@kystverket.no

For besøksadresse se www.kystverket.no

Bankgiro: 7694 05 06766

Org.nr.: NO 874 783 242

Brev, sakskorrespondanse og e-post bes adressert til Kystverket, ikke til avdeling eller enkeltperson

Med hilsen

Harald Tronstad
regiondirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Terje B. Misund
senioringeniør